25200370	GAVE HEIMESJUKEPLEIEN (EV)	-325 239,28	-319 852,96
25200372	GAVE HERØY KVILEHEIM (EV)	-368 502,84	-378 935,57
25200374	GAVE / ARV MYRVÅG SJUKEHEIM	-171 405,45	-171 405,45
25200375	Gåvekonto Myrv.sjukeheim avd. A	-46 382,90	-62 374,90
25200381	GÅVE REMØY CP/EGGESB.HVPU.	-861,00	-861,00
25200553	EIN GANG EI ISHAVSBYGD, GAVE	-8 106,25	-8 106,25
25200575	ORGEL YTRE HERØY KYRKJE	-6 560,20	-6 560,20
25200591	KYRKJEGARD MYKLEBUST DMV	-44 972,52	-44 972,52
25300000	UBUNDE KAPITALFOND	-911 687,18	-1 341 687,18
25300010	UBUNDE KAPITALFOND - TOMTEFOND	-6 333 418,25	-6 333 418,25
25400311	UB KAP.FOND HELSESENTER EGGESB	-56 941,00	-56 941,00
25400440	UB-KAP.FOND BUSTAD/SENTRUMTILT	-1 615 485,09	-1 615 485,09
25509200	BUNDE KAPITALFOND LÅNEAVDRAG	-2 078 092,57	-2 078 092,57
25509300	BUNDE KAPITALFOND FLYKTN.BUST. FRØYSTAD	-62 235,71	-62 235,71
25509550	BUNDE KAPITALFOND HEID TURLYSLØYPE	-211 014,21	-211 014,21
25509551	BUNDE KAPITALFOND MUSIKKBRAKKE	-13 727,68	-13 727,68
25509552	BUNDE KAPITALFOND UTSTYR/INSTRUMENT MUSIKKBRAKKA	-36 795,20	-36 795,20
25509553	BUNDE KAP.FOND SANDHANDBALLBANA V/KULTURHUSET	-86 494,75	-86 494,75
25600100	DISPOSISJONSFOND	-16 206 990,40	-5 958 316,48
25655900	DISPOSISJONSFOND FLYKTNINGER	-1 423 629,75	-1 423 629,75

25670001	DRIFTSFOND VEGLYS	-233 491,11	-233 491,11
25810000	ENDRING AV REKNESKAPSPRINSIPP	-8 453 844,46	-8 453 844,46
25950590	REKNESKAPSMESSIG OVERSKOT	-22 492 725,01	-7 272 551,02
25990200	KAPITALKONTO FAST EIGENDOM	-880 097 396,93	-843 287 115,03
25990300	KAPITALKTO.UTSTYR,MASK,TRANSP.	-42 477 219,00	-44 437 771,60
25990400	KAPITALKONTO AKSJER OG ANDELER	-87 688 809,60	-85 983 562,60
25990500	KAPITALKONTO UTLÅN	-69 730 887,15	-50 886 389,08
25990600	KAPITALKONTO INNLÅN	789 637 558,05	697 047 141,50
25990800	PENSJONSFORPLIKTELSER KLP	709 188 620,00	683 397 143,00
25990801	PENSJONSMIDLAR KLP	-586 431 299,00	-559 869 720,00
25990802	ARB.GJ.AVG. NTO. PENSJONSFORPL.KLP	17 308 782,00	17 417 366,64
25990810	PENSJONSFORPLIKTELSER SPK	121 219 869,00	126 659 921,00
25990811	PENSJONSMIDLAR SPK	-86 766 246,00	-106 352 191,00
25990812	ARB.GJ.AVG. NTO. PENSJONSFORPL. SPK	4 857 960,00	2 863 389,00
29100000	UNYTTA LÅNEMIDDEL	50 621 023,95	79 927 273,50
29599000	REF.KRAV UBEBYGD TOMT 7/29 HERØY	28 000,00	28 000,00
29599001	REF.KRAV. UBEBYGD TOMT 8/36,HERØY	15 000,00	15 000,00
29599002	REF.KRAV UBEBYGD TOMT 8/43 HERØY	25 000,00	25 000,00
29999010	REF.KRAV UBEBYGD TOMT 7/29 HER	-28 000,00	-28 000,00
29999011	REF.KRAV UBEBYGD TOMT 8/36 HER	-15 000,00	-15 000,00
29999012	REF.KRAV UBEBYGD TOMT 8/43 HER	-25 000,00	-25 000,00
29999101	FORVALTNINGSLÅN	-12 721 916,00	-14 416 941,00
29999145	SAMLEKTO.UNYTTA LÅNEM.VEDR.INVEST.PROSJ.	-37 899 107,95	-65 510 332,50

REVISJONSMELDING

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til kommunestyret i Herøy

6090 FOSNAVÅG

REVISJONSMELDING 2016

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Herøy kommune som viser eit netto driftsresultat på kr 41.783.489,- og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 22.492.725,- . Det er fordelt på rammeområda kr 479.572.384,- . Årsrekneskapen er samansett av balanse pr. 31.desember 2016, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta pr. denne dato og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Herøy kommune pr. 31. desember 2016, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne dato som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Rådmannen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av kommunen si årsmelding. Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje slik informasjon, og vi attesterer ikkje den denne informasjonen.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen, eller kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, slik den gir eit rettvisande bilde i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk. Rådmannen har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målsetting med revisjonen er å oppnå den nødvendige sikkerheita for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som fylgje av misleghald eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Den nødvendige sikkerheita er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misleghald eller utilsikta feil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innan rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- Identifiserer vi og anslår risikoane for vesentleg feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller utilsikta feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon, som følgje av at misleghald ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan misleghald kan innebere samarbeid, forfalsking, beviste utelatingar, feil framstillingar eller brot på intern kontroll/rutinar.

- opparbeider oss ei forståing av den intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gi uttykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.

- evaluerer om rekneskapsprinsippa som er brukte, er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege

- evaluerer den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen gir uttrykk for dei underliggande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilde.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og rådmannen blant anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om forhold av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.

Balanse og note til årsrekneskapen vedkomande pensjonskostnad viser eit premieavvik. Dette er ei rekneskapsteknisk anordning av betalte pensjonskostnader og inga reell fordring.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, meiner vi at regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak. Beløpa i årsrekneskapen er rimeleg i samsvar med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmelding

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen som omtalt ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Herøy kommune sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Herøy/Ulsteinvik 24.april 2017

Bodill Skeide SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

-reg. revisor-

HERØY KOMMUNE –
KONTROLLUTVALET

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

U T S K R I F T

frå

M Ø T E PROTOKOLL

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Herøy kommune	16/17	212	22.05.2017

SAK 16/17 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2016

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2016 datert 24. april 2017.
2. Kontrollutvalet meiner at Herøy kommune sitt årsrekneskap som viser kr 479.572.384 fordelt på rammeområda og som viser eit netto driftsresultat på kr 41.783.489 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk påkr 22.492.725 kan godkjennast. Årsrekneskapen er sett saman av balanse pr 31.12.2016, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske, notar medrekna samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Vedlegg:

- Rekneskap 2016 med revisjonsmelding.
- Årsrapport 2016.

Saksopplysningar

Det vert vist til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding, rekneskap og årsmelding for 2016.

Driftsrekneskapen viser kr 579.572.384 til fordeling drift. (Kr 562.099 mill. i 2016).
Det kjem fram at rekneskapen er avslutta med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 22.492.725. (Kr 16.325.108 i 2016).

Revisjonsmeldinga

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2016 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjon

Rekneskapen er revidert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, dei internasjonale revisjonsstandardane der oppgåver og plikter for revisjon av årsrekneskapen går fram, bl.a at etiske forpliktingar vert halde. Innhenta revisjonsbevis er tilstrekkelege og hensiktsmessige som grunnlag for revisjonen sin konklusjon.

Ytterligare informasjon

Dette er rådmannen sitt ansvar og består av årsmelding, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Revisjonen sin uttale dekker ikkje ytterligare. Dersom revisor ved gjennomlesing av ytterligare informasjon ser at den inneheld vesentleg feilinformasjon skal dei rapportere om det. Revisor har ingen ting å rapportere.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Å utarbeide rekneskap i samsvar med lov, forskrift i dette at det vert gitt eit rettvisande bilde i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
At intern kontroll som gjer det mogleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Formål med revisjon er å oppnå trygg sikring for at årsrekneskapen som heilskap ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller utilsikta feil.
Det skal giast ei revisjonsmelding som inneheld konklusjon.
Revisjonen utøver profesjonelt skjønn og skepsis gjennom heile revisjonen. For tillegg sjå revisjonsmeldinga.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak og årsrekneskapen er i rimelig samsvar med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmelding

Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

Økonomisk og annan informasjon

Her vert det vist til årsrapport og årsrekneskap for 2016 som fylgjer saka.

Rekneskapen
Rekneskapen inneheld dei obligatoriske opplysningane og notane som gir svært god informasjon.

Årsrapporten
Det vert vist til dokumentet og særleg til omtalen av dei økonomiske tilhøva.

Oppsummering
For å gi uttale om rekneskapen er det særleg viktig å sjå over det som handlar om økonomi i årsmelding og rekneskap.

Rådmannen har lagt fram ei grei, oversiktleg og informativ årsmelding med rekneskap for 2016. Det kan likevel vurderast å gjere årsmeldinga kortare.

Rett utskrift
Åram 24. mai.2017

Sigrid Aa. Torbjørnson
Konsulent
VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Utskrift til: **Kommunestyret –** Saka skal fylgje rekneskapssaka frå rådmannen via formannskapet til kommunestyret

HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2017/580
		Arkiv:	200

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
79/17	Formannskapet	24.05.2017
62/17	Kommunestyret	21.06.2017

DISPONERING AV DET REKNESKAPSMESSIGE MINDREFORBRUKET FOR 2016

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 24.05.2017

Kommunestyret vedtek at heile mindreforbruket, kr 22.492.725,01, vert avsett til ulike disposisjonsfond med slik fordeling:

- Kr 4.186.922,- vert avsett til disposisjonsfond flyktning (konto 25655900)
- Kr 1.239.683,- vert avsett til disposisjonsfond flyktning (vertskommunetilskotet – konto 25655900))
- Kr 16.466.120,01 vert avsett til kommunens ordinære disposisjonsfond (konto 25600100)

Tilråding:

Ein rår til at heile mindreforbruket, kr 22.492.725,01, vert avsett til ulike disposisjonsfond med slik fordeling:

- Kr 4.186.922,- vert avsett til disposisjonsfond flyktning (konto 25655900)
- Kr 1.239.683,- vert avsett til disposisjonsfond flyktning (vertskommunetilskotet – konto 25655900))

- Kr 16.466.120,01 vert avsett til kommunens ordinære disposisjonsfond (konto 25600100)

Særutskrift:
- Vest Kontroll IKS
- Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

Samandrag av saka:

Herøy kommune hadde ei god drift i 2016. Avdelingane samla hadde eit mindreforbruk på 16,27 mill kr og området for skatt, ramme, finans etc hadde meirinntekter/mindreforbruk på om lag 6,22 mill kr slik at samla mindreforbruk vart totalt 22,49 mill kr.

Rådmannen si tilråding er å setje desse midlane på ulike disposisjonsfond slik at desse meir enn doblar seg og som eit resultat av dette vert kommunen meir robust til å takle ei usikker økonomisk framtid.

Saksopplysningar:

Herøy kommune fekk i 2016 eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskott) i driftsrekneskapen på kr 22.492.725,01

Dei ulike avdelingane si drift går fram av denne oppstillinga:

Ansvarsområde		Rekneskap 2016	Reg budsjett 2016	Avvik i kroner	Avvik i %
Folkevalde	Brutto utgift	3.857.681	3.554.717	-302.964	
	Brutto inntekt	-188.230	-41.196	147.034	
	Netto driftsutgifter	3.669.451	3.513.521	-155.930	-4,43
	Avvik	Meirforbruk på kr 155.930,-			
Adm. Leiing	Brutto utgift	2.614.145	3.849.838	1.235.693	
	Brutto inntekt	-267.222	-293.931	-26.709	
	Netto driftsutgifter	2.346.923	3.555.907	1.208.984	33,99
	Avvik	Mindreforbruk på kr 1.208.984,-			
Servicetorget	Brutto utgift	3.123690	4.253.385	1.129.650	
	Brutto inntekt	-836.219	-834.938	1.281	
	Netto driftsutgifter	2.287.471	3.418.447	1.130.976	33,08
	Avvik	Mindreforbruk på kr 1.130.976,-			
Dokumentsenter og pol.sekretariat	Brutto utgift	2.167.126	2.263.447	96.321	
	Brutto inntekt	-162.903	-153.751	9.152	
	Netto driftsutgifter	2.004.222	2.109.696	105.474	4,99
	Avvik	Mindreforbruk på kr 105.474,-			
Økonomiavdelinga	Brutto utgift	5.551.936	6.176.466	624.530	
	Brutto inntekt	-629.764	-609.344	20.420	
	Netto driftsutgifter	4.922.172	5.567.122	644.950	11,58
	Avvik	Mindreforbruk på kr 644.950,-			
Personal- og organisasjonsavd.	Brutto utgift	9.128.735	9.555.833	427.098	
	Brutto inntekt	-2.731.792	-2.096.129	635.663	
	Netto driftsutgifter	6.396.944	7.459.704	1.062.760	14,24
	Avvik	Mindreforbruk på kr 1.062.760,-			
IKT – Informasjonsteknologi	Brutto utgift	7.081.556	7.797.765	716.209	
	Brutto inntekt	-1.801.059	-1.758.437	42.622	

	Netto driftsutgifter	5.280.497	6.039.328	758.831	12,56
	Avvik	Mindreforbruk på kr 758.831,-			
Andre overføringar	Brutto utgift	49.026.962	47.866.275	- 1.160.687	
	Brutto inntekt	-37.202.319	-35.345.026	1.857.293	
	Netto driftsutgifter	11.824.643	12.521.249	696.606	5,56
	Avvik	Mindreforbruk på kr 696.606,-			
Barnehageavdelinga	Brutto utgift	67.224.266	71.381.770	4.157.504	
	Brutto inntekt	-6.209.858	-5.280.083	929.775	
	Netto driftsutgifter	61.014.409	66.101.687	5.087.278	7,69
	Avvik	Mindreforbruk på kr 5.087.2781,-			
Skuleavdelinga	Brutto utgift	135.416.913	133.604.905	-1.812.008	
	Brutto inntekt	-24.378.572	-23.493.399	885.173	
	Netto driftsutgifter	111.038.341	110.111.506	-926.835	-0,84
	Avvik	Meirforbruk på kr 926.835,-			
Avd for Barn, Familie og Helse	Brutto utgift	54.280.682	50.989.696	-3.290.986	
	Brutto inntekt	-15.418.441	-11.395.727	4.022.714	
	Netto driftsutgifter	38.862.241	39.593.969	731.728	1,84
	Avvik	Mindreforbruk på kr 731.728,-			
Pleie- og omsorgsavdelinga	Brutto utgift	136.244.037	134.047.053	-2.196.984	
	Brutto inntekt	-30.279.958	-26.540.481	3.739.477	
	Netto driftsutgifter	105.964.079	107.506.572	1.542.493	1,43
	Avvik	Mindreforbruk på kr 1.542.493,-			
Bu- og habiliteringsavdelinga	Brutto utgift	53.166.949	54.309.516	1.142.567	
	Brutto inntekt	-15.940.223	-15.252.049	688.174	
	Netto driftsutgifter	37.226.726	39.057.467	1.830.741	4,68
	Avvik	Mindreforbruk på kr 1.830.741,-			
NAV Herøy (Sosial/flyktning)	Brutto utgift	19.150.934	20.934.618	1.783.684	
	Brutto inntekt	-12.920.358	-11.704.796	1.215.562	
	Netto driftsutgifter	6.230.576	9.229.822	2.999.246	32,49
	Avvik	Mindreforbruk på kr 2.999.246,-			
Kulturavdelinga	Brutto utgift	20.885.101	18.603.091	-2.282.010	
	Brutto inntekt	-12.317.626	-9.709.342	2.608.284	
	Netto driftsutgifter	8.567.475	8.893.749	326.274	3,66
	Avvik	Mindreforbruk på kr 326.274,-			
Utviklingsavdelinga	Brutto utgift	10.369.732	11.020.126	650.394	
	Brutto inntekt	-5.405.837	-5.355.598	50.239	
	Netto driftsutgifter	4.963.895	5.664.528	700.633	12,36
	Avvik	Mindreforbruk på kr 700.633,-			
Brannvern og feiing	Brutto utgift	10.908.903	10.161.201	-747.702	
	brutto inntekt	-1.358.992	-1.195.360	163.632	
	Netto driftsutgifter	9.549.911	8.965.841	-584.070	
	Avvik	Meirforbruk på kr 584.070,-			-6,51
Anleggs- og drifsavdelinga	Brutto inntekt	33.785.120	29.651.817	-4.133.303	
	Netto driftsutgifter	-25.288.074	-22.213.355	3.074.719	
	Avvik	8.497.046	7.438.462	- 1.058.584	-14,23
	Avvik	Meirforbruk på kr 733.271,-			
Eigedomsavdelinga	Brutto utgift	49.187.792	40.698.714	-8.489.078	

	Brutto inntekt	-29.097.240	-21.464.656	7.632.584	
	Netto driftsutgifter	20.090.552	19.234.058	-856.494	-4,45
	Avvik	Meirforbruk på kr 44.612,-			
Ø-Hjelp og mottak	Brutto utgift	760.700	898.733	138.033	
	Brutto inntekt	-4.834.960	-3.948.733	886.227	
	Netto driftsutgifter	-4.074.259	- 3.050.000	1.024.259	33,58
	Avvik	Mindreforbruk på kr 1.024.259,-			
SUM	Brutto utgift	673.932.960	661.618.966	-12.313.994	
	Brutto inntekt	-227.269.055	-198.686.331	28.582.724	
	Netto driftsutgifter	446.663.907	462.932.635	-16.269.320	3,84

Totalt mindreforbruk i avd på kr 16.269.320,-

På område 90 (skatt, rammetilskott, finans, avskrivingar etc) har vi også hatt eit mindreforbruk/meirinntekter i 2016. Det var på vel 6,2 mill kr og kan setjast opp i ei slik oversikt (summane er avrunda):

Skatt/ramme/finans	-6.223.000
Fordelt slik:	
Renter, avdrag, utbytte Tussa	-1.043.000
Aktiv forvaltning	-240.000
Skatt	-1.046.000
Rammetilskott	-1.364.000
Pensjon, pensjonsavvik etc	-3.217.000
Husbanken, formidlingslån etc	217.000
Andre postar	470.000
Mindreforbruk i avdelingane	-16.269.320
Mindreforbruk/meirinntekter finansområdet	-6.223.404
Overskott	**-22.492.724**

(positivt forteikn betyr her meirutgifter/mindreinntekter enn budsjettert, medan negativt forteikn betyr mindreutgifter/meirinntekter enn budsjettert)

Som ein ser av den øvste tabellen er det stor skilnad områda i mellom. Nokre har hatt mindreforbruk medan andre har hatt meirforbruk. Totalt er mindreforbruket i høve til regulert budsjett på nær 16,3 mill kr (tilsvarande tal i 2015 var 17,4 mill kr). Det må ein seie er godt levert. Sjølv om ein her må ta med eit innsparingskrav på om lag 1,1 mill kr (8,75 mill kr i 2015) som vart budsjettert på område 90.

Kommunen sine driftsfond har auka i 2016. Disposisjonsfonda auka med vel 10,2 mill kr (til om lag 17,86 mill kr) medan dei bundne driftsfonda har auka med om lag 16,8 mill kr (til om lag 38,24 mill kr) . Auken i bundne fond skuldast at ein har fått meir i RDA midlar dette året enn det ein har betalt ut. Dersom formannskapet følger tilrådinga i denne saka vert kommunen sine disposisjonfond auka med om lag 22,5 mill kr til om lag kr 42,35 mill kr.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen sitt framlegg er at heile mindreforbruket i 2016 vert nytta til å styrke kommunens ulike disposisjonsfond. Ein har valt å tilrå at meirinntektene på flyktningområdet (totalt om lag 5,4 mill kr) vert nytta til å styrke disposisjonsfond flyktning. Eit disposisjonsfond kan i prinsippet nyttast til kva som helst når som helst, men rådmannen ynskjer at den økonomisk nøkterne drifta held fram og at midlane kan vere gode å ha i bakhand til seinare års drift.

Fosnavåg, 10.05.2017

Olaus-Jon Kopperstad	Geir Egil Olsen
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2017/702
		Arkiv:	004

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
18/17	Eldrerådet	12.06.2017
13/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	09.06.2017
31/17	Komite for næring, kultur og idrett	22.05.2017
23/17	Komite for helse og omsorg	15.06.2017
18/17	Komite for oppvekst	14.06.2017
37/17	Maritim og teknisk komite	19.06.2017
95/17	Formannskapet	06.06.2017
63/17	Kommunestyret	21.06.2017

ÅRSRAPPORT 2016

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 06.06.2017
Årsrapport 2016 vert godkjend.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 14.06.2017

Årsrapport 2016 vert godkjend.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for helse og omsorg - 15.06.2017

Årsrapport 2016 vert godkjend.

Møtebehandling:
Komite for næring, kultur og idrett kom framlegg om slikt tillegg til tilrådinga:

Årsrapport 2016 vert godkjend med merknad om at tal, selde billettar i Konserthus og kino, samt framsyningar kino vert ført i rapporten for kulturavdelinga.

Rådmannen si tilråding med framlagt tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 22.05.2017

Årsrapport 2016 vert godkjend med merknad om at tal, selde billettar i Konserthus og kino, samt framsyningar kino vert ført i rapporten for kulturavdelinga.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2017
Årsrapport 2016 vert godkjent

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Eldrerådet - 12.06.2017

Årsrapport 2016 vert godkjend.

Tilråding:

Årsrapport 2016 vert godkjend.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe

Vedlegg:

- Årsrapport 2016.
-

Samandrag av saka:
2016 vart eit historisk godt år for Herøy kommune. Det totale sjukefråværet enda på rekordlåge 7,19%. Overskotet (mindreforbruket) vart på gode 22,49 mill kr. Då har vi gjennom ei budsjettendring også styrka disposisjonsfondet med vel 3,0 mill kr.

Saksopplysningar:
Det synest å vere ein nasjonal trend at kommunane legg fram gode resultat. Dette skuldast at regjeringa sin prognose på skatteinntekter var for låg, og at pensjonskostnadane vart vesentleg lågare enn venta. I tillegg har sektorane synt god budsjettdisiplin og dei fleste har hatt netto driftsutgifter som har vore lågare enn budsjettert.

Vi ser at det er krevjande år i vente, med auka arbeidsløyse og sviktande skatteintekter. Sjølv om netto driftsresultat for 2016 er betra, er det få teikn til betring i kommunen si underliggjande drift, noko som vil medføre ytterlegare effektivisering av kommunen sitt tenestenivå dei komande åra.

Fosnavåg, 15.05.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

HERØY KOMMUNE

Årsrapport 2016

Innhald

1. Rådmannen sine kommentarar 4

2. Om Herøy 5

2.1 Dette er Herøy 5

2.2 Slik står det til i kommunen 5

2.3 Kommunal økonomi 7

2.4 Historiske hendingar 8

2.5 Hendingar i 2016 8

2.6 Organisering 10

3. Fokusområde samfunnsutvikling 11

3.1 Kommuneplanen 2013 – 2025. Samfunnsdel 11

4. Styring og kontroll 18

4.1 Styring og kontroll av verksemda 18

4.2 Revisjonsordning 18

4.3 Rekneskapsrevisjon 18

4.4 Forvaltningsrevisjon 18

4.5 Tilsyn 18

4.6 Organisering 19

4.7 Mål- og resultatstyring 19

4.8 Rekneskapsutvikling og økonomisk styring 19

4.9 Risikostyring og internkontroll 19

4.10 Selskapskontroll 19

4.11 Tryggleik og beredskap 20

4.12 Etisk standard 20

4.13 Utfordringar og planar 20

4.14 Kvalitetssystemet Compilo (Losen) 20

4.15 Verdigrunnlag 20

4.16 Heilskapleg system 20

4.17 Plansystemet 22

4.18 Styringssystemet 24

4.19 Organisering, arbeidsprosessar og ressursbruk 25
5. Fokusområde Organisasjon **27**
5.1 Medarbeidarar 28
5.2 Organisasjonsutvikling 38
5.3 Samfunnstryggleik og beredskap 39
5.4 Klima og miljø 40
6. Framtidsutsikter **41**
6.1 Vurdering av framtidsutsikter 41
7. Fokusområde økonomi **43**
7.1 Nøkkeltal 44
7.2 Hovudtal drift 48
7.3 Rekneskapsprinsipp 52
7.4 Rammevilkår/resultat 52
7.5 Hovudtalsanalyse 53
7.6 Hovudoversikter 61
8. Fokusområde Teneste **66**
8.1 Servicetorget 67
8.2 Dokumentsenter og politisk sekretariat 69
8.3 Økonomiavdelinga 70
8.4 Personal- og organisasjonsavdelinga 71
8.5 IKT 74
8.6 Barnehage 76
8.7 Skuleavdelinga 79
8.8 Barn, familie og helse 82
8.9 Pleie- og omsorgsavdelinga 87
8.10 Bu og habiliteringsavdelinga 90
8.11 Kulturavdelinga 93
8.12 Utviklingsavdelinga 96
8.13 Brannvern 98
8.14 Eigedomsavdelinga 100

1.Rådmannen sine kommentarar

2016 vart eit historisk godt år for Herøy kommune. Det totale sjukefråværet enda på rekordlåge 7,19%. Overskotet (mindreforbruket) vart på gode 22,49 mill kr.

Etter at vi har korrigert for RDA-midlane i rekneskapen, ser netto driftsresultat ut til å bli om lag 24,6 mill. kr. Dette utgjer om lag 3,70 % av driftsinntektene (målet er at det skal vere minst 2,0 %). Etter avsetning til fond og bruk av fond, viser botnlina eit overskot på 22,49 mill. kr i rekneskapen for 2016. Då har vi gjennom ei budsjettendring også styrka disposisjonsfondet med vel 3,0 mill kr.

Hovudforklaringa på overskotet på 22,49 millionar er:

- Frie inntekter (skatt og rammetilskot) er om lag 2,4 mill. meir enn budsjettert. Regjeringa sin prognose på skatteinntekter på landsbasis var for låg, og Herøy kommune fekk dermed meir i skatt og inntektsutjamning enn rekna med i revidert budsjett.
- Netto finanskostnadar er 3,6 mill. lågare enn budsjettert.
- Pensjonskostnadane vart om lag 4,5 mill. lågare enn det pensjonsselskapet stipulerte i forkant.
- Refusjon augeblikkeleg hjelp frå Helse Møre og Romsdal om lag 3,0 mill.
- God drift i sektorane.

Det synest å vere ein nasjonal trend at kommunane legg fram gode resultat. Dette skuldast at regjeringa sin prognose på skatteinntekter var for låg, og at pensjonskostnadane vart vesentleg lågare enn venta. I tillegg har sektorane synt god budsjettdisiplin og dei fleste har hatt netto driftsutgifter som har vore lågare enn budsjettert.

Mesteparten av mindreforbruket/overskotet i 2016 er knytt til forhold som ikkje vil ha varig effekt. Budsjettåret 2017 vert svært stramt. Det har vi prøvd å ta omsyn til i inneverande økonomiplanperiode der blant anna investeringsnivået er tona ned i høve til tidlegare år. Med dei usikre tidene ein er inne i, blant anna knytt til sysselsetjinga og effekten det kan ha på framtidige skatteinntekter, er det gledeleg å kunne gå inn i 2017 med eit positivt resultat for 2016 bak oss.

I 2016 hadde kommunereforma mykje fokus. Runde kommune vart nedstemt og det vart sett i gang arbeid med intensjonsavtale med Sande kommune. Intensjonsavtalen for Havøy kommune låg føre på slutten av året.

Det vart gjort endringar i kommunen si administrative toppleiing. Det vart tilsett rådmann og fire kommunalsjefar.

Som rådmann opplever eg dagleg dyktige og engasjerte medarbeidarar som bidrar til at kommunen leverer gode tenester. Samspelet med hovudtillitsvalde og verneombod har vore godt. Det er oppretta verneombod i alle einingar, og vi har treffpunkt for meiningsutveksling og drøfting med hovudtillitsvalde og hovudvernombod kvar månad. Saman med vernetenesta håper vi at ein god internkontroll skal bidra til at vi oppnår trygge arbeidsplassar og gode resultat med dei offentlege midlane vi forvaltar. Vi jobbar alle for ein enklare kvardag med større tryggleik for tilsette og brukarar.

Vi ser at det er krevjande år i vente, med auka arbeidsløyse og sviktande skatteintekter. Sjølv om netto driftsresultat for 2016 er betra, er det få teikn til betring i kommunen si underliggjande drift, noko som vil medføre ytterlegare effektivisering av kommunen sitt tenestenivå dei komande åra.

Olaus-Jon Kopperstad

2. Om Herøy

2.1 Dette er Herøy

Herøy er – og skal framleis vere – ein god kommune å leve, jobbe og drive næringsliv i. Inntrykket er at innbyggjarane stort sett er godt nøgde med tenestetilbodet. Dette skal vi undersøkje nærare i 2017. Sjølv om kommunen fekk eit godt økonomisk resultat i 2016, er kommuneøkonomien sårbar. Vi har fleire utfordringar vi må løyse i åra som kjem.

2.2 Slik står det til i kommunen

Stor optimisme har prega næringslivet i kommunen ei stund og det har vore svært god aktivitet i mange næringar. Det har vore god skatteinngang og positiv folketalsutvikling. Dei siste par åra har situasjonen, særleg i offshore-næringa, endra seg dramatisk.

- Over 7000 mista jobben i norske reiarlag i 2016, og det vil bli fleire oppseiingar i 2017.
- Av om lag 550 offshore service-skip ligg no 170 av desse i opplag. Dette tilsvarar meir enn kvart fjerde offshoreskip.
- Det einaste segmentet som forventar vekst i omsetjing i 2017 er deep sea-reiarlaga.

Utviklinga i offshore/supply

	1990	2010	2015	2016
Tal på fartøy	12	95	122	100
Tal på tilsette	3-400	2600	3400	2800

Fangstutviklinga for Herøy-flåten

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Ringnot	528	575	495	644	775	588	511	551	645	772
Reke/torsk	330	356	372	408	477	375	359	451	514	321
Pelag. trål	120	113	114	159	126	82	77	80	131	134
Autoline	69	68	61	36	42	40	27	46	52	81
Sjark	39	41	34	34	41	41	36	40	42	62
Sum	1086	1153	1076	1281	1461	1126	1010	1168	1384	1370

Kommune-NM
NHO lagar årleg eit kommune-NM der kommunane vert rangert etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. Kunnskapsbasen gir indikasjonar på utviklinga

for den enkelte kommune, men også den relative utviklinga i samanlikning med dei andre kommunane.

Kommune	TOTAL 2010 2015	Næringsliv 2010 2015	Arbeids-Marknad 2010 2015	Demografi 2010 2015	Kompe-tanse 2010 2015	Kommune-økonomi 2010 2015
Herøy	112 132	16 15	242 280	172 210	205 240	128 73

Tabellen viser at Herøy ligg ganske bra an i forhold til andre kommunar når det gjeld attraktivitet og vekstkraft. Kommunen har likevel hatt ein tilbakegang totalt sett frå 2010 til 2015.

https://www.nho.no/Politikk-og-analyse/Offentlig-sektor-og-naringslivet/kommunenm/

Samhandling mellom kommune, næringsliv, lag og organisasjonar
Kommunen har gjennomført fleire partnarskapsprosjekt med næringsliv, lag og organisasjonar. Mellom anna med/om: Herøy kyrkje, Sunnmørsbadet, Fosnavåg konserthus, parkeringshus, idrettsanlegg, flytebryggjer m.m.

Folketalsutviklinga
Utvikling av folketalet pr. 01.01:

År	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Folketal	8957	8972	8934	8847	8847	8727	8533	8383

Herøy kommune har ein uttalt ambisjon om å auke folketalet (10.000 innbyggjarar innan 2020).

Folkehelse
Folkehelseinstituttet har utarbeidd folkehelseprofilar for kommunane.

Profilane er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden, og faktorar som påverkar denne:

- Det er færre barn (0-17 år) som bur i husstandar med låg inntekt enn landsnivået.
- Ungdomskuleelevane som oppgir å vere nøgde med lokalmiljøet, er likt med landsnivået.
- Antibiotikabruken i Herøy er høgare enn landsnivået.

http://khp.fhi.no/PDFVindu.aspx?Nr=1515&sp=2&PDFAar=2017

2.3 Kommunal økonomi

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	-5,1 %	-6,2 %	0,6 %	6,3 %
Ulstein	8,5 %	1,8 %	2,8 %	2,4 %
Hareid	2,0 %	1,8 %	2,6 %	4,9 %
Volda	0,4 %	1,9 %	3,1 %	2,8 %
Skaun	6,5 %	5,1 %	8,6 %	6,8 %
Kostragruppe 08	2,7 %	0,9 %	2,6 %	4,0 %

Netto driftsresultat i kommunekonsernet utgjorde 6 % av driftsinntektene i Herøy i 2016. Det er over bransjenorma på 2 %. Det er samstundes 2 prosentpoeng høgare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8 og nest høgast blant samanlikningskommunane. 2016 er det beste året kommunane har hatt sidan 2006 når det gjeld driftsresultat.

Netto driftsresultat er ikkje korrigert for RDA-midlar.

Utvikling i lånegjeld og disposisjonsfond

	Lånegjeld	Disp fond
2016	**840.261.000**	17.492.000
2015	776.977.000	7.615.000
2014	653.110.000	10.642.000
2013	604.802.000	12.070.000.
2012	562.254.000	15.847.000
2011	501.792.000	15.276.000
2010	462.423.000	16.896.000
2009	428.853.000	7.031.000

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter

	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	2,1 %	1,8 %	1,3 %	2,5 %
Ulstein	2,2 %	4,7 %	3,7 %	4,3 %
Hareid	0,0 %	0,0 %	0,4 %	1,0 %
Volda	0,7 %	2,3 %	4,9 %	7,9 %
Skaun	15,4 %	17,1 %	20,1 %	27,3 %
Kostragruppe 08	5,2 %	5,5 %	5,8 %	7,7 %

Disposisjonsfondet er kommunen sine reservar for å dekke uforutsette utgifter og sviktande inntekter. Det bør utgjere 10 % av driftsinntektene.

Herøy har eit disposisjonsfond på 2,5 %. Det er eit lågt resultat på landsbasis. Det er svakt i forhold til kommunegruppa. Gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 er 8 %. Herøy er nest lågast blant samanlikningskommunane.

Økonomi - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	81,6 %	94,4 %	99,2 %	105,7 %
Ulstein	160,4 %	187,8 %	192,2 %	195,1 %
Hareid	90,8 %	88,1 %	86,6 %	81,1 %
Volda	98,1 %	89,9 %	93,0 %	99,7 %
Skaun	54,0 %	66,5 %	95,1 %	97,3 %
Kostragruppe 08	81,6 %	86,5 %	89,6 %	92,4 %

Netto lånegjeld bør haldast under kontroll for å unngå for stor renterisiko, spesielt i tider med låge renter. Netto lånegjeld bør helst vere under 50 % av årlege driftsinntekter.

Herøy har mykje lånegjeld. Netto lånegjeld i kommunen er 106 prosent av driftsinntektene i 2016. Det er 13 prosentpoeng meir enn gjennomsnittet i kommunegruppa og nest høgast av samanlikningskommunane. Lånegjelda (gjeldsgraden) har auka kraftig dei siste fire åra.

2.4 Historiske hendingar

Herøy har Sunnmørsalpane som bakgrunn og storhavet som næraste nabo. Fosnavåg er kommunesenteret i ein av dei største fiskeri- og offshorekommunane i landet.

Lengst i vest ligg Runde, den internasjonalt kjende «skatteøya» og det sørlegaste fuglefjellet i Skandinavia. Like utanfor øya vart det for nokre år sidan funne ein eventyrleg myntskatt etter det hollandske skipet «Akerendam». Dykkarar jaktar framleis etter skattar, mellom anna gullet frå det spanske skipet «Castillo Negro» som skal ha forlist i 1589.

Ei anna særmerkt øy er Skorpa med barsk natur og ei stamme av ville geiter.

Herøy har ei rik historie med fleire gamle og velhaldne handelsstader, m.a. Kjeldsund, Flåvær og ikkje minst Herøy gard med kystmuseum og Herøyspelet første helga i juli.

På Nerlandsøy ligg funnstaden for Kvalsund-båtane frå før Vikingtida, og vi har fleire gravrøyser frå same tida, m.a. Løsetstranda.

2.5 Hendingar i 2016

Januar
Året starta med fleire **brannar**, ved overgangen til nytt år. Mellom anna måtte brannvesenet i Herøy ut til ein hissig lyngbrann på Bølandet.

Februar
Det er full fart i Herøy med innspelinga av den nye filmen **Burning II**, som seinare på året har premierefest i Fosnavåg.

Mars
Det kjem eit ferdig utkast til intensjonsavtale for **Runde kommune**, ei samling av dei fem kommunane på ytre søre.

April
Havila Stadion Fosnavåg vert offisielt opna i samband med serieopninga heime mot Herd.

Mai
Under folkerøystinga om Runde kommune seier Hareid, Ulstein og Herøy eit **bastant nei** til femkommunen. Dermed fell dette alternativet i fisk.

Juni
Tjørvåg IL fekk Herøy kommune sin kulturpris for 2015, - for sitt store og aukande engasjement.

Juli
Etter at Runde vert forkasta, går Herøy og Sande til innleiande samtalar om ei eventuell **samanslåing**. Prosessen fører til ein ferdig intensjonsavtale seinare på året.

August
Per Sævik og Havilafjord skaffa seg kontroll over **Fjord1** etter drakampen med Torghatten.

September
Simulatorsenteret i Fosnavåg fekk vanskar i kjølvatnet av krisa i offshorenæringa. Seinare restrukturerer **Fosnavåg Ocean Academy** seg og får Sølvtrans AS inn på eigarsida.

Oktober
Fosnavåg Nyskapingspark vert opna. Vemod då **Rem-flagget** vart fira ned frå reiarlaget sitt kontor i Fosnavåg.

November
Havila Shipping unngår konkurs etter at ein ny refinansieringsavtale vert godkjent av kreditorane.

Desember
Nye **Leikanger oppvekstsenter** vert opna. Flotte fasilitetar for alle.
Olympic Shipping fekk på plass ein avtale som sikrar vidare drift.

2.6 Organisering

Ny politisk struktur blei vedteke 07.05.2012.

Kommunestyret har 33 medlemer og er kommunen sitt øvste politiske organ. Kommunestyret gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov og delegeringsvedtak.

Formannskapet har 9 medlemer og er kommunen sitt nest øvste politiske organ. Formannskapet handsamar og avgjer ei rekkje saker som er delegert av kommunestyret. I tillegg handsamar formannskapet forslag til budsjett og økonomiplan, og gir innstilling i ei rekkje andre saker som skal til kommunestyret.

Kommunen har fire **komitear**, alle med 7 medlemer. Komiteane førebur og innstiller i saker som vert handsama av kommunestyret. Formannskapet, kontrollutvalet og administrasjonsutvalet (likestillingsutvalet) og arbeidsmiljøutvalet er lovpålagde organ. Det same er eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Administrativ leiing
Ny administrativ leiing vart vedtatt av kommunestyret 29.09.2016. Kommunen gjekk over til ein **kommunalsjefmodell** med 4 kommunalsjefar under rådmannen med slike ansvarsområde:

Helse og omsorg
Omfattar dagens avdelingar for pleie og omsorg, buhab, og avdeling for barn, familie og helse.

Oppvekst
Omfattar dagens avdelingar for grunnskule, PPT, kulturskule, vaksenopplæring og barnehage.

Samfunnsutvikling
Omfattar dagens avdelingar for utvikling og kultur med tillegg av folkehelse og brann og beredskap.

Stab
Omfattar dagens avdelingar for :
- Personal
- Økonomi
- Innkjøp
- Dokumentsenter/politisk sekretariat
- IKT
- Servicetorg
- Eigedom

3. Fokusområde samfunnsutvikling

Resultata for 2016 viser at kommunen allereie har teke tak i mange av tiltaka i kommuneplanen med sikte på å gjere kommunen til ein meir attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen 2013 – 2025 er det utarbeidd mål, strategiar og handlingsplan for samfunnsutviklinga. Fylgjande mål er nedfelte i budsjett og økonomiplan 2017 – 2020:

Mål	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	Herøy kommune skal ha godt omdøme.
Korleis lukkast?	Oppfølgjing samfunnsplan	Oppfølgjing samfunnsplan	Oppfølgjing samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggjarundersøking. Folketalsutviklinga. Data reiseliv.	Innbyggjarundersøking.	Innbyggjarundersøking
Status 2015	8 972 innbyggjarar.	Manglar data.	Manglar data.
Ambisjon 2020	10 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Resultatmål 2017	9 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.

3.1 Kommuneplanen 2013 – 2025. Samfunnsdel.

Visjonen
Herøy – ei båtlengd føre

Kommunen skal gjere medvitne val om kvar vi skal vere i forkant, og kvar andre kan drage utviklinga vidare.

Kommunen skal vere nyskapande og attraktiv med lokal identitet og regional slagkraft. Vi skal vidareutvikle kommunen innafor havbasert verdiskaping.

Misjonen (oppdraget)
Herøy – ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.

Kommunen skal vere ein attraktiv kommune å busetje seg i gjennom:
- eit attraktivt og definert sentrum, attraktive bygder og bustadsområde.
- ein interessant og mangfaldig arbeidsmarknad.

- eit framifrå kultur- og idrettsmiljø.

Innbyggjarane skal oppleve gode tenester av høg kvalitet. Kommunen skal vektleggje og gi eit heilskapleg, likeverdig og tverrfagleg tilbod til alle innbyggjarane. Ny teknologi og andre og smartare måtar å arbeide på, skal takast i bruk innafor dei ulike tenesteområda.

Reiselivet i kommunen har stort potensial som kan gi positive ringverknader i ei samordna satsing.

Styringsprinsipp
I samfunnsdelen av kommuneplanen er det formulert fylgjande styringsprinsipp:

- samhandling
- kommunikasjon
- medverknad
- nytenking

Kommunen skal vise evne til **samhandling** mellom ulike nivå, eksternt og internt.

Kommunen skal vere tydeleg i **kommunikasjonen** sin, eksternt og internt.

Kommunen skal gjennom **medverknad** vere open for dialog med ulike aktørar for å kome fram til løysingar som fremjar samfunnsutviklinga på lang sikt.

Kommunen skal ha mot til å **tenkje nytt** slik at vi kan finne løysingar som betre samsvarar med innbyggjarane sine behov. Det kan handle om nye funksjonar, problemløysing, service og utvikling.

Satsingsområde
I samfunnsdelen i **Kommuneplan for Herøy 2013-2025** er det peika ut fem satsingsområde:

- **Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling**

Utviklinga av sentrum er avhengig av at bygdene gjer seg attraktive som bustadsområde. For at bygdene skal kunne gjere seg attraktive er dei avhengige av eit sentrum som utviklar seg og har dei tilboda som vert etterspurde. Sentrumsutvikling og samfunnsutvikling er såleis to sider av same sak.

- **Infrastruktur**

Med infrastruktur meiner vi strukturen av faste anlegg som er grunnlaget for at eit lokalsamfunn kan fungere. Døme: vegsystemet til lands, hamner og farleier til sjøs, vassforsyning, avlaupsnett, straumnett og tele-/fibernett.

- **Kompetanse og næringsutvikling**

Herøy kommune har prosentvis færre innbyggjarar med universitets- og høgskuleutdanning enn fylket og landet. Nye arbeidsplassar vert stadig meir kompetanseintensive.

- **Rekruttering, busetjing og inkludering**

Herøy kommune har hatt positiv folketalsutvikling siste åra og det er mykje på grunn av utanlandsk innvandring. Sentrums- og samfunnsutviklinga er avhengig av folketalsvekst.

- **Barn, unge og identitetsbygging**

Barn og unge som satsingsområde, tek utgangspunkt i at trivsel i oppveksten aukar sjansen for tilbakeflytting seinare.

I kommuneplanen er det utarbeidd målsetjingar og strategiar for kvart satsingsområde. Det er også utarbeidd ein **handlingsdel** til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Målsetjingane for lokalsamfunnet og kommunen er å bidra til at:

- Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar og tenesteytar.
- Herøy kommune skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og Herøy kommune skal vidare ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar.
- Den administrative leiinga og samarbeidspartar skal oppleve kommunen som open og aktiv til samarbeid og omstilling.
- Herøy kommune skal ha godt omdøme.

Dei gjennomgåande perspektiva skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda og sektorane. Dei gjennomgåande perspektiva er:

- Universell utforming
- Folkehelse
- Barn og unge
- Likestilling
- Verdiskaping
- Miljø og klima

Handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel er det viktigaste strategiske verktøyet for å sikre at kommunen arbeidar mot målsetjingane som er sett i samfunnsdelen. Handlingsdelen skal konkretisere tiltak knytt til visjonen og målsetjingane i planen.

Ferdig Igangsett

Satsingsområde og tiltak		Tiltak som vil ha føringar for arealdelen	Status
Heilskapleg sentrum- og samfunnsutvikling			
1	Arkitektkonkurranse og reguleringsplan for *Byutviklingsprosjektet* skal realiserast i planperioden	X	
2	Kommunen skal leggje til rette for etablering av nytt omsorgssenter	X	
3	Det skal leggjast til rette for kjøpesenter i sentrum	X	
4	Kommunen skal halde på nisjebutikkane i sentrum		
5	Kommunen vil sikre at grunnplanet på bygningar i Fosnavåg i størst mogleg grad er øyremerkt detaljhandel		
6	Det skal leggast til rette for næringsverksemd retta mot turisme i Fosnavåg		
7	Det skal etablerast områder for fritidsbustadar med tilknyting til sentrum og sjøen	X	
8	Felles kantine for arbeidsplassane i Fosnavåg. Samle offentlege og private tilsette i eit «allbrukshus» i Fosnavåg		
9	Etablere sosiale møtestadar i sentrum med sitjeplassar og leikeområde		
10	Gjere delar av sentrum bilfritt		
11	Det skal leggjast til rette for bustadbygging i alle bygdelag	X	
12	Etablere eit eldresenter i sentrum		
13	Byggje ungdomsbustadar i sentrum	X	
14	Kommunen skal opparbeide seg tilstrekkjeleg kommunal bustadmasse for å dekkje eigne behov		
15	Det skal leggjast til rette for detaljhandel og plasskrevjande varer i Myrvåg	X	
16	Utvikle grøntområder i sentrum og aktivisere Parken		
17	Utvikle kai og strandområdet på Leikong	X	
18	Vidareutvikle Heid tursti og området rundt	X	
19	Opparbeide trapp frå Ura til Heid	X	
20	Vidareutvikle og betre turstien rundt Djupvikvatnet	X	
21	Promotere tilbodet om bygdevandring med lokalhistorikar i tilknyting til dei årlege festivalane		
Infrastruktur			
1	Etablere hurtigbåtanløp: Fosnavåg by – Ålesund	X	
2	Vurdere å etablere djupvasskai i Fosnavåg	X	
3	Skape ei meir framtidsretta løysing for kryssing av Vaulane mellom Bergsøya – Nerlandsøya og Leinøya – Remøya	X	
4	Busetjing skal etablerast i størst mogleg grad i tilknyting til kommunikasjonsaksane i kommunen	X	
5	Kommunen skal ha eit tettare samarbeid med nabokommunane om infrastrukturutvikling		
6	Arbeide for ei realisering av Hafast		
7	Etablere gangsti rundt Myklebustvatnet	X	
8	Vurdere innføring av hamneavgift		
9	Realisere eit samband mellom Vågsholmen og sentrum		

10	Mudring og miljøopprydding av Fosnavåg hamn		
11	Starte opp arbeid med opprusting av Dragsundbrua saman med Ulstein kommune	X	
12	Starte opp arbeid med ny veg frå Koppen, langs sørsida av Skinneset og bru over Frøystadvågen til Mjølstadneset	X	
13	Realisering av innfartsveg til Fosnavåg		
14	Det skal vere god standard på dei kommunale vegane gjennom forsvarleg vedlikehald		
15	Herøy kommune skal arbeide for ein ferjefri kyststamveg		
16	Herøy kommune skal leggje til rette for at bygdelag kan etablere gangstiar og helseløyper for å fremje folkehelsa	X	
17	Vurdere organisatorisk overtaking av vassverka		
18	Utbetre kloakktilhøva ved Fosnavåg hamn		
19	Organisere reinhald i sentrum		
20	Planleggje og byggje ut ei samanhengande hamnepromenade frå indre til ytre del av Vågen		
21	Etablere ei ordning med bybuss og buss mellom bygdene og sentrum for barn, ungdom, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		
22	Betre tilkomsten til Fosnavåg, fjerne «flaskehalsar»		
23	Tilretteleggjing for å nytte masseuttak og deponi på ein forsvarleg måte	X	
24	Kommunen vil arbeide for å gjere sentrum meir tilgjengeleg for menneske med nedsett funksjonsevne		
25	Etablere nye parkeringsplassar i sentrum		
26	Etablere gangsamband mellom Fosnavåg sentrum og kulturhusområdet		
27	Bygge saman midtre og vestre kai på Mjølstadneset		
Kompetanse og næringsutvikling			
1	Herøy kommune skal bygge sterke fagmiljø i organisasjonen		
2	Skape kopling mellom næringslivet i Herøy og kompetansemiljøa i Volda og Ålesund		
3	Synleggjere og satse på høgt utdanna kvinner		
4	Vidareutvikle næringsbygg for utleige		
5	Etablere felles næringshage/inkubator for unge gründerar		
6	Mobilisere og bygge opp under eldsjeler		
7	Sterkare satsing på «ungt entreprenørskap» i skulen		
8	Satse på miljøvenleg turismeretta næring	X	
9	Utvikle strategisk handlingsplan for å knyte forretning mot dei kreative og kunstneriske kreftene i kommunen		
10	Styrke den internasjonale orienteringa innan den vidaregåande skulen		
11	Halde på og vidareutvikle utdanningsprogram på Herøy vidaregåande skule som dekkjer den lokale og regionale arbeidsmarknaden sine behov		
12	Styrkje spisskompetansen innan næringsutvikling i kommunen og etablere stilling som «næringssjef»		
13	Legge til rette for gode næringsareal	X	
14	Verne om og vidareutvikle havbruksnæringa	X	
15	Etablere eit inkubasjonsmiljø for å trekke til seg høgt utdanna arbeidskraft		

16	Ta i bruk ny teknologi innan helse- og omsorg		
17	God drift og vedlikehald av kommunal bygningsmasse		
18	Kulturhuset skal renoverast i planperioden		
19	Kulturhuset skal utviklast til eit «kompetansesenter» for kreative krefter		
20	Herøy VGS skal bestå med fag knytt til lokalt næringsliv som er attraktivt for jenter		
21	Herøy VGS skal vere ein attraktiv arbeidsplass med tilsette med høgteknologisk kompetanse innan helse og maritim sektor		
22	Vere med i eit felles prosjekt for Søre Sunnmøre om felles arbeidsmarknadstrategi og utarbeide informasjonsbrosjyre til studentar ved vidaregåande og høgskule		
23	Ta i bruk området sør for Fv. 654 i Myrvåg til massedeponi/næringsføremål		
Rekruttering, busetting og inkludering			
1	Herøy kommune skal vere aktivt ute og nytte tradisjonelle og utradisjonelle arenaer for å nå dei rette målgruppene og promotere kommunen som ein attraktiv bu- og arbeidsstad		
2	Nytte den kompetansen som arbeidsinnvandrarar har med seg frå heimlandet		
3	Rekruttere høgt utdanna arbeidskraft frå utlandet og Noreg til kommunen		
4	Det skal vere god kvalitet på norskopplæringa til innvandrarane		
5	Fremje arbeid, bustad og serviceregionen med fokus på den arbeidsmarknaden som er tilgjengeleg		
6	Langsiktig satsing på ungdomen som framtidig arbeidskraft og kompetanse		
7	Etablere ein vennskapsby i til dømes Litauen, Latvia, Estland eller Polen		
8	Tilflyttarar skal kunne busette seg både i Fosnavåg og på bygdene	X	
9	Der skal vere attraktive tomter i alle bygdelag	X	
10	Bustadmarknaden i Myrvåg skal vidareutviklast	X	
11	Bulystprosjektet skal auke kunnskapen knytt til andre kulturar og forholdet til innvandring		
12	Talet på arbeidsinnvandrarar som vel å busette seg i kommunen skal aukast		
13	Drive opplysningsarbeid og spreie informasjon om høve for stipend og andre ordningar		
14	Styrke samarbeidet mellom næringslivet og vidaregåande skule om td. simulatoropplæring		
15	Få tilbake utdanningsprogramet teknisk teikning ved Herøy VGS		
16	Utveksle vidaregåande elevar med utlandet og ta i mot utvekslingselevar frå andre land		
17	Meir aktiv oppfølging av herøyværingar som reiser ut for å ta utdanning		

Barn, unge og identitetsbygging			
1	Barnehage og skule skal inkludere alle barn og unge på ein god måte med tilrettelagt informasjonsmatriell		
2	Kommunen skal ha god dekning av helsetenester for alle barn og unge		
3	Kommunen skal intervenere tidleg der barn og unge har problem		
4	Rekruttere personar med førskulelærarutdanning i alle pedagogiske stillingar i barnehagane		
5	Kommunen vil arbeide for å få fleire profesjonar innan barnehage og skule		
6	Auke og vidareutvikle kompetansen til dei tilsette i barnehagane		
7	Utarbeide tiltak for å imøtekome krava til fysisk utforming av barnehagar og skulebygg		
8	Styrke spesialiseringa for vern av barn		
9	Auke og vidareutvikle kompetansen til lærarar og førskulelærarar		
10	Tydeleggjere samanhengane mellom barn sin oppvekst, skule, vidaregåande og inngangen til arbeidslivet		
11	Ta i bruk ny teknologi i barnehage og skule		
12	Herøy kommune vil leggje til rette for at barn og unge får informasjon om Herøy si fortid og notid og etablere ein indentitetskjensle til kommunen		
13	Etablere ordning med ungdomsbuss på kvelds-/ nattestid		
14	Innføre kinesisk som valfag i skulen		
15	Styrke yrkesrettleiinga i skulen mot lokale bedrifter		
16	Ny skule i området ved Blåhaugen		
17	Rekruttere fleire mannlege rollemodellar i barnehage og skule		
18	Planlegge ny idrettshall ved Einedalen skule		
19	Etablere moderne badeplassar		

4. Styring og kontroll

Vi har starta prosessen med å etablere eit klarare og gjennomgående målbilete for kommunen og alle tilsette.

God kommunal eigenkontroll skal bidra til å gi innbyggjarane tillit til at kommunen utøver mynde og leverer tenester på ein trygg måte. Eigenkontroll er ein viktig del av styringssystemet og skal bidra til å unngå kritikkverdige hendingar. I tillegg til eigenkontrol, fører mange statlege organ tilsyn med kommunen.

Kommunestyret har tilsyns- og kontrollansvar for kommunen si verksemd. Selskapskontroll inngår som ein del av kontrollansvaret. Kontrollutvalet fører løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og ser til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kommunen sin revisor gjennomfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og revisjon av rådmannen sin internkontroll så langt det følgjer av god kommunal revisjonsskikk.

Rådmannen er ansvarleg for at kommunen har eit føremålstenleg og heilskapleg system for styring og kontroll og at det vert utøvd internkontroll i verksemda.

4.1 Styring og kontroll av verksemda

Styringsdialogen mellom kontrollutvalet og kommunestyret har vore open og gir retning for vidare utvikling av verksemda.

4.2 Revisjonsordning

Herøy kommune er med i interkommunal revisjonsordning saman med seks andre kommunar.

4.3 Rekneskapsrevisjon

Vi mottok revisjonsmeldinga frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS for 2015 utan vesentlege merknader. Meldinga for rekneskapsåret 2016 vil ligge føre i første halvdel av 2016.

4.4 Forvaltningsrevisjon

Kommunerevisjonen har i løpet av 2016 gjennomført forvaltningsrevisjon retta mot barnevern. Rapporten er fylgd opp i ettertid og er heilt eller delvis gjennomført. Arbeidet held fram i 2017. Framdrifta og kvaliteten på oppfølginga er avhengig av saksmenga og personalressursane.

4.5 Tilsyn

Kommunen har i løpet av 2016 hatt ulike tilsyn uten at det er avdekka alvorlege avvik knytt til vår forvaltning.

4.6 Organisering

Vi fullfører organisasjonsendringane innan 01.07.2017. Denne omstruktureringa skal saman med nye linjeleiarar og endringar i administrativ leiing, levere forsvarlege tenester og robust økonomi i tida framover.

4.7 Mål- og resultatstyring

Målekort vert nytta som kommunen sitt administrative system for oppfølgjing når det gjeld vedtekne mål- og resultatkrav i budsjett og økonomiplan. Det er gjennomført ei vidareutvikling av innhaldet i korta på bakgrunn av erfaringane gjennom åra. Det er mellom anna gjort ei deling mellom felles gjennomgåande mål for heile den kommunale verksemda og unike mål for tenesteområda.

Mål- og resultatstyring inngår i kommunen sine årsplanar. Resultatkrava er fylgd opp gjennom medarbeidersamtalar med den enkelte leiaren. Ein felles leiingspraksis er under utarbeiding og arbeidet vil bli vidareført i 2017.

4.8 Rekneskapsutvikling og økonomisk styring

Også i 2016 opplevde vi at mange rammeområde hadde vesentleg mindreforbruk.

Det har vore god oppfølgjing og kontroll på prosjekt gjennom året. Vi er langt under budsjett samla sett på investeringar, noko som i all hovudsak skuldast mange vedtekne, men ikkje gjennomførde investeringsprosjekt.

Formannskapet får månadsrapportar om status på økonomi og sjukefråvær, kommunestyret får tertialrapportar. Resultat i forhold til overordna mål i kommuneplanen, samt øvrige resultatkrav knytta til målekorta, er rapportert i årsrapporten.

4.9 Risikostyring og internkontroll

Kommunen har eit overordna kvalitetssystem og eige sak- og arkivsystem som skal sikre oppfølging av lovverk, politiske vedtak og interne rutinar.

Det elektronisk kvalitetssystemet skal ivareta dokumentstyring, avvikshandtering, årshjul, risiko- og sårbaranalyser (ROS) samt varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.

Revisjon av kommunen sitt økonomireglement skal ferdigstillast 1. halvår 2017.

4.10 Selskapskontroll

Ny rutine for lovpålagt eigarskapskontroll var vedteke i K-sak 76/16 den 25.05.2016. Omgrepet eigarskapskontroll vert no nytta i staden for selskapskontroll.

Kommunestyret handsama saka om eigarskapskontrollen for 2015 i møte 24.11.16

4.11 Tryggleik og beredskap

Beredskapsplanen for Herøy kommune vart vedteken av kommunestyret 15.12.2016. Organisering av Herøy brann og redning skal gjennomgåast innan 01.07.2017.

4.12 Etisk standard

Revisjon av Etiske prinsipp for tilsette og folkevalde i Herøy kommune vart vedteken av kommunestyret 15.12.2016. Etisk standard vert fylgd opp og sikra gjennom kommunen sitt kvalitetssystem.

4.13 Utfordringar og planar

I planperioden er målet å etablere eit heilskapleg system som sørgjer for at vi har styring og kontroll i ein organisasjon som er effektiv og framtidsretta. Kommunen sitt planverk må vere fokusert, målretta og skal fungere som eit referansedokument for den operative gjennomføringa av planar.

4.14 Kvalitetssystemet Compilo (Losen)

Bruken av systemet har vore aukande. Graden av aktivitet varierer mellom tenesteområda. Områda «Helse og omsorg» utmerkar seg både i forhold til avvik og dokument. Mangelfull opplæring og oppfølgjing kan vere hovudårsaka til variasjonane.

4.15 Verdigrunnlag

Arbeidsgjevarpolitikken har fylgjande verdiar utarbeidde i 2004:
:

- Respekt
- Likeverd
- Openheit
- Ansvar
- Kvalitet

Det kan vere på tide å revidere verdigrunnlaget for kommunen.

4.16 Heilskapleg system

Plan- og styringssystemet i kommunen omfattar ei rekkje plan- og styringsprosessar som går fram av figuren under. Gjennom god leiing og gode plan- og styringsprosessar skal kommunen ivareta rolla som tenesteytar, samfunnsutviklar og demokratisk arena.

PUFF (PUKK) – Forbetringssirkel

Kommunen arbeider etter elementa i forbetringssirkelen. Gjennom plan- og styringsprosessane vert det planlagt og utført aktivitetar som skal sikre kvalitet i tenestene og forvaltninga. Resultata frå aktivitetane vert fylgd opp i forhold til dei måla og krava som er sett, og vert nytta til å iverksette tiltak for kontinuerleg å betre tenestane og forvaltninga. Alle plan- og styringsprosessar skal gjennomførast med bakgrunn i kommunen sitt verdigrunnlag, og verdiane skal vere retningsgivande for den enkelte si åtferd.

Plansystem
Plansystemet er kommunen sitt overordna og politisk vedtekne planverk som skal sikre gjennomføring av politiske mål og prioriteringar.

Styringssystem
Styringssystemet er rådmannen sitt verktøy for å setje i verk og følgje opp politiske vedtak, mål og prioriteringar.

Leiing
Elementa i PUFF-sirkelen ligg til grunn for all leiarmessig aktivitet knytt til kommunen sitt plan- og styringssystem. Gode plan- og styringsprosessar har som føresetnad eit leiarskap som gir retning, utnyttar handlingsromet og er resultatorientert. Samstundes skal leiarane legge til rette for ein arbeidskultur som fremjar læring og forbetring i heile organisasjonen. Forslag til innovative løysinger vil verte følgde opp.

Det vert utarbeidd årsplanar. I årsplanane konkretiserer rådmannen krav til resultat og utvikling for den enkelte leiar. I løpet av året vert det gjennomført dialog om status og evaluering av resultatoppnåing i ein-til-ein møte. I tillegg utøver rådmann styringsdialog gjennom fellesmøte.

Utfordringar og planar
Rådmannen vil vidareutvikle grunntanken om at godt partssamarbeid skal bidra til ei omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommune til beste for innbyggjarane og våre tilsette.

Rådmannen er oppteken av å legge til rette for at leiarane kan bruke mindre tid til administrasjon og meir tid til tenesteutvikling og leiing. Auka fokus på digitalisering, samhandling og samordning skal bidra til dette.

Rådmannen vil arbeide videre med å utvikle og profesjonalisere kommunen. I alle styringsformer skal kommunen oppfattast som ein profesjonell part og agere deretter.

4.17 Plansystemet

Kommunen sine oppgåver følgjer av kommunelova, plan- og bygningslova, andre lover og føreskrifter, nasjonale føringar og politiske vedtak. Mange av oppgåvene blir operasjonalisert og implementert gjennom planar som inngår i kommunen sitt plansystem. Alle kommunen sine overordna planar vert vedtekne av kommunestyret. Det skal vere konsistens i kommunen sine styringsdokument ved at styringsdokument på eit lågare nivå skal vere ei operasjonalisering av dokument på eit høgare nivå.

Planstrategi
Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode (fireårsperioden), og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Gjeldande planstrategi for Herøy kommune 2016 – 2020 vart vedteken i kommunestyret 24.11.2016.

Føremålet med planstrategien er å vurdere kva for planar som skal utarbeidast og reviderast i valperioden. For å vurdere planbehovet skal planstrategien drøfte kommunen sine strategiske val for samfunnsutvikling, langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og tenesteområda sine utfordringar. Det skal i tillegg vurderast om det er behov for å revidere heile eller delar av kommuneplanen.

Kommuneplanen
Kommuneplanen er kommunen sitt overordna strategiske styringsdokument og inneheld mål og retningsval for kommunen si utvikling. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Planen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål og interesser. I forkant av kommuneplanarbeidet vert det utarbeidd eit planprogram. Planprogrammet omtalar kva for tema som vert planlagt revidert i kommuneplanen, utgreiingsbehov og medverknadsprosesser.

Samfunnsdelen konkretiserer mål, strategier og ønskja utvikling for Herøysamfunnet og kommuneorganisasjonen.

Arealdelen viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, der avveging mellom vern og utbygging er viktig. Planen er juridisk bindande.

Kommuneplanen vert utarbeidd for ein periode på 12 år og vert revidert kvart fjerde år. Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel (økonomiplan) som seier korleis planen

skal fylgjast opp i fireårsperioden. I Herøy kommune bør kommuneplanen sin handlingsdel i større grad innarbeidast i økonomiplanen.

Årshjul



Figuren illustrerer dei overordna strategiske prosessane knytt til kommuneplanen (4-årshjulet) og handlingsprogrammet (1-årshjulet).

Handlingsprogrammet
Kommunen sitt årsbudsjett og økonomiplan utgjer handlingsprogrammet. Årsbudsjettet og økonomiplanen vert utarbeidd gjennom ein felles prosess og vert integrert i same dokument.

Økonomiplanen har eit 4. årsperspektiv med årsbudsjettet som første år. Planen vert rullert årleg.

Årsbudsjettet er kommunen sitt dokument der det vert gitt løyvingar til ulike føremål. Det vil seie at vedteke budsjett gir kva for rammer kommunestyret har løyvd til kommunen si verksemd det komande året – rammene er bindande for rammeområda.

Gjennom handlingsprogrammet skal kommunen realisere målsetjingar fastsett i kommuneplanen sin langsiktige del, planlegge nye tiltak og føre kontroll med kommunen sin ressurstilgang og ressursbruk. Dei økonomiske rammene bygger på rammefaktorar i kommuneproposisjonen og statsbudsjettet. Økonomiske konsekvensar knytta til mål og tiltak i kommunen sine temaplaner, jamfør

planstrategien, skal også innarbeiast i handlingsprogrammet for oppfølging. I tillegg kjem ei rekkje måleindikatorar basert på kommunen si mål- og resultatstyring.

Handlingsplanar
Mål og tiltak frå handlingsprogrammet, felles gjennomgåande planar og anna relevant planverk som fylgjer av planstrategien, vert vidareført og fylgd opp i ulike handlingsplanar. Handlingsplanen er eit administrativt dokument som skal sikre samanheng mellom organisasjonen sine mål, tiltak og resultat, samt oppfylging av politiske vedtak, lover og forskrifter.

Felles gjennomgående planar
Kommunen har fleire gjennomgående planar som gjeld for heile organisasjonen. Desse vert revidert normalt hvert fjerde år.

Utfordringar og planar
Rådmannen vil heve kvaliteten på kommunen sine plandokument. Dette skal resultere i eit meir gjennomgåande planverk som både er smalare, med betre tverrfagleg koordinering, og meir målretta.

4.18 Styringssystemet

Verksemdsstyring femner all leiingsaktivitet, styring og kontroll som skal bidra til å iverksette politiske vedtak, prioriteringar og mål, og å skape best mogleg resultat og kvalitet i tenestane. Verksemdstyring omfattar fullmaktsnivåa i kommunen og sikrar at styringa skjer likt og samordna mellom, og innan tenesteområda.

Prinsipp for verksemdsstyring
Verksemdsstyring skal:

- baserast på mål- og resultatstyring som overordna styringsprinsipp.
- sikre effektiv gjennomføring av politiske vedtak.
- sikre etterleving av lover og forskrifter.
- integrere risikostyring og internkontroll.
- sikre ei tenleg organisering, effektive arbeidsprosessar og rett ressursbruk.
- sikre læring, forbetring og innovasjon.

Mål- og resultatstyring
Dette medfører at kommunen skal planleggje, setje mål, og at resultata skal målast og fylgjast opp for å avdekke avvik. Ein skal også kontinuerleg forbetre og vidareutvikle tenestene. Mål- og resultatstyring skal i tillegg sikre læring i organisasjonen.

Mål- og resultatstyring skjer manuelt ved hjelp av målekort.

Det er definert fire fokusområder. Innanfor kvart hovudmål er det utarbeidd ulike måleindikatorar. Fokusområda har gjennomgåande delmål for heile kommunen. I

tillegg er det utarbeidd unike delmål for tenesteområda som skal sikre nødvendig styring og oppfylging av tenestene.

Gjennomføring av politiske vedtak
Kommunen skal ha system som sikrar at politiske vedtak blir fylgd opp og sett i verk.

Vedtaksoppfylging skjer elektronisk i kommunen sitt saks- og arkivsystem ePhorte. Eigne rapportar viser kva for saker som skal fylgjast opp og kva for saker som er ferdig effektuerte.

Iverksetting av politiske vedtak vert sikra gjennom årsplanar og ulike handlingsplanar. Dette omfattar også gjennomføring av politiske vedtak som vert fatta utanom handlingsprogrammet.

Alle leiarar skal halde seg orienterte om dei vedtaka som direkte gjeld eige ansvarsområde, samt forhold som vedkjem heile kommunen.

Etterleving av lover og forskrifter
Dette medfører rett sakshandsaming og tenesteutøving, samt å ivareta kommunen sine juridiske interesser som forvaltningsmynde, tenesteprodusent og eigar.

Sakshandsaminga skjer elektronisk i kommunen sitt saks- og arkivsystem ePhorte.

Tenesteutøving skjer etter gjeldande fullmakter og aktuelt lov- og regelverk som har betyding for oppgåva.

Risikostyring og internkontroll
Kravet til internkontroll går fram av kommunelova. I tillegg er det innanfor fleire område av kommunen si verksemd særlege lovpålagde krav til internkontroll. Internkontroll er ein del av kommunen si daglege leiing og styring innan og mellom fullmaktsnivåa.

Risikostyring og internkontroll skjer elektronisk i kommunen sitt kvalitetssystem KvalitetsLosen.

Systemet ivaretek dokumentstyring, avvikshandtering, årshjul, risiko- og sårbaranalysar samt varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Verktøyet sikrar at daglege arbeidsoppgåver blir utført, styrt og forbetra i samsvar med krava i lova.

4.19 Organisering, arbeidsprosessar og ressursbruk

Ei føremålstenleg organisering, effektive arbeidsprosessar og god ressursbruk skal sikre at innbyggjarane får ta imot tenester av rett kvalitet og til rett tid, samstundes som organisasjonen sine ressursar vert nytta på ein effektiv måte og innafor vedtekne økonomiske rammer.

Føremålstenleg organisering skjer ut fra omsynet til samordning, effektiv oppgåveløysing og kvalitet for brukarane.

Effektive arbeidsprosessar skjer gjennom optimalisering av prosessar og betre samhandling i tillegg til ei digitalisering av kommunen sine system. Elementa i PUFF-sirkelen ligg til grunn for utforminga av dei enkelte arbeidsprosessane.

God ressursbruk skal skje innafor dei mål og budsjettrammer som kvart år vert vedteke av kommunestyret.

Læring, forbetring og innovasjon
Organisasjonen skal sikre kontinuerleg utvikling av innhaldet i tenestene sine og medarbeidarane sin kompetanse.

Vi skal jobbe med målsetjinga om å bli ein moderne og lærande organisasjon som fremjar utvikling gjennom involvering, styringsdialog og resultatfokus.

Kommunen sin forvaltningspraksis vert evaluert eksternt gjennom Kommunekompasset. Evalueringa oppsummerer kommunen sin styrke, svake sider og utfordringar og dannar grunnlag for vidare utvikling. I tillegg vert det gjennomført tilsyn og forvaltningsrevisjon innafor ulike områder.

Årshjul
Kvart år vert det gjennomført ei rekkje styringsprosessar. Desse er sett inn i eit overordna årshjul som viser korleis arbeidet med ulike dokument og prosessar vert fasa inn i forhold til kvarandre politisk og administrativt. I tillegg til det overordna årshjulet, har kommunen detaljerte årshjul for enkeltståande prosessar/aktivitetar.

Utfordringar og planar
Det er ei målsetjing at verksemdsstyringa skal forenklast og bli meir effektiv. Samstundes skal organisasjonen si forståing på området styrkast.

Rådmannen vil arbeide for at kommunen skal levere gode tenester ut fra dei rammevilkåra som vert vedtekne. Gjennom mål- og resultatstyring skal det arbeidast systematisk med å sikre rette og effektive tenester til brukarane. I tillegg til generelle og gjennomgåande mål, skal spesifikke mål innafor alle rammeområda sikre rett utvikling av dei enkelte tenestene. Rådmannen vil ha fokus på å hente ut samordningsgevinstar mellom einingar og sektorområde.

Rådmannen vil ha fokus på vidareutvikling av styringsdata, slik at ein kan fylgje utviklinga gjennom året og ved behov iverksette førebyggende tiltak.

5. Fokusområde Organisasjon

Kommunen har gjennomført ei evaluering etter Kommunekompasset og Kommunebarometeret i 2016. I tillegg er det gjennomført endringar i den administrative organiseringa i kommunen.

Kommunen gjennomførte Kommunekompasset i 2016 og fekk ein skår på 329 av 800 moglege. Dette er middels bra og midt på listene over dei 45 kommunane som har gjennomført ein eller fleire kommunekompassevalueringar sidan 2010.
Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast med økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi. Til dømes: digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommune-organisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.	Auka nærvær i samsvar med målsetjinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidleg avgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølgjing Kommune-kompasset.	Oppfølgjing arbeids-gjevarpolitikken.	Førebyggje og følgje opp sjukemelde.	Oppfølgjing seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidar-undersøking.	Sjukefråver-statistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	7,19 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2020	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2017	Neste måling i 2018.	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.

5.1 Medarbeidarar

Personalpolitikk og opplæring

Tabell 1

Viktige aktivitetar og tiltak i 2016
1. Personalleiarnettverket i Sjustjerna gjennomførte på våren **HMS-kurs for vernetenesta og leiarar**. Kurset var eit tverrfagleg samarbeid der ressursar frå kommunane og bedriftshelsetenesta stod for det faglege innhaldet.
2. Herøy kommune har i samarbeid med Datawaves tilbydt og gjennomført **data- og norskkurs** for medarbeidarar.
3. Herøy kommune, saman med kommunane i Sjustjerna og SSIKT, gjennomførte på våren ei **oppgradering med personal-, løns- og økonomisystemet Agresso.**
4. Personal- og organisasjonsavdelinga, saman med Eigedoms- og IKT-avdelinga, gjennomførte anbod og førebuing til skifte av **tidsregistreringssystem**. Systemet vart sett opp i november og desember, og vart teke i bruk frå januar 2017.
5. Formannskapet bestemte at gruppeleiarane skulle gjennomgå og revidere gjeldande **Etiske prinsipp for Herøy kommune**. Personal- og organisasjonsleiar vart utpeikt som sekretær for arbeidsgruppa. Nye etiske prinsipp vart godkjende av kommunestyret i desember.
6. Gjennomføring av **lønsforhandlingar** i september for tilsette etter hovudtariffavtalen kapittel 3 og 5. Det vart gjennomført sentralt oppgjer for tilsette i kapittel 4.
7. Kontaktutvalet sette ned ei partsamansett arbeidsgruppe hausten 2016. Arbeidsgruppa starta arbeidet med å **revidere arbeidsgjevarpolitikken og andre retningsliner** på personalområdet. Personal- og organisasjonsleiar har som målsetjing å ferdigstille arbeidet i 2017.
8. Personal- og organisasjonsavdelinga har utarbeidd overordna **kompetanse- og informasjonshandbok for leiararar og medarbeidarar – Bestikken.** Boka tek utgangspunkt i intern organisering og ansvar, mål og strategidokument, rutinar og retningsliner innan ulike område.
9. Utarbeiding av internt **opplæringsløp for leiarar og nytilsette medarbeidarar**. Oppstart i 2017.
10. Gjennomført **pensjonsdag** der SPK og KLP informerte og gjennomførte individuelle rådgjevingssamtalar i november.
11. Administrasjonen har i løpet av 2016 utarbeidd eigen **ruspolitikk og rutine for AKAN-arbeid** i Herøy kommune. Godkjend i arbeidsmiljøutvalet i november.
12. Administrasjonen har i løpet av 2016 utarbeidd **ny HMT-plan (HMT-handbok)** i samarbeid med hovudverneombod og eigedomsleiar, som vart godkjend av arbeidsmiljøutvalet i november.

I tillegg har Herøy kommune teke del på og halde fleire kurs, møter og samlingar i 2016, som:

- Gjennomføring av IA-utvalsmøter og månadlege møter med kontaktutvalet
- Kurs og samlingar i regi av NAV Arbeidslivssenteret
- Samlingar for verneomboda
- Leiarsamling
- Arbeidsmiljøkonferansen, arbeidsrettsseminar og fellesopplæring i Hovudavtalen i regi av KS

Sjukefråvær
Målet for sjukefråværet for 2016 var 7,5 % eller lågare. Det vil sei eit nærvær på 92,5 % eller høgare.

Det totale sjukefråværet for 2016 enda på 7,19 %. Dette er ein nedgang frå 2015 på 1,23 %. Målet på 92,5 % nærvær (7,5 % sjukefråvær) er såleis nådd for 2016. Sjå tabell 2.

Av tertialmålingane ser vi at sjukefråværet 1. tertial var monaleg mykje høgare enn 2. og 3. tertial. Sjå tabell 3 og 4. Dette syner seg vere eit fast mønster frå eine året til det andre, og har naturelge forklaringar.

Oversyn over utvikling sjukefråvær:

Tabell 2

Sjukefråvær	Korttid	Langtid	Totalt
2002	3,0	7,6	10,6
2003	3,0	6,9	9,9
2004	2,8	5,9	8,7
2005	3,4	5,7	9,1
2006	2,8	6,1	8,8
2007	2,0	7,3	9,7
2008	2,0	6,3	8,6
2009[1]	-	-	9,0
2010	1,7	8,0	9,7
2011	2,1	6,3	8,4
2012	1,9	6,4	8,3
2013	1,9	5,6	7,5
2014	1,85	6,13	7,98
2015	2	6,42	8,42
2016	1,97	5,22	7,19

Tabell 3

Sjukefråvær i prosent 2009-2016 – Mål for 2016 7,5% eller lågare				
År / Kvartal	**1.kvartal**	**2.kvartal**	**3.kvartal**	**4.kvartal**
2009[2]	-	9,8	8,1	9,5
2010	10,9	10	8,6	9,4
2011	10,1	8,7	6,5	8,1
2012	9,7	7,8	6,2	8,9
2013	9,7	8,6	5,2	5,64
2014	7,78	7,85	7,28	7,52
År / Tertial	**1.tertial**	**2.tertial**	**3.tertial**	**Totalt**
2015[3]	10,53	7,25	7,52	8,42
2016	8,61	5,57	7,39	7,19

[1] Tala for 2009 er feil, usikre eller vantar pga. omlegging av datasystem.
[2] Tala for 2009 er feil, usikre eller vantar pga. omlegging av datasystem.
[3] Frå og med 2015 er det rapportert per tertial, slik at ein rapporterar like intervallar i tertailrapportar og til AMU.

Tabell 4



Sjukefråværstala og resultat frå medarbeidarundersøkingar, arbeidsplass- og arbeidshelseundersøkingar vert nytta som indikatorar på trivsel og motivasjon.

Det vart i 2016 bestemt at ein skal gjennomføre medarbeidarundersøkinga 10-Faktor i første halvår av 2017.

I 2016 er det gjennomført undersøkingar i regi av bedriftshelsetenesta (BHT) hjå åtte avdelingar/einingar. Herøy kommune har i større grad enn tidlegare retta BHT-ressursane der behovet har synt seg å ha vore størst, gjennom til dømes kurs i ergonomi og arbeidsmiljøundersøkingar.

Resultata tyder på at kommunen som arbeidsgjevar leverer stabilt godt i 2016. Kommunen har i stor grad lukkast i arbeidet med at medarbeidarane skal trivast og vere motiverte. I større og komplekse organisasjonar vil det vere små og store utfordringar i einskilde avdelingar/einingar. Slik er det også i vår organisasjon i 2016. Undersøkingane som vert gjort i samarbeid med bedriftshelsetenesta er med på å avdekkje og analysere eventuelle arbeidsmiljøutfordringar. Desse undersøkingane vert gjort både førebyggjande og der det er uttalte utfordringar. Denne kunnskapen gjer organisasjonen betre i stand til å handtere og løyse desse utfordringane.

Inkluderande arbeidsliv (IA)
Herøy kommune har vore inkluderande arbeidslivsverksemd sidan juli 2003. I juni 2014 vart IA-avtalen signert på nytt. Herøy kommune kan syne til systematisk og kontinuerlig IA-arbeid, gjennom blant anna faste møte i IA-utvalet og deltaking på kurs og seminar i regi av NAV Arbeidslivsenteret.

<u>Delmål 1) Sjukefråvær:</u>
Målet er nærværsprosent på 92,5 % for 2016

- Med eit nærvær på 92,81 % er målet for 2016 nådd.
- I 2016 har vi den høgaste nærværsprosenten som nokon gong er målt.

- Vi registrerar også at sjukefråværet følgjer det historiske sjukefråværsmønsteret i løpet av året.

Gravide skal gjennomsnittleg stå i arbeid til veke 30.

- Med eit snittmål på 25 veker er målet ikkje nådd i 2016, sjå tabell 5.
- Det er likevel positivt å sjå at gjennomsnitt på veker i arbeid har gått opp, samanlikna med tal frå 2014 og 2015.
- Det er vanskeleg å gi ei presis forklaring på variasjonen frå det eine året til det andre, men arbeidsstad, arbeidsoppgåver og/eller faktisk sjukdom under svangerskapet er openberre faktorar som påverkar snittalet.

Tabell 5

Gravide i arbeid				
Målepunkt i % og veker / År	**2013**	**2014**	**2015**	**2016**
Ikkje sjukmeld før fødselspermisjon	7,1%	30%	0%	18%
Sjukmeld før veke 30	21,4%	50%	78,94%	68%
Sjukmeld etter veke 30	71,5%	20%	21,06%	14%
Snitt veker i arbeid (mål veke 30)	Veke 30	Veke 22	Veke 22	Veke 25

Delmål 2) Personar med redusert funksjonsevne:

Aktivitetsmål er dokumentering av tilretteleggingstiltak, at desse er vurdert, forsøkt eller gjennomført

- Organisasjonen følgjer i all hovudsak NAV sine retningsliner for oppfølgjingsplan, aktivitetskrav og dialogmøte.
- Gjennomføring av dialogmøte er systematisert og organisasjonen har høve til å nytte fagkompetanse frå personal- og organisasjonsavdelinga.
- Det er lagt til rette for å nytte bedriftshelsetenesta i einskildsaker.
- Arbeidsavklaringsutval (AAU), som er eit rådgjevande organ, skal medverke til å leggje til rette arbeidet slik at arbeidstakar, som er blitt hemma i sitt yrke på grunn av sjukdom eller skade, skal kunne halde fram i arbeid så langt som råd er.

Ta imot 28 personar frå NAV (inkludert praksis / tiltaksplassar).

- Herøy kommune har stilt plassar til disposisjon, så langt det har vore mogleg, sett i lys av ressursar og tenesteleveranse m.m.
- Herøy kommune er ei kunnskapsverksemd, der det vert stilt krav til spesifikk kunnskap. Administrasjonen registrerer at førespurnader om praksisplassar ofte er knytt opp til merkantile- og sakshandsamingsoppgåver. Førespurnadane kjem difor nokre tider i konflikt med det ansvaret Herøy kommune har for å leggje til rette for eigne medarbeidarar, som også ynskjer slike stillingar. Dette er ei kjent problemstilling, og er kommunisert til NAV.
- Det er difor slik at ikkje alle plassane har blitt nytta, men nokre plassar har blitt nytta fleire gongar.

Delmål 3: Avgangsalder

Aktivitetsmålet er at flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år, sjå tabell 6. Dette måler vi ved å samanlikne tal på medarbeidarar som var 63 år to år før rapportåret, med tal på medarbeidarar som var 65 år på rapportåret.

- I 2014 var 14 medarbeidarar 62 år.
- Seks medarbeidarar var 63 år.
- Ti medarbeidarar var 64 år.
- Av dei seks medarbeidarar som var 63 år i 2014 er framleis seks medarbeidarar i arbeid i 2016 (det året dei fylte 65 år).

Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år. Sjå tabell 6. Dette måler vi ved å samanlikne tal på medarbeidarar som var 65 år to år før rapportåret med tal på medarbeidarar som var 67 år på rapportåret.

- I 2014 var 5 medarbeidarar 65 år.
- Ein medarbeidar var 66 år.
- Av dei fem medarbeidarane som var 65 år i 2014 stod framleis fem medarbeidarar i arbeid 2016 (det året dei fylte 67 år).
- I tillegg til dette hadde organisasjonen tre medarbeidarar som var over 67 år eller eldre ved utgangen av 2016.

Grunna endring/presisering av måledata og målepunkt frå 2016, er det vanskeleg å samanlikne attende i tid. Det er likevel positivt å sjå at alle dei same medarbeidarar, som på måletidspunktet i 2014 var 63 og 65 år, også var i arbeid i 2016. Dette kan tyde på at Herøy kommune har lukkast med ein aktiv seniorpolitikk og god senioravtale. Likevel må ein vente at tala endrar seg noko frå det eine året til det andre.

Tabell 6

Målepunkt i % / År	2009[4]	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016[5]
I arbeid ved 65 år	84,6	94,7	89,8	92,9	90,9	77,6	67,7	100
I arbeid ved 67 år	68,8	38,9	68,8	81,8	88,2	40,0	45,5	100

Likestilling

I den vedtekne arbeidsgjevarpolitikken er det utarbeidd mål og verkemiddel for auka likestilling mellom kjønna. Likestilling i høve, etnisk tilhøyre og personar med nedsett funksjonsevne er også innbakt i arbeidsgjevarpolitikken. Administrasjonsutvalet er likestillingsutval. I medarbeidarundersøkinga frå 2010 var der mellom anna spørsmål om arbeidsplassen er integrerande når det gjeld kjønn, etnisk tilhøyre, religion osv. Svaret er 4,95 på ein skala frå 1 til 6, der 6 var beste indikator og 1 var dårlegast. Herøy kommune har dei siste fire åra tilsett personar frå mellom 15-20 ulike land.

Kjønnsbalanse

Den kjønnsmessige fordelinga på stillingar har endra seg lite over tid, sjølv om der er noko variasjonar frå år til år. Framleis er det slik at det er stor kvinneleg dominans i dei tradisjonelle pleie- og omsorgsyrka og blant reinhaldarane. Det er mannleg dominans innan dei tekniske faga og i brannvernet. Vi registrerer likevel at fleire

[4] Tala for 2009 er feil, usikre eller vantar pga. omlegging av datasystem.

[5] Tala frå tidlegare år kan vere usikre, då det syner seg å vere usikkerheit kring måledata. Ein har frå 2016 søkt å ha sikre og samanliknbare data ved å definere målepunkt- og data på ein enkle og tydeleg måte.

menn enn tidlegare søkjer stillingar knytt til stab- og støttefunksjonar. Sjå meir i tabell 7 nedanfor.

Tabell 7

Målepunkt	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009[6]	Snitt
Talet på årsverk *	532,3	520	527,2	524	525	589	597	642	557
Talet på tilsette **	728	815	835	760	735	714	854	1225	833
Talet på kvinner **	607	678	679	624	582	575	685	956	673
% del kvinner	83,4	83,2	81,3	82,1	79,6	80,5	80,2	78,0	81
Talet på menn **	121	137	156	136	153	139	169	269	160
% del menn	16,6	16,8	18,7	17,9	20,4	19,5	19,8	22,0	19
Talet på kvinner i høgare stillingar	35	35	33	34	33	30	29	28	32
% del kvinner i høgare stillingar	71,4	63,6	66	70,8	66	63,8	61,7	60,9	66
Talet på menn i høgare stillingar	14	20	17	14	17	17	18	18	17
% del menn i høgare stillingar	28,6	36,3	34	29,2	34	36,2	38,3	39,1	34
Tal på tilsette i deltidsstillingar	453	562	584	516	487	464	622	-	527
Tal på kvinner i deltidsstillingar	408	499	511	456	419	411	537	-	463
% del kvinner i deltidsstillingar	90,1	88,8	87,5	88,4	86	88,5	86,3	-	88
Tal på menn i deltidsstillingar	45	63	73	59	68	53	85	-	64
% del menn i deltidsstillingar	9,9	11,2	12,5	11,6	14	11,4	13,7	-	12
Undervisningspersonell***	147	137	151	151	147	144	155	269	163
Turnuspersonell	273	299	290	275	253	260	278	607	317
Anna personell	308	379	394	334	335	310	421	349	354

* Årsverk pr. 31.12.2016
** Tilsette pr. 31.12.2016
*** Undervisningspersonell i grunn- og kulturskulen

Når det gjeld leiande stillingar ser ein at menn underrepresentert, både i rådmannen si leiargruppe og som mellomleiar, sjå tabell 8 og 9.

Samanliknar ein desse tala med fordeling av tilsette samla sett i Herøy kommune, er det prosentvis fleire menn som har leiande stillingar enn kvinner, sml. tabell 7, 8 og 9.

Tabell 8

Utvikling i kjønns-ballansen på leiarnivå	Kvinner 2013	Menn 2013	Kvinner 2014	Menn 2014	Kvinner 2015	Menn 2015	Kvinner 2016	Menn 2016
Leiarar i rådmannen si leiargruppe	9 av 14	5 av 14	8 av 14	6 av 14	7 av 12	5 av 12	6 av 10	4 av 10
Mellomleiarar	25 av 33	8 av 33	26 av 36	10 av 26	26 av 36	10 av 36	29 av 38	9 av 38

[6] Tala for 2009 er feil, usikre eller vantar pga. omlegging av datasystem.

Tabell 9

Utvikling i kjønns-ballansen på leiarnivå i %	Kvinner 2013	Menn 2013	Kvinner 2014	Menn 2014	Kvinner 2015	Menn 2015	Kvinner 2016	Menn 2016
Leiarar i rådmannen si leiargruppe	64,3	35,7	57,1	42,9	57,1	42,9	60	40
Mellomleiarar	75,8	24,2	72,2	27,8	72,2	27,8	76,3	23,7

Likelønn

Det vart ikkje gjennomført lokalt lønsoppgjer i 2016 for tilsette i kapittel, trass i at det vart eit hovudoppgjer. Det vart gjennomført lokalt lønsoppgjer for kapittel 5 og 3 (leiarar). I mellomoppgjeret for 2015 ynskja partane å vidareføre det langsiktige arbeidet med likelønn. I tillegg hadde partane fokus på rekruttering, halde på kompetanse og at utdanning skal løne seg.

Vi ser at det er mindre lønsforskjell mellom mann og kvinne frå 2014 til 2016, frå i snitt 4,1% til 3,3%. Sjå tabell 10. Dette skuldast nok både ei medviten tilnærming til dette under lønsoppgjer, og tilfeldige omstende slik som t.d. at det ikkje vert betalt løn i stillinga som assisterande rådmann.

På toppleiarnivå har likestillingstrenden vore positiv dei siste åra. Kvinnene i 2016 tener 0,3 % meir enn menn i 2016. I høve undervisningspersonell er differansen stabilt lågt. Det har vore ein positiv trend i høve likelønn på fagarbeidarnivå, men vi ser at i 2016 er det på ny ein prosentvis større skilnad mellom menn og kvinner i menn sin favør. Om ein samanliknar tala frå 2015 til 2016 er det ei endring på heile 5,9 % i favør menn. Det er vert å merkje seg at det ikkje var lokale forhandlingar i 2016 for kapittel 4 der fagarbeidarstillingane er lønsplassert.

Tabell 10

2014				2015			2016[7]		
Gjennom-snittslønn	Menn	Kvinner	Diff. i favør menn i %	Menn	Kvinner	Diff. i favør menn i %	Menn	Kvinner	Diff. i favør menn i %
Rådmannen si leiargruppe	676 250	643 640	4,9	652 920	644 500	1,3	674 250	676 167	-0,3
Mellom-leiarane	575 470	562 450	2,3	588 940	568 642	3,6	597 200	585 003	2,1
Fagarbeidar-stillingar	390 257	386 720	0,9	415 729	421 674	-1,4	415 889	397 943	4,5
Høgskule	478 462	421 687	11,9	470 420	436 141	7,9	494 954	450 767	9,8
Undervisning-personell	481 342	479 320	0,4	485 083	485 484	-0,1	491 152	490 320	0,2
Utvikling samla sett i snitt			4,1			2,3			3,3

[7] Tala i rådmannen si leiargruppe er utrekna utan løna til rådmannen, og utan løna til assisterande rådmann. Løna til assisterande rådmann er òg teke ut av høgskulegruppa sidan ein i 2015 og 2016 ikkje har hatt assisterande rådmann.

Arbeidstid
Tilsette som ikkje har ynskja deltid kan variere frå eit år til eit anna, alt etter samansettinga av personalgruppa. Ein ser at ynskje i høve stillingsstørrelse i noko grad er livsfaseorientert.

I organisasjonen vert det ført oversyn over kven som ynskjer å auke si faste stilling. Kartlegginga vert basert på at den einskilde medarbeidar saman med sin næraste leiar rapporterer til personal- og organisasjonsavdelinga. Dette kan føre til nokon avvik og manglande informasjon.

Herøy kommune har vedteke mål om at alle tilsette innan 01.01.17 minimum skal ha ei stilling på 60 %. Dette med unntak av reine rekrutterings-, helgestillingar og stillingar i brannvernet.

Målet er dessverre ikkje nådd, men det er gjort ein formidabel innsats i høve reduksjon av «ikkje ynskja deltid».

Herøy kommune har dei siste fem åra redusert «ikkje ynskja deltid» med heile 52,4 %. Det vil seie frå 82 medarbeidarar i 2012 til 39 medarbeidar i 2016. Sjå tabell 11 og 12. Dette er eit svært godt resultat og syner at heile organisasjonen tek dette arbeidet på alvor.

Tabell 11

Ikkje ynskja deltid pr. avdeling	Menn 2013	Menn 2014	Menn 2015	Menn 2016	Kvinner 2013	Kvinne 2014	Kvinner 2015	Kvinner 2016
Skuleavdelinga lærarar	0	0	0	0	0	0	0	0
Skuleavdelinga assistentar	0	0	0	0	4	4	4	4
Eigedomsavdelinga, reinhald	0	0	0	0	1	1	5	3
Pleie og omsorgsavdelinga, sjukepleiarar	0	0	1	0	14	12	7	4
Pleie og omsorgsavdelinga, fagarbeidar	0	0	1	1	40	26	19	16
Bu og habiliteringsavdelinga	0	0	1	1	18	18	9	8
Administrasjon og andre avdelinga	0	0	0	0	1	1	3	0
Totalt	0	0	3	2	78	62	47	37

Tabell 12

Ikkje ynskja deltid totalt sett i heile organisasjonen	2012	2013	2014	2015	2016
	82	78	62	50	39

Foreldrefråvær

Tabell 13

Kjønn / År	M 2014	K 2014	M 2015	K 2015	M 2016	K 2016
Tal på tilsette som har hatt fråvær p.g.a. sjuke born	21	114	27	122	21	131

Tabell 14

Kjønn / År	M 2014	K 2014	M 2015	K 2015	M 2016	K 2016
Fråvær i % p.g.a. sjuke born	13,5	16,8	19,7	18,0	17,4	21,6

Helse, miljø og tryggleik (HMS)

Hovudmålet for HMS-arbeidet er at dei tilsette skal ha eit trygt og godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø. Gjennom ei slik målsetjing vil ein oppnå betre kvalitet på arbeidsmiljøet for dei tilsette, og i sin tur betre kvalitet på tenestene som kommunen leverer til innbyggarane.

Herøy kommune har eit nært samarbeid med bedriftshelsetenesta (BHT) og hovudverneombod (HVO). I 2016 har HVO vore tilsett i 50 % stilling. Dette har gitt ytterlegare styrke inn mot det overordna HMS-arbeidet i organisasjonen. Gjennom blant anna etablering av ny versjon av overordna HMS-plan (HMS-handbok), handlingsplan for bruk av bedriftshelsetenesta, målretta arbeidshelseundersøkingar, kurs og samlingar arbeider vi aktivt og systematisk med arbeidsmiljøet i organisasjonen. Avvik vert rapportert og følgt opp i avdelingane.

Herøy kommune har eit arbeidsmiljøutval (AMU) som arbeider for eit fullt ut forsvarleg arbeidsmiljø i organisasjonen. AMU tek del i planlegging og oppfølgjinga av verne- og HMS-arbeidet i organisasjonen. Arbeidsavklaringsutvalet er eit underutval av AMU.

I tillegg til det som omfattar lovpålagt HMS-arbeid har Herøy kommune som målsetjing å ha fokus på folkehelse i «alt ein gjer». Fokus er heile mennesket gjennom desse delområda: biologi (fysisk helse), kultur (ånd, sjel og psykisk helse) og politikk (samhaldet og fordeling av godane).

Tillitsvalde

Føremålet i Hovudavtalen er å skape eit best mogleg samarbeidsgrunnlag mellom partane på alle nivå. Hovudavtalen skal være eit verkemiddel for å sikre og leggje til rette for gode prosessar mellom partane og for ei positiv utvikling av kvalitativt gode tenester i kommunen. Samarbeidet vert basert på tillit og gjensidig forståing for partane sine ulike roller.

Det er avgjerande for eit godt resultat at dei tilsette og organisasjonen deira vert involvert så tidlig som mogleg når omstilling og reform skal gjennomførast. Tenester av god kvalitet som er tilpassa brukaren sitt behov, føreset gode prosessar og medverknad. Hovudavtalen skal gjennom ordninga med tillitsvalde gi arbeidstakarane reell innverknad på korleis arbeidsplassen skal organiserast og korleis arbeidsmetodane skal utviklast. Slik innverknad bidreg til ei fleksibel og brukarvenleg tenesteyting.

I Herøy møtest dei tillitsvalte og kommuneadministrasjonen ein gong i månaden i kontaktutvalet. Det vert òg sett ned partsamansette arbeidsgrupper ved behov, t.d. under omorganisering og revideringsarbeidet av personalpolitiske tiltak.

I 2015 byrja kontaktutvalet eigenevaluering. Sjå tabell 15.

Tabell 15

EVALUERING AV KONTAKUTVALET		
Spørsmålsstillingar/målepunkt	**Resultat 2015**	**Resultat 2016**
Innkallingsmåte	8,9	8,8
Agenda	7,1	8,8
Oppmøte og deltaking	4,6	6,1
Gjennføring av sjølve møte	8,1	7,9
Ansvarsfordeling	6,9	8
Samhandling mellom partane	6	8,1
Referat	8,6	9
Oppfølging av det som vert bestemt i møte	7,3	6,7
Er Kontaktmøte føremålsteneleg?	9	9,3
Snitt resultat per år	7,4	8,1
Respondentar	8	12

Kontaktutvalet konkluderer med at utvalet fungerer stadig betre og etter sitt føremål. Det vart vidare konkludert med at det ikkje var nødvendig å gjere store endringar.

I Herøy kommune er det tillitsvalde/kontaktpersonar i 16 ulike arbeidstakarorganisasjonar. I organisasjonen er det fem personar frå fire arbeidstakarorganisasjonar som er kjøpt fri, heilt eller delvis, for å drive med tillitsvaldarbeid. Frikjøpet er rekna ut frå berekningsnøkkelen, jamfør Hovudavtalen.

Arbeidstakarorganisasjonar som har frikjøp er:

- Fagforbundet, Utdanningsforbundet, Sjukepleiarforbundet og Delta.

Arbeidsgjevar og tillitsvalde har gjensidig plikt for å skape og oppretthalde eit godt samarbeid. Arbeidsgjevar har både informasjons- og drøftingsplikt med dei tillitsvalde, og det er i samarbeid oppretta gode rutinar for å innfri dette. Nokre avdelingar involverer tillitsvalde meir medvite enn andre, men stadig fleire avdelingar ser nytten av eit nært og godt samarbeid mellom leiar og tillitsvald.

Ein har òg eit IA-utval der bedriftshelsetenesta, NAV Arbeidslivssenter og NAV Herøy, arbeidsgjevar og tilsette er representert. Hovudfokuset er å arbeide med tiltak og oppfølgjing av delmåla i IA-avtalen.

Partane er samde om at det er viktig å arbeide for eit meir inkluderande arbeidsliv (IA) til det beste for den enkelte arbeidstakar, arbeidsplass og samfunnet elles. Målet er redusert sjukefråvær og reduserte tal på dei som fell ut av arbeidslivet/blir ståande utanfor arbeidslivet.

Arbeidsgjevarpolitikk
«Arbeidsgjevarpolitikk i Herøy kommune» presenterer grunnlaget for ein felles organisasjonskultur. Verdiane til kommunen som organisasjon er nedfelt i denne. I denne er det også nedfelt forventingar til leiarar og medarbeidarar.

Arbeidsgjevarpolitikken synleggjer definisjonar, målsetjingar og prinsipp retta mot konkrete verkemiddel for å nå måla. Den er på eit overordna, strategisk nivå og er utgangspunktet for planar og prosedyrar på neste nivå. Arbeidsgjevarpolitikken har eit livsfaseorientert fokus og skal vere eit levande dokument i organisasjonen.

Ei partssamansett arbeidsgruppe byrja i 2016 med å utarbeide ny arbeidsgjevarpolitikk for Herøy kommune. Forslaget til arbeidsgjevarpolitikk skal handsamast og godkjennast av kommunestyret.

Seniorpolitikk
Målsetjing for Herøy kommune er at 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Minimum 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.

Målet med seniorpolitikken er å auke den gjennomsnittlige avgangsalderen. Å jobbe for auka avgangsalder er i samsvar med IA-avtale og kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk. At folk står lenger i arbeid er gunstig i forhold til å verne om opparbeidd kompetanse lengst mogleg i organisasjonen, noko som er økonomisk gunstig for arbeidsgjevar. Vi har tru på at ein god, raus og samla arbeidsgjevarpolitikk legg til rette for og motiverer våre medarbeidarar til å stå lenger i arbeid.

5.2 Organisasjonsutvikling

Herøy kommune vart evaluert etter Kommunekompasset i 2016. Resultata er jamt over middels gode. Det kan vere at kommunen har ein vesentleg gevinst å hente når det gjeld kvaliteten på forvaltningspraksisen, noko som igjen vil gi ein betre og meir effektiv tenesteproduksjon.

KS-K rår til at kommunen systematiserer styringsinformasjonen som allereie finst, med fokus på resultat og indikatorstyring. I tillegg bør ein hente inn og systematisere brukarperspektivet, innbyggjarperspektivet og medarbeidarperspektivet i langt større grad. Konsulenten rår til at denne styringsinformasjonen vert sett inn i ei årshjultenking for oppfølging, dialog, evaluering og utvikling basert på brukar-, medarbeidar- og innbyggjarundersøkingar kombinert med objektiv informasjon om kvalitet og økonomi. Dette for at kommunen får utvikle seg i eit heilskapleg styrings- og utviklingsperspektiv. På denne måten kan ein få lagt eit godt grunnlag for både å utvikle dialogen og samspelet med innbyggjarane, men også ein god prosess saman med politikarane med planarbeid og tilbakerapportering på korleis kommunen jobbar, kva ein prioriterer og kva som vert levert av resultat. Dermed ser ein ikkje berre på mengda, men også kvaliteten på dei tenestene som vert leverte.

I tillegg bør ein sette systematisk fokus på kommunen sitt arbeid med demokrati, deltaking og serviceperspektivet, då skåren på desse områda er vesentleg under landsgjennomsnittet.



Alle områda vil vere viktig for utviklingsarbeidet i Herøy kommune, men i perioden denne utviklingsstrategien fokuserer på (2017-2019), så ynskjer vi å ha særleg fokus på områda vedtekne i K-sak 142/16 :

Område 1 Offentlegheit og demokrati
Område 2 Tilgjengeleg, innbyggar- og brukarorientering
Område 4 Leiarskap, ansvar og delegasjon
Område 5 Resultatfokus og effektivitet

5.3 Samfunnstryggleik og beredskap

Tilsyn og hendingar gjennom året viser at beredskapen er god og fungerer etter intensjonane og at vi kan handtere kriser av ulikt omfang. Brannvesenet har gjennomført opplæring og tatt i bruk nytt naudnett for blålysetatane.

Mål
Herøy kommune skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar**.**

Vi skal
- Ivareta innbyggarane sin tryggleik.
- Oppfylle vår lovfesta beredskapsplikt.

Resultat

Ivareta tryggleik
- Gjennomført revisjon av Beredskapsplanen i 2016.
- Gjennomført årleg nasjonal varslingsøving initiert av Justis- og beredskapsdepartementet retta mot kommunen si kriseleiing.

- Innført nytt sambandssystem for blålysetatane – politi, ambulanse og brann.
- Starta opplæring og førebuing til PLIVO (pågåande livstruande vald mot ein eller fleire) som er initiert frå Justisdepartementet.

Oppfylle lovfesta beredskapsplikt

- Aktivere kommunen sin kriseberedskap ved behov**.**

Utfordringar og planar

For å kunne ivareta innbyggarane sin tryggleik er det viktig å gjennomføre realistiske øvingar. I 2017 er det lagt opp til:

- Opplæring i CIM- registrering
- Val av løysing for sms-varsling til innbyggarane.

5.4 Klima og miljø

Kommunane vil spele ei nøkkelrolle i arbeidet med å oppfylle nasjonale klimamål.

Vi har fokus på energiøkonomisering i alle pågåande prosjekt.

Utfordringar og planar

Det ligg føre nasjonale målsetjingar om at byar og tettstader i skal utvikle seg berekraftig. I 2013 gav Mijløverndepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet ut rapporten «Faglig råd for bærekraftig byutvikling» som gir konkrete forslag til tiltak for ein statleg bypolitikk. Arbeidet med ei berekraftig byutvikling i Fosnavåg har tatt utgangspunkt i målsetjingar og føringar i denne rapporten.

Kommunen sin klima- og energiplan er frå 2010, og den bør reviderast.

6. Framtidsutsikter

6.1 Vurdering av framtidsutsikter

Vi har utfordringar framfor oss, men gode føresetnader for å lukkast. Kompetansen, motivasjonen og omstillingsevna som finst i Herøy, vil vi vere avgjerande.

Samfunn

Som samfunnsaktør har Herøy ei viktig rolle. I Herøy samarbeider politikk, administrasjon, kultur og næringsliv godt gjennom mange uformelle arenaer for felles nytte.

Kommunen er ein pådrivar for å motverke effektane ein lågare aktivitet i næringslivet skaper. Kommunen sin økonomiske status vil sette grenser for tiltak for å stimulere næringsaktivitet. I så måte hastar det å forbetre økonomien vår.

Framskriving av folketalet

SSB presenterte 2016 nye befolkningsframskrivingar. Framskrivingane er usikre sidan dei er avhengig av fleire faktorar.

Framskrivinga av folketalet i Herøy kommune varierer, alt etter om ein legg til grunn låg elles middels nasjonal vekst.

	Eldre + 80	**Born 0-5**	**Born 6-15**
2016	461	605	1153
2020	473	599	1156
2021	470	598	1138
2022	488	604	1125
2023	496	606	1126
2024	512	610	1104
2025	533	608	1100
2030	665	597	1098
2035	791	581	1102
2040	893	576	1087

Kjelde: SSB, alt MMMM

Framskriving av folketal viser stabilt/ein svak auke i gruppa over 80 år fram til 2023. Deretter har vi ein sterk auke fram til 2040. Ungdomsgruppa 0 – 15 år vil vere relativt stabil dei komande åra.

Sterke og svake sider – moglegheiter og trugslar

Gjennomgang av status og utfordringar kan oppsummerast i oppstillinga nedanfor:

Sterke sider notid	Moglegheiter framtid
- Fosnavåg – potensial for å verte ein attraktiv småby og reisemål.	- Omstilling og effektivisering. - Inntektspotensial.

- Tydlege og omforeinte mål og satsingsområde for samfunnsutviklinga. - Sterkt næringsliv. - Samarbeid kommune, næringsliv, frivillige organisasjonar.	- Fosnavåg – potensial for å verte ein attraktiv småby og reisemål. - Vidare satsing på infrastruktur. - Vidare satsing på kompetanse og næringsutvikling.
Svake sider notid	Trugslar framtid
- For høgt kommunalt tenestenivå. - Ujamn tenestekvalitet, for svak brukarorientering. - Dårleg standard på den kommunale bygningsmassen. - Einsidig næringsliv.	- Manglande evne til å prioritere vidare satsing på nærings- og samfunnsutvikling. - Manglande evne og vilje til å ta grep som gir varige reduksjonar i driftsnivået/auke inntektene. - Manglande evne til omstilling i næringslivet.

Medverknad
Det er mange i Herøy som ynskjer å bidra til lokalsamfunnet, og kommunen må vere ein koordinerande, konstruktiv og positiv samarbeidspart. Medverknad frå innbyggarane er vitalt for å lukkast som kommune i framtida. Her har Herøy gode føresetnader.

Medarbeidarar
Motivasjon og kompetanse er viktig for alle kunnskapsbedrifter. Herøy kommune tar dette på alvor og har gjennomført mange kompetanseprogram innanfor fagområda. I tillegg har vi prioritert å fokusere på leiing som eit eige fag.

Læring og fornying
Medan læring dei siste åra i hovudsak har føregått på individnivå, vil vi i framtida sjå meir på den organisatoriske læringa. Omorganisering skal vere på plass i løpet av 2017. Vi skal evaluere endringane opp mot tidlegare praksis over dei neste åra. Målet er å få full gevinstrealisering av desse endringane.

Økonomi
Resultatmessig er kommunen i balanse, men vi treng mindreforbruk over tid for å skaffe oss det handlingsromet vi treng for å møte nye utfordringar og ta ein meir aktiv del i samfunnsutviklinga.

Økonomiske verknadar av ei eventuell kommunesamanslåing
Dersom Herøy kommune vedtek å slå seg saman med ein annan kommune innan 31.12.2016 vil det få følgjer for kommunen sine tilskot i åra som kjem. Vi kan her nemne:

- **Reformstøtte**. Totalt 5,0 mill. kr i 2020 om minst to kommunar slår seg saman og dette blir godkjent av Stortinget i vårsesjonen 2017.
- **Eingangsstøtte**. Totalt kr 20,0 mill. kr om 2 kommunar slår seg saman. Om 3 kommunar slår seg saman, utgjer tilskottet 25,0 mill. kr blir også utbetalt i 2020. Tidlegare har det vore ein føresetnad at den nye samanslåtte kommunen skulle ha minst 15.000 innbyggjarar, men det voner ein vert endra.
- **Regionsentertilskot**. Summen ukjent. Det er avsett 100,0 mill. for 2017 og 200,0 mill. for 2018. Summen vil bli fordelt på talet på samanslåingar. Dess fleire som slår seg saman, dess mindre blir overføringa til den einskilde kommunen. 60 % av summen fordelt per samanslåing og 40 % med ein sats per innbyggjar. Blir det 60

samanslåingar (med totalt 500.000 innbyggjarar) vil kvar samanslåing få 1,0 mill. kr + at t.d. Herøy/Sande hadde fått kr 80,- per innbyggjar (totalt om lag kr 900.000,-).

- **Basistilskot**. Basistilskotet til Herøy kommune er redusert frå 13,2 mill. per år til 9,3 mill. kr per år – Det vil seie at vi får kompensert 3,9 mill per år i perioden 2017 – 2019 (totalt 11,7 mill. kr).
  I tillegg vil samanslegne kommunar få inndelingstilskot i perioden 2020 – 2034 fullt ut og deretter vert det trappa ned over fem år med 20 % per år. Det vil for vår del tilseie 3,9 mill. kr per år.

Brukarar
Tilbakemelding frå brukarane tilseier at kommunen generelt leverer gode tenester med fokus på kvalitet, tilgjenge og brukermedverknad.
Kommunen er ein stor arbeidsgjevar. Det kviler difor eit stort ansvar på den kommunale forvaltninga. Vi skal samordne oss, levere gode tenester, peike ut ei retning for utvikling i kommunen og levere ein føreseieleg kurs for kommunen.

7. Fokusområde Økonomi

Enkelte i kommunen har teke i bruk ein slik økonomisk HANDLINGSREGEL:
- Netto dr. res. 1,75 % av skatt + rammetilskott. (om lag 8,75 mill.)
- Driftsfond 5 % av skatt + rammetilskot. (om lag 25 mill.)
- 20 % eigenkapital ved investeringar

Utfordringar på økonomiområdet:
- Driftsutgiftene er høge i høve til inntektene.
- Lånegjelda er høg.
- Disposisjonsfondet er for lite.

Mål 2017	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av skatt + rammetilskott innan 2020.	Driftsfondet skal vere på 5 % av skatt/ramme innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2016	3,70 % eks RDA	17.492.000
Ambisjon 2020	1,75 %	23.800.000
Resultatmål 2017	1,00 %	20.000.000

Mål 2016:
1. *Det skal ikkje vere avvik mellom budsjett og rekneskap for dei einskilde ansvarsområda i budsjettet. Dersom det oppstår situasjonar der ein ikkje kan unngå avvik skal dette rapporterast etter gjeldande prosedyrar.*
2. *Netto driftsresultat skal vere positivt med 2 % når ein ikkje tek omsyn ti RDA-midlane.*

7.1 Nøkkeltal

Utvikling i lånegjeld og disposisjonsfond:

	Lånegjeld	Disp fond
2016	**840.261.000**	17.492.000
2015	776.977.000	7.615.000
2014	653.110.000	10.642.000
2013	604.802.000	12.070.000.
2012	562.254.000	15.847.000
2011	501.792.000	15.276.000
2010	462.423.000	16.896.000
2009	428.853.000	7.031.000

Netto driftsutgifter

	Herøy (M. og R.)	Ulstein	Hareid	Volda	Skaun	Kostragruppe 08
Pleie og omsorg	**15 159**	13 581	14 600	17 479	13 750	15 510
Grunnskole	**12 733**	13 218	13 547	13 198	13 307	12 937
Barnehage	**7 858**	8 465	8 471	8 113	8 140	8 022
Adm, styring og fellesutgifter	**4 648**	4 298	5 760	4 700	4 533	3 957
Sosiale tjenester	**3 402**	2 171	1 449	1 874	2 429	2 759
Kommunehelse	**2 529**	2 444	1 894	2 236	2 180	2 387
Barnevern	**1 721**	2 461	1 653	2 036	1 186	2 070
Kultur og idrett	**2 267**	1 706	1 242	1 101	1 677	1 867
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	**703**	589	806	765	869	585
Andre områder	**4 043**	3 017	1 984	2 662	2 302	2 230
Brann og ulykkesvern	**1 148**	729	897	1 009	414	712
Kommunale boliger	**478**	-264	-583	-354	-15	-3
Samferdsel	**1 511**	1 710	945	1 379	1 166	845
Næringsforv. og konsesjonskraft	**116**	223	58	-155	229	101
Kirke	**790**	619	667	783	508	575
Totalt	**54 063**	**51 950**	**51 406**	**54 164**	**50 373**	**52 324**

Netto driftsutgifter i Herøy i 2016 var 54.063 kroner per innbyggjar. I denne analysen held vi utanfor funksjonane 170-173 felles pensjonspostar, 275 intro.ordninga og 240-257 VAR-sektoren. Utgiftene er korrigert for elevar i private skular og eventuelt vertskommunetilskot for PU-institusjoner. Korrigert for utgiftsbehov var utgiftene 54.063 kroner. Det er omlag 1.700 kroner meir enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 og nest høgast blant samanlikningskommunane.

Utgiftsbehov



Kommunale rekneskap må korrigerast for ulikskap i utgiftsbehov før samanlikning. I denne tabellen utarbeidd av Framsikt analyse brukar ein behovsberekninga i statsbudsjettet (utgiftsutjamninga). Utgiftsbehovet gjeld ulikskapar i demografi, geografi og sosiale forhold. KMD har berekna Herøy sitt behov til 102 % av landsgjennomsnittet per innbyggjar. Det er fire prosentpoeng meir enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 8. Herøy har fire tenester med behov over 100% (landsgjennomsnittet). Det er grunnskule, PLO, helse og administrasjon (sjå figuren over). Ein meiner at behovet er nokonlunde likt i alle kommunar når det gjeld tekniske tenester og kultur/kyrkje.


Utgifter og føremål samanlikna med andre
20 000
18 000
16 000
14 000
12 000
10 000
8 000
6 000
4 000
2 000
0
-2 000
Pleie og omsorg
Grunnskole
Barnehage
Adm, styring og fellesutgifter
Sosiale tjenester
Kommunehelse
Barnevern
Kultur og idrett
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø
Andre områder
Brann og ulykkesvern
Kommunale boliger
Samferdsel
Næringsforv. og konsesjonskraft
Kirke
Herøy (M. og R.)
Ulstein
Hareid
Volda
Skaun
Kostragruppe 08

	Ulstein	Hareid	Volda	Skaun	Kostragruppe 08
Pleie og omsorg	14,9	5,3	-21,9	13,3	-3,3
Grunnskole	-6,3	-8,0	-4,8	-7,1	-1,2
Barnehage	-4,9	-4,9	-2,1	-2,3	-1,3
Adm, styring og fellesutgifter	3,1	-9,9	-0,5	1,0	6,1
Sosiale tjenester	7,6	12,1	9,5	6,0	4,0
Kommunehelse	0,8	5,9	2,7	3,2	1,3
Barnevern	-5,3	0,5	-2,2	3,8	-2,5
Kultur og idrett	5,0	9,2	10,4	5,3	3,6
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	1,0	-0,9	-0,6	-1,5	1,1
Andre områder	9,2	18,4	12,4	15,6	16,2
Brann og ulykkesvern	3,8	2,2	1,2	6,6	3,9
Kommunale boliger	6,6	9,5	7,5	4,4	4,3
Samferdsel	-1,8	5,1	1,2	3,1	6,0
Næringsforv. og konsesjonskraft	-1,0	0,5	2,4	-1,0	0,1
Kirke	1,5	1,1	0,1	2,5	1,9
Totalt	**25,1**	**27,7**	**2,9**	**37,3**	**24,0**

Figuren over syner ulikskapar i kostnadar mellom Herøy og andre kommunar i million kroner. Vi ser kor mykje Herøy kan spare ved å drive med same kostnadsnivå som dei andre kommunane. Samla behovskorrigerte netto driftsutgifter i Herøy var 24 millioner kroner høgare enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 i 2016. Figuren viser også kva tenester som der dyre og billige i Herøy, samanlikna med Kommunegruppe 8 og dei andre kommunane. I høve til kommunegruppa brukar Herøy meir pengar på desse tenestene: Sosial (4 mill.), administrasjon (6 mill.), helse (1 mill.), kultur (4 mill.), kyrkje (2 mill.) og diverse tekniske tenester (14 mill.). Utgiftene er lågare innafor grunnskole (1 mill.), PLO (3 mill.), barnehage (1 mill.) og barnevern (3 mill.).

7.2 Hovudtal drift

Godt driftsresultat, mykje driftsreservar og låg netto lånegjeld er viktige teikn på sunne kommunale finansar. Herøy har ikkje spesielt gode finansar. Finansane er dårlegare enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 i 2016. Netto driftsresultat er høgare enn gjennomsnittet, reservane (disposisjonsfondet) er små og kommunen har mykje netto lånegjeld.

Økonomi - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter



	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	-5,1 %	-6,2 %	0,6 %	6,3 %
Herøy eks RDA midlar	3,4 %	-1,1 %	1,1 %	3,8 %
Ulstein	8,5 %	1,8 %	2,8 %	2,4 %
Hareid	2,0 %	1,8 %	2,6 %	4,9 %
Volda	0,4 %	1,9 %	3,1 %	2,8 %
Skaun	6,5 %	5,1 %	8,6 %	6,8 %
Kostragruppe 08	2,7 %	0,9 %	2,6 %	4,0 %

Kommunen har fått bra med RDA-midlar dei siste åra og det er ikkje tvil om at desse midlane spelar inn når ein ser på kommunens netto driftsresultat. Det største utslaget fekk ein i 2013 der dei offisielle tala er negative med 5,1 % medan dei korrigert for RDA-midlar er positive med 3,4 %. Dette året betalte kommunen ut om lag 51,1 mill. kr meir enn ein fekk inn på konto.

Korrigert for RDA-midlane utgjorde netto driftsresultat i kommunekonsernet om lag 3,8 prosent av driftsinntektene i Herøy i 2016. Det er over bransjenormen på 2 %. Det er samtidig 0,2 prosentpoeng lågare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8.

Det gjennomsnittlege netto driftsresultatet dei siste 4 åra har vore på om lag 1,8 %. Det er litt under bransjenormen på 2,0 prosent.

Økonomi - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter



	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	2,1 %	1,8 %	1,3 %	2,5 %
Ulstein	2,2 %	4,7 %	3,7 %	4,3 %
Hareid	0,0 %	0,0 %	0,4 %	1,0 %
Volda	0,7 %	2,3 %	4,9 %	7,9 %
Skaun	15,4 %	17,1 %	20,1 %	27,3 %
Kostragruppe 08	5,2 %	5,5 %	5,8 %	7,7 %

Disposisjonsfondet er kommunen sine reservar for å dekke uføresette utgifter og sviktande inntekter. Det bør utgjere 10 % av driftsinntektene.

Herøy har eit disposisjonsfond på 2 %. Det er eit lågt resultat på landsbasis. Det er svakt i høve til kommunegruppa. Gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 er 8 prosent. Herøy er nest lågast blant samanlikningskommunane. Dersom ein nyttar heile mindreforbruket i 2016 til å styrkje disposisjonsfondet vil det utgjere om lag 6,0 prosent av kommunens driftsinntekter (eks RDA-midlar) i 2016.

Økonomi - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter



	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	81,6 %	94,4 %	99,2 %	105,7 %
Ulstein	160,4 %	187,8 %	192,2 %	195,1 %
Hareid	90,8 %	88,1 %	86,6 %	81,1 %
Volda	98,1 %	89,9 %	93,0 %	99,7 %
Skaun	54,0 %	66,5 %	95,1 %	97,3 %
Kostragruppe 08	81,6 %	86,5 %	89,6 %	92,4 %

Netto lånegjeld bør haldast under kontroll for å unngå for stor renterisiko, spesielt i tider med låge renter. Netto lånegjeld bør helst vere under 50 % av årlege driftsinntekter.

Herøy har stor lånegjeld. Netto lånegjeld i konsernet er 106 % av driftsinntektene i 2016. Det er 13 prosentpoeng meir enn gjennomsnittet i kommunegruppa og nest høgast av samanlikningskommunane. Lånegjelda (gjeldsgraden) har har auka kraftig dei siste fire åra. I økonomiplanperioden 2017-2020 legg ein opp til reduserte låneopptak noko som på sikt skal verke positivt på dette nøkkeltalet.

7.3 Rekneskapsprinsipp

Herøy kommune fører rekneskapen sin etter dei kommunale rekneskapsprinsippa nedfelt i Kommunelova § 48 og rekneskapsføreskriftene § 7. Anordningsprinsippet gjeld i kommunal sektor og tilseier at tilgang og bruk av midlar i løpet av året som vedkjem kommunen si verksemd, skal gå fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Driftsrekneskapen syner driftsutgifter og driftsinntekter i kommunen og resultat for året. Investeringsrekneskapen syner kommunen sine utgifter i samband med investeringar, utlån med meir, samt korleis desse er finansiert.

Kommunen sin driftsrekneskap syner årlege avskrivingar som er årlege kostnader som følgje av forbruk av driftsmidlar. Avskrivingane har betydning for kommunen sitt brutto driftsresultat, men blir utnulla slik at netto driftsresultat ikkje er påverka av denne kostnaden. Netto driftsresultat i kommunen er derimot belasta med årets avdrag som er den utgifta som skal påverke kommunen sitt driftsresultat etter gjeldande rekneskapsreglar. Grunnen til at avskrivingane blir vist i rekneskapen er blant anna at dei som tek avgjerder, (adm. leiarar og politikarar) og dei som brukar rekneskapen, skal sjå denne kostnaden presentert i rekneskapen og vurdere den i høve til kommunen sitt driftsresultat og avdragsutgifter.

RDA-midlane blir overført Herøy kommune kvart år utan at dei inngår i kommunen si drift. Innbetalingar og utbetalingar av RDA-midlar påverkar imidlertid kommunen sitt brutto og netto driftsresultat. I år med meir innbetalingar enn utbetalingar blir netto driftsresultat betre enn utan desse innbetalingane og år med meir utbetalingar enn innbetalingar vert brutto og netto driftsresultatet påverka negativt. Det vartilfelle for år 2014 då Herøy kommune nok er ei av dei kommunane i landet med svakast resultat på desse indikatorane.

Vidare er rekneskapen ført etter bruttoprinsippet. Det tyder at det ikkje er gjort frådrag i inntekter for tilhøyrande utgifter og heller ikkje frådrag i utgifter for tilhøyrande inntekter. Dette tyder at aktiviteten i kommunen kjem fram med rett sum.

7.4 Rammevilkår/resultat

Herøy kommune kan for 2016 vise til eit betydeleg betra brutto- og netto driftsresultat sett i høve til 2014 og 2015. Netto driftsresultat er positivt med vel 41,78 mill. kr. Dersom ein held RDA-midlane utanfor ville netto driftsresultat blitt på om lag 24,6 mill. kr. Staten sitt mål er at netto driftsresultat skal utgjere 2 % av driftsinntektene. For 2015 utgjorde netto driftsresultatet om lag 6,07 % av driftsinntektene (held ein RDA-midlane utanfor er talet 3,76 %). Netto driftsresultat er med det 4,07 % eller nær 28,7 mill. kr høgare enn målsetjinga (1,76 % eller 11,5 mill. kr eks RDA). RDA-midlar vert inntektsført og utgiftsført (tilskot) i kommunen sitt rekneskap, men er ikkje midlar som kan nyttast til kommunale føremål.

Alle tal i 1.000 kr

År	2012	2013	2014	2015	2016
Brutto driftsres	(11.644)	(48.577)	(43.265)	(2.161)	31.014
Netto driftsres	(15.410)	(35.245)	(43.405)	1.150	41.783
Brutto driftsres eks RDA	2.333	2.490	(9.132)	3.876	14.282

Netto driftsres eks RDA	3.325	19.249	(6.373)	6.845	24.582

Som ein ser av tabellen over har RDA-midlane stor betydning når det gjeld brutto- og netto driftsresultatet. Medan brutto driftsresultat ink. RDA har vore negativ fire av dei fem siste åra har det eks. RDA-midlane vore positivt fire av dei fem siste åra.

I rekneskapen per 31.12.2016 utgjer kommunen sine disposisjonsfond nær 17,5 mill. kroner. Sett i høve til 31.12.2015 er dette ein auke på om lag 9,88 mill. kr. Dersom ein brukar mindreforbruket i 2016 til å styrke disposisjonsfonda aukar desse til i overkant av 39,98 mill. kr.

Herøy kommune har dei siste åra hatt bra samsvar mellom budsjett og rekneskap for det som gjeld drifta. Det syner at kommunen har gode budsjettprosessar med involvering frå avdelingar, administrasjon og politikarar. Likevel har kommunen eit forbetringspotensiale når det gjeld å få avsett/brukt ulike bundne og ubundne driftsfond.

Når det gjeld kommunen sitt rekneskapsmessige resultat varierer det mykje frå år til år. Faktorar som har spelt ei avgjerande rolle her dei siste åra (både positive og negative) er momskompensasjon investeringar, finansavkastninga, svingande skatteinntekter og frå 2010 også RDA-midlar (sjå ovanfor). Drifta av kommunen er på eit nøkternt nivå, men investeringane har vore store og det gjer at gjeldsbyrda stadig aukar. Auka finanskostnadar vil føre til at drifta må reduserast på einskilde områder.

7.5 Hovudtalsanalyse

Den kommunale rekneskapen er delt i tre:
1. Driftsrekneskapen
2. Investeringsrekneskapen/Finansrekneskapen
3. Balansen

Driftsinntekter
- Skatteinntekter (formues- og inntektsskatt)
- Rammetilskott frå staten
- Andre statstilskott (også øyremerka)
- Andre driftsinntekter som bl.a. vert inntektsført direkte på avdelingane som t.d. refusjonar, brukarbetalingar osb

Fordelinga (i %) inkludert finansinntektene kan ein setje opp slik:



Skatt er den største inntektsposten. I 2016 utgjorde denne inntekta nær 37,4 % av dei samla kommunale driftsinntektene inkludert RDA-midlar men eks. finans. I 2015 utgjorde dei om lag 38,4 % av inntektene.

Skatteinntekter
Skatteoppkrevjaren i Herøy fekk i 2016 kommunale skatteinntekter på om lag 260 mill. kr. Det er ein auke i høve til 2015 på om lag 11,5 mill. kr.

Skatteinntektene i Herøy kommune var (i mill. kroner) slik:

	Rekneskap 2016	Justert Budsjett 2016
Inntekt	260,04	259,00
% av landsgjennomsnittet per innbyggar	100,9	
Inntekteutjamning (netto) i mill kr	-4,7	

Herøy kommune sine skatteinntekter (forskotspliktige) er vanskelege å budsjettere. Frå 2011 til 2012 hadde kommunen ein skattevekst på formidable 13,1%, medan ein frå 2012 til 2013 hadde ein reduksjon på om lag 1,5 % og frå 2013 til 2014 var reduksjonen på 3,14 % og deretter ein auke frå 2014 til 2015 på 7,5 % og ytterlegare ein vekst på 4,62 % frå 2015 til 2016. Herøy hadde i 2016 skatteinntekter på 100,9 % av landsgjennomsnittet. Dei siste åra har kommunens skatteinntekter samanlikna med landsgjennomsnittet blitt monaleg redusert. Går vi tilbake til 2012 var skatteinntektene våre heile 115,7% av landsgjennomsnittet.

Driftsutgifter
Herøy kommune sine driftsutgifter (eksklusive interne overføringar) består av:
- Lønn- og sosiale utgifter
- Kjøp av varer og tenester som inngår i produksjonen
- Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjonen

- Andre utgifter som t.d. tilskott, overføringar, bidrag
- Finans (renter, avdrag, kurstap etc.)

Fordelinga (i %) inkl avskrivingar og finanskostnadane kan ein setje opp slik:



Driftsutgiftene auka med 8,8 mill. kr frå 2015 til 2016 (1,2 %). Løn og sosiale kostnadar auka med om lag 12,1 mill. kroner (3,1 %) frå 2015 til 2016.

Lønn og sosiale utgifter utgjorde om lag 65,5 % av totale driftsutgifter (eks. interne overføringar, finansieringsutgifter og utbetalte RDA-midlar) for 2016, medan tilsvarande tal for 2015, 2014, 2013, 2012, 2011, 2010 og 2009 var hhv 66,0 % - 63,3 % - 64,2 %, 64,3 % - 64,3 % - 66,2 % og 66,4 %. Dei siste to åra har lønsrelaterte kostnadar auka mykje sett i høve til andre driftsutgifter. Det kan tyde på at avdelingane har vore flinke til å kutte i andre driftsutgifter desse åra. Tendensen dei siste åra har vore at dei samla lønskostnadane som ein del av dei samla utgiftene likevel har blitt litt redusert.

Nøkkeltal	**2016**	**2015**	**2014**
Sum driftsinntekter	-687.849	-646.270	-633.992
Sum driftsutgifter	656.835	648.432	677.257
Brutto driftsresultat	-31.014	2.161	43.265
Finansinntekter	-12.356	-9.461	-10.978
Finansutgifter	36.712	39.269	40.589
Motpost avskrivingar	-35.126	-33.120	-29.471
Netto driftsresultat	-41.783	-1.150	43.405
Bruk av avsetnader	-13.966	-12.736	-47.278
Avsetnader	33.257	6.614	4.807
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	-22.493	-7.273	935

Brutto driftsresultat i % av driftsinntekter	4,51	-0,33	-6,82
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter	6,07	0,17	-6,84

Netto driftsresultatet i 2016 vart positivt med omlag 41,8 mill. kr. Dette vart nær 14,9 mill. kr betre enn justert budsjett. I driftsrekneskapen brukte vi nær 0,6 mill. kroner av disposisjonsfonda medan vi brukte nær 6,0 mill. kr av dei bundne fonda. Vi avsette totalt 33,2 mill. kroner i driftsrekneskapen for 2016. Desse vart nytta til avsetjing til bundne fond med om lag 22,8 mill. kr, til avsetjing til disposisjonsfond med om lag 10,4 mill. kr (det rekneskapsmessige mindreforbruket i 2015, slik at det rekneskapsmessige mindreforbruket i 2016 vart om lag 25,56 mill. kr.

Brutto driftsresultat i 2016 vart positivt med 31,0 mill. kr. I 2015 var det negativt med 2,16 mill. kr, i 2014 vart det negativt med om lag 43,8 mill. kroner, I 2013 var brutto driftsresultat negativt med 48,6 mill. kroner medan det i 2012 var positivt med om lag 11,6 mill. kr. Sidan 2003 er det berre 2006 og 2009, 2010, 2011, 2012 og 2016 som har gitt eit positivt brutto driftsresultat.

RDA-midlar (Regional distriksutviklingsmidlar) som kommunen har fått via Møre og Romsdal fylke påverka rekneskapen vår også i 2016. Dette året fekk vi overført omlag 34,0 mill. kr. Totalt vart det utbetalt 17,28 mill. kr i RDA-tilskot i 2016 noko som gjorde at dei bundne fonda auka med nær 17,2 mill. kr (ink. renter).

Kommunen må gjennomføre pliktige avsetnader og bruk av eksterne midlar som til dømes næringsfond, øyremerka statstilskott (bundne fond) og liknande.

Resultatet etter desse transaksjonane vert kalla rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk. I 2016 fekk vi eit rekneskapsmessig mindreforbruk på om lag 25,556 mill. kroner. Det gir oss slike tal:

	2016	**2015**	**2014**
Netto driftsresultat (i 1.000 kr)	-41.783	-1.150	43.405
Pluss			
Bruk av tidlegare års mindreforbruk	-7.406		-5.389
Bruk av disposisjonsfond	- 579	- 5.035	-3.755
Bruk av bundne fond	-5.981	-7.701	-38.134
Sum bruk av avsetnader	**-13.966**	**-12.736**	**-47.278**
Minus			
Overført til investeringsrekneskapen			
Avsett til tidlegare års meirforbruk		935	
Avsetnader til disposisjonsfond	10.456	2.008	
Avsetnader til bundne fond	22.801	3.671	4.807
Sum avsetnader	**33.257**	**6.614**	**4.807**
Rekneskapsmessig mindreforbruk	**-22.493**	**-7.273**	
Rekneskapsmessig meirforbruk			935

Det rekneskapsmessige resultatet har ein tendens til å svinge mykje frå år til år i Herøy. I 2016 vart skatteinntektene og rammetilskotet (samla) høgare enn regulert budsjettert (om lag 2,4 mill. kroner). I tillegg hadde avdelingane samla ei innsparing i høve til regulert budsjett med om lag 16,27 mill. kr. Resten skuldast lavare pensjonskostnadar enn budsjettert (3,2 mill. kr), samt at netto finanskostnadane vart om lag 2,7 mill. kr lågare enn budsjettert.

Arbeidskapital

Dette er differansen mellom omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld. Ved utgangen av 2016 hadde kommunen ein arbeidskapital på 149,2 mill. kr. Dette er ein auke i høve til 2015 på om lag 12,5 mill. kr. Korrigerer ein tala for premieavviket på pensjon vert tala for 2016 124,2 mill. kr og for 2015 om lag 109,9 mill. kr – ein auke på om lag 14,3 mill. kr.

Likviditet

Kommunen sin likviditet var god i 2016. Per 31.12.2016 hadde kommunen om lag 212,95 mill. kr plassert i bankinnskott, aksjar notert på Oslo Børs, sertifikatinnskott og obligasjonar. Dette er ein auke i høve til 2015 på om lag 56,0 mill. kr og i høve til 2014 på om lag 116,0 mill. kr.

- Likviditetsgrad 1 måler tilhøvet mellom omlaupsmidlar (eks. premieavvik) og kortsiktig gjeld. Det vil seie at den måler kommunen si evne til å dekke sine betalingsplikter etter kvart som dei forfell. Likviditetsgrad 1 bør vere over 2 og i Herøy kommune var den på 1,90 per 31.12.2016, medan tala for 2015, 2014, 2013, 2012, 2011, 2010, 2009, 2008, 2007, 2006 og 2005 var på hhv 2,14 - 1,09 - 2,56 - 2,94 - 2,31 - 1,25 - 1,09 - 1,93 - 2,88 - 3,06 og 3,07.
- Likviditetsgrad 3 seier noko om tilhøvet mellom dei mest likvide midlane og kortsiktig gjeld. Dei mest likvide midlane i dette tilfellet er reine bankinnskott. Likviditetsgrad 3 bør vere på minst 0,33 for å vere tilfredsstillande, og i Herøy kommune synte nøkkeltalet 1,06. I 2015 var den på 0,97, i 2014 var det på 0,25, i 2013 var den på 1,01 og I 2012 var den 1,47.

Likviditeten har vore god dei siste par åra og vi må tilbake til 2014 for å finne sist kommunen måtte nytte trekkretten i Danske Bank ASA.

Finanspostar i driftsrekneskapen

Ifølgje rekneskapen var netto finanskostnadar i 2016 på omlag 24,4 mill. kr. I 2015, 2014, 2013, 2012 og 2011 var den på hhv 29,8 mill. kr 29,6 mill. kr, 14,2 mill. kr, 21,6 mill. kr og 28,9 mill. kr. Det syner at finansinntektene og finanskostnadane kan endre seg mykje i løpet av kort tid. Grunnen til dette finn ein i det vesentlege i dei plasseringane kommunen har i aksje- og obligasjonsmarknaden. I 2016 hadde vi eit netto vinst på 3,7 mill. kr. I 2015 hadde vi eit netto tap på 1,2 mill. kr, i 2014 var gevinsten på beskjedne 0,65 mill. kr medan den i 2013 var på heile 8,1 mill. kr.

Rentenivået har synt ein fallande tendens i fleire år. Det har ført til at rentekostnadane har vore nærast uendra trass i ei auka lånegjeld. Avdragskostnadane vart redusert litt frå 2014 til 2015 og gjekk vidare ned i 2016. Grunnen til dette er ein annan måte å berekne minsteavdragsprinsippet på. Hadde vi brukt same metode for dette i 2016 som i 2014 hadde avdragskostnadane blitt om lag 6,0 mill. høgare enn det som er ført i rekneskapen per 31.12.2016. Utviklinga på

Oslo børs var positiv, medan våre aksjeplasseringar gav eit rekneskapsmessig tap i 2015.

Tal i mill. kroner

	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014
Renteinntekter/utbytte	12,3	9,5	11,0
Av dette:			
Aksjeutbytte Tussa AS	3,2	2,8	3,6
Kursvinst/utbytte andre aksjar	5,1	2,7	4,2
Andre renteinntekter	4,0	4,0	3,1

Herøy kommune si lånegjeld aukar stadig. Dei totale rentekostnadane har imidlertid ikkje auka tilsvarande gjeldsveksten. Dette skuldast eit låg rentenivå og at kommunen i samarbeid med Bergen Capital Management har vore aktive i marknaden og fått gode rentevilkår med bankar og finansinstitusjonar. Når det gjeld **reine** rentekostnadar var desse i 2016 på 14,4 mill. kr. I 2015 utgjorde dei 14,7 mill. kr. I 2014 utgjorde dei 14,9 mill. kr. I 2013, 2012, 2011, 2010 og 2009 var dei på hhv 16,5 mill. kr, 18,4 mill. kr, 17,3 mill. kr, 16,2 mill. kr og 17,7 mill. kr. Vi har aldri hatt så stor gjeld og heller ikkje hatt så låge faktiske rentekostnadar på nær 10 år.

Dei totale finanskostnadane kan ein sette opp i ein slik tabell:

Tal i mill. kroner.

	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014
Renteutgifter	14,4	14,7	14,9
Tap/verdireduksjon aksjar og obligasjonar	2,0	3,6	3,3
Avdragsutgifter	20,3	20,8	22,1

<u>Langsiktig gjeld og pensjon</u>
Kommunane er pålagde å føre pensjonane etter liknande reglar som det bedrifter som følgjer rekneskapslova gjer. Dette fører til at kommunane må skaffe til veie ei aktuarberekning ved årsskiftet der det etter nærare fastsette reglar vert berekna kva som er kommunen si utgift dersom drifta skulle opphøyre per 31.12. Dette stiller ein opp mot midlane ein finn i fonda (hjå oss KLP og SPK). Tala syner ei teoretisk over- eller underdekning i ordningane.

Ingen av ordningane syner dekning i og med at AFP-krava (forpliktingane) ikkje kan **forsikrast, men i det teoretiske tilfellet vil dei vere eit krav. Litt grovt kan ein seie at** skilnaden mellom berekna krav (forplikting) og pensjonsmidlar syner noverdien av AFP-krava (forpliktningane).

Fordeling av brutto og netto driftsutgifter per sektor
Kommunestyret i Herøy gav gjennom budsjettvedtaket for 2015 ei brutto utgifts- og inntektsrame til i alt 19 ulike sektorar/avdelingar.

Oversikt over brutto og netto utgifter og inntekter fordelt på ansvarsområder slik det er oppsett i budsjettvedtaket				
Avdeling	**Rekneskap**	**Rev.budsjett**	**Avvik i kr**	**Avvik i %**
Utgifter	3 857 681	3 554 717	-302 964	
Inntekter	-188 230	-41 196	147 034	
Folkevalde	**3 669 451**	**3 513 521**	**-155 930**	**-4,25**
	Meirforbruk på kr 155.930,-			
Utgifter	2 614 145	3 849 838	1 235 693	
Inntekter	-267 222	-293 931	-26 709	
Administrativ leiing	**2 346 923**	**3 555 907**	**1 208 984**	**51,51**
	Mindreforbruk på kr 1.208.984,-			
Utgifter	3 123 690	4 253 385	1 129 695	
Inntekter	-836 219	-834 938	1 281	
Servicetorget	**2 287 471**	**3 418 447**	**1 130 976**	**49,44**
	Mindreforbruk på 1.130.976,-			
Utgifter	2 167 126	2 263 447	96 321	
Inntekter	-162 903	-153 751	9 152	
Dokumentsenter og politisk sekretariat	**2 004 222**	**2 109 696**	**105 474**	**5,26**
	Mindreforbruk på kr 105.474,-			
Utgifter	5 551 936	6 176 466	624 530	
Inntekter	-629 764	-609 344	20 420	
Økonomiavdeling	**4 922 172**	**5 567 122**	**644 950**	**13,10**
	Mindreforbruk på kr 644.950,-			
Utgifter	9 128 735	9 555 833	427 098	
Inntekter	-2 731 792	-2 096 129	635 663	
Personal- og organisasjonsavdelinga	**6 396 944**	**7 459 704**	**1 062 760**	**16,61**
	Mindreforbruk på kr 1.062.760,-			
Utgifter	7 081 556	7 797 765	716 209	
Inntekter	-1 801 059	-1 758 437	42 622	
Informasjonsteknologi	**5 280 497**	**6 039 328**	**758 831**	**14,37**
	Mindreforbruk på kr 758.831,-			
Utgifter	49 026 962	47 866 275	-1 160 687	
Inntekter	-37 202 319	-35 345 026	1 857 293	
Overføringar	**11 824 643**	**12 521 249**	**696 606**	**5,89**
	Mindreforbruk på kr 696.606,-			
Utgifter	67 224 266	71 381 770	4 157 504	
Inntekter	-6 209 858	-5 280 083	929 775	
Barnehagar	**61 014 409**	**66 101 687**	**5 087 278**	**8,34**
	Mindreforbruk på kr 5.087.278,-			
Utgifter	135 416 913	133 604 905	-1 812 008	
Inntekter	-24 378 572	-23 493 399	885 173	
Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.	**111 038 341**	**110 111 506**	**-926 835**	**-0,83**
	Meirforbruk på kr 926.835,-			
Utgifter	54 280 682	50 989 696	-3 290 986	

Inntekter	-15 418 441	-11 395 727	4 022 714	
Barn, familie og helse	**38 862 241**	**39 593 969**	**731 728**	**1,88**
	Mindreforbruk på kr 731.728,-			
Utgifter	136 244 037	134 047 053	-2 196 984	
Inntekter	-30 279 958	-26 540 481	3 739 477	
Pleie og omsorgsavdelinga	**105 964 079**	**107 506 572**	**1 542 493**	**1,46**
	Mindreforbruk på kr 1.542.493,-			
Utgifter	53 166 949	54 309 516	1 142 567	
Inntekter	-15 940 223	-15 252 049	688 174	
Bu- og habiliteringsavdelinga	**37 226 726**	**39 057 467**	**1 830 741**	**4,92**
	Mindreforbruk på kr 1.830.741,-			
Utgifter	19 150 934	20 934 618	1 783 684	
Inntekter	-12 920 358	-11 704 796	1 215 562	
Sosial og flyktning	**6 230 576**	**9 229 822**	**2 999 246**	**48,14**
	Mindreforbruk på kr 2.999.246,-			
Utgifter	20 885 101	18 603 091	-2 282 010	
Inntekter	-12 317 626	-9 709 342	2 608 284	
Kulturavdelinga	**8 567 475**	**8 893 749**	**326 274**	**3,81**
	Mindreforbruk på kr 326.274,-			
Utgifter	10 369 732	11 020 126	650 394	
Inntekter	-5 405 837	-5 355 598	50 239	
Utviklingsavdelinga	**4 963 895**	**5 664 528**	**700 633**	**14,11**
	Mindreforbruk på kr 700.633,-			
Utgifter	33 785 120	29 072 704	-4 712 416	
Inntekter	-25 288 074	-21 634 242	3 653 832	
Anleggs- og driftsavdelinga	**8 497 046**	**7 438 462**	**-1 058 584**	**-12,46**
	Meirforbruk på kr 1.058.584,-			
Utgifter	10 908 903	10 161 201	-747 702	
Inntekter	-1 358 992	-1 195 360	163 632	
Brannvern og feiing	**9 549 911**	**8 965 841**	**-584 070**	**-6,12**
	Meirforbruk på kr 584.070,-			
Utgifter	49 187 792	40 698 714	-8 489 078	
Inntekter	-29 097 240	-21 464 656	7 632 584	
Eigedomsavdelinga	**20 090 552**	**19 234 058**	**-856 494**	**-4,26**
	Meirforbruk på kr 856.494,-			
Utgifter	760 700	898 733	138 033	
Inntekter	-4 834 960	-3 948 733	886 227	
Ø-hjelp, mottak	**-4 074 259**	**-3 050 000**	**1 024 259**	**25,14**
	Mindreforbruk på kr 1.024.259,-			
Utgifter	81 446 817	52 069 859	-29 376 958	
Inntekter	-528 110 131	-522 555 181	5 554 950	
Skatt, ramme, finans, tilskot	**-446 663 314**	**-470 485 322**	**-23 822 008**	**5,33**

Totalt var det fem avdelingar som hadde meirforbruk i 2016 (5 i 2015) på i alt 3,6 mill. kr, medan 15 (14 i 2015) avdelingar hadde eit mindreforbruk på i alt 19,8 mill. kr. Totalt netto mindreforbruk i høve regulert budsjett var såleis på om lag 16,2 mill. kr noko som seier at avdelingane samla sett har vore særs nøkterne i pengebruken sin.

7.6 Hovudoversikt

Hovudoversikt drift

Økonomisk oversikt - Drift				
Tall i 1000 kroner	**Regnskap 2016**	**Regulert budsjett 2016**	**Opprinnelig budsjett 2016**	**Regnskap 2015**
DRIFTSINNTEKTER				
Brukerbetalinger	-28 339	-27 090	-27 090	-27 645
Andre salgs- og leieinntekter	-49 565	-45 701	-45 551	-48 415
Overføringer med krav til motytelse	-58 687	-47 040	-25 511	-41 470
Rammetilskudd	-211 084	-209 720	-201 820	-206 069
Andre statlige overføringer	-74 595	-64 290	-27 888	-71 480
Andre overføringer	-5 533	-3 240	-190	-2 736
Inntekts- og formuesskatt	-260 046	-259 000	-265 500	-248 460
Eiendomsskatt verk og bruk	0	0	0	0
Eiendomsskatt annen fast eiendom	0	0	0	0
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	3
Sum driftsinntekter	**-687 849**	**-656 081**	**-593 551**	**-646 270**
DRIFTSUTGIFTER				
Lønnsutgifter	312 648	318 907	304 764	302 267
Sosiale utgifter	83 656	93 512	89 208	81 938
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.	81 987	76 882	71 603	89 241
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjensteprod.	98 290	78 983	76 325	84 839
Overføringer	51 211	45 108	28 000	73 996
Avskrivninger	35 126	32 392	18 092	33 120
Fordelte utgifter	-6 083	-9 564	-9 522	-16 968
Sum driftsutgifter	**656 835**	**636 220**	**578 470**	**648 432**
Brutto driftsresultat	**-31 014**	**-19 861**	**-15 080**	**2 161**
EKSTERNE FINANSINNTEKTER				
Renteinntekter og utbytte	-6 408	-6 130	-6 450	-6 743
Gevinst finansielle instrumenter	-5 935	-4 025	-4 025	-2 684
Mottatte avdrag på lån	-13	-202	-202	-33
Sum eksterne finansinntekter	**-12 356**	**-10 357**	**-10 677**	**-9 461**
EKSTERNE FINANSUTGIFTER				
Renteutgifter og låneomkostninger	14 435	15 220	15 220	14 713
Tap finansielle instrumenter	2 044	200	200	3 647
Avdrag på lån	20 233	22 650	22 650	20 840
Utlån	0	250	250	69
Sum eksterne finansutgifter	**36 712**	**38 320**	**38 320**	**39 269**

Resultat eksterne finanstransaksjoner	**24 356**	**27 963**	**27 643**	**29 808**
Motpost avskrivninger	-35 126	-35 040	-20 740	-33 120
Netto driftsresultat	**-41 783**	**-26 938**	**-8 178**	**-1 150**
BRUK AV AVSETNINGER				
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	-7 406	-7 273	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-579	-5 023	0	-5 035
Bruk av bundne fond	-5 981	-1 475	-1 475	-7 701
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger	**-13 966**	**-13 770**	**-1 475**	**-12 736**
AVSETNINGER				
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0
Avsatt til dekning av tidligere års r.messige merforbruk	0	0	0	935
Avsatt til disposisjonsfond	10 456	10 323	162	2 008
Avsatt til bundne fond	22 801	22 834	1 939	3 671
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum avsetninger	**33 257**	**33 156**	**2 100**	**6 614**
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	**-22 493**	**-7 553**	**-7 553**	**-7 273**

Som ein ser av oppsettet er det posten overføringar med krav til motyting som har størst avvik mellom rekneskap og budsjett (11,6 mill. kr) Dette gjeld i hovudsak øyremerka statstilskot knytt til RDA og ressurskrevjande brukarar.

På utgiftssida ser ein at lønskostnadane (ink. sosiale utgifter) har eit positivt avvik på om lag 16,2 mill. kr sett i høve til regulert budsjett. Den største posten her er knytt til pensjonsutgiftene.

Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon har eit negativt avvik på 19,3 mill. kr sett i høve til regulert budsjett. Den suverent største posten her er knytt til interne overføringar/betalingar.

Også overføringspostane har eit negativt avvik i høve til regulert budsjett. Dette avviket utgjer om lag 6,1 mill. kr og skuldast i hovudsak RDA, barnevern og Ikt.

Hovudoversikt Investering

I investeringsrekneskapen fører ein kjøp med ein verdi som er høgare enn kr 100.000,- og som har ei levetid på minimum 3 år. Vidare skal ein her føre inntekter ein berre får ein gong og utgifter av spesiell karakter.

Økonomisk oversikt - Investering

Tall i 1000 kroner	Regnskap 2016	Regulert budsjett 2016	Opprinnelig budsjett 2016	Regnskap 2015
INNTEKTER				
Salg driftsmidler og fast eiendom	-2 095	0	0	-7 307
Andre salgsinntekter	-630	0	0	-3 928
Overføringer med krav til motytelse	-15 603	-31 393	-13 772	-16 285
Moms-kompensasjon	0	0	0	0
Statlige overføringer	-100	0	0	-4 607
Andre overføringer	-815	-1 060	-1 000	-12 074
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	0	0	0	0
Sum inntekter	**-19 243**	**-32 453**	**-14 772**	**-44 201**
UTGIFTER				
Lønnsutgifter	0	0	0	0
Sosiale utgifter	0	0	0	0
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.	76 291	162 796	65 110	91 388
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjensteprod.	1 154	1 347	1 347	618
Overføringer	15 395	31 759	13 475	18 781
Renteutgifter og omkostninger	0	0	0	127
Fordelte utgifter	-300	0	0	-25
Sum utgifter	**92 540**	**195 901**	**79 932**	**110 889**
FINANSIERINGSTRANSAKSJONER				
Avdrag på lån	3 376	0	0	2 771
Utlån	23 495	0	0	4 183
Kjøp av aksjer og andeler	1 705	0	0	1 344
Dekning av tidligere års udekkede merforbruk	0	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	0	0	0	4 534
Avsatt til bundne fond	0	0	0	225
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjoner	**28 576**	**0**	**0**	**13 056**
Finansieringsbehov	**101 874**	**163 448**	**65 160**	**79 745**
FINANSIERING				
Bruk av lån	-97 086	-159 568	-65 160	-75 881
Salg av aksjer og andeler	0	0	0	-142
Bruk av tidligere års udisponerte mindreforbruk	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	-4 358	0	0	-3 460
Overført fra driftsregnskapet	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	-380	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-430	-3 500	0	0
Bruk av bundne fond	0	0	0	-263
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum finansiering	**-101 874**	**-163 448**	**-65 160**	**-79 745**
Udekket / Udisponert	**0**	**0**	**0**	**0**

Herøy kommune investerte for om lag 94,2 mill. kr i 2016 inkludert kjøp av aksjar og andelar (vesentleg eigenkapitalinnskott i KLP) på 1,7 mill. kr. Av større prosjekt kan ein nemne påbygging Leikanger skule og bygging av nye omsorgsbustadar på Eggesbønes. Ambisjonane var endå høgare i og med at kommunen har mange prosjekt det er løyvd pengar til, men som enno ikkje er utførte.

Det meste av investeringane vart finansiert ved bruk av lån.

Balanserekneskapen

Balansen syner eigedelar som likvidar, fordringar, anleggsmidlar og korleis desse er finansiert. Finansieringa i balansen vert delt i 3 – kortsiktig gjeld, langsiktig gjeld og eigenkapital.

Balanseregnskapet		
Tall i 1000 kroner	**Regnskap 2016**	**Regnskap 2015**
EIENDELER		
ANLEGGSMIDLER		
Faste eiendommer og anlegg	882 750	846 407
Utstyr, maskiner og transportmidler	39 825	41 318
Utlån	69 620	50 768
Aksjer og andeler	87 689	85 984
Pensjonsmidler	673 198	666 222
Sum anleggsmidler	**1 753 081**	**1 690 699**
OMLØPSMIDLER		
Kortsiktige fordringer	49 545	49 388
Premieavvik	28 943	31 523
Aksjer og andeler	66 622	63 468
Sertifikater	0	0
Obligasjoner	0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd	146 329	93 474
Sum omløpsmidler	**291 439**	**237 853**
Sum eiendeler	**2 044 520**	**1 928 552**
EGENKAPITAL OG GJELD		
EGENKAPITAL		
Disposisjonsfond	-14 814	-7 615
Bundne driftsfond	-38 241	-21 421
Ubundne investeringsfond	-8 918	-9 348
Bundne investeringsfond	-2 488	-2 488
Regnskapsmessig mindreforbruk	-25 543	-7 273
Regnskapsmessig merforbruk	0	0
Udisponert i investeringsregnskapet	0	0
Udekket i investeringsregnskapet	0	0
Likviditetsreserve	0	0
Kapitalkonto	-110 979	-163 432

Endring rekneskapsprinsipp AK (drift)	0	0
Endring rekneskapsprinsipp AK (investering)	0	0
Sum egenkapital	**-200 983**	**-211 577**
GJELD		
LANGSIKTIG GJELD		
Pensjonsforpliktelser	-852 575	-830 338
Ihendehaverobligasjonslån	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	-840 261	-776 977
Sum langsiktig gjeld	**-1 692 837**	**-1 607 315**
KORTSIKTIG GJELD		
Kassekredittlån	0	0
Annen kortsiktig gjeld	-138 260	-96 473
Premieavvik	-3 987	-4 734
Sum kortsiktig gjeld	**-142 247**	**-101 206**
Sum egenkapital og gjeld	**-2 036 066**	**-1 920 098**
Ubrukte lånemidler	50 621	79 927
Andre memoriakonti	68	68
Motkonto for memoriakontiene	-50 689	-79 995
Sum memoriakonti	**0**	**0**

Dei fleste omlaupsmidlane auka i verdi i 2016. Spesielt kontantbehaldninga viste ein stor auke ved dette årsskiftet enn per 31.12.2015. Mykje av dette refererer seg til RDA-midlar.

Kommunen sine ulike fond vart også styrka. Når det gjeld dei bundne fonda skuldast det aller meste av auken at vi fekk tilført meir i RDA-midlar i 2016 enn vi betalte ut.

Den langsiktige gjelda auka med vel 63,0 mill. kr i 2016 og ved årsskiftet utgjorde den om lag 840,3 mill. kr eller om lag kr 93.700,- per innbyggar.

Også den kortsiktige gjelda har synt ein stor vekst frå 2015 til 2016 (nær 42,0 mill. kr). Om lag halvparten av dette skuldast auka leverandørgjeld.

8. Fokusområde Tenester

Utfordringane for dei kommunale tenestene vil variere frå tenesteområde til tenesteområde. Dei felles utfordringane er:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Der er det formulert spesifikke **utviklingsmål for dei ulike tenestene**.

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar.	Avvik og klager.
Status 2015	Ikkje målt.	Manglar data.
Ambisjon 2020	Betre enn landsgjennomsnittet.	Manglar data.
Resultatmål 2017	Betre enn landsgjennomsnittet.	Manglar data.

8.1 Servicetorget

Tenester og oppgåver i avdelinga

Servicetorget har oppgåver frå dei fleste avdelingane. Ein har som mål å vere gode på informasjon og service overfor publikum.

2016 var eit utfordrande år. Servicetorget hadde desse vakansane:

- 100% stilling i 12 mnd.
- 100% stilling i 6 mnd.

Arbeidstida gikk derfor i stor grad til det som måtte gjerast for å halde drifta/ tenestene på eit akseptabelt nivå. Det var til stor hjelp at ein fikk ha redusert opningstid i 8 av dei 12 månadane.

I årsplan for 2016, under teneste, hadde ein sett dette som mål:

Mål	**Måloppnåing**
Bruke innskrenka opningstid til oppdatering og møter	Servicetorget hadde møter med dei fleste avdelingane for å få oppdatering. I tillegg hadde ein møter internt i avdelinga for å halde kvarande oppdatert. Den innskrenka opningstida vart også nytta til sakshandsaming, registreringar og oppfølging av saker ein ikkje hadde klart å svare på i løpet av dagen.
Oppdatert nettside (internett og intranett)	Nettsida vart gjennom heile året oppdatert med nyhende som i tillegg vart delt på Facebook. Det som vert lagt på Facebook kjem automatisk på Twitter. Det er stor aktivitet med nyhende på nettsida. Ei litt rolegare periode om sommaren. Ein har som mål at artiklar knytt til teneste til ein kvar tid skal vere oppdatert med rett informasjon og kontaktinformasjon. Servicetorget prøver å vere ein pådrivar for å få retta informasjonen ved å melde manglar og feil til fagavdelingane. Alle ledige stillingar og kunngjeringar vert lagt ut med lenke til elektroniske skjema. Også

	desse brukar ein å leggje ut på FB.
Opplæring /kursing internt	I servicetorget er det ein kultur for å lære av kvarandre og dele den kompetansen ein har. Dette for at vi alle skal vere gode på dei fleste tenestene og for at ein skal yte god service til publikum.

I tillegg til dei måla som vart sett for tenestene i 2016 vil ein nemne at Servicetorget i 2016 fikk på plass dette:

- Alkoholpolitisk plan revidert og politisk handsama.
- Alle skjenkeløyva vart forlenga til 1. oktober og alle som hadde søkt fikk sakene handsama for ny løyveperiode.
- Ny kriseplan vart handsama i kommunestyret.
- Omorganisering - aktiv med i prosessane gjennom året.
- Nytt telefonsystem – dette var veldig arbeidskrevjande i slutten av året.

8.2 Dokumentsenter og politisk sekretariat

Tenester og oppgåver i avdelinga
Dokumentsenter og politisk sekretariat skal yte merkantil internservice til driftseiningane, dei andre stab-og støttefunksjonane, ordføraren, andre folkevalde og politiske utval.

Dokumentsenter og politisk sekretariat er primært eit internt serviceorgan. Eksterne tenester dreier seg stort sett om utskrifter frå postlista på nett, status for innsende dokument og spørsmål om politiske vedtak.

Dokumentsenter og politisk sekretariat er sekretariat for politisk utval, medrekna valstyret, og har ansvar for gjennomføringa av kommune- og stortingsvala.

Kommunen har sentralarkiv og all post til sak/arkivsystemet vert scanna, journalført og arkivert. Avdelinga har også ansvar for møteinnkallingar, trykking og distribuering av saklister og møtebøker til dei politiske utvala. Etter møte i dei politiske utvala, er det avdelinga si oppgåve å formidle vedtaket til partane. Avdelinga er systemansvarleg for ePhorte saksbehandlingssystem og har ansvar for opptak og redigering av webopptak i kommunestyremøta.

Tiltak og 2016	**Gjennomføring**
Folkerøysting 2016	Utført
Val av meddomarar, forliksrådsmedlemer og skjønnsmedlemer	Utført
Kartlegging av arkiv i organisasjonen	Under arbeid
Oppdatering av arkivplan	Under arbeid

Organisasjon:

Årsverk

	2014	**2015**	**2016**
Talet på årsverk	2,5	2,5	2,5
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200			
Fagressurs teneste			

Avdelinga har 2,5 årsverk fordelt på 3 personar med 100, 80 og 70 % stillingsstorleik.

8.3 Økonomiavdelinga

Tenester og oppgåver i avdelinga

I økonomiavdelinga ligg kommunen sin samla økonomifunksjon. Dette set store krav til avdelinga og dei tilsette sin kompetanse og kapasitet. Avdelinga har to hovudarbeidsområde:

- Skatt og innfordring
- Rekneskap, budsjett og finans

Mål	Måloppnåing
Avdelinga yter tenester i samsvar med lovverket	Ein har ikkje opplevd klager på sakshandsaminga i 2016
Brukarane er tilfredse med avdelinga sine tenester	Stort sett fått positive tilbakemeldingar på tenester og servicegrad både frå interne avdelingar og publikum. Vi fører totalt 8 rekneskap (inkludert skatterekneskapen). Sett i høve til ressursane ein disponerer er det i meste laget og det går ut over servicenivået til andre avdelingar i kommunen.
Avdelinga skal drive i balanse	Avdelinga hadde eit mindreforbruk i 2016 på i overkant av 13,0 %.

Organisasjon

Årsverk

	2014	2015	2016
Adm årsverk	8,3	7,3	7,0

Avdelinga har i utgangspunktet 7,3 årsverk fordelt på 9 tilsette. Frå sommaren 2015 vart 0,3 årsverk vakant og har seinare blitt brukt til saldering av budsjettet. Avdelinga hadde høgt sjukefråvær fram til vi fekk tilsett ny person 01.10.2016.

8.4 Personal- og organisasjonsavdelinga

Personal- og organisasjonsavdelinga sine oppgåver er definert slik:[8]

- Personal- og organisasjonsavdelinga har stab- og støttefunksjon til dei andre avdelingane og skal arbeide med å utvikle kommunen sin personalpolitikk og verkemiddel på personalområdet i samarbeid med leiarar og arbeidstakarorganisasjonane.
- Avdelinga har ansvar for lønnsutbetaling, søknad om tenestepensjon frå Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK) samt innkrevjing av refusjon sjukepengar .
- Avdelinga har eit overordna ansvar for sjukefråversoppfølging, koordinering av tenester frå Bedriftshelsetenesta, AKAN arbeidet og HMS i organisasjonen.
- Ei viktig oppgåve er og å gi leiarane støtte og hjelp i personalfaglege spørsmål og i utøvinga av leiarane sitt personalansvar, samt å være kontaktledd mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.

Mål og måloppnåing for tenestene:

Mål	Måloppnåing
1. SSIKT og kommunane i Sjustjerna skal i 2016 oppgradere løn- og rekneskapssystem frå Agresso til Agresso Milestone 5.	✓ **Gjennomført**
a) Personal- og organisasjonsavdelinga har som målsetjing å nytte det oppgraderte systemet til det fulle.	a) Personal- og organisasjonsavdelinga nyttar store delar av systemet t.d. forhandlings- og reiserekningsmodulen.
b) Tileigne seg so mykje kompetanse på systemet at vi vert sett på og nytta som ressurspersonar i samarbeidet.	b) Tilsette i Personal- og organisasjonsavdelinga er særs aktive initiativtakarar inn mot SSIKT og Agressogruppa, og sit etter kvart med ein stor kompetanse på systemet.
2. Herøy kommune ynskjer å skifte tidsregistreringssystem.	✓ **Gjennomført**
a) Personal- og organisasjonsavdelinga har som systemeigar, målsetting å implementere, etablere rutinar, drifte og følgje opp system og leiarar på ein slik måte at tidsregsistreringssystemet vert nytta etter sin hensikt.	a) Det er etablert ansvarsrutinar og fleksitidsreglemenetet er revidert. Det er gjennomført opplæring for leiarar, og ein vil i 2017 fylgje opp med ytterlegera opplæring for alle medarbeidarar.
b) Målsetjinga er at Kommunerevisjonen ikkje skal ha merknadar til tidsforvaltninga som er omfatta av fleksitidsreglane.	b) Dette let seg ikkje måle på noverande tidspunkt, då systemet fyrst blei implementert i desember 2016. Kommunerevisjonen er kjent med dette.
3. Omorganiserting i 2016	✓ **Gjennomført 1. fase av omorganiseringa**
a) Personal- og organisasjonsavdelinga har som målsetting å vere ein konstruktiv og profesjonell samarbeidspart og støttespelar gjennom heile prosessen.	a) Personal- og organisasjonsavdelinga har bidrege med både juridisk og organisatorisk kompetanse gjennom heile prosessen. Avdelinga har fått gode meldingar attende for arbeidet.

[8] http://www.heroy.kommune.no/PersonOversikt.aspx?Pkid=51&Mid1=16

b) Målsetjinga er å bistå på ein slik måte at HMS-belastningane i organisasjonen held seg på akseptabelt nivå, og at omorganiseringa skjer i tråd med gjeldande føresegner, avtalar og retningsliner.	b) Det rekordlåge sjukefråværet i Herøy kommune i 2016 kan tyde på at organisasjonen langt på veg har lukkast med å avgrense HMS-belastningane ein omorganiseringsprosess fører med seg. Kontaktutvalet har ikkje kome med større kritikk av prosessen. Snarar tvert om har kontaktutvalet gitt ros med tanke medverknad og informasjonsflyt.
4. Kompetansebygging i eiga avdeling (fag og relasjonar) a) Framleis gjennomføre fagdagar og prioritere ein sjølvstudie-/oppdateringsdag i månaden internt i avdelinga. b) Syte for at alle får nytte sin kompetanse og er ein del av laget heile tida, t.d. ved omorganiseringa og lønsforhandlingane.	✓ **Gjennomført** a) Sjølvstudiedagen vert nytta jamt over og avdelinga har gjennomført 3 fagdagar i 2016, den 28. januar, 29. august og 12. desember. b) Vi har i større grad inkludert heile og/eller fleire i avdelinga ved større arbeidsoppgåver og prosjekt, t.d. utarbeiding av BESTIKKEN, årsplanar og årsrapportar.
5. Kompetansebygging i organisasjonen a) Framleis vere tydeleg på å kommunisere grensesnitt og mynde, slik at leiarane får nytta sitt faktiske personalleiaransvar og styrkje eiga kompetanse. b) Framleis marknadsføre og vere tydeleg på rådgjevarrolla vår i organisasjonen, slik at vi i større grad maktar å serve heile organisasjonen på ein balansert og behovsorientert måte.	✓ **Delvis gjennomført, og vert vidareført i 2017** a) Personal- og organisasjonsavdelinga har gjennom 2016 jobba mykje med å klarleggje grensesnitt og ansvar. Avdelinga har i mykje større grad vore tydleg på kva som ligg i det å ha personalansvar i dialog og samarbeid med leiarane. Dette arbeidet må òg sjåast i lys av det arbeidet som er gjort i samband med omorganiseringa. I løpet av 2017 vil det b.la. verte utarbeid eit skriv gjev ei kort skildring av kva som ligg til ulike ansvar, t.d. budsjett, økonomi og personalansvar. b) Personal- og organisasjonsavdelinga har gjennom 2016 jobba mykje med å dyrke rådgjevarrolla Dette arbeidet må sjåast i lys av det arbeidet som er gjort i samband med omorganiseringa og grensesnitt. I løpet av 2017. vil det b.la. verte utarbeid eit skriv gir ei kort skildring av kva som ligg til ulike ansvar, t.d. budsjett, økonomi og personalansvar
6. Merkevarebygging a) Framleis jobbe med å styrkje og profesjonalisere personalarbeidet. b) Oppretthalde eit god samarbeidsklima mellom arbeidsgjevar, tillitsvalde og vernetenesta.	✓ **Delvis gjennomført, og vert vidareført i 2017** a) Syner til måloppnåing under punkt 5. b) Samarbeidet mellom partane har fungert godt i 2016. Kontaktutvalet har evaluert sitt arbeid for 2016, og har konkludert med at det samla sett er ein positiv trend og betre enn i 2015. AMU handsamer langt fleire saker no enn tidlegare.

Der vert også synt til opplisting av andre viktige tiltak og aktivitetar i 2016, i årsrapporten sin fellesdel frå personal- og organisasjonsavdelinga, under tema Personalpolitikk og opplæring.

Årsverk:

	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Talet på årsverk	5,00	5,00	5,10	5,30	4,70	4,45	4,25
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200	5,00	5.00	5,10	5,30	4,70	4,45	4,25
Fagressurs teneste	-	-	-	-	-	-	-

Tal i 100 % ___5___
Tal i deltid over 50 % ___0___
Tal i deltid under 50 % ___0___

8.5 IKT

Tenester og oppgåver i avdelinga
IKT-avdelinga skal støtte opp om effektiv tenesteproduksjon og levere trygge tenester. I tillegg til dagleg brukarstøtte har avdelinga ansvar for planlegging, installasjon og operasjonell drift av infrastruktur, maskin- og programvare.

Avdelinga skal sikre at kommuneleiinga får strategiske råd for ei mest mogleg økonomiske og effektiv drift og utvikling av IKT, basert på kost-/nyttevurderingar.

Mål	Måloppnåing
Sørgje for driftsstabile system. Vere lydhøre for brukarane sine behov slik at dei tilsette i Herøy kommune i størst mogeleg grad har dei IKT-verktøya dei treng for å utføre oppgåvene sine.	Overvaking av nettverk, serverar og andre sentrale komponentar seier noko om oppetid på tenestane vi leverer. 2016 var prega av ein del planlagd nedetid grunna flytting av program og tenester til felles driftssenter på Hareid. Utskifting av komponentar på nettverket og opprusting til 10G har ført til større stabilitet og at vi har høve til å levere auka mengde data over nettet. SSIKT har ei eiga strategigruppe som skal jobbe med å stake ut kursen vidare når det kjem til IKT og digitalisering i kommunane i sjustjerna. Kvar kommune har ein representant i denne gruppa som skal melde inn lokale ynskje/behov.
Vi jobbar med å få på plass eit nytt brukarstøttesystem felles for kommunane i sjustjerna. Det vil vere fokus på å byggje opp ein solid kunnskapsbase inne i systemet. Det vil seie at ein lagrar dokumentasjon om korleis ein løyser ulike saker/problem som kan oppstå rundt tenestene vi leverer ut til dei tilsette i kommunen. Ein kan då nytte kunnskapsbasen som eit oppslagsverk når ein får inn nye saker.	Nytt brukarstøttesystem vart installert og testa i 2016. Tenesten vart rulla ut i Herøy kommune januar 2017. Gir oss høve til å hente ut gode rapportar på antal saker, svartid, løysingstid m.m.
Definere tenesteleveranse og SLA (service level agreement) for SSIKT og IKT-avdelinga lokalt. Vi ser dette som spesielt viktig no når vi flyttar ein del tenester over til driftssenteret og vi treng å oppdatere prosedyrar og dokumentasjon rundt systema våre. Det er viktig med klare	SLA utarbeidd av ei arbeidsgruppe oppnemnd av rådmannsgruppa for SSIKT, og set saman av : Guttorm Rimstad, Vanylven kommune Per Erik Akerjordet, SSIKT Guro Norunn Gausemel, Herøy Kommune

retningslinjer rundt kva som er forventa frå SSIKT, IKT-avdelinga lokalt og kvar enkelt tilsett i kommunen.	Bjørn Ander Heggen, Ørsta kommune Verner Larsen, Strategigruppa I tillegg er det peika ut ein representant frå dei hovudtillitsvalte i dei sju kommunen Endre Johan Ose, Fagforbundet / Hareid kommune. Alle tenester vert definert slik at kunde (kommunane)og leverandør (SSIKT) skal ha ein sameint forståing av kva som skal leverast og til kva servicenivå (SLA). Vedtak frå rådmannsgruppa 06/2016: *Rådmannsgruppa godkjenner tenestebeskrivelse/SLA SSIKT og legg den til grunn for vidare arbeid med organisering og drift av SSIKT.*

3.

Årsverk	Tilsette
3	3

I tillegg har vi hatt lærling ved avdelinga heile 2016.

8.6 Barnehage

Tenester og oppgåver i avdelinga
Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ta i vare barna sine behov for omsorg og leik, fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane.

Kommunen har fire kommunale og fem private barnehagar.

Mål	Måloppnåing
Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad	Herøy hadde etter barnehageopptaket 2016 full barnehagedekning. Alle som søkte plass innan søknadsfristen for hovudopptaket og som hadde rett til plass, fekk tilbod om plass. Nokre barnehagar har gjennom året hatt litt ledig kapasitet.
Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket	Kommunen fekk ingen klager på barnehageopptaket i 2016. Det er ikkje gitt avvik til nokon av barnehagane det er ført tilsyn med etter barnehagelova i 2016. Kommunen mottok ingen klager på vedtak om kommunalt tilskot for 2016.
Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene	Det har ikkje kome klage frå foreldre på barnehagetenesta. Siste felles brukarundersøking vart gjennomført i 2014 med eit snittresultat på 5,3 (gjennomsnitt landet er på 5,1) Det vil bli gjennomført brukarundersøking for alle barnehagane våren 2017.

Planlagde tiltak og investeringar	Gjennomføring
Årsplanar som gjer greie for kva ein kan forvente av barnehagetilbodet	Gjennomført. Alle barnehagane har årsplanar som er fastsett av barnehagen sitt samarbeidsutval, som gir informasjon om innhald og planar for året og som er i samsvar Lov om barnehagar, nasjonal og lokal

Kompetanseutvikling	rammeplan/andre lokale planar. Har gjennomført kurs for alle tilsette i kommunale og private barnehagar om «vere saman» med fokus på ein varn autoritativ vaksenstil i møte med barn og tilsette/foreldre. Alle leiarane i barnehagane deltok på to dagars styrarsamling i november 2016 med nesten same tema i tillegg til fokus på å førebyggje, avdekke og handtere mobbing i barnehagen. Barnehage og skuleavdelinga starta på piloten inkluderande barnehage/skulemiljø seinhausten 2016. Dette skal kommunen delta på som prosjekt i 2 år.
Tilsyn	Kommunen gjennomførte dokumenttilsyn i kommunale barnehagar i løpet av 2016. Ingen av barnehagane fekk avvik etter dei granska lovparagrafane (§1 og 2 formål og innhald omtalt i barnehagen sin årsplan)
Samarbeid med andre avdelingar for å få til tidleg intervensjon i høve barn som treng tiltak for å få ei god utvikling.	Gjennomført. Det er etablert tverrfaglege team og trefftid med PPT ved alle barnehagane. Barnevernet har også møtt på styrarmøter. Dette gir barnehagane betre høve til tidleg intervensjon.
Gjennomføre hovudettersyn ved uteleikeplassane i barnehagane.	Ikkje gjennomført i 2016. Ansvar for hovudettersyn ligg hos eigedomsavdelinga.
Kontinuerleg god kommunikasjon og informasjon til brukarane i den enkelte barnehage og på kommunen si heimeside/lokalavisa. Kontinuerleg omdømebygging.	Gjennomført. Informasjon i media kan bli betre.

Organisasjon:

	2012	2013	2014	2015
Talet på årsverk	29,90	30,53	30,8	29,6
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200	0,8	0,8	0,8	1,0
Fagressurs teneste	29,10	29,73	30,00	28,6

Tal årsverk når det gjeld grunnbemanning i barnehagane er stabilt, bortsett frå auka bemanning grunna utvida barnegruppe når det er aktuelt. Tal årsverk som gjeld ekstrapersonale til barn med særskilte behov varierer frå år til år.

Alle barnehagane har internkontrollsystem. Barnehagane har fast oppfølging av årlege planleggings- og utviklingssamtalar mellom leiar og tilsett. Det same mellom barnehageleiar og styrarane. Oppfølging av seniorane i avdelinga er inkludert i desse samtalane.

8.7 Skuleavdelinga

Tenester og oppgåver i avdelinga
Skuleavdelinga omfattar grunnskulen, kulturskulen, pedagogisk- psykologisk tenestekontor, og Internasjonal skule.

Det er eit mål at alle elevar skal oppnå grunnleggande ferdigheiter og oppleve meistringar og utfordringar i skulen. Grunnskulen bygger på prinsippet om likeverdig og tilpassa opplæring for alle i ein inkluderande fellesskule.

Målet for dei vaksne på Internasjonal skule, er å hjelpe den enkelte til eit meir meiningsfylt liv i det norske samfunnet. Dei skal få tilstrekkeleg norskopplæring og kunnskap om det norske samfunnet til å styrkje grunnlaget for sjølvstendig innsats og samarbeid med andre i yrke og samfunnsliv.

Alle kommunar skal ha eit kulturskuletilbod til barn og unge. Kulturskulen i Herøy er mellom dei største i fylket, med undervisning i fleire musikkuttrykk, dans og drama.

PPT skal hjelpe skular og barnehagar i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling, for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Tenesta skal i tillegg vere eit sakkunnig organ.

Mål	**Måloppnåing**
Systematisk skuleutvikling i tråd med strategien for Herøyskulen. Felles arbeid 1.-10.årstrinn	Ein er i gang med: -Vurdering for læring, barnetrinn -Vidareutvikling av relasjonskompetanse -Lesing/skriving i alle fag, ungdomstrinn Beredskapsteam mot mobbing er etablert. Systematisk miljøarbeid i alle skular.
Tverrfagleg samhandling til beste for trivsel og læring	Strategi- og tiltaksplan er revidert. Tverrfaglege team i alle skular.
Ta i bruk digitale læringsverktøy som I'pad og Smartboard.	Alle skular har fått fleire elektroniske tavler. Gjennomført pilotprosjekt med I'Pad som læringsverktøy. Gode erfaringar. Kompetansebygging gjennomført.
Sikre høg kompetanse i avdelinga	98,4% av ped.personale har godkjent utdanning. Ein stor andel lærarar har teke vidareutdanning, alle deltek i skulebasert etterutdanning. Assistentar har fått auka kompetanse i interne samlingar.

Gi meir intensiv norskopplæring for nye minoritetsspråklege i grunnskulen	Innføringsklasse er etablert, for elevar på 5.-10.trinn frå fleire skular

Nøkkeltal	2016	2015	2014	2013	2012
Barneskular	5	5	5	5	5
Kombinerte skular (1-10)	1	1	1	1	1
Ungdomsskular	1	1	1	1	1
Elevar barnetrinn	749	755	779	773	758
Elevar ungdomstrinn	303	309	312	324	339
Elevar i SFO	299	288	298	306	282
Elevplassar musikkundervisning	301	297	303	320	310
Elevplassar andre kulturuttrykk	302	290	379	332	317

I tillegg for 2016: Prosjekta "Korps i barnehagen og skulen", der barn får opplæring i messingblåseintrument og samspel, som ein del av musikkundervisninga. Dette er eit samarbeid mellom grunnskule, kulturskule og lokale korps.

	2012	2013	2014	2015	2016
Tal på elevar	1094	1093	1074	1064	1052
Årsverk undervisningspersonale	98,9	98	97,5	99	98
Tal på elevar pr.årsverk til undervisning	13	12,5	12,6	12,7	12,4
Årsverk assistentar i undervisning	18	15	15	13	12
Lærartettleik 1.-7.trinn	13,5	12,8	13,1	13	12,9
Lærartettleik 8.-10.trinn	15,7	15,7	15,3	15,8	14,9
Undervisningstimar totalt pr.elev	55	57	57	56	58

Nokre samanlikningar for 2016

	Herøy	Kom.gr	Fylke	Nasjonalt
Tal på elevar pr.årsverk til undervisning	12,4	12,9	11,8	12,3
Lærartettleik 1.-7.trinn	12,9	13,6	12,5	13,4
Lærartettleik 8.-10.trinn	14,9	15,1	14,0	14,2
Undervisningstimar totalt pr.elev	58	55	60	58
Andel årstimar gitt av godkjent personale (prosent)	98,4	97,7	96,6	96,4

Nasjonale kvalitetsindikatorar grunnskule

Prøvetype Nasjonale prøver	Herøy kommune	Kommunegr. 08	Møre og Romsdal fylke	Nasjonalt
Lesing 5. kl	50	49	49	50
Rekning 5.kl	49	50	49	50
Engelsk 5. kl	51	49	49	50

Prøvetype Nasjonale prøver	Herøy kommune	Kommunegr. 08	Møre og Romsdal fylke	Nasjonalt
Lesing 8.trinn	49	49	49	50
Lesing 9.trinn	51	55	53	54
Rekning 8.trinn	51	49	49	50
Rekning 9.trinn	53	54	53	54
Engelsk 8.trinn	48	49	50	50

Fag Eksamen	Herøy	Kommunegr 08	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Norsk hovudmål skriftleg eksamen	2,8	3,4	3,4	3,5
Norsk Munnleg eksamen	4,2	4,4	4,4	4,4
Matematikk skriftleg eksamen	3,4	3,3	3,3	3,3
Engelsk Skriftleg eksamen	3,6	3,6	3,6	3,6
Engelsk Munnleg eksamen	4,4	4,4	4,6	4,5

For resultatindikatorar elles, viser ein til Tilstandsrapporten.

8.8 Barn, familie og helse

Tenester og oppgåver i avdelinga
Barn-, familie og helseavdelinga skal fremje innbyggjarane si velferd ved mellom anna å fokusere på folkehelse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold, søkje og førebyggje og behandle sjukdom, skade eller lyte innan dei områda avdelinga har ansvar for.

Avdelinga skal særleg sikre at innbyggjarar som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg i rett tid, samt bidra til at born og unge får trygge oppvekstvilkår.

Tenesta skal spreie opplysning om, og auke interessa for, kva den enkelte sjølv og allmenta kan gjere for å fremje sin eigen trivsel og helse.

Kommunen si barn-, familie og helseteneste omfattar følgjande hovudområder:
1.Barneverntenesteste
2. Førebyggande eining
3. Legeteneste
4. Psykiatriske tenester
5. Rehabiliteringstenester
6. Bustadsosial- flyktning og rustenester
7. NAV

Mål	**Måloppnåing**
Tilpasse tenestenivået innanfor tilgjengelege ressursar sett i lys av dei forventningar innbyggjarane har til kommunen.	Kommunen har inngått nye avtalar med fastlegane i kommunen. Dette har vore svært positivt. Det er rekruttert nokre nye fastlegar. Vikarane som har vore inne i 2016 var stabile. Barnevernet skal undersøkje meldingar innan tidsfristen. Målet er delvis nådd. Utvida frist i nokre saker. God oppslutning om jordmortenesta. Kan ikkje tilby heimebesøk med 50 % st. Alle skulane har fast trefftid med helsesøster. Dei fleste x 1 i veka, framleis er det fire skular som har berre kvar 2.veke. Det viser seg at mange born har behov for å treffe helsesøster på skulen. Mange har vanskar i kvardagen p.g.a. bekymring/ psykiske vanskar. Når det gjeld ressursar ifht overvekt/fedme, rekk ein stort sett å kartlegge. Tverrfagleg tiltak/oppfølging manglar. Mange barn med særlege behov og ansvarsgrupper. Har helseteneste til asylsøkjarane i mottak for EM, mange med psykiske utfordringar. Starta i november HPV-vaksinasjon (mot

	livmorhalskreft) av kvinner født f.o.m. 1991 og seinare. Om lag 50 fekk første av 3 doser i nov-des. Det har vore ei jamn auke i brukarar innan psykisk helsevern. Det har til dels vore utfordrande. Ein ser auke i tal på yngre pasientar med meir komplekse og samansette hjelpebehov, og det er mykje koordineringsarbeid knytt til tenesta. Av fleire årsaker, med blant anna samhandlingsreforma, har det ført til eit auka press på rehabiliteringstenesta. Både. kommunal ergoterapi, kommunal fysioterapi og private fysioterapeutar med kommunal avtale. Ventetida har vorte svært lang og det er tatt sterke prioriteringar ved inntak. Kronikarane har i mange tilfelle fått eit mindre tilbod. Det har også vore redusert kapasitet på ergoterapi sidan hausten 2016 Kommunen har motteke 21 flyktningar i 2016. Det er utfordrande at dei ofte kjem seint på året og konsentrert. Innan bustadsosiale tenester har det særleg vore prioritert å halde på dei treffpunkta ein har innan vidaregåande skule, samt at ein også har utvida tilbodet til ungdomsskulane. På tampen av året fekk kommunen tilskot frå Fylkesmannen og starta på nyåret Kvikk Herøy som er eit tilbod for personar innan rus/psykiatri. Tiltaket vert lokalisert til Solheim dagsenter.
Tenestene utførast med kvalitet og tilstrekkeleg kompetanse	Avdelinga får få konkrete klager på tenestene. Ustabilitet på legesida har nok for nokre vore oppfatta som ein dårleg kvalitet. Kompetente leger har vore tilsett.
Sakshandsaminga skal vere i tråd med forvaltningslova.	Avdelinga har ikkje fått omgjort vedtak. Avdelinga har heller ikkje fått tilbakemeldingar om at forvaltningslova ikkje er følgt.
Gode leiarar på alle nivå skal utviklast. Kompetanse skal utviklast med bakgrunn i organisasjonen sine behov.	Leiarane deltek i kommunen si leiaropplæring. Delteke aktivt i «Mission Possible» og i interkommunalt samarbeid innan dei fleste fagområda.

Stimulere kvarandre og tenkje saman.	Tema på leiarmøter og også i konkrete saker. Stadig tilbakevendande tema som ein aldri kjem heilt i mål på.
Gjennom styringsprinsipp samhandling, kommunikasjon, medverknad og nytenking nå sine overordna målsettingar med å legge grunnlag for trivsel, miljø, samhald og nyskaping i organisasjonen og samfunnet.	Tiltak for å verte betre kjent og kjenne betre kva kompetanse den einskilde har er gjennomført. Dette er likevel fortsatt eit prioritert område i avdelinga.
Motiver til å tenkje enda meir tverrfagleg og prøve ut nye alternativ.	Gjennomgåande tema i mange samanhengar. Fokuserer også på tverrfagleg tenking i konkrete saker.
Prioritere felles seminar for alle som høyrer til avdelinga. Dette skapar fellesskap.	Gjennomført samling med «Løft-teknikken» på våren. Haustsamlinga vart julelunsj. Godt oppmøte og gode tilbakemeldingar.

Nokre konkrete nøkkeltal og forhold:

Barnevern

Statistikken viser at barnevernet i løpet av 2016 har arbeidd med 94 nye meldingar/barn. Av desse vart det oppretta undersøkingssaker på 76 av desse. Barn under omsorg og i løpande hjelpetiltak kjem i tillegg. Barn som går ut av omsorg ved fylte 18 år og som ynskjer å bli fylgt opp med ettervernstiltak blir prioritert. Barnevernet har tilsyn med 15 fosterbarn som er plassert i Herøy frå andre kommunar. Dei barna kjem ikkje med på statistikken.

Fristar for barnevernsundersøkingar:
Første halvår 2016: 3 fristoverskridingar
Andre halvår 2016: 4 fristoverskridingar

Nøkkelinformasjon	**2016**	**2015**	**2014**
Melding	94	53	67
Tal på undersøkingar Avslutta undersøkingar	76 62	50 42	36 46
Barn under omsorg Barn på midlertidig tiltak (4-6,2). Beredskapsheim	9 2	8 0	9 0
Barn med hjelpetiltak pr. 31.12.	58	68	81
Barn i fosterheim	8	8	9
Barn i ungdomsheim Barn i barneverninstitusjon	1	1	1
Barn i ettervern (etter fylte 18 år) pr. 31.12.	6	10	9

Helsestasjon og skulehelsetenesta:

Aktuelt	2016	2015	2014
Born fødde	92	92	102
Heimebesøk til nyfødde	92	88	72
Foreldreførebuande kurs	23	21	25 par
2 -årskonsultasjoner	90	81	Tilbod til 100% - Tilnærma 100% oppslutning
4 -årskonsultasjoner	88	98	Tilbod til 100% - Mellom 95 -100% oppslutning
HFU konsultasjoner (ope 1dag/2t i veka)	64	113	78
Vaksinasjonsprogrammet	95%	95% men SYSVAK melder om 85%	95-100%
Reisevaksiner	695	668	258

Seksjon psykisk helse:
Kommunepsykologen hadde om lag 115 pasientar til behandling i 2016.

Solheim dagsenter: 13 personar har vedtak om plass ved dagsenteret. I tillegg kjem fredagstreff med 8 personar i snitt, og personar som kjem innom på den opne dagen. I snitt er det 9 personar som deltek her gjennom året. Dei fleste her er i aldersgruppa 50-66 år, ein person er over 70 år.

Psykiatrisk individuell oppfølgingsteneste: 85 personar har i 2016 hatt vedtak om individuell oppfølging.

Seksjon for bustadsosial, flyktning og rus:
Frå januar 2016 vart tenestane innan bustadsosial og rus og lagt til avdelinga.
Det vert ytt bustadsosiale tenester og anna oppfølging til menneske med rusutfordringar og andre vanskelegstilte i Herøy kommune.
.
Frå januar 2016 vart flyktningetenesta ein del av avdelinga. Det er to faste stillingar i flyktningtenesta, flyktningkonsulent og miljøterapeut. Frå november 2016 fekk vi i tillegg ei 2-årig engasjementstilling som programrådgjevar.

Legetenesta:
Det har vore ein del vikarbruk som skaper diskontinuitet i legetenesta både for pasientane. I tillegg skapar dette eit noko fragmentert kollegium.

Seksjon Rehabilitering:
Det er sterk auke i ventetid for fysikalsk behandling i Herøy kommune. Helseforetaket har lagt ned Nevrohjemmet i Ålesund, tatt vekk ni rehab-plassar på Mork og redusert rehabilitering på Muritunet. I tillegg er det ein sterk auke i operasjonar av ortopedipasientar. Denne auka er vesentleg større i Møre og Romsdal enn resten av landet innan ein del diagnosar. Dette er hovudårsakane til den sterke auka i ventetid.

Det er no opp mot 6 mnd. ventetid ved begge institutta for det som ikkje vert rekna som akutt.

3. Ein av fysioterapeutane har teke vidareutdanning innan barnefysioterapi og er no spesialist på barn.

4. Når det gjeld tal på brukarar og hjelpemiddelformidling er det omtrent uendra.

Årsverk

	2016	**2015**	**2014**	**2013**	**2012**
Talet på årsverk	47,4	38,7	38;7	38,2	6+32,2
Adm. årsverk KOSTRA, funksjon 1200	1,7	1,2	1.2	1,7	1,7
Fagressurs teneste	41,5	33,46	33,46	32,96	6+26,96

Nøkkeltal frå KOSTRA

	Herøy	Fylke	Landet
Legeårsverk per 10 000	13,7	11,4	10,6
Fysioterapitenester per 10 000	8,1	8,7	9,0
Barn med barnevernstiltak ift innbyggere 0-17 år	5,1	5,3	4,9

8.9 Pleie- og omsorgsavdelinga

Tenester og oppgåver i avdelinga
Gjennom pleie- og omsorgstenesta skal kommunen

- sikre at alle som har behov for pleie- og omsorgstenester vert gitt tryggleik for nødvendige og individuelt tilpassa tenester.
- bidra til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meiningsfullt tilvære i fellesskap med andre.
- sikre at det vert gitt eit heilskapleg, samordna og fleksibelt tenestetilbod som ivaretek kontinuiteten i tenesta.
- sikre at tenestetilbodet, så langt som råd, vert utforma i samarbeid med brukaren.

Standard for heimehjelp, heimesjukepleie og institusjonsomsorg er fastsette i tenesteerklæringar som er vedtekne av kommunestyret.

For å løyse oppgåvene vert det ytt følgjande deltenester:

- heimesjukepleie
- sjukeheim
- omsorgsbustad
- praktisk bistand og opplæring
- avlastningstiltak
- dagtilbod
- støttekontakt
- omsorgsløn
- matombringing
- tryggleiksalarm
- personleg assistent
- hjelpemiddel

Mål	Måloppnåing
Tenestene har tilfredstillande dekningsgrad	Ny omsorgsbustad med 16 husvære er under oppføring ved blå avdeling på Eggesbønes. Pr. 31.12.16 har ikkje kommunen heildøgns omsorgsbustadar i sitt tenestetilbod, så nybygget representerer eit viktig nytt steg i omsorgstrappa. Det representerer samstundes ei viss dreining frå institusjonsomsorga.
Kommunen yter teneste i samsvar med lovverket.	Vi tildeler tenester etter kva som blir vurdert som nødvendig hjelp, etter helse og omsorgstenestelova. Klager på vedtak som vert opprettheldt av avdelinga, vert sendt til overprøving hos Fylkesmannen.
Brukarane er tilfreds med dei kommunale tenestene.	Avdelinga har hatt tre klager på enkeltvedtak om teneste i 2016. Kommunen sitt vedtak vart oppheva av Fylkesmannen på grunn av saksbehandlingsfeil i to saker. Kommunen sitt vedtak vart stadfesta i ei sak. Avdelinga har ikkje hatt brukarundersøking i 2016. Det er planlagt undersøking i 2017.
Vidareutvikle bruk av velferdsteknologi i tenesteytinga.	Fleire tilsette har fått tilgang til mobil pleie (smarttelefonar) i tenesteytinga.

Planlagde tiltak og investeringar

Ny omsorgsbustad med 16 husvære er under oppføring ved blå avdeling på Eggesbønes. 15 omsorgsbustadar med tilbod om heildøgns omsorgstenester vil erstatte dei ti sjukeheimsplassane ved gul avdeling. Her vert altså ein kapasitetsauke på fem plassar. Det gamle sjukeheimsbygget skal rivast. Husvære nr. 16 vert bygt som eit forsterka tilbod og lagt under blå avdeling. Planlagt innflytting mars 2017.

Nøkkelinformasjon:	2013	2014	2015	2016
Tal på omsorgsbustader	68	68	68	68
Ressurskrevjande brukarar	0	0	0	1
Tal på sjukeheimsplassar	101	101	101	101
Kommunal øyeblikkelig hjelp døgn (KØHD)	2	2	2	2
Dagplassar institusjon	16	16	16	16
Matombringing	65	79	80	68
Nye brukarar av tryggleiksalarm	48	51	43	37

Mottakarar av omsorgsløn	21	20	15	16
Personleg assistent	1	0	3	1
Tal på vedtak	1215	1279	1474	1408
Avslag	34	20	20	21
Klage på tenester	6	3	5	2

Talet på vedtak viser at her er stadig aukande pasientflyt etter samhandlingsreforma, men også at vedtaka er kortare og i stadig endring.

Tal på brukarar i heimesjukepleie og praktisk bistand:

	2009	**2010**	**2011**	**2012**	**2013**	**2014**	**2015**	**2016**
Heimesjukepleie	191	243	305	322	314	313	321	337
Praktisk bistand	197	194	210	216	207	216	217	220
Sum	388	437	515	538	521	529	538	557

Tal på brukarar i institusjon:

	2009	**2010**	**2011**	**2012**	**2013**	**2014**	**2015**	**2016**
Langtid	56	47	37	53	50	57	45	42
Korttid	60	57	54	90	87	82	103	99
Avlastning	0	2	0	3	2	0	2	1
Sum	116	106	91	146	139	139	165	142

Pasienttalet har auka etter samhandlingsreforma, men har naturlege svingingar over tid. Kostra viser nøktern og effektiv drift. Tabell over årsverk viser at auka i oppgåver har vore løyst på andre måtar enn med personellauke. Viktige stikkord er koordinering, kompetanseutvikling og bruk av ny teknologi som elektroniske meldingar og mobil pleie og diverse velferdsteknologi. Sjølv om der vil vere enkeltsaker der kommune og brukar ikkje ser likt på tenestetildeling, opplever avdelinga alt i alt i å ha lukkast godt med måloppnåinga i 2016.

Brukartilpassing, brukarmedverknad, brukardialog

Det vart ikkje gjennomført brukarundersøking i 2016, men avdelingane melder om gjennomgåande god dialog og tilbakemelding frå brukarane, og talet på klager er stabilt. Ny undersøking er planlagt i 2017.

Organisasjon

Årsverk:	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Talet på årsverk	143,24	143,24	141,73	142,23	143,9	143,182
Adm årsverk	5,3	5,3	5,3	5,3	5,3	4,5
Fagressurs teneste	137,94	137,94	136,43	136,93	136,93	138,6

Det er reduksjon på 80 % administrativ stilling frå 2015 til 2016.

Administrative stillingar på stab/støtte er ført på pleie- og omsorg, men om lag 30 % av ressursen utfører arbeid for bu- og habiliteringsavdelinga.

8.10 Bu- og habiliteringsavdelinga

Tenester og oppgåver i avdelinga

Gjennom bu- og habiliteringstenesta skal kommunen

- sikre at menneske med utviklingshemming vert gitt nødvendige og individuelt tilpassa tenester.
- bidra til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig, og til å ha eit aktivt og meiningsfullt tilvære i fellesskap med andre.
- sikre at det vert gitt eit heilskapleg, samordna og fleksibelt tenestetilbod.
- sikre at tenestetilbodet så langt som råd vert utforma i samarbeid med brukaren.

For å løyse oppgåvene vert det ytt følgjande deltenester:

- individuell plan
- omsorgsbustad
- praktisk bistand og opplæring
- brukarstyrt personleg assistanse
- avlastningstiltak
- støttekontakt
- omsorgsløn
- vaksenopplæring
- dagtilbod/kommunal sysselsetting

Mål	Måloppnåing
Byggje opp eit samordna tenestetilbod retta inn mot målgruppa.	Vi manglar nytt fysisk bygg for å kunne ta ut den fulle effekten av eit samordna tilbod på dagtilbodsida.
Tenestene har tilfredstillande dekningsgrad.	Avdelinga hadde tre ledige bustader per 31.12 som ikkje var tildelt.

	Avdelinga har eit presserande behov for nytt bygg til dagtilbod. Ein omsorgsbustad samt avlastingshusværet for born vert nytta til dagtilbod i tillegg til Herøy produksjon. Per 31.12.16 er planlegging satt på vent til vi har fått gjennomført ei ekstern evaluering av helse og omsorgstenestene i Herøy. Arbeidet med utlysing av anbod vert sett i gang primo 2017.
Kommunen yter teneste i samsvar med lovverket.	Vi tildeler teneste etter kva som blir vurdert som nødvendig hjelp, etter helse- og omsorgstenestelova og opplæring etter opplæringslova § 4A-2. Klager på vedtak som vert opprettheldt av avdelinga, vert sendt til overprøving hos Fylkesmannen.
Brukarane er tilfreds med dei kommunale tenestene.	Avdelinga har hatt ein klage på enkeltvedtak om teneste i 2016. Kommunen sitt vedtak vart oppheva av Fylkesmannen på grunn av sakshandsamingsfeil. Avdelinga har ikkje hatt brukarundersøking i 2016. Det er planlagt undersøking i 2017.

Planlagde investeringar og tiltak	**Gjennomføring**
Planlegging av Herøy ressurssenter.	Saka er førebels utsett. Planleggingsmidlar vart gitt hausten 2016 for å kartleggje og evaluere helse og omsorgstenesta i Herøy kommune. Analysen skal vere grunnlaget for det vidare arbeidet, med prioritering av tenesteinnhald og bygg for framtida. Her under dette prosjektet.

Nøkkelinformasjon	2013	2014	2015	2016
Brukarar buteneste	23	22	26	31
Brukarar avlastningsinstitusjon	5	4	6	3
Tal på omsorgsbustader (bu-hab. avd sitt ansvar)	25	25	29	29
Mottakarar av omsorgsløn	8	7	7	7
Ressurskrevjande brukarar	9	9	10	10
Elevar vaksenopplæring	11	16	10	8
Tal på vedtak etter helse og omsorgstenestelova	198	190	200	175
Tal på vedtak etter opplæringslova	14	10	10	8
Avslag	10	12	4	3
Tal på klage	2	1	1	1

Brukarundersøking:
Avdelinga har køyrt ei brukarrepresentantundersøking kvar tredje år, sist i 2014. Ny undersøking er planlagt i 2017.

Brukartilpassing, brukarmedverknad, brukardialog:
I samsvar med lov om pasientrettar har pasienten rett til medverknad og rett til informasjon som er tilpassa individuelle føresetnader. Møtepunktet mellom brukar/pårørande/verje og den enkelte tenesteytar er den viktigaste arena for dette.

Organisasjon

Årsverk	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Talet på årsverk	58,2	58,2	58,8	59,4	62,4	62,4
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0
Fagressurs teneste	57,2	57,2	57,8	58,4	61,4	61,4

*Auke i årsverk frå 2014 til 2015 på grunn av auka drift i ny bustad.

8.11 Kulturavdelinga

Tenester og oppgåver i avdelinga
Kulturavdelinga omfattar kulturkontor, barne- og ungdomsarbeid, frivilligsentral, kulturhus, idrettshall, folkebibliotek, konserthus og kino.

Kulturavdelinga skal gjennom samarbeid med enkeltpersonar, lag og organisasjonar, offentlege einingar og næringsliv bidra til eit breitt spekter av kulturverksemd og gode kulturopplevingar for innbyggjarar og besøkande.

Avdelinga driftar fleire kulturarenaer og samarbeider om arrangement på andre sine arenaer. I tillegg forvaltar avdelinga tilskotsmidlar og bidreg med rådgjeving og kompetanse innan kulturfeltet.

Mål	**Måloppnåing**
<u>Fosnavåg konserthus og Fosnavåg kino</u> Arbeide vidare for å «Bli eit senter for konsert, kino og kulturaktiviteter samt reiseliv og kurs/konferansar i regionen» i godt samarbeid med Thon Hotel Fosnavåg og andre aktørar innan reiseliv og fritidsaktivitetar.	I 2016 er det avvikla: - 66 arrangement i Fosnavåg konserthus. Av desse er 44 innkjøpt av kommunen, og 22 har leigd salen til ulike kulturarrangement. Det er selt xx 000 billettar. - xxx kinoframsyningar i Fosnavåg kino. Det er selt xx 000 billettar. - Det er gjennomført fleire arrangement i eit samarbeid mellom Thon Hotel Fosnavåg og konserthuset. - Det er gjennomført eit overordna møte mellom Thon Hotel Fosnavåg og kommunen for erfaringsutveksling og drøfting av det vidare samarbeidet.
<u>Øya Herøy med tilgrensande område</u> Øya har tre hovudaktørar; kystmuseet, kyrkja og sogespelet. I tillegg er staden definert som fyrtårn for prosjektet «Kystpilegrimsleia». Det er set i gang fleire planaktivitetar for å kunne leggje til rette for ivaretaking og utvikling av eksisterande og nye kulturtilbod på staden.	- Skilt- og skjøtselsplan er etablert saman med kystmuseet, fylkeskommunen, kyrkja og Riksantikvaren. Tre informasjonsskilt er set opp på p-plass, ved middelalderkyrkjegarden og klosterhaugen. Skilting av husa er planlagt sluttført i 2017. Kyrkja og kommunen har starta opp arbeidet med felling av tre for å unngå ytterlegare skader på og rundt middelalderkyrkjegarden. 10-års plan. - Planlegging og førebuing for etablering av jektenaust og formidlingsbygg til Sunnmørsjekta har starta opp i eit samarbeid

	mellom Stiftinga Sunnmøre Museum og kommunen. Arbeidet held fram i 2017-2018. - Planlegging og førebuing for rehabilitering av Sunnmørsjekta «Anna Olava» med mål om at jekta igjen kan nyttast til kulturaktivitet, opplevingar og reiseliv. Tilbod på reparasjon, overhaling av motorar, samt finansiering av dette er på plass. Tilbod på reparasjon av skroget ligg føre, men prosjektet avventer svar på finansiering. Det er gjort avtale om halleige til båten ifm. rehabiliteringsperioden. Arbeidet held fram i 2017. - Vidare planlegging av Herøy gard som kommunen sitt fyrtårn ifm. etablering av ei kystpilegrimslei frå Rogaland til Nidaros har stått på vent grunna at staten trakk tilbake finansiering til prosjektet. Fylkeskommunane langs leia har sidan gått inn med midlar og gjort avtale med ein reiselivsaktør for sluttføring av prosjektet ila. 2017.
<u>Herøy folkebibliotek</u> Biblioteket har fått tilskot frå Nasjonal-biblioteket til å utvikle folkebiblioteket som møteplass og debattarena i tråd med den nye lova. Hausten 2015 har vi samarbeidd med Høgskulen i Volda knytt til dette arbeidet. Biblioteket planlegg for tre debattar ila. 2016 med dagsaktuelle tema. Hovudmålgruppa er ungdom og unge vaksne.	Gjennomført. - Samarbeid med Bibelfestivalen. Temakveld med Evard Hoem som foredragshaldar, bibel-lesestund, samt bibelutstilling av gamle Herøy-biblar. - Samarbeid med ungdomsrådet med forfattar og skribent Amal Aden som foredragshaldar. To dagar med skulebesøk på Stokksund u.sk. og Ytre Herøy u.sk., Herøy vgs., besøk på Fosnavåg asylmottak for mindreårige og ungdomskveld på Herøy kulturhus.

Planlagde driftstiltak og investeringar	**Gjennomføring**
Omorganisering av tilsynstenester ved kulturhuset.	Delvis gjennomført: - reinhald av idrettshallen vart overført frå tilsynsvaktene til reinhaldsseksjonen frå nyttår - endring av tilsynet ved bygget kan først skje når skalsikring (utvendig) og områdesikring (innvending) er etablert. Eigedomsavdelinga har utsett dette arbeidet til 2017.
Vurdering av kulturavdelinga som heilskap.	Avdelinga arbeider fortløpande med søknad

	om eksterne tilskotsmidlar, samt gode rutinar for økonomistyring.
Investering av kvitevarer, møblar o.l. på kulturhuset.	Det er gjennomført innkjøp av oppvaskmaskin til kjøkenet i 1.etg., samt bord til festsalen. Restmidlar er overført til 2017 ifm. plan om eit større samla innkjøp.

Organisasjon:

Årsverk

	2016	2015	2014	2013	2012	2011
Talet på årsverk (faste og midlertidige)	10,54	11,19	11,39	9,09	9,4	8,9
Fagressurs teneste	10,54	11,19	11,39	9,09	9,4	8,9

**4 ungdomar med midlertidig tilsetjing ved kinoen.Timetilsette ved fritidsklubben er ikkje medrekna.*

Forsvarleg tenestenivå har vore drøfta for konserthus og kino, kulturhus og idrettshall samt folkebiblioteket. Det vert gjort justeringar der det er forsvarleg, men avdelinga opplever at omgjevnadane har andre og større krav knytt til kommersielle tiltak som konserthus og kino, enn andre tenester i regi av avdelinga.

Fritidsklubben var stengt i 1,5 år ifm. bygging av badet grunna fleire episodar med vassinntrenging, samt manglande ventilasjon delar av tida.
Til påska vart PU-klubben starta opp igjen, og ifm. haustens skulestart fredagsklubben og juniorklubben.
Sist sommar og ila. av hausten har ungdomsrådet, ungdom med MOT, samt andre ressurspersonar knytt til fritidsklubben gjort ein omfattande innsats med oppussing av lokala, inkludert tidligare lagerrom for korpsa som flytta sin aktivitet til festsalen.

8.12 Utviklingsavdelinga

Tenester og oppgåver i sektoren
Å legge til rette for at Herøy kommune er ein god plass å bu , arbeide og besøkje skal vere gjennomgåande for den aktiviteten som avdelinga styrer etter. Frå 01.01.2016 gjekk utviklingsavdelinga og anlegg- og driftsavdeling saman til ei eining.

Avdelinga sitt arbeid omfattar eit vidt spekter av oppgåver som planlegging, byggjesak, geodata, gjennomføring av anleggsprosjekt, teknisk drift av infrastruktur, VAR- område, naturforvaltning og friluftsliv med meir.

Utfordringane varierer frå tenesteområde til tenesteområde, men ein skal oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innafor dei ulike tenesteområda. Sektoren skal vere kjend for å:

- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga.
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Arbeide for digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi.

Mål	**Måloppnåing**
Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad.	Sjølv med utfordringar på sakshandsamingskapasitet er talet i 2016 på ubehandla og ikkje ferdighandsama saker (byggje-, dele- og dispensasjonssaker) innanfor eit akseptabelt nivå.
Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket.	Fylkesmannen stadfesta seks klagesaker i tråd med kommunen sine vedtak, av totalt seks saker.
Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene.	Det vart ikkje gjennomført brukarundersøkjing i 2016. Det har ikkje vore særskilde avvik på behandlingstid i byggje- og delesaker.
Etterslepet av ubehandla og ikkje ferdigbehandla saker (byggje-, dele- og dispensasjonssaker) skal vere så lågt som råd.	I løpet av 2016 er det registrert inn 359 (486) nye saker medan det vart produsert 370 (466) vedtak. Avdelinga ser ein nedgang av innkomne saker, men kompleksiteten aukar.
Sakshandsamingstida for oppmålings-forretningar skal vere kortare enn lands-gjennomsnittet og kurante saker skal ha ei maks. sakshandsamingstid på 12	I 2016 vart det utarbeidd/ferdighandsama 59 (111) matrikkelbrev. Ein ser ein klar nedgang i saksmengde innanfor dette ansvarsområdet knytt til frådelingar.

veker (frå handsama delesak til tinglyst matrikkelbrev).	

Årsverk

	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Talet på årsverk - Utvikling	5,0	6,0	7,0	7,0	7,0	7,0	6,9	6,8
Talet på årsverk - Anlegg og drift	9,5*	12,8	12,8	12,0	12,0	10,3	-	-
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4
Fagressurs teneste	14,1	18,4	19,4	18,6	18,6	16,9	6,4	6,1

*Brannvernet er ikkje med teke med.

8.13 Brannvern

Tenester og oppgåver i avdelinga
Avdelinga skal dekkje innbyggjarane/brukarane sine tenestebehov på ein tilfredsstillande måte innanfor følgjande tenester:

- Førebygging av brann og ulukker
- Brann og ulukkesberedskap
- Feiing

Avdelinga skal sikre innbyggjarane ein så god brann- og ulukkesberedskap som mogleg ut frå føresetnadene om å unngå skade på helse, liv, eigedom og miljø. Avdelinga skal elles drive førebyggjande arbeid innan brann og ulukke for å førebyggje mot skade på helse, liv, eigedom og miljø.

Mål	**Måloppnåing**
Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad.	Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad. Dette er eit kontinuerleg arbeid som ein stegvis innarbeider i den daglege drifta då omfanget av dei ulike tenestene er i endring.
Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket.	Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket og arbeidet med å betre rutinar og tilpasse tenestene etter kvart som det kjem endra behov, vil halde fram.
Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene.	Ein har ikkje registrert klager etter forvaltningslova.

Planlagde driftstiltak	**Gjennomføring**
Faste avdelingsmøte/samlingar med fokus på økonomi, framdrift, effektivisering og fråvær m.m.	Avdelingsmøter har vorte gjennomførte.
Nærværsmålet for BRANN vert sett til 97 %.	Nærværet har vore innafor målsetjinga.
Tilsyn etter §13 i Lov om vern mot brann, eksplosjon m.v.	Ein har ikkje nådd målsettinga om tilsyn i alle objekt i 2016. Tenesta er i endring med fokus på behovsvurderte tilsyn.

Årsverk

	2016	2015	2014	2013
Talet på årsverk Brann	3,1	3,0	3,0	3,0
Fagressurs teneste	3,1	3,0	3,0	3,0

I tillegg til 2,5 faste stillingar er det i tabellen teke med samla stillingsheimel for 30 deltidsmannskap dvs. totalt omlag 0,6 stillingsheimel. Av ulike årsakar har nokre stillingar stått vakante i kortare og lengre periodar i 2016.

Rutinane er innskjerpa når det gjeld førebels svar. I dei tilfelle svar ikkje kan gjevast innanfor fristen, vert det sendt ut mellombels svar.

Avdelinga har i 2016 hatt sterkt fokus på prosedyrar og internkontroll, og har utarbeidd ny Prosedyre og HMS-handbok som vart teken i bruk frå 1. september 2016. Ein vil framover ha sterkt fokus på implementeringa av den nye handboka.

I 2016 har ein også fokusert på samfunnstryggleik og beredskap i det daglege. Tilsyn i særskilde brannobjekt(§13 bygg) har vore prioritert, men ein har hatt redusert kapasitet grunna skulering av tilsynspersonell.

8.14 Eigedomsavdelinga

Tenester og oppgåver i avdelinga

Eigedomsavdelinga er ansvarleg for forvaltning, drift, vedlikehald og vidare utvikling av kommunale bygg. Avdelinga er i tillegg ansvarleg for startlån og tilskot til etablering og tilpassing.

Forvaltning:
Forvaltning omfattar personal- og økonomiforvaltning, inn- og utleige av formålsbygg, utarbeiding av forsikringsavtalar og oppfølging av forsikringssaker innanfor tingsområdet, utarbeiding og revisjon av kommunedelplan for bustadpolitikk og klimatiltak, oppfølging av offentlege tilsyn og pålegg og strategisk vidareutvikling av kommunale bygg.

Kantine:
Kantinedrift ved Herøy rådhus.

Byggdrift:
Byggdrift omfattar alle oppgåver som er nødvendige for at kommunale formålsbygg og utleigebustadar fungerer som tiltenkt i det daglege.

Bustadforvaltning, startlån og tilskot:
Bustadforvaltning omfattar inn- og utleige av kommunale utleigebustadar samt handsaming av søknadar om startlån og tilskot til etablering og/eller tilpassing.

Reinhald:
Reinhald omfattar dagleg og periodisk reinhald samt hovudreingjering i kommunale formålsbygg og einskilde kommunale utleigebustadar.

Prosjekt:
Prosjekt omfattar planlagde vedlikehaldstiltak, byggjeprosjekt (nybygg, tilbygg og totalrehabilitering av kommunale bygg) og andre mindre investeringstiltak i tilknyting til kommunale bygg.

Ansvarsområdet omfattar om lag 64 000 m2 BTA bygningsmasse, fordelt på om lag 54 000 m2 formålsbygg og 10 000 m2 utleigebustadar.

Nøkkeltal for teneste

Det er ikkje utarbeidd nøkkeltal for eigedomsforvaltninga. Forslag til målstyring etter nøkkeltal er under utarbeiding som del av årsplanen for 2017.

Nøkkeltal årsverk og tilsette

Årsverk	2013	2014	2015	2016
Sum	30,1	30,1	30,1	30,1
Adm. Årsverk	2	2	2	2
Fagressurs	28,1	28,1	28,1	28,1

Måloppnåing teneste

Under måloppnåing for tenestene rapporterer eigedomsavdelinga særleg om status for planlagte vedlikehalds- og investeringstiltak:

Vedlikehaldsplan 2016

Kommunestyret vedtok i K-sak 36/16 årsplan for 2016, her under også vedlikehaldsplanen for 2016:

Finansiering	2016	2017	2018	2019
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	3 500 000,-	-	-	-
Revidert budsjett 2016	**3 405 000,-**	**Merknad**	Rammetrekk kr. 95 000,-	

Administrasjonsbygg	Aktivitet
Herøy rådhus	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.
Merknad Sjå prosjekt 70021 for meir informasjon om aktuelle investeringstiltak.	

Interne serviceeiningar	Aktivitet
Fosnavåg brannstasjon / verkstad	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.
Fosnavåg driftsbase	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.
Merknad Sjå prosjekt 61604 for meir informasjon om aktuelle investeringstiltak.	

Førskulelokale	Aktivitet	Status
Leikanger grendahus	Maling av gjerde v/ rullestolrampe.	Utført.
Bergslia barnehage	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.	
Moltu barnehage	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.	
Myrsnipa barnehage	Maling av trekledning.	Arbeidet er utsett.
	Utskifting vindu og dører.	Arbeidet er bestilt.
Merknad Sjå prosjekt 70022 for meir informasjon om aktuelle investeringstiltak.		

Skulelokale	Aktivitet	Status
Nerlandsøy skule	Solskjerming.	Arbeidet er bestilt.
	Barnehagebygget Maling av trekledning, herunder delvis etterisolering og delvis ny trekledning og nye vindu.	Utført.
	Oppussing gang	Utført.
Bergsøy skule Borga	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak *	
Bergsøy skule Blåhaugen	Maling av bærekonstruksjonar i stål.	Utført.
	Maling av betongelement.	Arbeidet er utsett.
	Fuging av betongelement.	Utført.
Einedalen skule	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak *	-
Moltu skule	Reparasjon fasade på gymsalen.	Overført til EPC-prosjektet.
	Solskjerming.	Arbeidet er utsett.
	Maling av trekledning- og betongvegger.	Utført.
Stokksund skule	Dele av mediatek.	Pågår.
	Flytte delevegg klasserom.	Pågår.
	Etablering av ny reinhaldssentral.	Pågår.
Leikanger skule	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.	-
Ytre Herøy ungdomskule	Brannsikring av utvendig skur.	Arbeidet er bestilt.
	Maling av betongkonstruksjonar.	Arbeidet er utsett.
Merknad Sjå prosjekt 61603, 70016 og 70022 for meir informasjon om aktuelle investeringstiltak.		

Aktiviseringstenester	Aktivitet	Status
Frivillegsentralen	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak *	-
Solheim dagsenter	Vedlikehald av fasade til garasjen	Pågår.
Herøy aktivitetssenter	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.	-
Vaksenopplæringa	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.	-
Merknad Sjå prosjekt 60106 for meir informasjon informasjon om aktuelle investeringstiltak.		

Helsebygg	Aktivitet
Myrvåg legevaktsentral	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.
Myrvåg legesenter	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.
Myrvåg helsestasjon	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.
Herøy helsesenter	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.
Merknad Lokala i Myrvåg er innleigde. Ansvaret for vedlikehald er difor redusert samanlikna med eigne lokale.	

Institusjonsbygg	Aktivitet	Status
Herøy omsorgssenter - raud/grøn	Maling av betongkonstruksjonar *	Overført til 2017.
Herøy omsorgssenter - gul	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak *	-
Herøy omsorgssenter - blå	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak *	-
Myrvåg omsorgssenter	Utskifting av vindu.	Pågår.
	Ombygging av personaltoalett til lagerrom.	Utført.
Merknad Sjå prosjekt 51408 og prosjekt 70020 for meir informasjon om aktuelle investeringstiltak.		

Utleigebustadar	Aktivitet	Status
Igesundvegen 21	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.	-
Kvithaugsmyra 4	Maling av trekledning.	Utført.
Myrvågtoppen 33-59	Maling av trekledning.	Utført.
Rabbegjerdet 3	Maling av trekledning.	Arbeidet er utsett.
Sjukeheimsvegen 06	Utskifting av verandadører og vindu.	Utført.
	Maling av trekledning.	Arbeidet er utsett.
	Skifte golvbelegg i fellesareal.	Utført.
	Reparasjon av skade etter taklekkasje.	Utført.
Sjukeheimsvegen 11	Maling av utebod og rekkverk.	Utført.
Sjukeheimsvegen 13	Maling av utebod og rekkverk.	Utført.
Sjukeheimsvegen 14	Maling av trekledning og bærekonstruksjonar.	Utført.
Solbergvegen 2-4	Maling av trekledning.	Utført.

Tjørvågvegen 274-276	Vedlikehald av elektrisk installasjon.	Utført.
Trolldalsvegen 16-18	Maling av trekledning.	Utført.
Trolldalsvegen 20-22	Maling av trekledning.	Utført.
Øvre Myklebust 1	Maling av trekledning.	Utført.

Merknad
Sjå også kommunedelplan for bustadpolitikk, strategi for kommunalt butilbod.

Aktivitetstilbod	Aktivitet
Herøy produksjon	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak *

Merknad
Sjå prosjekt 61504 for meir informasjon om aktuelle investeringstiltak.

Kulturbygg	Aktivitet	Status
Leikanger grendahus	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak *	-
Herøy kulturhus og idrettshall	Reparasjon rustsprenging i fasaden *	Arbeidet er utsett.
Fosnavåg konserthus og kino	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.	-

Merknad
Sjå prosjekt 70022 og prosjekt 60106 for meir informasjon om investeringstiltak.

Tilrettelegging for næringsliv	Aktivitet
Nedre Dragsund 2	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak *

Merknad
Sjå prosjekt 70023 for meir informasjon om planlagde investeringstiltak.

HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr: Arkiv:	2017/637

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
35/17	Komite for næring, kultur og idrett	22.05.2017
64/17	Kommunestyret	21.06.2017

ÅRSMELDING OG REKNESKAP HERØY FRIVILLIGSENTRAL 2016

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 22.05.2017

Årsmelding og rekneskap for Herøy frivilligsentral 2016 vert godkjend.

Tilråding:

Årsmelding og rekneskap for Herøy frivilligsentral 2016 vert godkjend.

Særutskrift:
Herøy frivilligsentral
Økonomileiar
Kulturleiar

Vedlegg:
Herøy frivilligsentral 2016 årsreknskap
2016 Årsmelding Herøy frivilligsentral

Samandrag av saka:
Herøy kommune er eigar av Herøy frivilligsentral og kommunestyret er årsmøte for denne. Vedlagt fylgjer årsmelding og reknskap for Herøy frivilligsentral 2016.

Saksopplysningar:
Formål:
«Frivilligsentralen (FS) i Herøy skal bidra til å gjere Herøy kommune (HK) til ei enno betre kommune å bu i ved å kartleggje, synleggjere og ta i bruk dei frivillige ressursane i kommunen. FS skal vere eit knutepunkt og bindeledd mellom dei som vil yte ein ubetalt innsats i nærmiljøet/ lokalsamfunnet og dei som ynskjer å motta slik innsats. FS skal fungere som møteplass og brubyggjar mellom menneske, frivillige lag og organisasjonar/ samanslutningar og det offentlege.»

Årsmelding:
Årsmeldinga for 2016 viser at sentralen er involvert i mange aktivitetar, både i regi av sentralen sjølv og i samarbeid med frivillige personar, lag og organisasjonar, samt kommunale avdelingar og næringslivet.

Av kommunens gjennomgåande perspektiv, bidrar frivilligsentralen bl.a. til aktivitetar innan folkehelse (alt dei gjer), for born og unge (natteravnar, Alle til topps, TV-aksjonen til inntekt for Røde Kors' arbeid, internasjonal julefest) og verdiskaping (samarbeid med lag og organisasjonar som bidreg til utvikling av lokalmiljøet; for eksempel tjukkasgjengen og eldrebølgen).

Med omsyn til kommunens satsingsområder på heilskapleg sentrum- og samfunnsutvikling, vil vi særleg framheve sentralen som ein viktig møteplass for menneske i alle livsfasar. Enkelte er innom berre få gongar, mens andre nyttar sentralens aktivitetar over fleire år. Det å ha lokalar på gateplan og med nærleik til parkering er viktig for å kunne legge til rette for rørslehemma.

Rekneskap
Frivilligsentralen sitt rekneskap for 2016 viser eit samla mindreforbruk på vel kr 46'. Avviket vert påverka av kva aktivitetar som skjer, og evt. inntekter knytt til desse og er ikkje fullt ut førutsigbare.

Vurdering og konklusjon:
Rådmann rår til at årsmelding og rekneskap vert godkjend.

Konsekvensar for folkehelse:
Folkehelsearbeid er samfunnets innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer befolkningens helse og trivsel, forebygger psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, og arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som direkte eller indirekte påvirker helsen (Regjeringen). Herøy frivilligsentral er ein viktig bidragsytar i lokalmiljøet og bidreg til å skape gode møteplassar og aktivitetar for bl.a. auka trivsel, betre fysisk- og psykisk folkehelse og å førebygge einsemd.

Konsekvensar for beredskap:
Gode og godt organiserte frivillige aktivitetar, samt dyktige frivillige, kan vere ein viktig ressurs i lokalsamfunnet når kommunen opplever små og større kriser.

Konsekvensar for drift:
Ingen ut over allereie vedteke budsjett.

Fosnavåg, 28.04.2017

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Kommunalsjef, samfunnsutvikling

Sakshandsamar: Eileen Gjerde, kulturleiar

Konto	Konto (T)	Rekneskap (1)
11208	Diverse utgifter	0,00
11400	Annonser og reklame	0,00
14290	Moms generell kompensasjonsordning	0,00
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	0,00
231	Aktivitetstilbud barn og unge	0,00
10100	Fast lønn	423 259,61
10200	Vikarar	25 811,93
10209	Variable tillegg vikarar	975,52
10500	Løn- og trekkpliktig godtgjersle	6 000,00
10900	Pensjon	89 970,65
10902	Kollektiv ulykkes- og gruppelivforsikring	900,00
10990	Arbeidsgiveravgift	75 464,58
11000	Kontormateriell	2 192,54
11001	Papir	112,00
11002	Abonnement aviser og fagtidsskrifter	0,00
11051	Anna undervisningsmateriell	0,00
11150	Matvarer	11 613,76
11150	Matvarer	1 060,00
11151	Servering møter, kurs, representasjon	11 278,23
11200	Reinhaldsmateriell	2 093,70
11202	Velferdstiltak	6 015,50
11203	Anna forbruksmateriell	676,00
11208	Diverse utgifter	11 309,98
11300	Porto	128,00
11301	Telefoni	1 855,06
11302	Banktenester og gebyr	258,42
11400	Annonser og reklame	15 100,94
11500	Kursutgifter	1 736,00
11501	Opphaldsutgifter kurs	1 340,00
11600	Reiseutgifter, oppgåvepliktige	24 897,04
11601	Diettgodtgjersle, oppgåvepliktige	1 971,00
11603	Km godtgjersle skattepliktig del	1 928,64
11703	Reiseutgifter, ikkje oppgavepliktige	8 229,02
11800	Straum	13 791,65
11900	Husleige	156 000,00
11951	Lisenser	11 419,40
11952	Andre avgifter og gebyrer	840,00
11953	Kontingentar	500,00
12000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	3 348,19
12003	Kjøp av kontormaskiner	0,00
12300	"Vedlikehold og byggetjenester	0,00
12400	Serviceavtaler og reparasjoner	0,00
12600	Renhold, vaskeri- og vaktmestertjenester	0,00
14290	Moms generell kompensasjonsordning	12 173,59
15500	Avsetning til bundne fond	4 620,00
16200	Avgiftsfrie salsinntekter	(14 582,00)

16500	Avgiftspliktig sal av varer og teneste	0,00
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	(12 173,59)
17509	Sal av tenester til Herøy kommune	(55 000,00)
17900	Interne Overføringar	0,00
18100	Statstilskot	0,00
18101	Statstilskot - øyremerka	(310 000,00)
18901	Gåver	(9 620,00)
234	Aktivisering og servicetjenester overfor eldre og funksjonshemmede	527 495,36
11000	Kontormateriell	384,48
11150	Matvarer	1 147,18
11200	Reinhaldsmateriell	202,48
11208	Diverse utgifter	372,78
11400	Annonser og reklame	249,53
11501	Opphaldsutgifter kurs	1 012,73
11703	Reiseutgifter, ikkje oppgavepliktige	797,27
14290	Moms generell kompensasjonsordning	483,32
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	(483,32)
385	Andre kulturaktiviteter og utgifter til kulturbygg	4 166,45
4021	Frivillighetssentralen	531 661,81
40	Kulturavdelinga	531 661,81
		531 661,81

Rev.bud (1)	Avvik (1)
15 405,00	15 405,00
10 270,00	10 270,00
6 419,00	6 419,00
(6 419,00)	(6 419,00)
25 675,00	25 675,00
428 128,00	4 868,39
0,00	(25 811,93)
0,00	(975,52)
0,00	(6 000,00)
88 814,00	(1 156,65)
822,00	(78,00)
72 889,00	(2 575,58)
4 190,00	1 997,46
0,00	(112,00)
1 362,00	1 362,00
1 048,00	1 048,00
16 630,00	5 016,24
0,00	(1 060,00)
4 190,00	(7 088,23)
2 095,00	1,30
4 190,00	(1 825,50)
2 095,00	1 419,00
0,00	(11 309,98)
3 143,00	3 015,00
5 238,00	3 382,94
0,00	(258,42)
10 475,00	(4 625,94)
5 711,00	3 975,00
2 095,00	755,00
52 377,00	27 479,96
3 143,00	1 172,00
0,00	(1 928,64)
5 238,00	(2 991,02)
10 393,00	(3 398,65)
163 416,00	7 416,00
8 380,00	(3 039,40)
0,00	(840,00)
0,00	(500,00)
10 475,00	7 126,81
7 333,00	7 333,00
8 380,00	8 380,00
4 190,00	4 190,00
20 951,00	20 951,00
33 320,00	21 146,41
0,00	(4 620,00)
(20 000,00)	(5 418,00)

(10 000,00)	(10 000,00)
(33 320,00)	(21 146,41)
0,00	55 000,00
(55 000,00)	(55 000,00)
(310 000,00)	(310 000,00)
0,00	310 000,00
0,00	9 620,00
552 391,00	24 895,64
0,00	(384,48)
0,00	(1 147,18)
0,00	(202,48)
0,00	(372,78)
0,00	(249,53)
0,00	(1 012,73)
0,00	(797,27)
0,00	(483,32)
0,00	483,32
0,00	(4 166,45)
578 066,00	46 404,19
578 066,00	46 404,19
578 066,00	46 404,19

Årsmelding Herøy Frivilligsentral 2016.
Tenester og oppgåver i avdelinga
Frivilligsentralen i Herøy skal bidra til å gjere Herøy kommune til ei enno betre kommune å bu i ved å kartlegge, synleggjere og ta i bruk dei frivillige ressursane i kommuna. Frivilligsentralen skal vere eit knutepunkt og bindeledd mellom dei som vil yte ein ubetalt innsats i nærmiløet/lokalsamfunnet og dei som ynskjer å motta slik innsats. Fs skal fungere som møteplass og brubyggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar/samanslutningar og det offentlege.

Økonomi: Tilskot Kulturdepartementet 310 000,- Tilskot frå Tryg til drift av Natteravntenesta 5000,- Gåver Marine Harvest 4620 ,- Rekneskapen syner eit overskot på kr. 46 404,19	
Organisasjon:	
Eigar:	Herøy kommune Kulturavdelinga, Eileen Gjerde.
Styret:	Styreleiar: Sigurd V. Nygard, vara Kurt Dalhstrøm (Politisk valt) Nestleiar: Karl Anders Brendmo, vara Karine Sæter (Kyrkja) Styremedlem: Terje Krogset, vara Elsi Hagen (Ytre Herøy pensjonistforening) Styremedlem: Gudbjørg Nørvåg Dale, vara Åshild Ørnhaug. (Sanitetsforeninga) Styremedlem: Magne Nærø, Kurt Are Skarbø. (Frivillige)
Dagleg leiar:	100 % stilling, Britt Paulsen.
Møter/kurs/konferansar:	Styremøter: 3 møter der det er handsama 16 saker. Årsmøte: kommunestyret 27.10 val av to nye styremedlemmer, kommunestyret 15.12 godkjenning av årsmelding og årsrekneskap. Arbeidsgruppe julefest: 3, natteravn: 3, kulturgruppe: 2 gongar pr månad, statusmøter: 2 gongar pr månad, NAV 2, nettverksamling 3, TV aksjon: 3, fosnavågrevyen: 3, møter i forbindelse med flytting til kulturhuset 3, arbeidsgruppe den kulturelle spaserstokk: 3, livsglede for eldre HVS 1, flyktningtenesten 1. Vi har også delteke på: regionskonferanse, fagdag fagforbundet og frivilligkonferanse i regi av KS, jubileumsfest til Herøy sanitetsforeining, samarbeidsmøte med servicetorget, prosjektgruppe for strategisk næringsplan.
Tenester:	
Frivillige lag og organisasjonar	• Utlån av lokalet: LEVE, Barnas turlag, Personskadeforeninga, Herøy kameraklubb, Herøy videoklubb, Herøy senioruniversitet, NFU, Fosnavåg Rock, Herøy videoklubb, Herøy Arbeiderparti og Handykapforbundet. • Liste over lag og organisasjonar: vert oppdatert fortløpande. Påminning sendast ut nokre gongar pr. år. Lista ligg tilgjengeleg på heimesidene til

	kommunen og Frivilligsentralen. • Hjelper til med rekruttering av medlemmar. • Påminning og tips via epost, nettside og facebook om kvar, korleis og frist for å søkje tilskot eller prosjektmidler. • Frivilligprisen, vi fekk inn 9 forslag, etter avstemming fekk Alette Teige prisen og den vart delt ut under eit arrangement i Herøy kyrkje 15.februar 2017.
Møteplassar, integreringstiltak, bulyst og førebyggande folkehelse.	• **Tjukkasgjengen** har tur 3 dagar pr veke. • **Internasjonal julefest** i Herøy kyrkje 9.januar. • **Strikkekafe`** kvar torsdag på dagtid. På kveldstid fire gongar. Samarbeid med Fosnavåg kino om strikkekino. • **Eldrebølgen**, Dette er eit trivselstiltak for eldre både på institusjonane og heimebuande. Pensjonistlaga, LHL og Frivilligsentralen samarbeider om dette. Vi går tur i nabolaget når det er ver til å vere ute elles enkel trim innandørs. LHL Søre Sunnmøre og Ytre Herøy pensjonistforening har ansvar for trimmen innendørs på begge omsorgssentera. • **Revygruppe,** hadde første framsyning 8.april. Dagleg leiar er sekretær for styret fram til årsmøtet i mai, gruppa er no sjølvstendig. • **TV Aksjon**, gjekk i år til Røde kors, ordførar er leiar av aksjonen, dagleg leiar koordinerer rodeleiarar og bøssebærarar. Vi hadde full bøssebærardekning og resultatet syner 56,56 i snitt pr innbyggar. • **Den kulturelle spaserstokken**, dagleg leiar er kontaktperson i kommunen. Arbeidsgruppe består av kulturkontakter på omsorgssentera og frivilligsentralen. 16 arrangement har vi avvikla, pluss aktivitetsdag på Herøy omsorgssenter og dagkino «Kongens nei». DKS har også bidrege til profesjonelle innslag på eldrerådes eldrefest og til katalogen i høve jubileèt til Stokksund kyrkje. • **«Alle til topps»** ilag med 11 andre frivilligsentralar på Sunnmøre gjekk dette arrangementet av stabelen 29.mai. I Herøy hadde vi fokus på inkludering i samarbeid med Myrvåg omsorgssenter, handykapforbundet og NFU fekk vi bra deltaking også av røyrslehemma. I Myrvåg var det Tjørvåg idrettslag som organiserte arrangementet, medan på Heid var det frivilligsentralen ilag med handykapforbundet som sto for organiseringa.
Hjelpetenester	• **Middagsombringing** har vi to dagar pr veke. Vi køyrer 2 ulike ruter kvar gong. Det har vorte levert ut ca 2000 middagar, og det frivillige arbeidet utgjer ca 20% stilling. Det er ei fast kjerne på 10 personar som køyrer etter oppsett turnus. Dei som køyrer får køyregodtgjerelse og vi arrangerer «sjåførkaffi» ein gong pr månad. Brukarar må ha vedtak frå pleie og omsorgsavdelinga for å få bringa mat heim til seg. 4

	nye frivillige har meldt seg til denne tenesta i 2016, vi er no godt hjelpte. • **Høyrselhjelp,** personar frå høyrselsforbundet kjem to gongar pr månad og hjelper dei som treng det med høyreapparat og rådgjeving. Omlag 60 personar har vore innom og fått hjelp av likepersonane. Sal av batteri er også ei teneste frivilligsentralen yter utanom høyrselhjelpa. • **Natteravnar,** har eige styre på 6 personar, desse byter på å orientere foreldre som skal vere natteravn, fortrinnsvis fredagar i forbindelse med ungdomsklubbane. Dei har også ravna på festivalar og i russetida både i Herøy og nabokommunene. Informasjonsmøter om rus på Herøy kulturhus: I samarbeid med ungdomskulane, MOT, FAU og Politiet arrangerte ein to møter, eit for alle ungdomskuleelevar og tilsette på dagtid, og eit for føresette og andre interesserte på kveldstid. Tilsaman deltok ca 400 på desse møta.
Samarbeidspartar	• Frivillige lag og organisasjonar, • Kulturavdelinga. • Frivilligsentralar i nabokommuner. • Herøy kyrkje. • Herøy frikyrkje. • Flyktningteneste. • Internasjonal skule. • Natteravnar: ungdomsarbeidar, FAU, MOT, Ytre Herøy ungdomskule, Stokksund skule, Møre skule, Politiet. • Pleie -og omsorgsavdelinga. • NAV flyktning og Internasjonal skule. • Bulystprosjektet.
Marknadsføring	Vestlandsnytt med annonser, artiklar og omtaler, Herøynytt, Servicekontoret, facebook, heimesider: frivilligheroy.no og heroy.kommune.no, plakatar og oppslag, flyers, epost, sms, «jungeltelegraf» og fornøgde brukarar. Vi har i tillegg kjøpt inn ein infoskjerm som er montert på Internasjonal skule, der høvelege aktiviteter og tilbod frå heile kommunen vert markedsført.
Hovedutfordringar/prioritering 2017. • Arbeide for å få eit betre samarbeid med andre avdelingar i kommunen. • Flytte i nye lokalet på Herøy kulturhus og finne oss til rette der. • Skape nye og oppretthalde aktivitetar med fokus på bulyst, inkludering og førebyggande folkehelse. • Bli endå betre på godt samarbeid med lag og organisasjonar.	

Fosnavåg 17.03.2017

-Sigurd Nygard, styreleiar-

-Britt Paulsen, dagleg leiar-

-Karl Anders Brendmo-

-Åshild Ørnhaug-

-Magne Nærø-

-Terje Krogset-

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2017/708
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
19/17	Eldrerådet	12.06.2017
12/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	09.06.2017
24/17	Komite for helse og omsorg	15.06.2017
19/17	Komite for oppvekst	14.06.2017
51/17	Komite for næring, kultur og idrett	19.06.2017
39/17	Maritim og teknisk komite	19.06.2017
94/17	Formannskapet	06.06.2017
65/17	Kommunestyret	21.06.2017

TERTIALRAPPORT PER 01.05.2017.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 06.06.2017
Saka vert tatt til vitande.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 19.06.2017
Saka vert tatt til vitande.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 14.06.2017

Saka vert tatt til vitande.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for helse og omsorg - 15.06.2017

Saka vert tatt til vitande.

Møtebehandling:
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har slike merknader:

> «Herøy Omsorgssenter:
> Døropnar ut til hage er tung å opne. Årsak: dørterskel er høg ut til hage.
>
> Oppvekst:
> Ønskjer tilbakemelding på avvik hærverk på Sunnmørsbadet.
>
> Driftstilskot fysioterapi:
> Etterlyser fleire og større stillingar, lange ventelister osv. Det er født mange barn som treng fysikalsk behandling.
>
> Kvikk Herøy:
> Ønskjer dette tilbodet vidareført.
>
> Bekymring for legetenesta og få nok fastlegar tilsett. Fortsatt mykje vakanse.
>
> Status for planlegging av Herøy ressurssenter. Ønskjer tilbakemelding.»

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2017
Saka vert teke til vitande.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Eldrerådet - 12.06.2017

Saka vert tatt til vitande.

Tilråding:

Saka vert tatt til vitande.

Særutskrift:

Rådmannen si leiargruppe
Kontrollutvalet

Vedlegg:
- Tertialrapport frå sektorane.

Saksopplysningar:
Saka gjeld tertialrapport pr. 01.05.2017..

Bakgrunn
I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

Sjukefråvær
Kommunestyret har i K-sak 17/03 vedteke:
"Herøy kommune teiknar samarbeidsavtale med trygdeetaten for eit meir inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen skal gjelde frå 1 april 2003."
Eit av føremåla med samarbeidsavtalen er å få ned sjukefråværet. For å følgje med utviklinga i sjukefråværet skal det rapporterast for dette kvart tertial.
IA- avtalen er resignert. Partane er NAV Arbeidslivssenter, arbeidstakarorganisasjonane ved Fagforbundet lokalt og arbeidsgjevar ved rådmannen.

Vedtaksrapportering
Vedtaksrapportering omfattar oppfølging av vedtak fatta i politiske organ. På denne måten skal formannskapet og kommunestyret kvart tertial få ei oppdatering på kor langt ein har kome i oppfølginga.

Tenesterapportering
Denne rapportering omfattar avvik i kommunen si oppfølging av innbyggarane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningsliner og vedtak. Avviket kan vere registrert i form av avviksrapportar frå medarbeidarar, rapport frå tilsynsorgan, revisjonsrapportar eller som klage frå innbyggarane.

Prosjektrapportering
Det er utarbeidd prosedyrar for planlegging og gjennomføring av anlegg og byggeprosjekt frå eit prosjekt vert planlagt, finansiert, lagt ut på tilbod/innhenta tilbod, gjennomført og til det er avslutta (inklusive sluttrekneskap). Status for dei ulike prosjekta skal rapporterast.

Vurdering og konklusjon:
Det er viktig at rådmannen får tilbakemelding. Det gjeld både struktur og innhald. Rådmannen vi då prøve å tilpasse seinare rapportar i forhold til tilbakemeldingane

Fosnavåg, 19.05.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Tertialrapport 1. tertial 2017 – STAB

1. Viktige hendingar

Hendingar	Tidspunkt
Styreseminar Opplæringskontoret	30. januar
KS-strategikonferanse i Molde	15. og 16. februar
Avspark 10-faktor medarbeidarundersøking, professor Linda Lai	8. mars
Opplæring i høve oppsett og gjennomføring av 10-faktor	23. mars
Årsmøte Opplæringskontoret	27. mars
Kommunalpolitisk toppmøte	4. og 5. april
Ansvar for HMS-opplæring for verneombod og leiarar i Sjustjerna	24. og 25. april
Arbeid med årsrekneskap og årsrapport	vinter/vår
Folkerøysting kommunesamanslåing	27. februar
CIM-kurs (internt)	25. og 26. januar
Beredskapsøving (Fylkesmannen var arrangør)	6. april

2. Vedtaksrapport

Vedtak	Saksnummer
Inkje å rapporten då alle vedtak anten er knytt til prosjekt og vert rapportert der eller knytt til startlån og ikkje vert rapportert.	-

3. Tertialrapportering teneste

Utfordringane for dei kommunale tenestene vil variere frå tenesteområde til tenesteområde. Dei felles utfordringane er:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Der er det formulert spesifikke **utviklingsmål for dei ulike tenestene**:

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar.	Avvik og klager.
Status 2016	Ikkje målt.	Manglar data.
Ambisjon 2020	Betre enn landsgjennomsnittet.	Manglar data.
Resultatmål 2017	Betre enn landsgjennomsnittet.	Manglar data.
Tiltak i Personal- og organisasjonsavdelinga	1) Gjennomføre 10-faktor (medarbeidarundersøking)	1) Implementere og ta i bruk nytt tidsregistreringssystem tidBANK
	-	2) Implementere og ta i bruk elektroniske skjema i høve løn. (Føresetnad: samarbeid med SSIKT og tekniske høve)
	-	3) Ta del på prioriterte kurs innan personal- og organisasjonsfaget

	-	4) Gjennomføre opplæring for leiarar
Status tiltak 1. Tertial	1) Sett opp og sendt ut 10-faktor (medarbeidar-undersøking).	1) tidBank er implementert og teke i bruk. Gjennomført oppfylging og opplæring av leiarar og medarbeidarar på systemet. 2) Starta med leiaropplæring med utgangspunkt i Bestikken.
Tiltak i Økonomiavdelinga	-	1) Kursaktivitet bl.a. knytt til nytt mva-regelverk
Status tiltak 1. Tertial		1) Har gjennomført internkursing i økonomiavdelinga. Har også halde kurs for andre avdelingar i organisasjonen, t.d. rett kontering og mva. m.m.
Tiltak i Servicetorget	1) Innbyggarundersøking	1) Utarbeide og ta i bruk serviceerklæring
	2) Ta i bruk tilbake-meldingssystem (HappyOrNot)	3) Interne kurs knytt til rolla som servicevert
	-	4) Kurs i kommunikasjon (kommunikasjonsplan og pressemeldingar)
	-	5) Utarbeide kommunikkasjonsplan
	-	6) Aktivt nytte avvikssystemet Copilo
	-	7) Gjennomføre CIM-kurs og beredskapsøvingar
Status tiltak 1. tertial	1) Sendt ut innbyggarundersøking til 2000 innbyggarar. Har byrja med registreringsarbeid. 2) Teke i bruk HappyOrNot på rådhuset.	1) Byrja arbeidet med å utarbeide servicerklæring. 5) Byrja arbeidet med å utarbeide kommunikasjonsplan.
Tiltak i IKT-avdelinga	1) Måle responstid på brukarstøtte (support)	1) Rutinar i høve nye prosjekt og innkjøp
	2) Måle løysingstid på innmelde saker	2) Definere tenesteleveranse og SLA (Service Level Agreement) for SSIKT og lokal IKT-avdeling)
	3) Måle oppetid på dei ulike fagsystema	3) Syte for driftsstabile system
	4) Måle oppetid på nettverk	-
	5) Brukarundersøking	-
Status tiltak 1. tertial	1 og 2) Nytt brukarstøtte-system tatt i bruk i januar med moglegheit for å ta ut statistikkar 3 og 4) Felles system for SSIKT 5) Vert sendt ut ved kvar lukka sak. Gjennomført. Vurdere å legge ut på Intranett.	1) Felles klientstrategi for kommunane i sjustjerna under arbeid. 2) Utkast til SLA til handsaming hjå rådmannsgruppa i sjustjerna 3) Kontinuerlieg arbeid.
Tiltak Dokumentsenter og pol. Sekretariat	-	1) Endring av mal for saksframlegg, med samandrag av saka
	-	2) Optimalisere og samordne innsyn/politikk på kommunene sine heimesider (Interkommunal arbeidsgruppe)
Status tiltak 1. tertial		1) Endring av mal er gjennomført. 2) Optimalisere og samordne

		innsyn/politikk på kommunene sine heimesider er under arbeid. Interkommunalarbeidsgruppe ikkje aktuelt.
Tiltak i Eigedomsavdelinga (Byggdrift)	1) Utarbeide nøkkeltal for måling av tenesteutvikling	1) Alle byggmessige avvik og aktivitetar skal registrerast i avvikssystemet Famac
	-	2) Inngå lærlingeavtale med 1 lærling
Status tiltak 1. tertial	1) Førebels legg vi opp til at måling og nøkkeltal knyttast til antall innmeldte avvik, aktivitetar under utførelse og aktivitetar som er lukka, herunder aktivitetar knytt til naudsynt eigenkontroll.	1) Bygningsmessige avvik vert meldt i Famac frå brukarane direkte. Vi arbeidar no med å få registrere avvik frå offentlege tilsynsorgan eller private samarbeidspartnarar. FamacWeb som fagsystem er ikkje fullt ut tilpassa slike avvik pt. 2) Lærlingavtale er ikkje inngått, men vi har meldt vår interesse for å inngå kontrakt med lærling.
Tiltak i Eigedomsavdelinga (Reinhald)	1) Utarbeide nøkkeltal for måling av tenesteutvikling	1) Digitalisering av reinhaldsplanar i Famac
Status tiltak 1. tertial	1) Førebels legg vi opp til at måling og nøkkeltal knyttast til antall innmeldte avvik, aktivitetar under utførelse og aktivitetar som er lukka, herunder aktivitetar knytt til naudsynt eigenkontroll.	1) Pågår. Men føreset digitalisering av planteikningar. Dette krev tid, både fordi vi treng eit faktisk utgangspunkt i tillegg til at vi må samarbeide med eksterne samarbeidspartnarar om digitalisering.
Tiltak i Eigedomsavdelinga (Prosjekt)	1) Utarbeide nøkkeltal for måling av tenesteutvikling	1) Alle tiltak skal planleggast, prosjekterast og gjennomførast i samråd med brukaren
	-	2) Alle tiltak skal evaluerast
Status tiltak 1. tertial	1) Førebels legg vi opp til at måling og nøkkeltal knyttast til antall innmeldte avvik, aktivitetar under utførelse og aktivitetar som er lukka, herunder aktivitetar knytt til naudsynt eigenkontroll.	1) Alle investeringstiltak og planlagte vedlikehaldstiltak er underlagt prosjektstyring i Famac der verksemda sin representant saman med sitt verneombod og verneombod for byggdrift og reinhald også har tilgang. 2) Mal for evalueringsrapport er under utarbeidelse, men ikkje ferdigstilt.
Tiltak i Eigedomsavdelinga (Bustadforvaltning og startlån/tilskot)	-	1) Klargjering av bustad innan 30 dagar etter avlevering frå leigetakar
	-	2) Utarbeiding av buopplæringsplan for alle nye kontraktshøve
	-	3) Finansinstituasjonar og brukarar skal få betre informasjon om startlån og tilskot
Status tiltak 1. tertial		1) Seksjon Byggdrift er no fulltallige og vert frå og med mai organisert i team der eine temaet har hovudansvaret for klargjering av bustadar og oppfølging av leigetakarar. Vi har ikkje måltal pt. Som syner status i forhold til målet om 30 dagars klargjeringstid. 2) Buopplæringsplan er under

		utarbeiding, men er ikkje ferdigstilt. 3) Ikkje gjennomført pt.

4. Organisasjon

Kommunen gjennomførde Kommunekompasset i 2016 og fekk ein skår på 329 av 800 moglege. Dette er middels bra og midt på listene over dei 45 kommunane som har gjennomført ein eller fleire kommunekompassevalueringar sidan 2010:

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommune-organisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.	Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidlegavgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølgjing Kommune-kompasset.	Oppfølgjing arbeids-gjevarpolitikken.	Førebygge og følgje opp sjukemelde.	Oppfølgjing seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidar-undersøking.	Sjukefråver-statistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	8,42 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2020	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2017	Neste måling i 2018.	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Tiltak i Staben	Leiarutviklings-program i samband med medarbeidar-undersøking (10-faktor) i regi av KS konsulent	Med bakgrunn i resultat og faktorane i medarbeidar-undersøkinga 10-faktor, skal det utarbeidast tiltaksplan innanfor kvar avdeling	Gjennomføre regelmessige IA-møte med partane i IA-uvalet	Revidering av arbeidsgjevar-politikk og rutinar på personalområdet
Status tiltak 1. tertial	Gjennomført 1. samling av 3 i leiarutviklingsprog rammet.		Gjennomført eit IA-møte.	Partsamansett arbeidsgruppa arbeider kontinuerleg med

		-		revidering av arbeidsgjevar-politikk og rutinar på personal-området

5. Samfunnsutvikling

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen 2013-2015 er det utarbeidd mål, strategiar og handlingsplan for samfunnsutviklinga. Dette er søkt innarbeidd i dette dokumentet og lagt til grunn for prioriteringane.

Mål	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	Herøy kommune skal ha godt omdøme.
Korleis lukkast?	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggarundersøking. Folketalsutviklinga. Data reiseliv.	Innbyggarundersøking.	Innbyggarundersøking
Status 2016	8 972 innbyggjarar.	Manglar data.	Manglar data.
Ambisjon 2020	10 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Resultatmål 2017	9 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Tiltak i Stab	1) Obligatorisk opplæring for nytilsette	-	1) Annonsere politiske møter og saksliste på Facebook
	2) Gjennomgang og revisjon av arbeidsgjevarpolitikken	-	2) Etablere forslagskasse for innbyggarane til politikarane
	3) Utarbeide turkart	-	3) Etablere kontaktpunkt for ordførar og innbyggarar
Satus tiltak 1. tertial			1) Annonsere politiske møter og saksliste på Facebook, er under arbeid. 2) Etablere forslagskasse for innbyggarane til politikarane, er under arbeid. 3) Etablere kontaktpunkt for ordførar og innbyggarar, er gjennomført.

6. Status prosjekt i Eigdomsavdelinga og IKT-avdelinga

Prosjekttiltak Eigedomsavdelinga			
Nr.	**Prosjekt**	**Aktivitet**	**Status 1. tertial**
51408	Einedalen skule – fleirbrukshall	Revisjon av byggeprogram	Vi har igangsett arbeidet med å greie ut tre alternative fleirbrukshallar som anten kan plasserast ved Einedalen skule eller ved Herøy kulturhus samt gymsal for plassering ved Einedalen. Vi har store utfordringar med å makte ferdigstilling av dette til juni. Målsettinga er å kunne levere eit forslag i haust – anslagsvis september.
51412	Omsorgsbustadar og base for heimetenesta	Nybygg	Prosjektet vert økonomisk avslutta i løpet av 2017.
60106	Herøy kulturhus og idrettshall	Asbestsanering	Startar 12. juni. Då stenger vi også store delar av kulturhusdelen for publikum.
		Nye ytterdører og skalsikring	Konkurransegrunnlag er under utarbeiding.
		Soneinndeling og delvis utskifting av innerdører	Konkurransegrunnlag er under utarbeiding.
		Rehabilitering av lokale for Frivillegsentralen	Konkurransegrunnlag er under utarbeiding.
60604	Hovudbrannstasjon	Forprosjekt - alternative løysingar	AG Plan og Arkitektur AS er valgt som arkitekt for forprosjektet og har levert eit fyrste utkast som no er til revisjon hos arkitekt.
61302	Ny bil eigedomsavdelinga – reinhald	-	Avslutta.
61504	Herøy ressurssenter	Forprosjekt	Eigedomsavdelinga avventer den utgreiing som helse- og omsorgskomiteen skal levere til kommunestyret vedrørande omsorgstilbodet generelt.
61510	Nedre Dragsund 2 - mindre rehabilitering	Tilrettelegging for utleige.	Prosjektleiar er tilbake frå pappapermisjon. Tiltaket er ikkje påbegynt.
70016	Bergsøy skule Borga - mindre rehabilitering	Rehabilitering av yttertak – gymsal	Er under arbeid. Konkurransegrunnlag for fasadeutbetring og taksikring på hovudfasaden er under utarbeidelse.
		Desentralisert ventilasjon – prøveprosjekt	Prøveprosjektet er avslutta. Det beror på budsjettprosessen for 2018 om dette skal prøvast ut i fullskala.
70017	Brannsikring av kommunale bygg	Lukking av branntekniske avvik	I arbeid. Mange prosjekt i mange bygg.

70018	EPC – Energisparekontrakt	Fase 1 – Analyse	AF Energi og Miljøteknikk AS er valgt som EPC-entreprenør. Kartlegging av kommunale bygg startar i løpet av mai månad.
70020	Herøy omsorgssenter - mindre rehabilitering	Oppgradering av utvendig rømingsveg	Utført. Vert økonomisk avslutta i løpet av hausten.
		Nye ytterdører og skalsikring	Utført. Vert økonomisk avslutta i løpet av hausten.
		Rehabilitering av brannseksjonering mot Herøy helsesenter	Utført. Vert økonomisk avslutta i løpet av hausten.
		Bygging av mindre utebod for kjøkkenavdelinga	Utført. Vert økonomisk avslutta i løpet av hausten.
70021	Herøy rådhus - mindre rehabilitering	Asbestsanering	Konkurransegrunnlag under utarbeiding.
		Nye ytterdører og skalsikring	Konkurransegrunnlag under utarbeiding.
		Nye branndører	Konkurransegrunnlag under utarbeiding.
		Ombygging av personaltoalett	Konkurransegrunnlag under utarbeiding.
		Rehabilitering av personheis – forprosjekt	Avventer gjennomføring av øvrige tiltak.
70022	Leikanger skule og grendahus	Tilbygg og rehabilitering	Utført. Vert økonomisk avslutta i løpet av hausten.
70039	Kvithaugsmyra 4 - mindre rehabilitering	Rehabilitering av yttertak	Konkurransegrunnlag under utarbeiding.
70040	Myrsnipa barnehage - mindre rehabilitering	Rehabilitering av yttertak	Konkurransegrunnlag under utarbeiding.

Prosjekttiltak IKT-avdelinga		
Prosjekt	**Aktivitet**	**Status 1. tertial**
Nytt supportsystem IKT	Testfase	Gjennomført. Testfase ferdig i mars.
Vurdering nytt skuleadministrativt system	Sjustjernaprosjekt	Strategigruppesak sett.
Flytting av kulturserver/DX-billettsal	Mogleg i februar, men ventar på svar frå DX	Gjennomført i mars.
Nytt program helsestasjon	Overgang til HsPro saman med Sande (dei andre 5 køyrer dette)	Jobbast med. Ikkje sikkert det vert noko av. Pilotversjon. Inger Marie.
WIFI- Flytte alle WIFI-antenner over til SSIKT	Starta januar - Cisco prime for wlan kontrollere vil forenkle bl.a. utdeling av gjestenett-passord	Utført. Teiknar no kart over alle bygg med plassering av WIFI-antenner.
Flytte internettaksess over til SSIKT sine linjer	Februar/mars	Gjennomført. Lokal internettaksess frå Tussa sagt opp.
Flytting av ISY-proaktiv	2017	Mogleg ny versjon. Usikkert.
Oppgradering av ShiftManager til ny versjon	Veke 6	Ferdig.
Flytting av DB Visma barnehage	Program er flytta til driftssenteret, database ligg igjen lokalt	Pågår
Prosjekt 10G nettverk	Kjernenettet klart for 10G linjer ut til andre kommunale bygg med fiber. Vert testa mot skular som nyttar streaming	Pågår
Flytting fiber rådhuskjellar	Tussa og Herøy kommune sin fiber skal trekkast til telerommet i staden for gamle serverrommet. Full nedetid alle tenester	Ventar på Tussa. Fått melding om at han som hadde prosjektet slutta i mai, ny person satt på saka.
Utrulling iPad til alle elevar på 1. og 2. trinn	Samarbeid med oppvekstavdelinga som finansierer kjøp av einingane	265 iPadar bestilt og har kome på lager hjå IKT klart til oppsett og utrulling.
Nedbygging/avvikling serverrom på rådhuset	2017	Pågår. Alle serverar er slått av. Fysisk flytting av utstyr gjenstår.
Nybygg OBOBH - Eggesbøtun	Trådlaus, klientar, AV osv.	Ferdig
Maskinrullering	2017	Pågår
Nye AV-løysingar møterom rådhus	2017	Smarttavle og videokonferanse sett i bestilling. Smarttavle vert levert i veke 19. Prøve å få på plass til sumaren
ID-kort?	2017?	Iselin ved servicetorget har tatt bilete av alle tilsette på rådhuset. Held på med utforming av «print» til kortet
Flytting av låsesystem?	2017?	Under vurdering
Flytting av SD-anlegg?	2017?	Pågår

7. Sjukefråvær 1. tertial

Tabell 1 nedanfor viser sjukefråvær for 2. og 3. tertial 2016 og 1. tertial 2017

Tertialvise fråvær i % Herøy kommune 2. og 3. tertial 2016 og 1. tertial 2017 L= Langtidsfråvær, K= Kortidsfråvær									
Avdeling	**2. tertial**	**K**	**L**	**3. tertial**	**K**	**L**	**1. tertial**	**K**	**L**
Personal og	0,92	0,92	0	2,26	2,15	0,11	5,81	1,99	3,81
Økonomi (>	3,53	3,53	0	2,13	2,13	0	2,77	1,36	1,41
Fellessekr.	6,8	0,51	6,29	10,99	1,22	9,77	12,71	0,64	12,07
Rådm./ass.	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	10,59	0	10,59	1,16	1,16	0	6,58	2,47	4,12
Servicetorg	3,38	3,38	0	4,85	4,85	0	5,49	4,66	0,82
Utviklingsav	5	0,31	4,69	10,84	2,73	8,12	17,76	0,82	16,94
Barnehagea	6,4	1,35	5,05	4,24	2,49	1,75	5,8	3,14	2,33
Grunnskule	3,01	1,06	1,95	3,77	1,57	2,2	6,68	1,94	4,75
Anl. og drift	1,24	1,24	0	0,86	0,86	0	2,01	2,01	0
Brannvern (	0,28	0,13	0,14	0,66	0,2	0,46	8,98	3,66	5,32
Helse (<40)	0,95	0,55	0,4	5,54	1,27	4,27	4,72	1,17	3,55
Pleie og om	6,78	1,36	5,42	10,42	2,59	7,83	9,76	2,33	7,43
Bu og hab. (	11,72	2,3	9,41	13,19	2,28	10,91	19,09	3,39	15,7
Barnevern (	3,58	1,16	2,43	11,01	2,13	8,88	18,89	3,92	14,97
Kultur (>10)	0,45	0,22	0,22	3,96	2,01	1,95	1,78	0,32	1,46
Eigedom (<	10,84	2,38	8,46	9,08	2,61	6,47	6,46	2,49	3,97
NAV kommu	11,1	3,9	7,21	20,19	2,5	17,7	20,82	2,71	18,11
Totalt fråvæ	5,57	1,39	4,17	7,39	2,11	5,28	9,05	2,26	6,79

Tabell 2 viser sjukefråvær for 1. tertial 2015, 2016 og 2017

Avdeling	**1. tertial 2015**	**K**	**L**	**1. tertial 2016**	**K**	**L**	**1. tertial 2017**	**K**	**L**
Personal og org. inkl	8,69	1,31	7,37	6,57	3,01	3,56	5,81	1,99	3,81
Økonomi (>10)	5,71	3,21	2,51	10,48	1,36	9,13	2,77	1,36	1,41
Fellessekr. (<5)	0	0	0	4,74	2,77	1,98	12,71	0,64	12,07
Rådm./ass.rådm. (<	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	37,56	0	37,56	5,76	5,76	0	6,58	2,47	4,12
Servicetorget (<10)	8,87	8,87	0	0,71	0,71	0	5,49	4,66	0,82
Utviklingsavd. (<10)	7,12	1,66	5,26	5,61	2,33	3,27	17,76	0,82	16,94
Barnehageavd. (<40	13,63	3,06	10,57	10,3	2,54	7,77	5,8	3,14	2,33
Grunnskuleavd. (<25	7,32	2,44	5,27	7,11	2,32	4,79	6,68	1,94	4,75
Anl. og drift (<15)	11,58	3,22	8,36	1,12	1,12	0	2,01	2,01	0
Brannvern (<30)	1,09	1,09	0	2,23	1,9	0,32	8,98	3,66	5,32
Helse (<40)	8,01	0,98	7,02	5,03	1,34	3,68	4,72	1,17	3,55
Pleie og omsorg (<3	12,08	2,45	9,63	8,76	2,43	6,33	9,76	2,33	7,43
Bu og hab. (<75)	16,05	2,99	13,07	10,01	2,44	7,57	19,09	3,39	15,7
Barnevern (<10)	14,16	0,71	13,45	9,85	3,22	6,63	18,89	3,92	14,97
Kultur (>10)	3,52	2,85	0,67	7,08	2,36	4,72	1,78	0,32	1,46
Eigedom (<40)	12,26	2,7	9,56	16,92	2,84	14,1	6,46	2,49	3,97
NAV kommune (10)	15,51	6,23	9,26	18,17	5,03	13,1	20,82	2,71	18,11
Totalt fråvær	10,53	2,41	8,12	8,61	2,4	6,2	9,05	2,26	6,79

Saksopplysningar:

Herøy kommune hadde eit samla sjukefråvær på 9,05% for 1. tertial 2017. Dersom vi ser på tabell 2 ovanfor viser den at fråværet er lågare enn for same periode i 2015, men høgare enn i 2016. Målsetjinga om eit nærvær på 92,5% er såleis ikkje nådd.

Om vi ser på tabell 1 har det samla sjukefråværet auka gradvis frå 2. tertial 2016 til 1. tertial 2017, men ser vi på historikken er det grunn til å merke seg at 1. tertial er den perioden av året der sjukefråværet ligg høgst (sjå tabell 3).

Ved å sjå på tala for den enkelte avdeling, ser vi likevel at nokre av avdelingane har eit stabilt lågt eller moderat sjukefråvær. Av desse kan vi nemne kultur, helse, IKT, økonomi og barnehage. Den avdelinga som viser ein mest markant nedgang er Eigedomsavdeling, med ein nedgang på 4,38% frå 2. tertial 2016 til 1. tertial 2017. Dersom vi ser på utviklinga frå 1. tertial 2016 til 1. tertial 2017 er sjukefråværet nærare halvert på denne tida.

Det er langt fleire avdelingar som har auke i sjukefråværet, enn som kan vise til nedgang i sjukefråværet .Avdelingar som har hatt ein særleg auke er NAV kommune. Dei har hatt ei dobling i sjukefråværet frå 2. tertial 2016 til 1. tertial 2017. Andre avdelingar som har hatt ein sterk auke i same periode er barnevern med ein auke frå 3,58% til 18,89%, bu- og habiliteringsavdelinga med ein auke frå 11,72% til 19,09%, grunnskulen har hatt over ei dobling frå 3,01% til 6,68% og utviklingsavdelinga frå 5,0% til 17,76%.

Når dette er sagt er det store variasjonar innan den enkelte avdeling i kvar enkelt sektor. Døme på dette er barn, familie og helse som har ein sjukmeldingsprosent som varierer mellom 70% og 0%, likeins skule som varierer mellom 26,64% og 0%, pleie- og omsorgsavdelinga ligg mellom 26% og 0% og bu- og habilitering har ein variasjon mellom 57% og 0%.

Fleire av avdelingane innanfor den enkelte sektor er små, og dette vil sjølvsagt gje utslag på fråværsstatistikken. Det skal såleis lite til for at ei avdeling med få tilsette, gir utslag på det prosentvise fråværet.

I diagrammet under, tabell 3 viser den tertialvise utviklinga frå 2012 og fram til i dag. Av diagrammet kan vi sjå at sjukefråværet for 1. tertial 2017 har plassert seg om lag midt på statistikken for dei tala som her er presenterte.

Tabell 3 viser tertialvist fråvær 2012-1. tertial 2017



Vurdering og konklusjon:

Statistikken over sjukefråvær for 1. tertial 2017 viser at sjukefråvær i fleire avdelingar har auka og at det munnar ut i ein samla auke i fråværsstatistikken. I nokre av avdelingane ser vi ein auke både i korttids- og langtidsfråvær, men at langtidsfråværet er vesentleg høgre en korttidsfråværet.

Den avdelinga som skil seg særleg positivt ut er Eigedomsavdelinga med ein samla fråværsprosent på 6,46%, der reinhaldsavdelinga isolert sett har 7,66% sjukefråvær i dette kvartalet. I denne avdelinga har det vorte jobba systematisk både med det organisatoriske-, ergonomiske-, og psykososialearbeidsmiljøet over tid. Dette syner no gode resultat.

På generelt plan jobbar Personal- og organisasjonsavdelinga med å informere avdelingane når det gjeld status for sjukefråvær og å følgje opp i høve til enkeltsaker.

Årsakene til sjukefråvær er samansette, og trass i systematisk oppfølging og tiltak er det ikkje alltid vi ser resultat på statistikken. Tala viser uansett at vi har mykje godt arbeid å ta tak i, og at vi kan verte betre.

Fosnavåg den 15. mai 2017

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

Kommunalsjef Stab

Tertial rapportering helse og omsorg

1. Viktige hendingar

Avdelingane pleie- og omsorg, barn, familie og helse, og bu- og habilitering vart samla i sektor for Helse og omsorg frå 01.01.17. Helse og omsorg er den største sektoren i Herøy kommune, og har 18 avdelingar/seksjonar per 1. tertial. Vidare intern omorganiseringsprosess er under arbeid. Målsettinga er å lande ny hovudstruktur innan 01.07.17.

Tenesteområda heimeteneste distrikt 1, heimeteneste distrikt 2 og gul avdeling, vart slått saman til ei organisatorisk eining; heimeteneste ytre frå 01.01.17.

16 nye omsorgsbustadar «Eggesbøtun», med heildøgns pleie og omsorg, vart opna 6.mars. Gul avdeling, med 10 institusjonsplassar, vart samstundes nedlagt.

«Kvikk Herøy», eit nytt samarbeidsprosjekt mellom tenestene for psykisk helse og rus, vart satt i gang. Herøy kommune har fått prosjektmidlar frå Fylkesmannen til dette prosjektet, som dekkjer 1,5 årsverk.

Det vart sendt ut brukarundersøkingar innan følgjande tenesteområde 1. tertial: bu- og habilitering, sjukeheim, dagsenter for demente, legetenesta og fysioterapitenesta. Resultat vil kome til politisk handsaming, etter intern handsaming innan tenesteområda.

Som fylkesvinnar av «Gyldne måltidsøyeblikk» i 2016, vart Herøy kommune invitert til oppfølgingsseminar i regi av landbruk, og helse og omsorgsdepartementet. Herøy er invitert med i eit nettverk, som skal bidra til å lyfte «matomsorga» i Norge.

Ressurssenter for omstilling (RO) vann anbodet frå Herøy kommune, for å kartlegge og evaluere helse og omsorgstenestene. Arbeidet som vert gjort no, skal gi grunnlag for ei god og framtidsretta prioritering av helse og omsorgstenestene i Herøy for framtida.

2. Vedtaksrapport

K-sak 21/17	**Sak om fullkostpris i heildøgnsbemanna bustadar**	**Effektuert**
K-sak 22/17	**Busetjing av flyktningar i 2017**	**Under arbeid**
HO-sak 16/17	**Familievikar - forslag til tilbod for familier om hjelp i heimen ved spesielle og akutte forhold**	**Under arbeid**

3. Tertialrapportering teneste

Mål	**Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.**	**Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.**
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar.	Avvik og klager.
Status 2016	Ikkje målt.	Manglar data.
Ambisjon 2020	Betre enn landsgjennomsnittet.	Manglar data.
Resultatmål 2017	Betre enn landsgjennomsnittet.	Manglar data.
Resultatmål barnevern	**Barnevernet leverar kvalitativt gode tenester til dei som treng det.**	**Undersøkelsessaker i barnevern skal følgje krava til tid for undersøking som er i lovverket.**
Korleis måle?	Brukarundersøking.	Ingen overskridelser i undersøkelsessaker.
Tiltak 1.tertial	Brukarundersøking, fyrste halvår 2017- førebels ikkje gjennomført.	Tilsett sakshandsamar i ledig stilling. Evaluere/etablere ny rutinehandbok for barneverntenesta og nye internkontrollrutinar. Fokus på kurs innan feltet.
Resultatmål legetenesta	**Legetenesta leverar kvalitativt gode tenester.**	**"Ta tilbake" pasientane til Herøy frå andre kommunar ved så skape tryggheit for befolkninga med stabil legedekning.**
Korleis måle?	Brukarundersøking.	Rekruttere i henhold til rekrutteringsplan for fastleger. Sjå på tala og samanlikne med det som årleg vert rapportert ifht bruk av fastlegar i andre kommunar.
Tiltak 1. tertial	Brukarundersøkinga for legetenesta vart gjennomført mars 2017.	I fyrste tertial har to legar avslutta sitt tilsettingsforhold i kommunen. Per utgangen av 1.tertial har vi tre ledige fastlegeheimlar. To ved Herøy legesenter og ein ved Myrvåg legesenter. To av desse heimlane er lyst ut, og den siste vil bli lyst ut på eit seinare tidspunkt for å sikre rekruttering og opparbeiding av fastlegelistene i dei andre heimlane. Dette vert det jobba kontinuerleg med.
Resultatmål psykisk helse	**Tal på ungdom som slit psykisk i kommunen, skal reduserast**	**Auke tal på personar med vedtak på tenester i Psykisk Helse, som har tildelt aktivitetstilbod utanfor eigen heim.**
Korleis måle?	Ny kartlegging av status, med betre resultat enn 2015.	Fleire inn i tildelte dagaktivitetstilbod, gruppetilbod

		og individuelt tilpassa tilbod.
Tiltak 1. tertial	UngData kartlegging, fyrste halvår 2017 er gjennomført.	Oppstart av prosjektet "Kvikk" Herøy.
Resultatmål rehabilitering	**Fysioterapitenesta leverar kvalitativt gode tenester.**	**Redusere ventelistene til fysioterapi**
Korleis måle?	Brukarundersøking for dei private fysioterapeutane.	Færre på venteliste.
Tiltak 1. tertial	Brukarundersøking for fysioterapitenesta vart gjennomført mars 2017.	Gode gruppetilbod som gir tilbod til fleire samstundes.
Resultatmål flyktningetenesta	**Få på plass gode samarbeidsrutinar med samarbeidspartane i flyktningetenesta.**	
Korleis måle?	Evaluere samarbeidsavtalen mellom NAV, Internasjonal skule og flyktningtenesta.	
Tiltak 1. tertial	Samarbeidsavtalen var signert 30.11.16. Ikkje evaluert i 1.tertial. Det har vore to samarbeidsmøter mellom flyktningetenesta og internasjonal skule 1.tertial. Det er starta samarbeid med helsesøster, men det er førebels ikkje formalisert.	
Resultatmål NAV	**Redusere utbetaling av økonomisk sosialhjelp, jamført med same tidspunkt i 2016**	
Korleis måle?	Mindre utbetaling i 2017 enn i 2016.	
Tiltak 1. tertial	Det er satt i gang oppstart av kommunal tiltakspakke/ "Klekkeriet". Det er høgare tiltaksnivå - fleire personar på tiltak. Det er økt kompetanse/ strengae handtering av regelverk. Det er lågare utbetaling i 1 tertial 2017, enn1. tertial 2016. Nedgang på vel 200.000,-	
Resultatmål buhabtenesta	**Sikre kvalitet, likeverdig tenestetilbod og stor grad av brukarorientering.**	**Kompetanseutvikling i teneste for utviklingshemma.**
Korleis måle?	Brukarundersøking	Fleire tilsette med yrkes og høgskulekompetanse i tenesta. Frå 74,5 % til 80% tilsette med utdanning. Færre dispensasjonar frå for tilsette knytt til HOTL kap 9 om tvang og makt. Frå 8 til 6

		dispensasjonar knytt til kap 9 om tvang og makt.
Tiltak 1. tertal	Brukarundersøking i bedre kommune, vart gjennomført mars 2017.	Målretta kurstilbod, vidare og etterutdanning, og god bruk av fagdagar.
Resultatmål pleie og omsorgstenesta	**Eit trygt og godt tenestetilbod til dei som treng det.**	**Betre kvalitet i demensomsorga**
Korleis måle?	Brukarundersøking i bedre kommune.	Auka tal på tilsette med vidareutdanning innan demens, frå 12 til 15 tilsette.
Tiltak 1. tertial	Brukarundersøking for dagsenter og institusjon, vart gjennomført mars/april 2017.	Tilby vidareutdanning til dei som kan vere aktuelle.
Resultatmål pleie og omsorgstenesta	**Offensiv satsing på velferdsteknologi**	
Korleis måle?	Auke i tal på tilsette med mobilpleie i tenesta frå 24 til 30. Pilot på eRomprosjekt i Myrvåg 2017.	
Tiltak 1. tertial	35 lisensar. 4 ledige per 1.tertial. Pilot på eRomprosjekt i Myrvåg 2017 –Ikkje iverksatt 1.tertial.	

4. Tertialrapportering organisasjon:

Kommunen gjennomførde Kommunekompasset i 2016 og fekk ein skår på 329 av 800 moglege. Dette er middels bra og midt på listene over dei 45 kommunane som har gjennomført ein eller fleire kommunekompassevalueringar sidan 2010:

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	**Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommune-organisasjon.**	**Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.**	**Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %**	**Avgrense tidlegavgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.**
Korleis	Oppfølgjing	Oppfølgjing arbeids-	Førebygge og	Oppfølgjing

lukkast?	Kommune-kompasset.	gjevarpolitikken.	følgje opp sjukemelde.	seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidar-undersøking.	Sjukefråver-statistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	8,42 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2020	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2017	Neste måling i 2018.	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Tiltak 1. tertial	Omorganisering. Arbeid med kommunekompasset. Arbeid ifht medarbeidar-kartlegging. Etter- og vidareutdanning. Brukarundersøkingar Arbeid med kvalitetssystemet.	Medarbeidar-kartlegging. Leiarutvikling. Fokus på medarbeidarskap. God bruk av fagdagar både internt og i samarbeid med andre. Bygge rett og nødvendig kompetanse.	Godt samarbeid mellom arbeidsgivar, tilsette og verneombod. God oppfølging av tilsette. Gode arbeidsmiljø. Godt medarbeidarskap.	Medarbeidar-samtalar. Seniorsamtale/ Avtale. Tilrettelegging der det er mogleg.

5. Tertialrapportering samfunnsutvikling

Mål	**Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.**	**Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.**	**Herøy kommune skal ha godt omdøme.**
Korleis lukkast?	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggarundersøking. Folketalsutviklinga. Data reiseliv.	Innbyggarundersøking.	Innbyggarundersøking
Status 2016	8 972 innbyggjarar.	Manglar data.	Manglar data.
Ambisjon 2020	10 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Resultatmål 2017	9 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Tiltak 1. tertial	Betre snitt enn landssnittet på brukarundersøkingar. Datagrunnlag vert arbeidd med, og lagt fram til politisk handsaming før og etter sommaren.	Helse og omsorgskomiteen har bestilt ei ekstern evaluering, og kartlegging av dagens helse og omsorgstenester. RO vann anbodet. Oppstart	Høg kvalitet, servicehaldning og dyktige tilsette i alle ledd.

	Medarbeidarkartlegging. Planlagt frå 2-16 mai.	kontakt 7.april. I arbeid. I større grad inkludere frivillige og pårørande inn i arbeidet vårt. Fokus på “Klarspråk” i all informasjonsarbeid. Få klagesaker.	

6. Utviklingsarbeid

Intern omorganiseringsprosess.

Ekstern kartlegging/evalueringsprosess.

Brukartkartleggingar.

Tertialrapport 1 Oppvekst

1. **Viktige hendingar**
   - Mottok 2,1 mill i tilskot til Tidleg innsats 1.-4.årstrinn. Fordelt til barneskulane, tilsvarande 3 lærarstillingar. Skal nyttast til målretta styrking for dei som treng det mest.
   - Barnehageopptak viser full barnehagedekning, og ein har pr. no ledige plassar
   - Mottok tilskot på kr.309.000 til symjeopplæring for førskulebarn i 2017.
   - Det er tilsett støttepedagogar tilsvarande 150% stilling, i tillegg til den eine frå før. Med dette vert det ytterlegare styrking og tidleg innsats til barn i barnehagen som treng ekstra hjelp.
   - Oppstart av satsinga Inkluderande barnehage- og skulemiljø, i regi av Utdanningsdirektoratet. Tre barnehagar og to skular er pilotar.
   - Internasjonal skule har for første gong gjennomført Statsborgarprøva og er klare til å dele ut bevis, etter nye reglar pr.1.jan'17
   - God søknad til utlyste pedagog-stillingar for neste barnehage/skuleår. Har tilsett godt utdanna personell med rett kompetanse i alle ledige stillingar. Derimot svært utfordrande å rekruttere til leiarstillingar.
   - Den nye Sektor for Oppvekst vart etablert.
   - Kulturskulen si gruppe «Havella» arrangerte Fylkeskappleiken helga 24.-26.mars, og sette dermed Herøy på kartet på ein svært positiv måte.
   - Auka bemanning for å handtere krevjande elevsaker, og for dermed å kunne oppretthalde eit godt læringsmiljø ute i det enkelte klasserom

2. **Vedtaksrapport**

   Ingen vedtakssaker i kommunestyret 1.tertial.

3. **Tertialrapportering teneste**

Satsingsområde	**Måleindikator**	**Resultat 2015**	**Resultat 2016**	**Mål 2017**
Grunnskulen/ SFO:				
Målretta arbeid med lesing	Resultat Nasjonale prøver lesing 5.trinn. Prosent elevar på Meistringsnivå 2 og 3	63,1%	59,9%	65%
Status etter 1.tertial: Målet nådd for snitt Herøyskulen. Arbeidet med ytterlegare tiltak for å styrke lesing held fram				
Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø	Resultat frå Elevundersøkinga, indikator Meistring	7.trinn:4,0 10.trinn:4,0	7.trinn;3,9 10.trinn:3,8	Minimum 4,0

	Grunnskulepoeng 10.trinn	42,1	39,9	42
Status etter 1.tertial: Resultat for indikator Meistring ligg godt over målet for snitt på 7.trinn, men ikkje heilt for 10.trinn. Grunnskulepoeng veit vi etter eksamen våren'17.				
Barn skal trivast på SFO	Udir si Foreldreundersøking	-	-	*4,5*
Status etter 1.tertial: Foreldreundersøkinga vert gjennomført i mai'17.				
Kulturskulen				
Kvalitet på tilbodet	Brukarundersøking, Fornøgd med total kvalitet	**-**	**-**	 4,0
Status etter 1.tertial: Brukarundersøking vert gjennomført i mai'17				
Barnehagen				
Mange nok pedagogar til å gi barna eit tilbod i samsvar med lokalt og nasjonalt lovverk.	Pedagogtettleik over minstenorm, for å møte muleg framtidig krav	**-**	**-**	50% innan 2020
Godt samspel vaksne-barn og barn-barn. Godt samarbeid med heimen	Brukarundersøking Brukarundersøking	**-**	**-**	5,4 5,4
Status etter 1.tertial: Brukarundersøking er gjennomført. Resultat vert framlagd i eiga sak.				

Sektorovergripande mål for organisasjonsutviklinga i Herøy kommune:

Kommunen gjennomførde Kommunekompasset i 2016 og fekk ein skår på 329 av 800 moglege. Dette er middels bra og midt på listene over dei 45 kommunane som har gjennomført ein eller fleire kommunekompassevalueringar sidan 2010:

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.

- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommune-organisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.	Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidlegavgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølgjing Kommune-kompasset.	Oppfølgjing arbeids-gjevarpolitikken.	Førebygge og følgje opp sjukemelde.	Oppfølgjing seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidar-undersøking.	Sjukefråver-statistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	8,42 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2020	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2017	Neste måling i 2018.	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Tiltak 1.tertial	Etter- og vidareutdanning. Nettverk og samarbeid internt og eksternt. Nasjonal satsing på barnehage- og elevmiljø. **Alle tiltak i gang**	Leiarstøtte, opplæring og utvikling. Nettverk og samarbeid i skular og barnehagar. Kompetanseutvikling. Bygge ytterlegare kompetanse på Oppvekstkontoret. **Alle tiltak i gang**	Godt samarbeid mellom arbeidsgivar, tilsette og verneombod. Trygge og forutsigbare arbeidsmiljø Godt kollegaskap. **Prosessar og tiltak er i gang**	Medarbeidar-samtalar, seniorsamtalar. Tilrettelegging der det er muleg **Medarbeidar-samtalar gjennomført eller i gang i alle avdelingar**

Sektorovergripande mål for samfunnsutviklinga:

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen 2013-2015 er det utarbeidd mål, strategiar og handlingsplan for samfunnsutviklinga. Dette er søkt innarbeidd i dette dokumentet og lagt til grunn for prioriteringane.

Mål	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggar for tryggleik, trivsel og	Herøy kommune skal ha godt omdøme.

		utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	
Korleis lukkast?	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggarundersøking. Folketalsutviklinga. Data reiseliv.	Innbyggarundersøking.	Innbyggarundersøking
Status 2016	8 972 innbyggjarar.	Manglar data.	Manglar data.
Ambisjon 2020	10 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Resultatmål 2017	9 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Tiltak 1.tertial	God kvalitet i barnehagar, skular og kulturskule. Omdømmebygging **Kontinuerleg arbeid i gang**	Score over middels på aktuelle indikatorar i Elevundersøkinga og Brukarundersøkingar **Undersøkingar gjennomført, viser til eigne saker med resultat**	Høg kvalitet, servicehaldning og dyktige tilsette i alle ledd **Kontinuerleg arbeid i gang**

4. **Avviksmeldingar i Kvalitetslosen**
   - 3 meldingar som gjeld fysiske forhold bygg/uteområde
   - 3 meldingar som gjeld uakseptabel elevåtferd
   - 3 meldingar som gjeld uhell i leik

5. **Pålegg frå offentlege tilsynsorgan**
   Mattilsynet har hatt tilsyn i 3 barnehagar og 1 skule/SFO. Det vart pålegg om mindre tiltak i alle tilsyna. Pålegg i skule/SFO er lukka, medan resten vert følgt opp av Eigedomsavdelinga.

12.mai 2017

Kommunalsjef Oppvekst

Tertial rapportering samfunnsutvikling

1. **Viktige hendingar**
    a. **Innføring av hamneavgift**
    b. **Innføring teknisk vakt**

2. **Vedtaksrapport**

Vedtaksrapporten omfattar vedtak frå kommunestyret tilbake til mars 2015:

SAKSNUMMER	**Bypark, Huldalskrysset og trafikkforhold Djupedalen**
Vedtak	K SAK 33/15 – 26.03.2015
Status	Ikkje arbeid med i siste periode
Framdrift	Vert å vurdere i samband med byutviklingsprosjektet der ein ser samla på byrom, parkering og mobilitet for Fosnavåg.

3. **Tertialrapportering teneste**

Satsingsområde	**Måleindikator**	**Resultat 2015**	**Resultat 2016**	**Mål 2017**
Utvikling				
Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket **Ikkje avvik**	Fylkesmannen stadfester at klagesaker er i tråd med kommunen sine vedtak	67%	100%	100%
Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene I**kkje gjennomført**	Det skal gjennomførast brukarundersøkingar (bedrekommune) i 2017 der ein skal ha høgare snitt enn kommuner ein kan samanlikne seg med	-	-	Høgare snitt enn kommuner ein kan samanlikne seg med

Brann	**Måleindikator**	**Resultat 2015**	**Resultat 2016**	**Mål 2017**
Feiing og tilsyn **Tilsyn gjennomført på Runde, Remøy og Bergsøya sør om Skaret i 1. tertial**	Feiing av pipe og tilsyn av ildsted	Utført etter oppsett frekvens/plan	Utført etter oppsett frekvens/plan	Ein skal halde same frekvens som i 2016
Trygg og sikker innsats **Det har vore 0-skadde under innsats i 1. tertial.**	Måleindikatorar hentast ut frå adaptit			0-skadde under innsats
Tverrfagleg kartlegging av risikogrupper **Kartlegging er under arbeid.**	Rapportering gjennom samarbeid			3 kartleggingar
Bekymringsmeldingar **Det er gjennomført tilsyn etter alle mottekne bekymringsmeldingar**	Utføre tilsyn når ein mottek bekymringsmeldingar			100%
Nasjonale kampanjer **Komfyrvaktkampanje er gjennomført i 1. tertial.**	Ein skal følgje opp nasjonale kampanjer knytt til ansvarsområdet			3 kampanjer
Kultur	**Måleindikator**	**Resultat 2015**	**Resultat 2016**	**Mål 2017**
Kulturkontor Bygdemøter er gjennomført.	Godkjend kulturminneplan	-	-	1
Ikkje starta opp.	Nye turkart i samarbeid med Sande kommune	-	-	1
Barne- og ungdomsarbeid Status: Mål nådd kvar andre veke. Juniorklubben ikkje	Tal besøkande fritidsklubben pr. veke fordelt på to kveldar	(stengt. gr. vass-lekkasje)	100 (haust)	100

gjennomført grunna dårlig oppmøte og kollisjon med andre lokale arr. Vurderer skifte dag frå hausten -17.				
Status: 0 pr. april -17.	Tal saker med uttale frå ungdomsrådet	2	3	5
Status: 3 arr. Pr. 1 kv. (2 x nattcup + UKM)	Tal gjennomførte ung-domsarrangement pr år.	4	5	10
Status: Gjennomført med 45 deltakarar.	Tal deltakarar på UKM	40	43	50
Frivilligsentral Avventer byggearbeid i regi av eigedoms- avdelinga før flytting kan skje.	Flytte etablerte møteplasser/tiltak til nye lokalar i Kulturhuset	-	-	100 %
Status: 2 nye aktivitetar starta opp; Seniornett og Radiobingo.	Etablere nye møteplasser og tiltak	-	-	2
Kulturhus Ikkje starta opp. Gjeld haust 2017.	Tildeling av øvingstider til alle som søkjer (innan fristen)	-	100 % (ny)	100 %
Ikkje starta opp.	Brukarundersøkingar	-	-	1 pr/år
Idrettshall **Ikkje starta opp. Gjeld haust 2017.**	Tildeling av treningstider til alle som søkjer (innan fristen)	100 %	71 %	100 %
Ikkje starta opp.	Brukarundersøkingar	-	-	1 pr/år
Folkebibliotek Status: Manglar samanliknbar data for tilsvarande periode 2016.	Auke tal aktive personlige lånarar	-	1 122	5 %
Status: Ikkje starta opp.	Auke tal arrangement for unge	-	6 (ny)	2
Konserthus Status: 5 868	Selte billettar	17 000	15 000	14 000
Status: 32 arr.	Tal arrangement pr. år (40 eigne + 20 innleigde)	66 (44 eigne og 22	69 (44 eigne og 24	60

		innleigde)	innleigde	
Status: Ikkje starta opp.	Brukarundersøkingar	-	-	1 pr/år
Kino **Status: 9 548**	Selde billettar	27 843	30 429	29 000
Status: Ikkje starta opp.	Brukarundersøkingar	-	-	1 pr/år

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Plan

Det har vore arbeidd med mange saker og fleire av sakene ligg i dag ute til høyring.

Følgjande planar er avslutta i siste periode med vedtak i kommunestyret eller formannskapet: Reguleringsendring for **Aspevika – Slutthandsaming, Detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka - slutthandsaming**

Avdelinga har 46 planoppgåver på lista si pr.dato, av desse er 14 (17) private planar.

Byggesak

Avdelinga ser ein nedgang av innkomne saker, men kompleksiteten aukar. Det er til tider høgt arbeidstrykk på dei tilsette og sjukemeldingar. Det er henta inn vikar for å halde oppe saksproduksjonen. I første tertial er det kome inn 122 saker (114 i same periode i fjor) og det er handsama 107 saker (102 i same periode i fjor).



Oppmåling (tal frå første tertial)

I første tertial er det gjennomført 34 oppmålingsforretningar, Det er oppretta nye matrikkeleiningar til føremål: 24 bustad, 1 industri, 2 naust og 2 anna formål. I perioden er gjennomført 3 grensejusteringar og 2 arealoverføringar. Ein har pr. 01.05.2017, 6 oppmålingsforretningar på vent.



Eigedom

Det vert arbeidd systematisk og godt saman med servicetorget .

Brann

Brannkonstablane som sa opp stillingane sine frå og med 1. desember 2016 har trekt oppseiingane før oppseiingstida gikk ut og held fram i stillingane sine. Etter vedtak i Formannskapet er det gått over frå 5-delt til 4-delt vaktberedskap frå 1. april 2017. Det er nokre ledige stillingar ved Fosnavåg stasjon som har vorte utlyste og der ein no er inne i ein tilsetjingsprosess. 4-delt vaktberedskap vert å oppretthalde ved Fosnavåg og Myrvåg stasjon fram til det evt. vert gjort vedtak om noko anna.

Politisk sak om revidering av Brannordninga med tilhøyrande ROS-analyse er under førebuing.

Det er iverksatt ei rekkje tiltak som m.a. arbeidsmiljøundersøkelse og vaktbytteøvingar.

Drift

Det kommunale vegnettet har enno mange vegar med dårleg dekke og bereevne. Behovet for reasfaltering er aukande. Innanfor området idrett er det ressursmangel som medfører at det berre vert utført eit minimum av drift og vedlikehald. Sentrumsområda er til dels slitne og har behov for opprusting og vedlikehaldsetterslepet aukar år for år.

Sak om innføring av hamneavgifter er under arbeid og forventa implementert første tertial 2017. Hamnegebyr er vedtatt innført og ein har inngått samarbeid med Ålesund hamn om innkreving av gebyr. Det vart starta med logging av anløp den 4.april. Har vore utfordringar med datasystemet som skal hendle utsendinga av gebyra. Ein reknar med at dette skal vere oppe å gå før sommaren.

Ulike løysingar for teknisk vakt vert vurdert framover. Med kommunestyret sitt budsjettvedtak legg ein opp til at teknisk vakt skal vere på plass 1 april. Teknisk vakt vart innført 1.april og i den korte tida som teknisk vakt har vore i sving, så er tilbakemeldingane at den fungerer godt.

På avlaupssida er det utfordringar med gamle kombileidningar som må separerast for å få vekk overvatnet som fører med seg stein og grus som igjen skadar pumpesystema.

Vil vere utfordringar med knappe resursar på drifta, då ansvarsområdet har vore pressa over tid og no vert auka ved innføring av hamnegebyr.

4. Tertialrapportering organisasjon:

Kommunen gjennomførde Kommunekompasset i 2016 og fekk ein skår på 329 av 800 moglege. Dette er middels bra og midt på listene over dei 45 kommunane som har gjennomført ein eller fleire kommunekompassevalueringar sidan 2010:

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommune-organisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.	Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidlegavgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølgjing Kommune-kompasset.	Oppfølgjing arbeids-gjevarpolitikken.	Førebygge og følgje opp sjukemelde.	Oppfølgjing seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidar-undersøking.	Sjukefråver-statistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	8,42 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2020	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2017	Neste måling i 2018.	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Tiltak 2017	*Utvikle innbyggardialog**, i prosess*** *Utvikle politiske saksframlegg, **i prosess og delvis gjennomført** *Omorganisering, **gjennomført**	*Leiaropplæring**, i prosess*** *Delta i lokale nettverk**, i prosess*** *Legge til rette for innovasjonskultur**, i prosess*** *Kundebehandlerpris**, i prosess*** *Utvikle delegasjon på leiarnivå, **i prosess**	Godt samarbeid mellom arbeidsgivar, tilsette og verneombod. Trygge og forutsigbare arbeidsmiljø Godt kollegaskap.	Medarbeidar-samtalar, seniorsamtalar, tilrettelegging der det er muleg

5. Tertialrapportering samfunnsutvikling

.

Mål	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	Herøy kommune skal ha godt omdøme.
Korleis lukkast?	Oppfølging samfunnsplan og budsjettvedtak	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggarundersøking. Folketalsutviklinga. Data reiseliv. Grad av ferdigstilling på prosjekt	Innbyggarundersøking.	Innbyggarundersøking
Status 2016	8 972 innbyggjarar.	Manglar data.	Manglar data.
Ambisjon 2020	10 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Resultatmål 2017	9 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Tiltak 2017	*Gjennomføre investeringsprosjekt i tråd med vedteke budsjett**, i prosess*** *Visjon for byutvikling**, i prosess*** *Bygge ut Solsida park**, i prosess*** *Vidareutvikle FNP gjennom oppretting utviklingsforum for	Score over middels på aktuelle indikatorar.	Høg kvalitet, servicehaldning og dyktige tilsette i alle ledd *SMS undersøkjing for å måle status på kundetilfredshet, **ikkje gjennomført*** *Serviceerklæring, **ikkje gjennomført*** *Systematisk bruk av

	vekst og utvikling i Herøy**, i prosess** *Delta i FOU prosjekt mot "havromet"**, har sendt søknad**		sosiale medie**, i prosess**

6. **Investeringsprosjekt**

Status: 1= Ferdig , 2 = Under arbeid , 3= Ikkje starta opp

Prosjekt	**Budsjett**	**Status**
Planfri kryssing Frøystadtoppen	24 125 000	**2**
Arkeologiske utgravingar	450 000	**-**
Miljømudring Fosnavåg	170 000	**2**
Strategiske grunnkjøp	11 500 000	**2**
Skarabakken, utbetring m.m.	17 000 000	**2**
Planlegging av tursti Myklebustvatnet	125 000	**2**
Trafikktryggingstiltak	4 000 000	**2**
Myrabakken Bustadfelt, Moltu	8 350 000	**2**
Opparbeiding Almenningen	1 600 000	**2**
Vegarm campus-Myklebustvegen		**2**
Dreneringsgrøfter byggefelt	1 015 000	**2**
Infrastruktur byggefelt	4 985 000	**2**
Opparbeiding/tilordning Vike-Toftedal	1 355 000	**2**
Byutvikling Fosnavåg, sentrumstiltak	295 000	**2**
Sjøledning avløp Vågsholmen		**2**
Almenningen	1 010 000	**2**
Kloakkutbygging	7 975 000	**2**

Div. kulturhuset	288 000	**3**
Nye:		
Biblioteket, sjølvbetjeningsautomatar	500 000	**2**
Nørvågen. Opparbeiding fortau med meir	4 000 000	**2**
Eggesbønes. Etablering av nytt industriområde	500 000	**2**
Mjølstadneset. Etappevis utbygging	5 625 000	**2**
Byutvikling Fosnavåg	5 000 000	**2**
Fosnavåg Hamn	5 000 000	**2**
Ny bru til Vågsholmen	2 800 000	**2**
Trafikktryggingstiltak	1 500 000	**2**
Grunnkjøp	3 000 000	**2**
Leine hamn, heving av industriveg m.m	500 000	**3**
Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplassar	750 000	**2**
Div. kulturhuset	100 000	**3**

HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2016/593
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
93/17	Formannskapet	06.06.2017
66/17	Kommunestyret	21.06.2017

BUDSJETTKONTROLL PER 30.04.2017

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 06.06.2017

Herøy kommunestyre ser at kommunen har utfordringar knytt til skatteinntekter og rammetilskot.

Herøy kommunestyre tek budsjettkontrollen per 30.04.2017 til vitande.

Tilråding:

Herøy kommunestyre ser at kommunen har utfordringar knytt til skatteinntekter og rammetilskott.

Herøy kommunestyre tek budsjettkontrollen per 30.04.2017 til vitande.

Særutskrift:
- Vest kontroll, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Avdelingane, her

Vedlegg:
- Budsjettkontroll per 30.04.2017 - Avdelingane sine kommentarar

Samandrag:
Det har skjedd nokre endringar sidan rapportering den 31.03.2017 og dei er diverre ikkje av det positive slaget. Skatteinntektene sviktar sett i høve til budsjettet og gjennom endringar vedtatt i Stortinget (overføringar frå rammetilskott til øyremerka statstilskott), folketalsutviklinga/folketalssamansetjinga og kommuneøkonomiproposisjonen har staten stramma inn to knepp på Herøy kommune si livreim for 2017. I forslaget til statsbudsjett var Herøy kommune sine frie inntekter (skatt/ramme) estimert til 478,4. Gjennom endringar som skildra ovanfor er desse to inntektene no redusert til 472,3 mill kr. Då har staten føresett skatteinntekter på 266,1 mill kr for Herøy sin del. Blir dei derimot berre på 260,0 mill kr blir dei frie inntektene redusert med ytterlegare 2,5 mill kr.

Avdelingane/sektorane melder om stabil drift og i prognosene melder dei om eit samla meirforbruk på om lag 2,3 mill kr for 2017 (opp 0,3 mill i høve til rapporten per 31.03). Dette talet vil nok endre seg månad for månad, men ved å halde fokus på økonomien voner ein på eit godt år trass i at kommunen sitt utgiftsutjamnande tilskott har blitt monaleg redusert frå 2016 til 2017. Totalt er det per i dag snakk om ei negativ prognose på mellom 8,4 og 10,9 mill kr

Saksopplysningar:
Som normalt har Herøy kommune også i 2017 eit stramt budsjett. Dei budsjetterte inntektene er strekt så langt råd er og i tillegg er kostnadane på mange områder budsjettert lavt.

Alle avdelingane med unntak av anleggs- og driftsavdelinga har gitt tilbakemelding/utført budsjettkontroll per 30.04.2017. Den vedtekne omorganiseringa har byrja og setje seg, men budsjettkontrollen er ikkje heilt i samsvar med den nye organiseringa bl.a. fordi budsjettet for 2017 er vedteke etter gamal organisering.

Oversikt per avdeling og seksjon per 30.04.2017. Alle tal i heile 1.000

Avdeling/sektor	Rekneskap 2017	Rev. budsjett	Avvik i kr	Prognose år	Rekneskap 2016
Politisk leiing	**1.039**	**1.415**	**-375**		**1.069**
Adm leiing	**1.007**	**1.191**	**-184**	**-850**	**913**
Servicetorget	1.114	1.052	62		732
Dokumentsenter	735	763	-28		916
Økonomiavdeling	2.118	1.991	126		2.086
Personal og org avd.	3.821	3.750	71		3.550
IKT	2.108	2.333	-224		1.751
Overføringar	-7.661	4.673	- 12.333		-28.873
Eigedomsavdelinga	7.749	6.871	878		7.351
Sum sektor STAB	**9.984**	**21.433**	**-11.449**		**-12.487**
Barnehageavdelinga	28.963	30.347	-1.383		27.673
Grunnskuleavdelinga	37.282	38.694	-1.412		36.572
Sum sektor OPPVEKST	**66.245**	**69.041**	**-2.796**		**64.245**
Barn, familie og helse	14.109	13.538	570	1.300	13.870

Pleie og omsorg	40.695	38.793	1.912	1.150	37.801
Bu og habilitering	14.707	14.550	157		13.711
Nav og flyktning	3.549	3.516	33		3.787
Sum sektor HELSE OG OMSORG	**73.060**	**70.397**	**2.663**	**2.450**	**69.169**
Kulturavdelinga	3.059	3.105	-46	500	2.742
Utviklingsavdelinga	2.307	1.989	318		2.099
Anleggs- og drifsavdelinga	-1.468	294	-1.763		-751
Brannvern og feiing	3.216	3.008	208	200	2.848
Sum sektor Samfunnsutvikling	**7.114**	**8.396**	**1.282**	**700**	**6.938**
Øhjelp / mottak	**-510**	**-84**	**-426**		**73**
Skatt / ramme/ finans etc	**-163.913**	**-169.578**	**5.665**	**8.500**	**-148.133**
SUM TOTALT	**-5.974**	**2.211**	**-8.185**	**10.800**	**-18.216**

Berre ei avdeling meiner den får mindreforbruk dette året, medan 4 andre meiner det går mot meirforbruk. Pleie- og omsorgsavdelinga og Brannvern og feiing har ikkje noko tal på dette, så det som er sett opp er etter skjønn. Samla sett ser det per 30.04.2017 ut til at vi får eit meirforbruk i avdelingane i 2017 på om lag 2,3 mill kr. I tillegg kjem berekna reduksjon i skatt/rammetilskott på minst 8,5 mill kr.

Dei 6 avdelingane med størst netto budsjett har ei samla auke på 6,7 mill kr frå 2016 til 2017. Ved utgangen av 1 tertial 2017 har netto driftsutgiftene i desse avdelingane auka med 6,4 mill kr. Trass i at det her er fleire feilkilder idikerer tala at desse avdelingane samla vil ha problem med budsjettbalansen i 2017.

Tabell: Økonomisk oversikt drift per 30.04.2017 i 1.000 kr

	Rekneskap 2017	**Reg. budsjett 2017**	**Avvik**	**Rekneskap 2016**
Driftsinntekter				
Brukarbetalingar	-8.510	-9.818	1.308	-8.563
Andre sals og leieinntekter	-16.579	-18.386	1.807	-17.079
Overføringar	-19.032	-10.527	-8.505	-11.156
Rammetilskott	-79.073	-81.280	2.207	-80.581
Andre statlege overføringar	-32.480	-10.594	-21.866	-43.143
Andre overføringar	-234	-18	-216	-994
Inntekts- og formueskatt	-83.750	-89.925	6.175	-74.050
Sum driftsinnt:	**-239.658**	**-220.548**	**-19.110**	**-235.565**
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	114.169	109.675	4.494	108.305
Sosiale utgifter	35.673	31.867	3.806	33.975
Kjøp av varer og tenester	26.411	26.111	300	24.958
Kjøp av varer og tenester erstatter komm tenesteprod	35.208	37.965	-2.757	33.374

Overføringar	17.700	9.786	7.914	11.079
Avskrivingar	0	11.266	-11.286	0
Fordelte utgifter	-1.502	-2.257	755	-811
Sum driftutg:	**227.660**	**224.560**	**3.226**	**210.880**
Brutto Driftsresultat	**-11.998**	**4.012**	**-14.131**	**-24.685**
Eksterne finansinntekter				
Renter og utbytte	-310	-2.257	1.947	-314
Gevinst finansielle instrument	-933	-1.341	408	-897
Mottekne avdrag på lån	-2	-67	65	0
Sum finansinnt	**-1.245**	**-3.666**	**2.421**	**-1.210**
Eksterne finansutg				
Renteutgifter	6.091	5.553	538	6.099
Tap fin. instrument	50	67	-17	11
Avdrag på lån	620	7.614	-6.994	723
Utlån	0	83	-83	0
Sum finansutg	**6.761**	**13.316**	**-6.555**	**6.833**
Netto finansutg.	**5.516**	**9.650**	**-4.134**	**5.623**
Motpost avskrivinger	0	-11.462	11.462	0
Netto Driftsresultat	**-6.482**	**2.200**	**-8.682**	**-17.808**
Bruk av bundne fond	-450			-410
Mindreforbruk	**-6.932**	**2.200**	**-9.132**	**-18.216**

Av tabellen ser ein at dei reine lønskostnadane har auka med om lag 5,31% frå 1 tertial 2016 og til same periode i 2017. Det er vesentleg høgare enn lønsveksten og kan bety at kommunen har fleire sysselsett no enn for eit år sidan. Ein ser at veksten er redusert med om lag 1,6% sidan 28.02.17 slik at det er grunn til å tru at dette vil normalisere seg framover. Sjukepengerefusjonane er om lag 0,45 mill kr lavare i 1 tertial 2017 enn i tilsvarande periode 2016.

Ser ein samla reelle lønskostnadar (ink refusjonsjukeløn) er forbruket i 1 tertial kvartal om lag 3,4 mill høgare enn budsjettet. Dette er heile 2,4 mill meir enn per 31.03 og spørsmålet er då om alle sjukepengerefusjonane er bokført i dette tertialet. Vi har budsjettert med eit stort positivt pensjonsavvik i 2017 slik at det reelle avviket mellom reeelle og budsjetterte lønskostnadar ikkje er alvorleg per dato.

Ein del av brukarbetalingane ligg lavare enn budsjettert, men dette skuldast nok at ein del av desse vert fakturert på etterskot og at ein hittil har bokført berre 3 mnd med inntekter så langt.

Avdelingane sine tilbakemeldingar

Adm leiing rapporterer om eit mindreforbruk pga vakanse i ass rådmann stillinga. Denne innsparinga vil utgjere om lag 1,0 mill i 2017.

Innan sektor for stab er dei fleste i rute. Eigedomsavdelinga melder imidlertid om negativt avvik. Dette skuldast utfordringa i løpande drift, men ein vonar at reduserte utgifter i reinhaldsavdelinga kan oppveie for dette.

Grunnskuleavdelinga melder om styrka bemanning i nokre saker der det er utfordringar knytt til ekstra ressursar på barn i barneskulen. I tillegg vert elevtalet innan EMA redusert (og dermed dei statlege overføringane) medan kostnadane til drift av tilbodet er om lag uendra. Men avdelinga voner at ein skal unngå meirforbruk i 2017. Her må ein også ta med at avdelinga før større øyremerka statstilskott enn dei har budsjettert med.

Sektor for helse og omsorg melder om eit negativt avvik (reduserte inntekter) på om lag 1,3 mill kr knytt til ny legeavtale (budsjettet for 2017 vart ikkje endra som følje av at ny avtale vart inngått). I tillegg. Barnevernsavdelinga slit med sjukefråvær, men at ein kan bli fullt operative igjen i løpet av mai. Pleie og omsorg har sine utfordringar knytt til ressurskrevjande brukarar og at ein per dato har auka drift tilsvarande 9,5 årsverk. Ein del av meirkostnadane knytt til dette vil kunne takast inn ved hjelp av øyremerka statstilskott ressurskrevjande brukarar. Førebels er prognosene eit meirforbruk på minst 1,15 mill kr. Innan sosialsektoren fryktar ein stor auke i sosialhjelpskostnadane som følje av auka og langvarig arbeidsløyse, men utbetalingane i 1 tertial har vore noko lavare enn tilsvarande periode i 2016.

Sektor for samfunnsutvikling meiner at ein skal unngå meirutgifter i 2017, med unntak av avdeling for brann der det har kome til meirkostnadar på om lag kr 200.000,- knytt til ei arbeidsmiljøundersøking samt at Kulturavdelinga har fått nye ikkje budsjetterte utgifter som ein enno ikkje kjenner omfanget av.

Når det gjeld skatt, rammetilskott, finans, pensjon med meir rår det stor usikkerheit med tanke på framtida. Januar og februar har gitt oss auka inntekter innan skatt og rammetilskott sett i høve til tilsvarande periode i 2016. I mars og april derimot snudde trenden og inntektene desse månaden vart vesentleg lavare enn budsjettert. Det ser ut til at denne trenden vil fortsette ei stund framover og 2017 vil nok ikkje gi oss på langt nær dei skatteinntektene vi har budsjettert med.

No tippa vi også at 2015 og 2016 ville bli utfordrande, men begge dei åra viste kommunerekneskapen overskott. Det har blitt hevda at dette er dei to beste åra for kommuneøkonomien i dette årtusenet og det stemmer nok. I 2015 vart det vedteke nye skattereglar som førte til store skattemessige disposisjonar som fekk ein positiv verknad på skatteinntektene på landsbasis. Resultatet av dette vil vi spesielt sjå i mai 2017. I 2016 hadde vi meir enn 50,0 mill kr i skatteinntekter denne månaden. I 2017 kan desse bli redusert med minst 5,0 mill kr.

For dei andre postane på dette kapittelet er det ikkje råd å sjå nokon trend enno.
.

Vurdering og konklusjon:

Avdelingane ser ut til å kunne levere ein rekneskap med eit samla meirforbruk på om lag 2,3 mill kr i 2017 basert på tilbakemeldingane per 30.04. Alle tal og statestikkar syner at Herøy driv effektive tenester og at tenestene er gode. Sjukefråveret har vore litt høgare enn ynskjeleg så langt i 2017. Dei tilsette har synt stor forståing med utfordringane vi har stått ovanfor og som vi står ovanfor i tida som kjem.

Ein viser elles til vedlagte budsjettkontrollrapportar frå avdelingane for meir informasjon.

Fosnavåg, 27.05.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

Kommentar fra Rådmann

Akkurat no er rådmannen mest bekymra for utviklinga i dei frie inntektene. Mange ulike faktorar har vore med på å endre dette i negativ lei for Herøy kommune i 2017. Framover må kommunesektoren rekne med redusert vekst i sine overføringar frå staten noko som gjer at effektiviteten må opp gjennom å jobbe smartare og kanskje også omprioritere litt mellom dei ulike oppgåvene kommunane ser sett til å utføre.

Folkevalde

Avvik i inntekter: Lite å melde

Avvik i utgifter: Grunnen til det positive avviket er at periodiseringa ikkje er rett. Vi har hittil ikkje betalt ut møtegodtgjerdsle (1 halvår vert utbetalt i juli) og vi har heller ikkje betalt ut partistøtta for 2017. Dette skjer i mai.

Konklusjon: Det er ikkje grunn til å tru at det vert noko vesentleg avvik mellom rekneskap og budsjett 2017 på dette området.

Administrativ leiing

Avvik i inntekter: Ikkje spesielt å melde

Avvik i utgifter: I og med at ein har budsjettert med ass rådmannslønn i 2017 men ingen tilsett i stillinga vil ein her kunne spare inn om lag kr 975.000,-. På den andre sida er det brukt om lag kr 140.000,- meir enn periodisert budsjett for 1 tertial. Noko av dette skuldast utgifter i samband med spøreundersøkingar og noko på grunn av ei KOSTRA anaylse.

Konklusjon: Slik det ser ut per i dag vil ein få eit positivt avvik i 2017 på om lag kr 850.000,-

Servicetorget

Situasjonen er som for mars 2017.

Avvik i inntekter : Ingen merknader - mangler nokre interne føringar
Avvik i utgifter :Ingen merknader.
Prognose per 31.12.2017 - Balanse eller underforbruk med 10 000,-.

Det er skifta telefonsystem og ein er usikker på kva utslag dette vil få for kostnadane. ST har med ei overgang til nytt telefonsystem kjøpt nye telefonar og headsett.
Tenesten parkeringskort for funksjonshemma er endra og produksjon av desse korta krev innkjøp av ny maskin for laminering. Kostnaden til dette vil ligge på rundt 5000. Med eit lite budsjett gir slike summar utslag.
Andre ting som vil kunne påvirke resultatet er omsetting av eigedomar i kommunen og eventuelle uventa situasjonar knytt til beredskap.

Dokumentsenter og politisk sekretariat

Avvik inntekter: Her er det ei lita meirinntekt knytta til refusjon sjukeløn

Avvik utgifter: Her er ein liten meirkostnad knytt til lønn og sosiale utgifter

Konklusjon: Det ser ut til at ref sjukeløn er litt høgare enn meirkostnader knytt til lønn. Det er difor grunn til å tru at det vil om lag samsvar mellom rekneskap og budsjett for 2017.

Økonomiavdeling

Vi har registrert eit lite meirforbruk per 30.04.2017 sett i høve til budsjettet:

Avvik i utgifter: Her er det snakk om høgare overtidsutbetaling enn det periodisert budsjett legg opp til. Før året er omme vil dette har utlikna seg.

Avvik Inntekter: Her er det ein del inntekter som vi krev inn på slutten av året medan budsjettet tilseier lik fordeling over 12 månader. Usikkert kva som skjer når det gjeld inntekter legekontora. Her kan det vere at vi ikkje får inntekter i 2017 pga ny legeavtale.

Prognose: Ser ut til å bli samsvar mellom rekneskap og budsjett i 2017.

Personal- og organisasjonsavdelinga

Avvik i inntekter (kvifor):

Til 1262 Hovudtillitsvalde:
Per 30.4. vert det ein stort mindreforbruk pga. at refusjonar for perioden januar-juni er bokført. Det vert med andre ord eit positivt utslag pga. periodisering.

Avvik i utgifter (kvifor):

Til 1261 Personal- og organisasjonsavdelinga:
Har og vil ha høgare lønskostand for 2017 enn budsjettert for pga. at løn til Kommunalsjef Stab er noko høgare enn det personal- og organisasjonsleiaren hadde.

Til 1264 Lærlingar:
Høgare lønsutgifter pga. løn til 10 lærlingar og det er budsjettert for 9 med ei snittløn på 50%. I tillegg er 5 av lærlingane i slutten av lærlingløpet, slik at dei har utbetalt 100% løn. Dette vil endre seg/jamne seg ut i løpet av året, då nye lærlingar vil byrje med ei løn på 30%. Det vil òg verte sett fram internt refusjonskrav og ein vil få overføring frå Opplæringskontoret.

Prognose per 31.12.2017 i kr:
Basert på erfaringar frå dei to siste åra vil avdelinga/ansvaret samla sett mest truleg gå i ballanse. Det likevel nokre usikkerheitsmoment.

For ansvar 1261 vil ein gå om lag 250 000,- i minus på grunn av auka lønskostnadar og reise/kurs-kostnadar, sjå kommentar nedafor.

For ansvar 1265 er det ein del usikre utgifter, sjå kommentar nedafor.

Kort forklaring på stoda per rapporteringsdato:
Det er per april eit mindreforbruk på om lag 12%.

Evt ting som kan oppstå seinare i året:
Avdelinga veit der vil kome ein del kostnadar kring Leiarutviklingsprogram og 10-faktor medarbeidarundersøking. Dette er aktivitetar som har kome til etter budsjettet er vedteke. Det er søkt om OU-midlar, men avdelinga har ikkje motteke tilsagn enno. Per e-post er vi informert om at Herøy kommune vil få tilsagn.

Sidan Kommunelsjef Stab sorterar under Personal- og organisasjonsavdelinga, vil ein måtte pårekne auka kostnader kring deltaking på seminar og kurs.

Informasjonsteknologi

Avvik i inntekter (kvifor) - ingen avvik å melde. Inntekter frå driftsavtaler vert fakturert årleg i november/desember.

Avvik i utgifter (kvifor) - Telling av Microsoftlisensar mars førte til at ein måtte justere opp talet på lisensar. dette kjem fyrst og fremst av nybygg med nye arbeidsstasjonar. Microsoftlisensane vert då rundt 50 000 dyrare enn det som var budsjettert. Internettaksess frå Tussa sagt opp. Mindreutgift på rundt 25 000 for andre halvdel 2017.

Prognose per 31.12.2017 i kr - Det er ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret ved årets slutt til trass for noko høgare kostnad på Microsoftlisensane enn berekna.

Kort forklaring på stoda per rapporteringsdato: I balanse i forhold til budsjett. Sjå over angåande Microsoftlisensar.

Evt ting som kan oppstå seinare i året. Lisensar vert fakturert noko ulikt frå leverandør til leverandør. Vi får rekningar både per kvartal, halvår og år. Dette kan gi utslag i avvik i utgifter enkelte månader, men jamnar seg ut i løpet av året. Den største lisenskostnaden som er frå Microsoft vert fakturert i April/Mai, so ved neste månadsrapport vil det nok slå seg ut som eit avvik i utgifter. IKT betalar for leasing av 2 kopimaskiner hjå BFH. Desse vert fakturert avdelingane ved årets slutt. Utgjer ein årleg kost på rundt 75 000, alt etter bruk

Overføringar

Avvik inntekter: To ting å melde. Vi har motteke om lag 19,8 mill kr i RDA og utbetalt om lag 8,5 mill. Den resterande delen, om lag 11,3 mill kr skulle vore overført til bundne fond per 30.04 i og med at vi har budsjettert dette i kr 0,-. Det andre er at vi har motteke kr 850.000,- i kommunale næringsfond og utbetalt miimalt så langt i 2017. Dersom vi trekker frå 12,1 mill kr i oversikta så sit ein att med ei netto utgift for området på om lag 4,45 mill kr som er om lag det same som periodisert budsjett.

Avvik utgifter: Ikkje noko spesielt å melde om.

Konklusjon: Per i dag er det lite som tyder på at det skal bli vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap for 2017.

Barnehagar

Rekneskapen viser eit positivt avvik.
Avvik i Utgifter: Dette skuldast at overføringar til andre ikkje blir gjort før til sommaren og på slutten av året. (bet for barn i andre kommuner, refusjonskrav frå private barnehagar for tapt inntekt pga syskjenmoderasjon og lav inntekt samt refusjonskrav på utgifter til ekstra assistanseressurs)
Avvik i inntekter: Dette skuldast refusjon sjukepengar, tilskot for minoritetsspråklege barn og tilskot til symjeopplæring. Dette er inntekter som er øyremerka og som går ut igjen til både kommunale og private barnehagar (ekstra språkopplæring og skyss til bading m.m.)

Slik det ser ut no vil barnehagane kunne halde balanse i budsjett/rekneskap pr 31.12.2017.
Der er likevel usikkerheitsmoment. Kor store refusjonskrava blir, og om ei ny ordning blir innført med at private barnehagar skal ha kompensasjon for å tilsette fleire pedaggogar slik departementet legg opp til skal gjelde frå august 2017

Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.

Netto forbruk 32,95%, mot 33% på same tid i 2016.
Utgifter 34,91%, mot 34 % på same tid i 2016.
Inntekter 44,5%, mot 41% på same tid i 2016.

Avvik i inntekter: Grunnskule/PPT/Kulturskule/Vaksenopplæring har samla sett 1,8 mill i meirinntekter pr.april. Dette skuldast eit ekstra statleg tilskot til Tidleg innsats på 2,1 mill. Midlane skal fordelast og nyttast i heile 2017. Brukarbetaling SFO og Kulturskule ligg noko under budsjett, samt at her er fleire refusjonar som ikkje vert utfakturerte før i juni.

Avvik i utgifter: Det er eit stort avvik på 2,1 mill i lønnsutgifter pr.april. Dette er ein kombinasjon av vikar (jfr refusjon sjukelønn), ekstra tiltak for barn med særlege utfordringar, samt styrking på 1.-4 trinn, jfr tilskotet til tidleg innsats.

Prognose pr.31.12.17: Målet pr.no er å halde budsjettramma. Vi er usikre på om vi greier kommunen sitt mål om 1% under budsjett.

Stoda pr rapporteringsdato:
Behov for styrka bemanning i enkelte skular pga særlege utfordringar. Ut over dette normal drift og god styring.

Eventuelt ting som kan oppstå seinare i året: Tilflytting av elevar med behov for særleg norskopplæring eller andre elevar der vi må inn med styrka tiltak.

Barn, familie og helse

BARNEVERN
Avvik i inntekter skuldast i hovudsak store refusjonar av sjukeløn samt mindre refusjon av andre refusjonar og tilskot. Det er forsatt sjukefråvær innan barnevern, men dette forventas å verte mindre frå neste månad.
Avvik i utgifter skuldast i hovudsak at det nok at det tek tid før ein vert fakturert for varar og særleg tenester som kommunen kjøper som ein del av oppfølginga av det einskilde barn.
Prognosen per 31.12.2017 er at budsjettet skal gå i balanse. Per dags dato er det eit positivt avvik, men det er ikkje forventa at dette vil vare. Tenesta arbeidar med fleire tunge saker som vil kunne medføre store utgifter seinare i år. Det er også nå tilsett vikar.

HELSE
Avvik på inntekter skuldast i hovudsak nye leigeavtaler med legane og mindreinntekter ved betaling av husleige.
Det er ikkje vesentleg avvik på utgifter.
Prognose per 31.12.2017 er eit meirforbruk på kr. 1.3 mill. Dette er meldt tidlegere.
Når det gjeld helsetenesta generelt og kva som kan oppstå seinare i året vil eg særleg nemne det auka talet på ressurskrevjande pasientar innan mange av fagområda til helse gjer at tenesta i mange samanhenger opplever at dei strekk seg svært langt for at pasientane skal få ei forsvarleg teneste. Over tid kan dette føre til stor slitasje blant dei tilsette.

Pleie og omsorgsavdelinga

Avvik i inntekter: Inntekter som forventa.

Avvik i utgifter: Avvik på grunn av rammekutt, ekstra utgifter til løn og kjøp av eksterne tenester. Ein del rekningar til eksterne er ikkje ført. Vi ligg litt over ønska forbruk per april.

Prognose per 31.12.17: Negativt avvik på grunn av auke drift tilsvarande 9,5 årsverk i heimetenesta i heile 2017. Ein del av kostnadene vil vi få igjen i refusjon/statstilskot for ressurskrevjande brukarar.

Bu- og habiliteringsavdelinga

Avvik i inntekter: Ekstra inntekter på grunn av refusjon sjukeløn.

Avvik i utgifter: Høg overtidsbruk dei fyrste fire månadane i 2017. Skuldast høg fråversgrad på grunn av sjukdom.

Prognose per 31.12.17: Balanse

Sosial og flyktning

Desse tenesteområda har eit positivt avvik no. det skuldast utbetaling av delar av statstilskot i flyktningetenesta er kome inn og skal dekkje fleire månader.

På utgiftssida er det særleg overføringar til andre som er redusert i første tertial. Dette er i det alt vesentlege utbetaling av sosialstønader.

Prognose per 31.12.2017 er at regnskapet skal vere i balanse.

Det er stor arbeidsledigheit i kommunen og det er og slik at mange har vore ledige lenge. Dette kan fort føre til stor auke i utgifter til sosialstønad i løpet av året. Situasjonen på området må derfor følgas nøye opp over tid. Kor mange flyktningar som faktisk kommer vil også kunne påverke den økonomiske situasjonen over tid.

Kulturavdelinga

Generell vurdering:
Samla sett viser rekneskapen for område 40 eit mindreforbruk på om lag 40 000.- pr. 30.04.2017.

Avvik i inntekter:
- Mindreinntekter skuldast at fakturering av husleigeinntekter (kulturhuset) og inntektsføring (kino) ikkje er ajour.
- Meirinntekter skuldast bruk av bundne fond og inntektsføring av billettintekter for leigetakarar (konserthuset).

Avvik i utgifter:
- Mykje av kostnadane fylgjer ikkje periodiseringa i budsjettet og vil fyrst vise balanserte tal nærare årsslutt. Dei ulike områda er venta å gå i balanse med unntak av:
- 4021: Frivilligsentralen, meirutgifter hovudsakleg til husleige, straum m.v. grunna at eigedomsavdelinga si tilrettelegging for flytting til kulturhuset ikkje er i rute. Prognose ved årsslutt er eit forventa meirforbruk på minst 75'.
- 4061: Konserthuset, meirutgifter hovudsakleg grunna uforutsette og ikkje budsjetterte kostnader til leige av bord/stolar med hotellet. Prognose ved årsslutt er høgst uklar grunna foran nemnte.

Prognose pr 30.3.2017:
Totalt sett vurderer ein det slik at forbruket på årsbasis vil bli eit meirforbruk. Omfanget er uklart og kan moglegvis dreie seg om nokre hundre tusen kroner.

Utviklingsavdelinga

Generell vurdering:
Samla sett viser rekneskapen for område 50 eit meirforbruk på om lag 255 936.- pr. 30.04.2017. Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. månad.

Avvik i inntekter: Mindreinntekter oppmåling og byggesak.

Avvik i utgifter: Meirutgifter til kjøp av varer og tenester. Lisensar til programvare for heile året vert betalt i starten på året.

Prognose pr 30.4.2017:
Totalsituasjonen er under kontroll og månadsrapporteringa ber preg av meirutgifter til kjøp av lisensar for

programvare som kjem i starten av året og medfølgande mva. Budsjetterte inntekter ser ut til å utvikle seg negativt.

Brannvern og feiing

Samla sett viser rekneskapen pr. 30.04.2017 for område 55 eit meirforbruk på vel 200.000,- kroner.

Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. månad.

Avvik i inntekter: Ingenting særskild å kommentere
Avvik i utgifter: Det er belasta om lag 187.000 kroner i bruk av konsulent i samband med arbeidsmiljøundersøkinga i brannvernet som ikkje er budsjettert.

Prognose pr. 31.12.2017:

Budsjettet er knapt og med kostnader som ikkje er budsjettert på underkant av kr 200.000 kroner vurderer ein det slik at det på årsbasis kan verte eit lite meirforbruk.

Anleggs- og driftsavdelinga

Anleggs- og driftsavdelinga har ikkje kommentert budsjettkontrollen per 30.04.

Eigedomsavdelinga

Eigedomsavdelinga har - som tidlegare rappportert - to hovudproblem:
- Løpande drift - ansvar 6022 - er underbudsjettert i forhold til behov og innmeldt krav.
- Ansvar 6011 har avvik på inntektssida på grunn av ledige næringsbygg.

Pr. rapporteringsdato står såleis både Nedre Dragsund 2 og Industrivegen 19 delvis ledige. Eigedomsavdelinga jobbar med å få inn leigetakarar, men uansett vil dette påverke budsjettet. Likeins er ansvar 6022 no oppe i eit forbruk på 70 % av årsbudsjettet og vil gå såleis gå med overforbruk også i år. Håpet er at ansvar 6051 går med underforbruk slik at overforbruket på andre delområde vert kompensert og at vi for budsjett 2018 kan justere på dette for å få eit rettare budsjett.

Ø-hjelp, mottak

Avvik i utgufter: Utgiftene er litt lavare enn det som ein har i revidert budsjett. Det skuldast at periodiseringa ikkje er rett og at mykje av utgiftene først kjem på slutten av året.

Avvik i inntekter: Vi har fått overføringar knytt til mottak for einslege asylmottakarar. Dette hadde vi ikkje forutsett ville kome før etter at 1 halvår var omme.

Konklusjon: Etter det ein kan sjå så langt i 2017 vil det bli om lag balanse mellom rekneskap og budsjett i 2017.

Skatt, ramme, finans, tilskot

Under dette området er det mykje som ikkje er periodisert rett. Det gjer at det er vanskeleg å tolke tala for mange.

Avvik i inntekter: Dei to viktigaste er knytt til skatt og ramme. Der har vi totalt eit negativt avvik på om lag 8,4 mill kr for 1 tertial 2017. Vi har budsjettert med ei skatteinntekt i 2017 på om lag 275,2 mill kr. Slik det ser ut i dag er prognosa på mellom 260,0 og 265,0 mill kr. I tillegg synte prognosene eit rammetilskott på 203,2 mill kr slik at totale frie inntekter i budsjett 2017 var på 478,4 mill kr. Etter at vi vedtok vårt budsjett vedtok stortinget omdisponere midlar frå rammetilskott til øyremerka statstilskott. Det har kome spesielt skuleavdelinga til gode.

5 Vedtak i klagesak - reguleringsplan for Myklebuståsen II

Samandrag av saka:

Myklebuståsen Utbygging AS vil starte utbygging av byggjeområdet i Myklebuståsen som vil medføre eit stort løft og ei stor bustadutbyggjing i Herøy i samsvar med vedtekne reguleringsplanar. Det er inngått avtale om grunnkjøp med fleire av grunneigarane, men det gjenstår nokre eigedomar der dette ikkje har lukkast. Ein ber difor om at kommunen oreignar den gjenståande veggrunnen.

Ei oreigningssak står på eigen «kjøl» med eiga administrativ og politisk handsaming av spørsmål om oreigning. Rådmannen rår til oreigningsspørsmålet vert utgreidd.

Ein legg til grunn at det vert inngått eigen avtale mellom Herøy kommune og Myklebuståsen Utbygging AS der sistnemnte dekkjer kommunen sine kostnadar med grunnervervet.

Saka vert lagt fram for kommunestyret for prinsipiell drøfting og avgjerd.

Saksopplysningar:

Det vert vist til vedteken reguleringsplan 200102 Myklebuståsen og reguleringsplan 201277 Myklebuståsen II i kraft 23.02.2012 og at Myklebuståsen Utbygging AS vil starte utbygging av byggjeområdet i Myklebuståsen. Utbyggjar legg vekt på at utbygginga vil medføre eit stort løft og vil vere ei stor bustadutbyggjing i Herøy i samsvar med vedtekne reguleringsplanar.

For å kunne byggje ut, må ein ha veg med tekniske anlegg til utbyggingsområdet. Vegen med tekniske anlegg er godkjent i gjennom stadfesta reguleringsplan.

Når vegen og tekniske anlegg er ferdigstilt, er det planlagt at denne skal overtakast av kommunen. Denne vegen med anlegg vil elles ikkje berre vere til fordel for Myklebuståsen, men for heile området viser utbyggar til. Ein viser då til kunngjering frå Herøy kommune 05.12.2016 med varsel om oppstart av forhandling av utbyggingsavtale for Myklebuståsen.

Myklebuståsen Utbygging AS har inngått avtale om grunnkjøp med fleire av grunneigarane, men det gjenstår nokre eigedomar der dette ikkje har lukkast. Ein ber difor om at kommunen oreignar den gjenståande veggrunnen.

Grunneigarane har vore innkalla til individuelle forhandlingsmøte der Myklebuståsen Utbygging AS har sett fram konkrete pristilbod som går fram av protokollane frå møta. I forkant av tilboda og forhandlingsmøta innhenta utbyggjar uavhengig

verdivurdering av takstmann Trond Ose av 24.11.2016 som har vurdert verdien på permanent grunnerverv, midlertidig beslaglagt areal og permanent klausulert areal for dei aktuelle eigedomane.

Adv. Knardal som representerer Myklebuståsen Utbygging AS har dokumentert med protokollar både innhald i drøftingar og konklusjon for grunnervervet.

Desse har samtykka til frivillig grunnavståing:

Gnr 36 Bnr 4 - Knut Petter Vike
Gnr 36 Bnr 7,36 og 100 – Reidar Moltu m.fl
Gnr 36 Bnr 2 – Kjartan Paulsen
Gnr 37 Bnr 450 – Berge Eigedom AS
Gnr 37 Bnr 10 – Joakim Myklebust
Gnr 37 Bnr 378,461 og 463 Franzten Maskinstasjon AS

Desse har ikkje samtykka til frivillig grunnavståing:

Gnr 37 Bnr 11 – Leif Myklebust m.fl
Gnr 36 Bnr 4 og bnr 58 – Rune Paulsen m.fl
Gnr 36 bnr 44 og bnr 66 – Jorunn Britt Paulsen m.fl

Desse er det ikkje naudsynt å inngå avtale med/oreigne:

Gnr 36 bnr 31 og 11 – Johnny H Ingebriktsen
Gnr 36 Bnr 18 – Mona O Hammer
Gnr 37 Bnr 413 – Runar Smådal

AG Plan og Arkitektur AS har utarbeidd eit grunneigarkart der det tydeleg går fram dei areal der det ikkje har lukkast å inngå frivillig avtale, jf. vedlegg. Av kartet går det fram kva areal som ein ber om vert oreigna for permanent og midlertidig erverv for kvart gnr. og bnr., og kva restareal som vert att på kvar eigedom. Areal som skal ervervast som "midlertidig erverv" gjeld areal som er regulert til bustadføremål, men som er føresett nytta til skjering og fylling til vegbygginga. Til det midlertidige ervervet må det difor knytast nødvendige vilkår i høve dette.

Myklebust Utbygging AS ber om at kommunen medverkar til at grunnen kan takast i bruk før endeleg oreigning, jf. oreigningslova § 25. Ei førehandstiltreding meinar ein vil vere rimeleg m.a. ut frå ekspropriasjonen sitt art og omfang, den samfunnsmessige betydninga av tiltaket og dei ulemper ei førehandstiltreding vil kunne medføre.

Det vert her vist til at kommunen har føreteke ei grundig vurdering av alle sider av utbyggjinga ved ein nyleg vedteken reguleringsplan som også er stadfesta av Fylkesmannen.

Vidare dreier det seg om ei begrensa oreigning som berre er knytt til veg og tekniske anlegg og dei fleste grunneigarane har alt inngått frivillige avtalar. For den største grunneigaren (gnr. 37 bnr. 11) som vert utsett for oreigning er også dei fleste av dei ideelle eigarane positive til ein frivillig avtale, men sidan eigedomen ligg i eit sameige og dødsbu har det vore uråd å få til ein avtale som alle kan slutte seg til.

Advokat Knardal peikar på at vegutbyggjinga kjem dessutan dei fleste eigedomar i området til gode ved at det ma. utløyser høve til å byggje ut eigen grunn også for dei som vert utsette for oreigning. Vidare har utbyggjinga ei samfunnmessig betydning. Det dreier seg her om ei nødvendig offentleg vegutbygging som kjem eit stort område til gode og der kommunen sine planar om betre veg er overmodne ifølgje advokaten. Endeleg er også Myklebuståsen Utbygging AS avhengig av denne vegen for å starte utbyggjing av dette store utbyggjingsprosjektet som vil vere eit stort løft for Herøy kommune.

Vurdering og konklusjon:

Herøy kommunestyre har den 23.02.12, under sak nr. 21/12, eigengodkjent detaljreguleringsplan for Myklebuståsen II, med tilhøyrande reguleringsføresegner. Føremålet med planen er å regulere ny tilkomstveg til tidlegare regulert område «Myklebuståsen» og samstundes leggje til rette for bustader på tilstøytande areal. Reguleringsplanen er stadfesta med fylkesmannen sitt vedtak datert 25.10.2013

I fylkesmannen si klagehandsaming går det fram at ein ikkje har vesentlege merknader til kommunen si saksbehandling eller den skjønnsmessige arealbruksvurderinga. Ein la vekt på at ein må sjå hen til at det i stor grad er samanfall mellom dei momenta klagene er grunngitt med og dei merknader som har kome fram undervegs i planprosessen. Kommunen har såleis ved si behandling og godkjenning av planen vore kjent med desse synspunkta. Etter dette fann fylkesmannen ikkje grunnlag for å endre kommunen sitt vedtak, og klagene i saka førte ikkje fram.

Representant for utbyggjar har dokumentert at ein har prøvd å kome fram til minnelege ordningar, men ein har ikkje komne i mål med tre grunneigarar. I vedlegg til saka går det fram beskrivelse av prosessen og kart som viser kvar areal det er snakk om.

Rådmannen rår til at spørsmål om oreigning vert utgreidd og fremja for kommunestyret i eiga sak. Herøy kommunestyre har gjennom planvedtak opna opp for utbygging ved godkjent reguleringsplan og lagt føringar for framtidig utnytting i området. Spørsmål om oreigning er avgrensa til knytt til veg og tekniske anlegg.

Rådmannen legg til grunn at det vert inngått eigen avtale mellom Herøy kommune og Myklebuståsen Utbygging AS der sistnemnte dekkjer kommunen sine kostnadar med grunnervervet. I dette ligg det at kommunen skal ha dekt alle kostnadar som vedkjem erstatningar fastsett av skjønsretten, dei lovbestemte utgiftene med skjønet, saksøkte sine sakskostnadar som er godkjende av skjønsretten og kommunen sine advokatutgifter som ein har i samband med oreigningssaka.

Ei oreigningssak står på eigen «kjøl» med eiga administrativ og politisk handsaming av spørsmål om oreigning.

Fosnavåg, 09.05.2017

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller


37/11
36/44
36/58
36/66
37/11
37/11
37/11


MYKLEBUSTÅSEN 2 - GRUNNERVERV
Permanent erverv av areal
Erverområde: Ikkje oppnådd frivilleg avtale
Midlertidig beslaglagt areal
Gjeldande eigedomsgrenser
37/461 Gårdsnummer/bruksnummer
Føremålslinjer i gjeldande reguleringsplan "Myklebuståsen 2"
Skjering-/fyllingsareal
METER
0 10 20 50
REVISJONAR
DATO
SIGN
SAKSHANDSAMING:
DATO
Kommunestyret
HERØY kommune
REGULERINGSPLAN (detaljplan i hht. pbl § 12-3) FOR "MYKLEBUSTÅSEN II" BUSTADOMRÅDE I HERØY KOMMUNE
Kartblad:
Kartgrunnlag: Grunnkart Herøy kommune
Tegn: KG
Kfr.: KG
Dato: 29.03.2017
Målestokk: 1:1000 (A2)
Utarbeidd av:
AG Plan og Arkitektur AS
Tekningsnummer: 2044-W100
Revisjon:

ADVOKATANE
MAURSET, KNARDAL OG HEGGEN

STRYN - VOLDA
Advokat Per Maurset
Advokat Jørund Knardal
Advokat Thore Heggen

I kontorfellesskap
Medlemmar av
Den Norske Advokatforening

Volda 03.04.2017

Herøy kommune
Rådhusgata 5
6090 FOSNAVÅG



MYKLEBUSTÅSEN II – UTBYGGJING – GRUNNERVERV TIL VEG MED TEKNISKE ANLEGG – OREIGNING - FØREHANDSINNTREDEN

Eg representerer Myklebuståsen Utbygging AS.

Det vert synt til mitt brev av 02.02.2017 med oppmoding om at Herøy kommune oreignar grunn til veg og tekniske anlegg for å få utvida eksisterande veg og bygd ny veg i samsvar med vedteken reguleringsplan 201277 Myklebuståsen II i kraft 23.02.2012. Veganlegget er planlagt overteke av Herøy kommune, jf. kunngjering 05.12.2016 med varsel om oppstart av forhandling av utbyggingsavtale for Myklebuståsen.

Dei fleste grunneigarane har inngått frivillig avtale om grunnavståing, men det gjenstår nokre grunneigarar som ikkje har gått med på dette i dei forhandlingar som er haldne, jf. oversikt og dokumentasjon vedlagt mitt brev av 02.02.2017.

1.
For å lette kommunen sitt arbeid i førebuing av oreigning så har AG Plan og Arkitektur AS utarbeidd eit grunneigarkart der det tydeleg går fram dei areal der det ikkje har lukkast å inngå frivillig avtale, jf. vedlegg. Av kartet går det fram kva areal som ein ber om vert oreigna for permanent og midlertidig erverv for kvart gnr. og bnr., og kva restareal som vert att på kvar eigedom. Areal som skal ervervast som "midlertidig erverv" gjeld areal som er regulert til bustadføremål, men som er føresett nytta til skjering og fylling til vegbygginga. Til det midlertidige ervervet må det difor knytast nødvendige vilkår i høve dette.

2.
I mitt skriv av 02.02.2017 går det fram at det for nokre eigedomar ikkje lenger trengst grunnerverv fordi inngrep kan erstattast av mur eller anna løysing. Eg ber om at kommunen kontrollerer dette slik at det ikkje kjem i strid med føresetnadene for kommunal overtaking av veg og veggrunn.

3.
På vegne av Myklebust Utbygging AS ber eg om at kommunen medverkar til at grunnen kan takast i bruk før endeleg oreigning, jf. oreigningslova § 25. Ei førehandstiltredeing vil vere

Advokat Per Maurset
Org.nr. 981 858 182 MVA
Tonningsgata 42, 6783 Stryn
Telefon 57 87 18 66
Telefaks 57 87 19 94
per.maurset@sentrumsgaarden.no
Avd.kto. Hamnegata 3, 6100 Volda

Advokat Thore Heggen
Org.nr. 983 584 284 MVA
Tonningsgata 42, 6783 Stryn
Telefon 57 87 18 66
Telefaks 57 87 19 94
thore.heggen@sentrumsgaarden.no
Avd.kto. Hamnegata 3, 6100 Volda

Advokat Jorund Knardal
Org.nr. 914 795 869 MVA
Hamnegt. 3, P.b. 75, 6101 Volda
Telefon 70 07 70 07
Telefaks 70 05 00 02
post@knardal.no
Avd.kto. Tonningsgt 42, 6783 Stryn

rimeleg m.a. ut frå ekspropriasjonen sitt art og omfang, den samfunnsmessige betydninga av tiltaket og dei ulemper ei førehandstiltreding vil kunne medføre.

Det vert her vist til at kommunen har føreteke ei grundig vurdering av alle sider av utbyggjinga ved ein nyleg vedteken reguleringsplan som også er stadfesta av Fylkesmannen. Vidare dreier det seg om ei begrensa oreigning som berre er knytt til veg og tekniske anlegg, og dei fleste grunneigarane har alt inngått frivillige avtalar. For den største grunneigaren (gnr. 37 bnr. 11) som vert utsett for oreigning er også dei fleste av dei ideelle eigarane positive til ein frivillig avtale, men sidan eigedomen ligg i eit sameige og dødsbu har det vore uråd å få til ein avtale som alle kan slutte seg til. Vegutbyggjinga kjem dessutan dei fleste eigedomar i området til gode ved at det m.a. utløyser høve til å byggje ut eigen grunn også for dei som vert utsette for oreigning. Vidare har utbyggjinga ei samfunnmessig betydning. Det dreier seg her om ei nødvendig offentleg vegutbygging som kjem eit stort område til gode og der kommunen sine planar om betre veg er overmogne. Endeleg er også Myklebuståsen Utbygging AS avhengig av denne vegen for å starte utbyggjing av dette store utbyggjingsprosjektet som vil vere eit stort løft for Herøy kommune.

Volda, 03.04.2017

Jørund Knardal
advokat

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Rådgivar Bente Thornes Kosberg, 71 25 84 78

Vår dato: 25.10.2013
Dykkar dato: 10.07.2012
Vår ref.: 2012/2435/BETH/421.4
Dykkar ref.: 2012/35

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr 2012/35 Saksbeh. BET
29 OKT. 2013
Ark.kode P L12
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr. 22
Kassasjon

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Herøy kommune - vedtak i klagesak - reguleringsplan for Myklebuståsen II

Fylkesmannen stadfestar kommunen sitt vedtak. Klagene blir ikkje tatt til følgje.

Fylkesmannen viser til kommunens ekspedisjon av 10.07.12.

Herøy kommunestyre har den 23.02.12, under sak nr. 21/12, eigengodkjent detaljreguleringsplan for Myklebuståsen II, med tilhøyrande reguleringsføresegner. Føremålet med planen er å regulere ny tilkomstveg til tidlegare regulert område «Myklebuståsen» og samstundes leggje til rette for bustader på tilstøytande areal.

Vedtaket er påklaga av Selberg Arkitekter, på vegne av sameiet Magnus Myklebust m.fl., ved brev datert 29.03.12. Klagen rettar seg i hovudsak mot manglande medverknad i planprosessen i høve til grunneigarane innafor planområdet, samt mangelfull utgreiing av ny samleveg 3. Klagar meiner at det skulle ha vore stilt krav om konsekvensutgreiing på bakgrunn av manglande avklaring i overordna plan, og stiller seg kritisk med omsyn til dei endringane som er gjort etter offentleg ettersyn. Klagar meiner at manglane i planarbeidet har ført til ei dårleg arealutnytting og planløysing for Myklebust sine eigedomar, og at planen i stor grad har lagt til rette for at tiltakshavar sine interesser har blitt fremja på bekostning av andre grunneigarar.

Vedtaket er også påklaga av advokat Vegard Svarva, på vegne av nemnde sameige, ved brev av 30.03.12. Klagen rettar seg i det vesentlege mot manglande medverknad i planprosessen, mangelfulle vurderingar av alternative tilkomstar/traseval, støy i anleggsperioden og etter utbygging, manglande tilkomst til Myklebust sin eigedom samt til turområde, og reguleringsføresegner knytt til rekkefølgjekrav og støy.

Vidare er vedtaket påklaga av Per Odd Paulsen m.fl. ved brev av 19.03.12. Klagen rettar seg hovudsakleg mot vegløysinga, og at grunneigarane ikkje ønskjer å frivillig avstå grunn til etablering av tilkomstveg. Vidare meiner klagarane at det må stillast krav til omfattande konsekvensanalyser med omsyn til fleire tilhøve.

Fleire grunneigarar, naboar og berørte på Myklebust Syd har også påklaga vedtaket ved brev av 19.03.12. Klagarane peikar på dei store inngrepa denne utbygginga vil medføre. Det blir vidare stilt spørsmål ved geologirapporten, og om grunnforholda er tilstrekkeleg sikre. Klagarane stiller også spørsmål ved kva verknader denne utbygginga vil få for Myklebustvatnet naturreservat.

Grunneigarane er sterkt ueinige i at mange tomter innafor planen blir øydelagde som utbyggingstomter som følgje av tilkomstvegen. Klagarane etterlyser vurderingar av alternativ tilkomstveg. Det blir vidare vist til belastning for naboane som følgje av ein lang anleggsperiode. Det blir også stilt spørsmål ved den økonomiske gjennomføringsevna. Klagarane krev også at det blir utarbeidd konsekvensutgreiing.

Kommunestyret behandla klagene i møte den 28.06.12, og under sak nr. 114/12 har dei halde fast på vedtaket i sak nr. 21/12. I medhald av plan- og bygningsloven (pbl) § 1-9 er saka etter dette oversend fylkesmannen som klageinstans.

Når det gjeld bakgrunnen for saka elles blir det vist til saksdokumenta.

Fylkesmannens merknader:

Klagen er levert innafor lovbestemt klagefrist, og vilkåra for å behandle dette som ei klagesak er oppfylt. Fylkesmannen kan etter dette prøve alle sider av saka, jf. forvaltningsloven § 34. Resultatet av klagebehandlinga kan bli at kommunen sitt vedtak blir stadfesta eller oppheva. Fylkesmannen kan derimot ikkje gjere endringar i reguleringsplanen utan å leggje saka fram for kommunen, jf. pbl. § 12-12.

Saksbehandling og medverknad

Reguleringsplanar kan få verknader for naturmangfaldet og fylkesmannen har i den samanheng gjort ein sjekk i Naturbasen til Direktoratet for naturforvaltning og i Artsdatabanken sitt artskart. Det går ikkje fram av desse registra at det er artar eller naturtypar i planområdet som ein må legge til grunn vil bli påverka av denne planen. Det er heller ikkje kome fram opplysingar i saka som tyder på at det kan vere andre artar eller naturtypar innan planområdet som ikkje er fanga opp av ovanfor nemnde registreringar. Kravet i naturmangfoldloven (nml.) § 8 om at saka skal basere seg på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er dermed oppfylt. I og med at naturmangfaldet i liten grad vil bli påverka av planforslaget og det ikkje kan påvisast at tiltaket vil ha effekt på verdifull natur, legg fylkesmannen til grunn at det ikkje er naudsynt å gjere vurderingar etter dei andre miljøprinsippa i nml. §§ 9-12.

Konsekvensutgreiing

Det følgjer av pbl. § 4-2 at for reguleringsplanar som kan få «vesentlige virkninger for miljø og samfunn» skal det utarbeidast ei konsekvensutgreiing. I forskrift om konsekvensutredninger er det i § 2 fastsett kva planar som alltid skal handsamast etter denne forskrifta. Fylkesmannen kan ikkje sjå at denne planen fell inn under verkeområdet for § 2. I forskrifta § 3 er det vidare opplista kva planar som skal handsamast etter forskrifta dersom dei fell inn under eitt eller fleira av kriteria i § 4. Fylkesmannen kan heller ikkje sjå at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing etter vilkåra i § 3, jf. § 4. Dette er det også gjort greie for i samband med planopppstart.

Medverknad

Det går fram av pbl. § 12-3 at «private, tiltakshavere, organisasjoner og andre myndigheter har rett til å fremme forslag til detaljregulering». Lova oppstiller såleis ikkje noko krav om at den som fremmer forslaget også må vere eigar av dei eigedomane som planen omfattar. I pbl. § 5-1 er det fastsett at alle som fremmer planforslag, skal legge til rette for medverknad. Kommunen skal sjå til at dette er oppfylt i planprosessar som blir utført av andre offentlege organ eller private. Det er såleis den som fremmer forslaget som har ansvar for å legge til rette for medverknad, men kommunen har likevel eit overordna ansvar for å sjå til at dette blir gjort.

Plan- og bygningslova fastset vidare saksbehandlingsreglar for dei enkelte plantypane. Dette er minstekrav som alltid skal følgjast. I kva grad og korleis det skal leggjast til rette for medverknad ut over desse minstekrava, må vurderast i den enkelte saka ut frå dei omsyn og interesser som gjer seg gjeldande.

Reglane i pbl. § 12-8 flg. stiller krav til særskilt underretning av grunneigarar mv. Ut over dette stiller ikkje lova særlege krav til prosessen i høve til denne gruppa, og det er såleis kommunen og forslagsstillar som må vurdere om det er grunnlag for å leggje til rette for medverknad ut over lova sine minstekrav, jf. § 5-1. I denne saka er det andre enn forslagsstillar som er grunneigarar av store delar av arealet innafor planområdet, og det vil truleg kunne bidra til å redusere konfliktar rundt arealbruken om forslagsstillar i større grad involverer slike grunneigarar i prosessen. Lova har likevel ikkje noko krav om dette, og ein må også sjå hen til at det er kommunen som har den endelege avgjerda med omsyn til arealbruken, og at ingen har krav på ei bestemt utnytting av sin eigedom.

Dei lovfesta krava til medverknad er etter det fylkesmannen kan sjå oppfylte i denne saka. I tillegg til dette har forslagsstillar halde møte med orientering og drøfting i formannskapet 01.02.11, og samrådingsmøte med særskilde grupper den 03.03.11. Det vart også halde møte med grunneigarar og naboar 15.12.10, og det vart gitt høve til å kome med innspel etter dette møtet. Grunneigarane har vidare hatt høve til å kome med merknader undervegs i planprosessen, noko som også har blitt gjort, og forslagsstillar og kommunen har gjort ei vurdering av dei innkomne merknadene undervegs.

Generelt

Ut over plan- og bygningslova sine spesielle krav til utgreiing og medverknad, er det eit generelt krav om at forvaltningsorganet skal sjå til at ei sak er "så godt opplyst som mulig" før vedtak blir treft, jf. forvaltningslova § 17. Forvaltninga har såleis eit sjølvstendig ansvar for at ei sak er tilstrekkeleg opplyst før ein treff avgjerd i saka. Kor omfattande undersøkingar som skal krevjast vil mellom anna avhenge av saka sin karakter, slik at det må stillast strengare krav til klarlegging av dei faktiske tilhøva og vurderinga av relevante interesser og omsyn i saker som gjeld vesentlege inngrep overfor den enkelte borgar.

Vurderinga av om denne saka har vore tilstrekkeleg opplyst, vil bli vurdert i samband med gjennomgangen av merknadene knytt til arealbruksvurderinga nedanfor.

Arealbruksvurderinga

Dei rettslege rammene for lovleg arealbruk i reguleringsplanar er fastsett i pbl. §§ 12-5, 12-6 og 12-7. Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen sitt vedtak går utanfor dei rammene som går fram av desse reglane. Kva som er hensiktsmessig arealbruk innafor desse rammene er ei vurdering som er underlagt det frie skjønet, og fylkesmannen skal i klagebehandlinga leggje vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyre, jf. forvaltningslova § 34, 2. ledd, 3. pkt. Under føresetnad av at dei omsyna kommunestyret har lagt vekt på er saklege ut frå reguleringsmessige og alminnelege forvaltningsrettslege krav, er det i utgangspunktet opp til kommunestyret å avgjere korleis dei ulike omsyn skal avvegast. Ingen har såleis krav på at ein eigedom skal nyttast på ein bestemt måte i plansamanheng.

Ein vesentleg del av klagane rettar seg mot vegløysinga i området, og da særleg dei inngrepa som følgjer med utbygginga av V3.

Grunnlaget for planarbeidet er tidlegare godkjend reguleringsplan for Myklebuståsen, der ein i ettertid har funne at den regulerte vegløysinga til dette bustadområdet ikkje er tilfredsstillande. Ein har difor sett det som naudsynt med ei ny løysing for tilkomstveg.

I samband med planoppstart er det skissert ei løysing for tilkomstveg frå eksisterande veg Vikevegen, i planen vist som V2. Det er vidare halde eit møte med formannskapet, og i den forbindelse har forslagsstillar utarbeidd eit notat som grunnlag for ein presentasjon av prosjektet, for å avklare om dei prinsippa som er lagt til grunn i forslaget er innafor det som kommunen kan akseptere. I høve til tilkomstvegen er det her gjort greie for alternative løysingar for vegtilkomst: den eine tok utgangspunkt i krysset Vikevegen/Toftestøvegen, noko som ville medføre ei svært bratt stigning, ei anna løysing med å gå over gnr. 36 bnr. 7 og 66 vart heller ikkje vurdert som noko god løysing. Forslagsstillar har difor tatt som utgangspunkt at vegen burde leggast nord om gnr. 36 bnr. 60. For denne vegløysinga er det vidare vurdert to alternativ, der vegen i det eine alternativet er lagt ned til eigedomsgrensa til eksisterande bustader i vegen Storetua, medan den i det andre alternativet er lagt lenger opp, der forslagsstillar har funne å ville gå vidare med sistnemnde alternativ.

Det har under planprosessen vore stilt spørsmål ved utgreiing av alternativ vegføring. Det har ikkje vorte framlagt konkrete forslag utover det som går fram ovanfor. I kommentar til innspel etter planoppstart viser forslagsstillar til at ein *«har heller ikkje kunne finne slike konkrete alternativ. Etter vår vurdering vil ei løysing frå nord måtte medføre inngrep i eksisterande utbygde eigedomar langt over det som den framlagde løysinga inneber. Det er å merke at den framlagde løysinga først og fremst medfører inngrep i landskap – ikkje i utbygd eigedom. Som vegløysing gjev framlagde tilkomstvegar ei god arealutnytting.»* Kommunen har også i samband med si behandling vist til at *«dersom ein skulle valt alternative løysingar (t.d. med ein samleveg gjennom den etablerte bebyggelse bak Spar på Myklebust) ville dette vore ei uheldig løysing med auka trafikk gjennom eit etablert bustadområde. Dette ville skapt utfordringar knytt til eit differensiert trafikksystem (køyreveg og fortau) og ville ikkje vore i tråd med prinsippa for god trafikktrygging.»*

Det utpeikar seg såleis ikkje nokon klare alternativ til denne vegløysinga dersom dette området skal byggjast ut. Det er under planprosessen påpeika frå høyringsinstansar at den valde løysinga vil medføre store terreng- og landskapsmessige inngrep, og også rådd i frå at kommunen går vidare med denne løysinga.

Kommunen peikar i denne samanheng på behovet for bustadtomter, at det er begrensa med utbyggingsområde på Bergsøya, og at planforslaget legg til rette for ei vidareføring av eit allereie etablert utbyggingsmønster på Myklebust. Vidare er det sett krav i reguleringsføresegnene for å søke å redusere dei visuelle ulempene. Ulempene ved den planlagde vegløysinga har såleis vore godt belyst gjennom planprosessen, men kommunen har lagt avgjerande vekt på dei samfunnsmessige fordelane som utbygginga fører med seg. Denne avveginga ligg i utgangspunktet til kommunen sitt frie skjøn som arealbruksmyndigheit, og fylkesmannen har ikkje vesentlege merknader til dette.

Det er også klaga på valet av trasé for V3. Klagarane meiner at vegen bør leggjast lenger mot vest oppover mot fjellet, da vedteken løysing medfører at Myklebust mister ca. 5 bustadtomter. Kommunen viser i denne samanheng til at ei *«slik flytting av veglinja vil medføre at ein innbyr til fartsauke og vil generere vesentleg større terrenginngrep i bakanforliggjande terreng. Dette vil, etter ei totalvurdering, vere ei dårlegare løysing for planforslaget samla sett.»* Fylkesmannen kan ikkje sjå at klagar sin eigedom vil få ei dårleg utnytting totalt sett. Sjølv om grunneigar vurderer ei anna utnytting som meir tenleg for sin eigedom, er det likevel opp til kommunen å avgjere arealbruken. Det at kommunen i denne samanheng ikkje ønskjer ytterlegare terrenginngrep enn det som utbygginga allereie vil medføre, vil vere eit relevant omsyn å leggje vekt på.

Når det gjeld tilkomst til V3 har forslagsstillar, i samband med revidert planforslag av 31.05.11, kommentert tilkomstforholda og konkludert med at tilkomsten til tomtene på nedsida av vegen kan løysast på tilfredsstillande måte. Det er også tatt inn ei skisse av dette i saksdokumenta i samband med offentleg ettersyn. Fylkesmannen legg til grunn at tilkomsttilhøva kan få ei tilfredsstillande løysing.

Når det gjeld samleveg V2 og V3 viser klagarane til at Myklebustflata kan byggjast ut utan desse vegane, og at planforslaget framstår som ein konstruksjon for å gjere utbygging av Myklebustflata avhengig av desse vegane, noko som både vil forseinke og fordyre utbygginga her. Klagarane har under planprosessen lagt fram ei skisse med eit alternativt forslag for korleis dette område kan byggast ut med andre vegløysingar.

Innspela frå klagarane er delvis teke til følgje og innarbeidd i planen. Kommunen har i si behandling vist til at *«samleveg V2 og V3 er nødvendig for å få til ein offentleg samleveg med tilfredsstillande standard som kan ta omsyn til den auka trafikkbelastninga i området som følgje av nye bustader. Rekkjefølgjekravet som er sett i reguleringsplan skal sikre at naudsynt infrastruktur blir opparbeidt på ein naturleg måte i samband med utbygging.»* Det går vidare fram av saksdokumenta at kommunen har sett behov for veg mellom Kvithaugsmyra og Toftestøvegen, og at dimensjoneringa av V2 er gjort etter krav frå kommunen på bakgrunn av behov for oppgradering og utviklingspotensiale for andre bustadområde.

Som nemnt tidlegare er det ingen som har krav på ei bestemt utnytting av sin eigedom i plansamanheng, sjølv om klagarane si framlagte løysing kan gi ei betre utnytting for dei isolert sett. Klagarane sitt forslag har vore ein del av saksdokumenta og noko kommunen har tatt stilling til i si behandling. Kommunen har likevel vurdert den vedtekne vegløysinga som meir hensiktsmessig. Samlevegane V2 og V3 vil tene eit større område og samstundes legge til rette for ei eventuell framtidig utvikling av andre bustadområde, og fylkesmannen har ingen vesentlege merknader til kommunen si arealbruksvurdering i denne samanheng.

Det er vidare stilt rekkjefølgjekrav knytt til utbygging av V2 og V3, slik at desse skal vere ferdigstilt før bustadbygging kan ferdigstillast på område som har regulert vegtilkomst til dei respektive vegane, jf. reguleringsføresegnene § 13 a. Store delar av Myklebust sin eigedom kan byggjast ut utan at V3 er opparbeida, men slik at det for fleire område vil vere krav om opparbeiding av V2. Det vil vere viktig å sikre tilfredsstillande infrastruktur før bustadområda vert tekne i bruk, og fylkesmannen har ingen vesentlege merknader knytt til dette kravet.

I høve til tilkomst til terrenget ovanfor V3 vil det ikkje vere tilkomst langs den nye samlevegen. Det er likevel lagt til rette for at det kan etablerast ei kopling mellom bustadområdet og turområda utanfor planområdet i tilknyting til V5, der det også er lagt til rette med parkringsplassar.

I vurderinga av skjønnsutøvinga må ein sjå hen til plana sin rettsverknad som oreigningsgrunnlag. Prinsippet om interesseovervekt i oreigningslova § 2, 2. ledd vil difor få praktisk betyding ved godkjenning av ein reguleringsplan. Denne regelen tilseier at vedtak om oreigning ikkje kan gjerast «utan at det må reknast med at inngrepet tvillaust er meir til gagn enn til skade». Det er særleg utbygging av samleveganc V2/V3 som aktualiserer dette spørsmålet. Grunngivinga for vald vegløysing og vegstandard går fram ovanfor, og kommunen har som nemnt lagt vekt på å leggje til rette for ei hensiktsmessig utbygging av eit større område, behov for oppgradering av vegstandard og mogleg framtidig utbygging. Etablering av denne vegløysinga vil samstundes føre til ulemper for dei som får sin grunn regulert til veggrunn, og dermed ikkje får utnytta den delen av eigedomen på anna måte. Denne interesseavveginga har likevel kommunen gjort i si behandling, og der lagt avgjerande vekt på samfunnsnytten av utbygginga sett i ein større samanheng. Fylkesmannen har ikkje avgjerande merknader til kommunen si interesseavveging.

Det går fram av planomtalen at utbygging av området slik planen legg opp til vil gi trafikkmengder som kan medføre støy i konflikt med grenseverdiane som er sette i retningslinje for støy i arealplanlegging, T-1442. I samband med planarbeidet er det gjennomført punktberekningar langs vegane for å avklare behov for støyskjerming. Berekningspunkta tek omsyn til både trafikkmengde og terrengforhold. Det går vidare fram av planomtalen at «utbygginga som denne planen fører med seg og utbygging av tidlegare regulert areal vil gje til saman ca. 135 bueiningar». Fylkesmannen legg difor til grunn at berekningane er dekkande også i høve til utbygging av tilgrensande planområde som skal nytte denne tilkomstvegen. Berekningane viser at ein ved full utbygging vil kunne overskride grenseverdiane. Det er i planen vist støyskjermar, med krav om at desse skal byggjast ved tidspunkt for full utbygging innan planområdet. Det er vidare fastsett i reguleringsføresegnene § 13 c. at maksimalt støynivå for fasade, leikeplass osv. skal vere innafor grenseverdiane i T-1442. Desse grenseverdiane er såleis gjort rettsleg bindande gjennom planen.

Når det gjeld støy i anleggsperioden er det i reguleringsføresegnene § 13 c. vidare fastsett at sprenging og transport skal skje på dagtid i perioden 07-19, og at støymengda bør kun i kortare periodar overskride støymengdene i ta. 4 i T-1442. Det er såleis fastsett at ein som hovudregel skal halde seg innafor støykrava sett i denne retningslinja. Det kan likevel tillatast at desse grenseverdiane kan overskridast i kortare periodar, noko også denne retningslinja opnar for. I høve til kva som ligg i «kortare periodar» vil det vere naturleg å sjå hen til i kva grad retningslinja opnar for overskriding av støygrensene.

Vidare er det fastsett i føresegnene § 8 l. at det før utsprenging av byggegrop for BB1, BB2 og BB3 og KS1 skal utarbeidast inngreps-/riggplan for områda, der mellom anna forhold kring støy skal omtalast. Denne planen skal godkjennast av kommunen, slik at kommunen i denne samanheng vil ha høve til å stille nærare krav til desse forholda.

Kommunen viser til at ein ser på dei vurderingane som er gjort kring støy som tilfredsstillande i høve til rettleiar T-1442, og fylkesmannen har ikkje vesentlege merknader til dette.

Nokon av klagarane har stilt spørsmål ved grunntilhøva og om desse er tilstrekkeleg sikre for utbygging. I samband med planarbeidet har Sweco Norge AS utarbeidd ein rapport som vurderer dei geologiske tilhøva i dette området. Rapporten inneheld anbefalingar om ulike sikringstiltak, at det i detaljplanfasen må utførast ei detaljert ingeniørgeologisk feltkartlegging og at ingeniørgeolog bør involverast i byggefasen. I reguleringsføresegnene § 14 er det sett krav om slike nærare undersøkingar i samband med detaljprosjektering og utbygging. Det ligg også føre uttale frå fylkesgeolog om skredfare, der farenivået vert vurdert å tilfredsstille sikkerheitsklassane S3 og S2 i TEK10, og at den planlagde tilkomstvegen vil kunne redusere faren for steinsprang.

På bakgrunn av dette finn fylkesmannen ikkje grunn til å tru at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst med omsyn til grunntilhøva. Ved utbygging må det takast omsyn til krava i § 28-1 om at grunn skal vere tilstrekkeleg sikker, jf. krava i reguleringsføresegnene § 14.

Klagarane har også peika på problemstillingar med omsyn til overflatevatn som følgje av utbygging av Myklebuståsen. I planomtalen er det gjort ei vurdering av overflatevatn, med utrekning av vassmengder, der ein vurderer det slik at dette vil kunne handsamast greitt i samband med utbygginga. Som kommunen også påpeikar er overflatevatn noko som gjeld utbygging og teknisk infrastruktur. Det er i reguleringsføresegnene § 13 d. fastsett at før utbygging vert sett i verk skal kommunen godkjenne tekniske anlegg, og at detaljane kring dette blir fastsett gjennom utbyggingsavtale mellom tiltakshavar og kommunen. Fylkesmannen kan elles ikkje sjå at utbygging av området vil vere problematisk for Myklebustvatnet naturreservat med omsyn til overflatevatn.

Økonomisk gjennomføringsevne

Plan- og bygningslova opnar for at private kan fremje planforslag, men stiller ikkje krav til økonomisk gjennomføringsevne eller liknande. Det er kommunen som er reguleringsmyndigheit og som vedtek reguleringsplanar, og kommunen kan avslå å fremje eit privat planforslag.

Det går fram av pbl. § 3-1, 3. ledd at planlegging *«skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige forutsetninger for gjennomføring og ikke være mer omfattende enn nødvendig»*. Denne regelen inneber at omfanget av planlegginga må tilpassast dei lokale tilhøva og behova. Det ligg i utgangspunktet til kommunen å vurdere behov og omfang av planlegginga. Det aktuelle området ligg i tilknyting til allereie etablerte og regulerte bustadområde, det ligg sentralt i høve Myklebust som bygdesenter, som ligg sentralt i regionen og nær Fosnavåg sentrum.

Kommunen viser til at planforslaget vil vere med på å løyse utfordringar knytt til infrastruktur i området, det vil bidra til å styrke bustadtilbodet i kommunen vesentleg, og at eit godt bustadtilbod vil vere viktig for ei framtidig utvikling av kommunen. Kommunen har såleis gjort ei vurdering av behov og omfang, og fylkesmannen har ingen merknader til denne vurderinga.

Oppsummering

Fylkesmannen har etter dette ikkje vesentlege merknader til kommunen si saksbehandling eller den skjønnsmessige arealbruksvurderinga. Ein må sjå hen til at det i stor grad er samanfall mellom dei momenta klagene er grunngitt med og dei merknader som har kome fram undervegs i planprosessen. Kommunen har såleis ved si behandling og godkjenning av planen vore kjent med desse synspunkta.

Etter dette finn fylkesmannen ikkje grunnlag for å endre kommunen sitt vedtak, og klagene har såleis ikkje ført fram.

Fylkesmannen seier seg lei for at det har tatt lang tid å behandle denne saka.

Fylkesmannens vedtak:

I medhald av plan- og bygningsloven § 1-9, jf. forvaltningsloven § 34 og rundskriv T-2/09 frå Miljøverndepartementet, stadfestar fylkesmannen Herøy kommune sitt vedtak i sak nr. 21/12.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast vidare, jf. forvaltningsloven § 28.

Klagarane er underretta om vedtaket ved kopi av dette brevet.

Med helsing

Helge Mogstad (e.f.)
direktør

Bente Thornes Kosberg

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Magnus Myklebust m.fl.	Vestre Rosten 32	7072	HEIMDAL
Advokat Vegard Svarva	Fjordgata 82	7010	TRONDHEIM
Per Odd Paulsen m.fl.	Vikevegen 14	6092	FOSNAVÅG
Selberg Arkitekter AS	Posboks 6094 Sluppen	7434	TRONDHEIM
Frantzen Maskinstasjon AS	Gamle Myklebustveg 9	6092	FOSNAVÅG
AG Plan & Arkitektur AS	Webjørn Svendsensgata 12	6150	ØRSTA

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2017/245
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
80/17	Formannskapet	24.05.2017
72/17	Kommunestyret	21.06.2017

REGULERINGSPLAN SKARABAKKEN - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 24.05.2017

Herøy kommunestyre eigengodkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *Detaljreguleringsplan for Skarabakken* med plankart, føresegn datert 16.03.2017 og planomtale datert 12.05.2017.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering. Klaga skal stilast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.

Tilråding:

Herøy kommunestyre eigengodkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *Detaljreguleringsplan for Skarabakken* med plankart, føresegn datert 16.03.2017 og planomtale datert 12.05.2017.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering. Klaga skal stilast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.

Særutskrift:

Statens vegvesen

Vedlegg:

Samandrag av saka:

Statens vegvesen vil utbetre Skarabakken med god horisontal- og vertikalkurvatur, med dobbeltsidig fortau og med fullgod bredde på vegen. Det er utarbeidd reguleringsplan som har vore lagt ut til offentleg ettersyn i periode 30 mars til 11 mai. Det er gjennomført open kontordag i Fosnavåg og planen ligg no klar for slutthandsaming i kommunestyret. Det kom ikkje inn merknadar i høyringsperiode som har medført endringar og behov for 2.gangs offentlig ettersyn.

Saksopplysningar:

Varsel om oppstart av reguleringsplanlegging vart i henhold til Plan- og bygningslova §12-8 sendt ut til offentlege instansar, grunneigarar og andre berørte 02.02.2017, og annonsert i avisene Sunnmørsposten 06.02.17 og Vestlandsnytt 07.02.17. Innspel er oppsummert og kommentert i avsnitt 10 i planomtalen. Planforslaget var sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 30.mars – 11.mai.

Varsel om offentleg ettersyn vart kunngjort i Vestlandsnytt og Sunnmørsposten i slutten av veke 13 2017. Grunneigarar og rettighetshavere fikk skriftleg melding om dette. Planforslaget vart samtidig sendt ut på høyring til offentlege instanser. Det vart halde open kontordag på rådhuset i Fosnavåg 26.april kl. 14 til kl. 17.

Innkomne merknader i samband med offentleg ettersyn er oppsummert og kommentert i planomtalen. Det kom ikkje inn merknadar som har medført endringar og behov for 2.gangs offentlig ettersyn.

I samband med utlegging til offentleg ettersyn stilte representantar i spørsmål om det var mogleg å erstatte fortau med gang- og sykkelveg på den eine sida av vegen og om man kunne senke vegen ved forsamlingshuset.

Spørsmålet er lagt fram for Statens vegvesen der dei har kommentert følgjande:

Senkning av vegen ikke har vært en del av prosjektet, da dette vil bli ganske omfattende og være utenfor prosjektets rammer. Senkning av vegen vil skape utfordringer med hensyn til tilkomst til bebyggelsen på begge sider av vegen samt i forhold til den omfattende infrastrukturen av ledninger og rør som er i bakken i dette området. Det er generelt trangt om plassen i Skarabakken. Bolighus står tett inn til på begge sider. Vegen er planlagt som gateprofil med fortau. Går vi vekk fra gateprofilet er det blant annet andre krav til stigning.

Innspel og merknadar i varsel om høyringsperiode (klipt frå planomtalen):

Fra NVE, datert 20.04.17

Ingen merknader

Fra Idar Frøystad, datert 22.04.17

Grunneieren (34/126) ønsker at de tre husene på eiendom 34/213, 34/111, 34/126 innløses, og gjør videre oppmerksom på at garasjen til 34/126 er i daglig bruk og at det er ønskelig at den fortsatt skal være det.

Kommentar fra Staten vegvesen: vi har hatt kontakt med grunneieren og forklart at fylkesvegen kommer lengere vekk fra de tre nevnte husene enn slik den ligger i dag. De tre husene vil ikke bli innløst. Planen endrer ingenting i forhold til den nevnte garasjen.

Fra Harald Thorseth, datert 10.05.17

Grunneieren (34/162) har spesifikke innspill i forhold til utforming og utførelsen.

Kommentar fra Staten vegvesen: Dette er detaljer som ikke bestemmes på reguleringsplannivå, men Statens vegvesen vil fortsette den gode dialogen som vi har hatt med grunneieren så snart vi går i gang med byggeplan, og gjennom den bli enige om detaljene. Vi har god tro på at alle vil bli fornøyd.

Fra Oddrun Leikanger og Sverre Sande, datert 10.05.17

Grunneierne (34/304) ønsker to stk 160 mm utstikk for overvann, et i hvert hjørne av tomta, samt rystelsemåler med GPS og mobilvarsling i anleggsperioden på huset. Videre ønsker grunneierne å være med å diskutere høyde på muren mot eiendommen.

Kommentar fra Staten vegvesen: Dette er detaljer som ikke blir bestemt i forbindelse med reguleringsplan, men vi vil fortsette den gode kontakten på byggeplannivå. Vi har god tro på at alle vil bli fornøyd med den nye planen.

Fra Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 10.05.17

Samferdselsutvalget godkjenner fravikssøknaden med 8 % stigning på fortau. Det oppfordres likevel til at at man prøver å gjøre fortauet så universelt utformet som mulig. Kulturavdelingen har synfart området og det er ikke stilt krav om arkeologisk registrering. Med hensyn til kulturminner fra nyere tid er fylkeskommunen opptatt av at detaljeringen videre i prosjektet blir gjort slik at vegen ikke blir for dominerende i dette tette miljøet. Fylkeskommunen ber om at barn og unge blir ivaretatt i planarbeidet og det oppfordres til at Vegvesenet tar kontakt med barnerepresentanten i kommunen.

Kommentar fra Statens vegvesen: Barn og unge er nå omtalt i et eget avsnitt (avsnitt 8.6) i planomtalen, og barnerepresentanten i kommunen er kontaktet.

Fra Fylkesmannen i MR, datert 11.05.17

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområder ingen merknadar

Fra Erling Hestholm, datert 12.05.17

Hestholm er eier av Pettersvågen 2, og gjør oppmerksom på at de kan være villige til å selge huset sitt hvis det kan gjøre det lettere å få til en god plan i Skarabakken.

Kommentar fra Statens vegvesen: det er i utgangspunktet ikke planer om å innløse dette huset.

Fra Barnerepresentanten i Herøy, datert 14.05.17

Barnerepresentanten er glad for denne planen! Det er svært viktig at mjuke trafikantar no får ein langt tryggare veg gjennom Skarabakken, og særleg er det bra at skuleborna no kan gå til skulen langt tryggare enn før.

Det er bra at det blir fortau på begge sider av vegen slik vi unngår unødig med kryssingar. Ber om at fortauet blir høgre oppe enn køyrebanen, samt at de tenkjer nøye over kvar de etablerer fotgjengarovergongar. Særleg kryssinga på toppen av bakken i dag er farleg. Det er viktig at sikkerheit vert ivaretatt på alle punkt.

Kommentar fra Statens vegvesen: Fortauet er planlagt med 13 cm høy kantstein. Fotgjengerovergang reguleres ikke inn i reguleringsplanen.

Vurdering og konklusjon:

Skarabakken er innfartsveg, skuleveg og ein viktig forbindelse mellom Fosnavåg sentrum og idrettsanlegga ved Myklebustvatnet.

Bakgrunn for planarbeidet har vore å legge grunnlag for å utbetre vegstrekninga i Skarabakken og etablere tosidig fortau for å auke trafikktryggleiken for alle trafikantgrupper.

Planforslaget medfører at to hus vert regulert bort. Eitt av husa er løyst inn av statens vegvesen og det ligg føre skriftleg avtale som vedkjem det andre huset. Avtalen er lagt fram for kommunestyret for godkjenning.

Rådmannen rår Herøy kommunestyre til å eigengodkjenne planen slik den ligg føre og viser elles til vedlagte plankart, føresegner og planomtale.

Fosnavåg, 15.05.2017

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



Tegnforklaring

Støysoner + 4 meter over terrengnivå

L_{den}	65,0-
L_{den}	55,0 - 65,0
L_{den}	- 55,0

Trafikkmengde i 2038: 8500 kjøretøy/døgn
derav 7 % tunge
Fartsgrense 40 km/t

Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev. dato

Kartgrunnlag tatt ut 2014-03-19, EUREF89 NTM Sone 5, NN54

Statens vegvesen

Tegningsdato	2014-03-16
Bestiller	perler
Produsert for	Region midt
Produsert av	Region midt

Fv 654 Hp 03
Skarabakken
Støykart

Reguleringsplan

Prosjektnummer	405116
Delprosjektnummer	15F0654R_002
Saksnummer	
PlanID	201704
Målestokk A1	1:500

Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv	Tegningsnummer / revisjonsbokstav
tomolt				X001



16

Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev. dato

Kartgrunnlag tatt ut 2014-03-19, EUREF89 NTM Sone 5, NN54

Statens vegvesen

Fv 654 Hp 03

Skarabakken

Normalprofil

Reguleringsplan

Tegningsdato	2014-03-16
Bestiller	perler
Produsert for	Region midt
Produsert av	Region midt
Prosjektnummer	405116
Delprosjektnummer	15F0654R_002
Saksnummer	
PlanID	201704
Målestokk A3	1:100
Tegningsnummer / revisjonsbokstav	F001

Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv
robsat			

H.O.H.

35

30

25

20

R=∞ R=860 R=860 R=∞ R=∞ R=275 R=275 R=∞ R=∞ R=1800

3,92 %

9,57 %

8,00 %

PR. 0,000
H = 31,422

PR. 42,628
H = 33,093

PR. 90,740
H = 37,695

PR. 326,374
H = 18,845

PROFIL NR.	0	25	50	75	100	125	150	175	200	225	250	275	300	325	350	375
HOR.KURV.	R=∞	R=-381	A=75	R=-100	R=∞	R=75	R=∞	R=-510	R=∞							
BREDDEUTV.	0,20m 0,20m			0,65m 0,65m		0,85m 0,85m		0,00m 0,00m								
TVERRFALL																
H.kj.b.k.	3,0%	3,0%	3,0%	5,0%	5,0%	3,0%	3,0%	3,0%	3,0%	5,0%	5,0%	3,0%	3,0%	3,0%	3,0%	3,0%
V.kj.b.k.																
PROFIL H.	31,42	31,62	31,81	32,01	32,22	32,43	32,68	32,95	33,26	33,60	33,96	34,36	34,78	35,23	35,69	36,06
TERRENG H.	31,42	31,50	31,66	31,75	32,23	32,45	32,75	33,04	33,36	33,63	34,00	34,37	34,84	35,25	35,65	36,02
	36,33	36,54	36,69	36,68	36,73	36,47	36,38	36,06	36,11	35,65	35,75	35,35	35,29	34,99	34,95	
	34,03	34,55	33,43	34,15	32,77	33,75	32,11	33,35	31,55	32,95	30,89	32,55	30,42	32,15	30,22	31,75
	30,24	31,35	30,63	30,95	30,56	30,55	30,19	30,15	29,82	29,75	29,44	29,35	29,00	28,95	28,55	28,55
	28,13	28,15	27,68	27,75	27,25	27,35	26,82	26,95	26,42	26,55	26,06	26,15	26,07	25,75	25,97	25,35
	25,49	24,95	25,30	24,55	25,19	24,15	24,72	23,75	24,63	23,35	24,45	22,96	22,75	22,58	21,70	22,22
	20,88	21,86	20,62	21,52	20,34	21,20	20,16	20,89	20,05	20,59	19,95	20,31	19,81	20,04	19,65	19,79
	19,47	19,55	19,27	19,32	19,10	19,11	18,90	18,91	18,70	18,72	18,50	18,55	18,24	18,40	18,12	18,25
	18,01	18,12	18,01	18,01												
OVERBYGN.T.	54CM															



Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev. dato

Kartgrunnlag tatt ut 2014-03-19, EUREF89 NTM Sone 5, NN54

Statens vegvesen

Fv 654 Hp 03

Skarabakken

Plan og profil

Reguleringsplan

Tegningsdato	2014-03-16
Bestiller	perler
Produsert for	Region midt
Produsert av	Region midt
Prosjektnummer	405116
Delprosjektnummer	15F0654R_002
Saksnummer	
PlanID	201704
Målestokk A1	1:500/1:100

Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv	Tegningsnummer / revisjonsbokstav
robsat				


Poseidon hotell
NORVAGVEGEN
PETTERVAGEN
LYSEBØVEGEN
Skarabakken
Skarabakken
Skarabakken

HERØY KOMMUNE

Dokumentsenter og politisk sekretariat

STATENS VEGVESEN

Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2017/245	L12		DOK / LME	30.03.2017

F-SAK 47/17: REGULERINGSPLAN SKARABAKKEN - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN.

Vedlagt følgjer:

- F-sak 47/17.

Herøy formannskap har den 28.03.2017 gjort slikt vedtak i saka:

> «Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10 å leggje detaljreguleringsplan for Skarabakken ut til offentleg ettersyn i tida 30.mars – 11.mai 2017.»

Med helsing

Lisbeth Moltu Espeseth
e.f.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2017/245
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
47/17	Formannskapet	28.03.2017

REGULERINGSPLAN SKARABAKKEN - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN.

Tilråding:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10 å leggje detaljreguleringsplan for Skarabakken ut til offentleg ettersyn i tida 30.mars – 11.mai 2017.

Møtebehandling:

Leiar sektor samfunnsutvikling Jarl Martin Møller møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 28.03.2017

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10 å leggje detaljreguleringsplan for Skarabakken ut til offentleg ettersyn i tida 30.mars – 11.mai 2017.

Særutskrift:
Statens vegvesen
Kommunalsjef samfunnsutvikling

Vedlegg:
Vedlegg
1 5_Blad_1_ny
2 C001
3 F001
4 3_NY_Planbeskrivelse_17.03.17_A3
5 X001
6 fra DMF
7 fra Fylkeskommunen
8 fra Fylkesmannen
9 fra Harald Thorseth
10 fra Inge Kvalsvik
11 fra Jan-Lennart Berge
12 fra NVE
13 Føresegner_fv 654 Skarabakken
14 Varsel om oppstart av reguleringsplan Skarabakken
15 Varsel om oppstart av reg.plan Skarabakken
Dersom det under anleggsarbeidet blir oppdaga gjenstandar eller andre spor som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stansast og ein skal omgåande gi beskjed til Møre og Romsdal fylkeskommune, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd.

2.3 Støy
Føringane for «miljø- og sikkerhetstiltak» i «retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016)» skal leggast til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen.

Det framgår av tabell i planomtalen hvilke bustader som vil få tilbod om nærare vurdering av lokale støytiltak i byggeplan. Målet er å tilfredsstille 55 dB (L_{den}) på lokal uteplass og dersom støynivået inne i rom med støyfølsom bruk er over 35 dB (L_{eq24h}) er målet etter tiltak 30 dB.

Støytiltaka skal praktisk kunne gjennomførast og kostnaden skal stå i rimeleg forhold til støyreduksjonen. Eventuelle avvik frå grenseverdiane gitt over skal dokumenterast og grunngivast.

2.4 Universell utforming
Planlegging og utbygging skal basere seg på prinsippet om universell utforming og tilgjenge for alle.

2.5 Frisiktlinje ved vegkryss
Innanfor frisiktlinje ved vegkryss skal det være fri sikt i høgde 0,5 meter over tilstøytande vegplan.

2.6 Byggegrense langs offentleg veg
Byggegrense langs offentleg veg følgjer av veglova § 29, andre ledd, der ikkje anna er vist i plankartet, eller er fastsett i tilgrensande reguleringsplanar.

§ 3 BYGNINGAR OG ANLEGG

3.1 Bustadbygg - frittliggande småhus, BFS

Område for frittliggande småhus med maksimal utnyttingsgrad pr tomt BYA 40%.

§4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.1 Generelt

Innanfor trafikkområda skal det anleggast køyrevegar, parkeringsplass og fortau. Regulerte avkøyrsler og tilkomstvegar gjeld berre for eksisterande bebyggelse.

4.2 Køyreveg, o_SKV

Kjøreveg merka o_SKV skal nyttast til offentleg køyreveg, og omfattar vegbane med skulder og kryssområder.
Det er ikkje tillate med andre avkøyrsler til vegen enn dei som er vist på plankartet.

4.3 Fortau, o_SF

Områda skal nyttast til offentleg fortau.

4.4 Parkering, SPA

Plassen skal nyttast til offentleg parkering.

4.5 Annan veggrunn – tekniske anlegg, o_SVT

Område merka o_SVT kan nyttast til skjering, fylling, grøft, rekkverk og mur langs køyrevegen. Teknisk infrastruktur som rør, kablar og slukar kan også vere plassert innanfor arealet. Områda o_SVT er offentleg areal.

§ 5 OMSYNSSONE

5.1 Faresone - høgspent (H370_)

Innanfor omsynssone høgspentanlegg kan det ikkje iverksetjast bygge- eller anleggstiltak av noko slag utan godkjenning frå eigar av høgspentanlegget.

§ 6 OMRÅDEFØRESEGN

6.1 Mellombelse anleggs- og riggområde

Område merka #1 kan nyttast til all verksemd som er nødvendig for gjennomføring av veganlegget, m.a. mellombelse anlegg, lagring av utstyr, massar, stadeigen vegetasjon mv. Når området blir tatt i bruk, skal det vere sikra på forsvarleg måte.

I områda kan det ikkje settast i verk tiltak som er til hinder for gjennomføring av reguleringsplanen.
Når veganlegget er ferdigstilt fell områdeføresegna bort.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2015/1258
		Arkiv:	Q80

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
98/17	Formannskapet	06.06.2017
73/17	Kommunestyret	21.06.2017

SLUTTHANDSAMING TRAFIKKTRYGGINGSPLAN. STADFESTING AV RULLERTE HANDLINGSPLANAR.

Møtebehandling:

Planleggar Tanja Rafteseth møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 06.06.2017

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-15 vedtek kommunestyret justert handlingsprogram i kommunedelplan for Trafikktrygging 2015-2018.

Tiltaka skal fortrinnsvis utførast i oppsett prioritert rekkefølge, men på ein slik måte at ein får utnytta ressursane best mogleg.

Tilråding:

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-15 vedtek kommunestyret justert handlingsprogram i kommunedelplan for Trafikktrygging 2015-2018.

Tiltaka skal fortrinnsvis utførast i oppsett prioritert rekkefølge, men på ein slik måte at ein får utnytta ressursane best mogleg.

Særutskrift:
Maritim og teknisk komite
Roar Berge
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
FAU v/Leikanger skule
Gurskøy IL/Hovudstyret
Idar Dahl, Tjørvåg

Vedlegg:

1 Kopi av 7 innkomne merknader til høyring mai 2017
2 Innspel med forslag til handsaming
3 Revidert handlingsprogram trafikktryggingsplan, 24.05.2017

Samandrag av saka:
I formannskapet 09.02.2016 vart det vedteke å starte opp arbeid med revidering av handlingsprogram for kommunedelplan for trafikktrygging 2015-2018. Planprogrammet vart vedteke utlagt til offentleg ettersyn av formannskapet 10.05.2016.

Det kom inn mange innspel og forslag/ynskje om trafikktryggingstiltak. Arbeidsgruppa vurderte innspela og la fram tilråding/forslag til revidert handlingsprogram.

Den 28.02.2016 vart planprogrammet fastsett av formannskapet samstundes som tilrådt revidert handlingsprogram vart vedteke sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn med frist 24.04.2017.

Det kom inn sju skriftlege og ein telefonisk merknad til høyringsforslaget. Desse er no handsama av arbeidsgruppa og eit forslag til handlingsprogram med mindre justeringar ligg no føre for godkjenning.

Saksopplysningar:

Til høyringa har det kome inn sju skriftlege og ein telefonisk merknad. Hovudpunkta i merknadane er referert i vedlegg 2. Her er også kommentar til kor vidt merknaden er imøtekomen og innarbeidd i handlingsprogrammet eller ikkje.

Sidan denne rulleringa berre er ei revidering av handlingsplanane har ein ikkje teke omsyn til merknader som gjeld andre delar av planen. Dette vil bli teke omsyn til når heile planen skal rullerast (2018).

Arbeidsgruppa vurderer det også slik at det no er viktig at planen vert godkjend, slik at den vert brukt som det verktyet den skal vere; som grunnlag for søknad om tilskot og utføring av prosjekt. Ein ser difor ikkje rom for å imøtekome større, **nye** innspel som ikkje kom inn under innspelsperioden.

Ein viser til kortversjonen av innspela og vurderingane, vedlegg 2.
Dei justeringane ein tilrår før denne godkjenninga er som følgjer:

Innspel 1
Handlingsplan 3, prioritet nr 11:
Sjå nærare på HC-kryssing ved parkeringsplassen ved kulturhuset/badeland.
Justering:Gå i dialog med RFF i forkant av utføring for evt justeringar/tilpassingar.

Handlingsplan 1, prioritet nr 7:
Med omsyn til tiltak 7 må tekst endrast til «frå gamlevegen til Nygjerdevegen»
Justering: Ok. Retta.

Innspel 2
Handlingsplan 2, prioritet nr 1:
Borga/parkeringsplass YHU: Belysning på nedsida av vegen, mot parkeringsplass. Tek inn i plan. Fell innanfor prioritet 1, handlingsplan 2.

Handlingsplan 3, prioritet nr 1:
Det bør vere fotgjengarovergang frå Skattekista til parkeringsloket. Utført april 2017 i lag med nokre andre tiltak her.

Handlingsplan 1, prioritet nr 6:
Ein bør vurdere fotgjengarovergang v/Cash krysset til Sørlia. Her er uryddige vegforhold og mange som kryssar. Inngår i prioritet 6, handlingsplan 1.

Innspel 5
Handlingsplan 1, prioritet nr 3:
Statens vegvesen: Har ingen særlege merknader, men presiserer at det i fylkeskommunen sitt investeringsprogram for 2017-2023 IKKJE er sett av midlar til utbetring av FV 18 Leine – Remøyholmen slik det står i framlegget. Breiddeutvidinga av vegen har prioritet nr. 8 i investeringsprogrammet, dvs. tiltak etter 2023, på lista over mindre utbetringar på fylkesvegar. Ok. Rettar opp dette i planen. Vurdere om det er grunnlag for å endre prioriteringsrekkefølge pga dette ved neste rullering.

Innspel 7
Handlingsplan 3, prioritet 12:
Ber om skilttiltak ved parkeringsplassen ved turløypa. Ber om skilting parkeringsplass, lysløype og fareskilt for kryssande trafikk av gåande. Ok. Tek inn i plan. Klarert med Statens vegvesen. Greitt om det er med i plan og kommunen bistår med søknad til st.v.v. Skyv noverande prioritet 12 til 13.

Innspel 8
Handlingsplan 4, prioritet 6:
Har søkt om fartshump(ar) på postvegen i Tjørvåg og fått avslag. Viser til arbeid gjennom fleire år for å få på plass fartsreduserande tiltak. Her var utbetring av vegen i 1999. Då vart svingen retta opp og farta på bilistane auka. No er det sett opp spegel i krysset lenger oppe som også resulterer i at bilistane slepp å redusere farta. Tidlegare oppsett skilt om barn i vegen vart fjerna av uvillige bilistar. Nytt punkt prioritet 6 i handlingsplan 4.

Vurdering og konklusjon:

Ein tilrår at kommunestyret vedtek justert handlingsprogram i kommunedelplan for Trafikktrygging 2015-2018 slik det her ligg føre. Ein rår vidare til at det vert presisert at tiltaka fortrinnsvis skal utførast i oppsett prioritert rekkefølge, men på ein slik måte at ein får utnytta ressursane best mogleg. I dette ligg det at ein skal kunne benytte muligheiter for å få utført tiltak utanom prioritert rekkefølge ved særlege tilhøve.

Fosnavåg, 24.05.2017

Olaus-Jon Kopperstad Rådmann	Jarl Martin Møller Avd.leiar

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Maritim og teknisk komite

Saksnr	Arkivkode	Dato
2015/1258	Q80	06.04.2017

UTTALE FRÅ MARITIM OG TEKNISK KOMITE 27.03.17 OM TRAFIKKTRYGGINGSPLANEN

Desse innspela hadde Maritim og teknisk komite til trafikktryggingsplanen:

- Ein bør sjå nærare på busslomme ved krysset mot Lisjebøvegen (ved kyrkja). Gjeld busslomme i retning mot Myklebust.
- Ein bør sjå nærare på fortau frå Sparebanken Møre oppover mot Skarabakken for å binde saman fortausnettet.
- Ein bør vurdere å stenge porten ved Leikong kyrkje som går ut i fylkesvegen.
- Ein bør sjå nærare på alle skuleområder med omsyn til å separere biltrafikk/parkering og mjuke trafikantar.
- Sjå nærare på HC-kryssing ved parkeringsplassen ved kulturhuset/badeland.
- Med omsyn til tiltak 12 i planen bør ein vurdere å få inn lysetjing på heile strekket frå Dragsundbrua til tunellen.
- Med omsyn til tiltak 7 må tekst endrast til «frå gamlevegen til Nygjerdevegen»

2/17

Fra: Roar Berge[roar.berge@heroy.kommune.no]
Sendt: 17.04.2017 18:41:53
Til: Tanja Rafteseth
Tittel: SV: Innspel til trafikktryggingsplanen høyringsrunden

---

Hei Tanja.

Takk for greitt møte før påske. Du har fått notert ned alt vi snakka om. Flott.

Mvh. Roar

Fra: Tanja Rafteseth
Sendt: 7. april 2017 13:44
Til: Roar Berge
Emne: Innspel til trafikktryggingsplanen høyringsrunden

Hei Roar.

Takk for møtet tidlegare i dag.

Her er dei tiltaka eg noterte som du kunne tenkje deg å føye til i handlingsplanen.

1) Borga/parkeringsplass YHU: Belysning på nedsida av vegen, mot parkeringsplass.

2) Ved rundkøyring/snuplass/avstigningsplass Lisjebøen (ovanfor kulturhuset/kunstgrasbana): Her bør vere belysning på nedsida av vegen, evt også fotgjengarovergang

3) Veg frå VGS til busslomme på oppsida av FV654 bør oppgraderast/tilretteleggjast.

4) Det bør vere fotgjengarovergang frå Skattekista til parkeringsloket.

5) Ein bør vurdere fotgjengarovergang v/Cash krysset til Sørlia. Her er uryddige vegforhold og mange som kryssar.

Fint om du sjekkar lista og gir meg ei tilbakemelding på at dette ser ok ut.
God Påske ☺

Helsing

Tanja Rafteseth
Planleggar
Utviklingsavdelinga

Tlf. 70081300 Mob. 94160135

HERØY KOMMUNE

www.heroy.kommune.no

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2015/1258	08.03.2017	23732/2017/KOMMUNEPLAN/1515	Mari Anne Bjørkmann, 71 28 02 40	18.04.2017

Herøy kommune - kommuneplan - kommunedelplan trafikktrygging - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Det er positivt at Herøy kommune brukar kommunedelplanen aktivt som styringsdokument. Det er også svært positivt at plikta til medverknad blir følgd opp ved at innbyggarar/ trafikantar vert trekt inn i planprosessen og at ein mellom anna brukar barnetrakkregistreringane som grunnlag for tiltak i handlingsprogrammet.

I kapittel 1, under sentrale planar og dokument, må det som står om fylkesplanar og regionale planar justerast slik at det er i samsvar med gjeldande planar. Det skal leggast fram nytt investeringsprogram for fylkesvegar for perioden 2018-2027 på møte i samferdselsutvalet no i mai. Vi rår til å sjå til denne saka når ho vert lagt fram, og bruke vedtaket dette til oppdatering av tal- og tekstdel. Under sentrale planar og dokument, kunne det ha vore vist til fylkeskommunen sin vedteke Trafikktryggingsstrategi 2013-2022 som eit av fleire grunnlagsdokument.

Måten handlingsprogrammet er integrert i trafikktryggingsplana, kan virke litt forvirrande. Handlingsprogrammet skal beskrive kva som skal gjerast for inneverande år. Slik det står fram i dag, kan det sjå ut som ei «behovsliste», og det er noko uklart om handlingsprogrammet gjeld for 2017, eller også for resten av planperioden. Dette bør synleggjerast. Vi spør også korleis kommunen ser for seg å prioritere arbeidet med dei åtte ulike handlingsplanane i handlingsprogrammet.

Til sist rår vi å sjå til Trygg Trafikk sitt arbeidd med trafikksikre kommunar;

https://www.tryggtrafikk.no/tema/trafikksikker-kommune/

I samarbeid med fylkeskommunane har Trygg Trafikk utarbeidd kriterium for godkjenningsordninga *Trafikksikker kommune*. I rettleiar (sjå lenke) ligg kriteria som kommunane må oppfylle for å bli godkjent som trafikksikker kommune, aktuelle lovar og forskrifter og prosessen fram mot godkjenning.

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) har i årets budsjett løyvd midlar slik at Trygg Trafikk kan kome i gang med dette arbeidet i nokre kommunar, då vi meiner dette er eit fornuftig tiltak for kommunane.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Mari Anne Bjørkmann
rådgiver

Fagsaksbehandlar:
Samferdsel: rådigvar Henny Totlandsdal, tlf. 71 28 02 63

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

4/17

FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
18.04.2017
Dykkar dato
08.03.2017

Vår ref.
2012/2457/KABJ/421.3
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
2015/1258 | Saksbeh
20 APR. 2017
Ark.kode P
Ark kode S
J nr. | Dok nr
Kassasjon

Herøy kommune
Revidert trafikktryggingsplan 2015-2018
Høyring/utlegging til offentleg ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE

5/17

Statens vegvesen

Møre og Romsdal fylkeskommune

Herøy kommune i Møre og Romsdal
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Jarl Martin Møller

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region midt	Hallvard Sæverud / 93260501	16/106631-6	2015/1258	20.04.2017

Herøy kommune - Revidert handlingsprogram trafikktryggingsplan 2015 - 2018 - Høyring / utlegging til offentleg ettersyn - Uttale

Viser til brev av 8.3.2017 frå Herøy kommune med vedlegg av revidert framlegg til handlingsprogram i kommunen sin trafikktryggingsplanen for 2015-2018.

Etter Vegvesenet si vurdering er kommunedelplanen eit viktig og nyttig styringsdokument i trafikktryggingsarbeidet i kommunen. Det er positivt at trafikktryggingsplanen vert brukt aktivt.

Vi har ikkje særlege merknader til framlegget som ligg føre til handlingsprogram, med unntak av fylgjande presisering:

> I fylkeskommunen sitt investeringsprogram for 2017 - 2023 er det ikkje sett av midlar til utbetring av fylkesveg 18, strekninga Leine-Remøyholmen, slik det står i framlegget. Breiddeutvidinga av vegen har prioritet nr. 8 i investeringsprogrammet, dvs. tiltak etter 2023, på lista over mindre utbetringar på fylkesvegar.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 02030

firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Oslvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

6/15

Herøy kommune

Utviklingsavdelinga

6090 FOSNAVÅG

Leikong 01.05.2017

FAU v/ Leikanger skule

INNSPEL TIL REVISJON AV HANDLINGSPROGRAMMET TIL KOMMUNEDELPLAN FOR TRAFIKKTRYGGING I HERØY

Først vil vi takke for at det har kome på plass betre trafikktrygging ved Leikanger skule.

Samtidig er FAU bekymra då delar av vegen opp til skulen framleis opplevast trafikkfarleg. Spesielt på vinterføre har vi hatt farlege episode mellom bil og barn på veg til skulen. Mange nyttar bil for levering til barnehage og skule, og vegen har derfor stor trafikk i perioden då også mange barn oppheld seg på vegen.

På ettermiddag- og kveldstid er det og mykje trafikk på denne strekninga. Både mjuke og harde trafikkantar nyttar vegen for å kome seg til og frå alle aktivitetane og arrangementa som er ved idrettsanlegget og på grendahuset.

På bakgrunn av dette ber vi no kommuna om å finne ei løysing for trygg skuleveg og ei løysing som lar seg realisere på kort sikt. Vi har ingen barn å miste.

Mvh

FAU ved Leikanger skule

7/7

61

Herøy kommune

Utviklingsavdelinga

6090 Fosnavåg

Leikong 1.mai 2017.

Gurskøy IL v/ hovudstyret

INNSPEL TIL REVISJON AV HANDLINGSPROGRAMMET TIL KOMMUNEDELPLAN FOR TRAFIKKTRYGGING I HERØY

Vi viser først til telefonsamtale med sakshandsamar som gav utvida frist for å kome med innspel.

GANGVEG/ TURSTI – TOPPEN AV LEIKONGBAKKEN TIL TIDLEGARE SETREKROA/ LYSLØYPE

Bakgrunnen for dette er først og fremst sikrare veg for dei borna som bur på strekninga. Idrettslaget viser vidare til at det er svært mange som går/ syklar fram til lysløypa. Mange går «store runda» altså opp Leikongbakken, fram til lysløypa, går lysløypa og brukar skogsvegen ned att til skulen og heim til startpunktet. Trafikken langs fylkesveg 61 held ofte høg fart på denne strekninga og folk kjenner seg utrygge når dei går langs vegen.

Vi ber derfor om at det vert vurdert å realisere gang-/sykkelveg fram til øvste bustadhuset, som har skuleborn. Vidare fram til lysløypa ber vi dykk vurdere om det er mogleg å byggje ein forenkla turveg langs fylkesveg 61 for gåande og syklande, til dømes slik ein har gjort i Fløstranda i Ulstein kommune.

Viss fleire kan gå/ sykle fram til lysløpa i staden for å køyre vil det vere positivt både for folkehelse og miljø. Det er også fleire eldre folk utan sertifikat og unge det vil vere positivt å få gå tryggare fram til lysløypa for.

Vi viser vidare til at det er langs den same fylkesvegen det no vert bygd gang/ og sykkelveg langs i Gursken. Vi vonar derfor at Herøy kommune vil prioritere dette og jobbe aktivt mot vegevesenet for å få ei løysing.

TILTAK VED PARKERINGSPLASSEN VED LYSLØYPA

Vi ber om at det vert skilta om parkeringsplass, lysløype og skilting om fare - kryssande trafikk av gåande. Dette då det ofte er høg fart på staden, og med born t.d. med skiutstyr kan oppstå farlege situasjonar.

7/7

S2

OSEN - SMÅDALANE

Vi ønskjer også å setje fokus på bakken frå Osen og opp mot skulen, som er ei anna trafikkfarleg strekning på Leikong, der det er svært mange born som ferdast dagleg på veg til og heim frå trening og kamp. Delar av vegen nærast skulen vart utbetra i 2015, noko som var svært positiv, men den brattaste og trongaste delen vart det ikkje gjort tiltak på.

Vi vil med dette innspelet be om at de ser på løysingar som gjev betre trafikktryggleik på denne strekninga. Og prioritere denne løysinga høgt i handlingsprogrammet. Bakken er eit farleg punkt på vegen til skule/ treningsanlegg, då den er svært smal, har vegetasjon på begge sider, og bratt, slik at t.d. viss ein bil byrjar å gli er det stor fare for borna. Dette dreiar seg om ei strekning på ca 150 m.



Strekning som i dag vert opplevd utrygg vist med raud strek, ca 150 m.

Generelt tykkjer GIL at det er svært positivt at det vert satsa på gang-/ sykkelvegar. Dette slik at fleire born kan gå til skulen å få gode vanar tidleg. Og som eit klimatiltak og generelt folkehelsetiltak med at folk kan gå og sykle meir i kvardagen slik at dette kan vere ei meir attraktiv trimform.

Mvh

Hovudstyre i Gurskøy IL.

(Oline Kleppe, Gunn-Cisilie Jøsokbakke Langberg og Bjørn Inge Taklo)

KOMMUNEDELPLAN FOR TRAFIKKTRYGGING – RULLERING HANDLINGSPLAN

INNKOMNE INNSPEL TIL HØYRING Med vurdering. 24.05.2017.

1. Maritim og Teknisk komite

- Ein bør sjå nærare på busslomme ved krysset mot Lisjebøvegen (ved kyrkja). Gjeld busslomme i retning mot Myklebust. Neste rullering.
- Ein bør sjå nærare på fortau frå Sparebanken Møre oppover mot Skarabakken for å binde saman fortausnettet. Neste rullering.
- Ein bør vurdere å stenge porten ved Leikong kyrkje som går ut i fylkesvegen. Neste rullering.
- Ein bør sjå nærare på alle skuleområder med omsyn til å separere biltrafikk/parkering og mjuke trafikantar. Neste rullering. Har med fleire skular i denne rulleringa; Nerlandsøy, Leikanger, Bergsøy.
- Sjå nærare på HC-kryssing ved parkeringsplassen ved kulturhuset/badeland. Vurdere i dialog med RFF i forkant av utføring.
- Med omsyn til tiltak 12 i planen bør ein vurdere å få inn lysetjing på heile strekket frå Dragsundbrua til tunellen. Neste rullering.
- Med omsyn til tiltak 7 må tekst endrast til «frå gamlevegen til Nygjerdevegen» Ok. Retta.

2. Roar Berge

- *Borga/parkeringsplass YHU: Belysning på nedsida av vegen, mot parkeringsplass. Tek inn i plan. Fell innanfor prioritet 1, handlingsplan 2.*
- Ved rundkøyring/snuplass/avstigningsplass Lisjebøen (ovanfor kulturhuset/kunstgrasbana): Her bør vere belysning på nedsida av vegen, evt også fotgjengarovergang. Nytt tiltak, neste rullering.
- Veg frå VGS til busslomme på oppsida av FV654 bør oppgraderast/tilretteleggjast. Same som 1. Neste rullering.
- Det bør vere fotgjengarovergang frå Skattekista til parkeringsloket. Utført april 2017.
- Ein bør vurdere fotgjengarovergang v/Cash krysset til Sørlia. Her er uryddige vegforhold og mange som kryssar. Inngår i prioritet 6, handlingsplan 1.

3. Møre og Romsdal fylkeskommune

- Positivt at kommunen nyttar trafikktryggingsplanen som aktivt styringsdokument.
- Viser til at ein del informasjon i planen bør justerast og oppdaterast med ein del grunnlagsdokument. Neste rullering. Kun handlingsplanane som vert rullerte no.
- Opplever handlingsprogrammet som forvirrande. Handlingsprogram skal beskrive kva som skal gjerast for inneverande år. Uklart om handlingsprogrammet gjeld for heile planperioden. Spør korleis kommunen ser for seg å prioritere arbeidet med åtte ulike handlingsplanar i handlingsprogrammet. Vurdere å endre dette ved neste rullering. Har følgt mal

frå tidlegare år. Vert prioritert etter rekkefølge og økonomi. Handlingsprogram gjeld ut 2018.

- Rår oss til å sjå til Trygg Trafikk sitt arbeid med godkjenningsordninga *Trafikksikker kommune.* Vurdere ved neste rullering.

4. Fylkesmannen i Møre og Romsdal

- Ingen merknader.

5. Statens vegvesen, Plan- og trafikkseksjonen

- Positivt at trafikktryggingsplanen vert brukt aktivt.
- *Har ingen særlege merknader, men presiserer at det i fylkeskommunen sitt investeringsprogram for 2017-2023 IKKJE er sett av midlar til utbetring av FV 18 Leine – Remøyholmen slik det står i framlegget. Breiddeutvidinga av vegen har prioritet nr. 8 i investeringsprogrammet, dvs. tiltak etter 2023, på lista over mindre utbetringar på fylkesvegar. Ok. Rettar opp dette i planen.*

6. FAU v/Leikanger skule

- Takkar for at det har kome på plass betre trafikktrygging ved Leikanger skule.
- FAU er samtidig bekymra då delar av vegen opp til skulen framleis opplevast som trafikkfarleg. Ber om at kommunen finn ei løysing for trygg skuleveg og ei løysing som lar seg realisere på kort sikt. Har skissert løysing; prioritet 5 i handlingsplan 2. Satsar på gjennomføring av dette som permanent tiltak.

7. Gurskøy IL/Hovudstyret

- Ynskjer primært gangveg eller alternativt tursti frå toppen av Leikongbakken til tidlegare Sætrekroa/lysløypa. Dette er 8-900 meter. Bilar held høg fart, mange som går/syklar. Nytt, omfattande tiltak. Vurdere til neste rullering.
- *Ber om skilttiltak ved parkeringsplassen ved turløypa. Ber om skilting parkeringsplass, lysløype og fareskilt for kryssande trafikk av gåande. Ok. Tek inn i plan. Klarert med Statens vegvesen. Greitt om det er med i plan og kommunen bistår med søknad til st.v.v. Nytt tiltak i handlingsplan 3; prioritet 12, foran*
- Ber om trafikktryggingstiltak på skulevegen Osen – Smådalane, om lag 150 meter. Smal veg, mange barn på veg til/frå trening og skule. Same som 6.

8. Idar Dahl – tlf 09.05. – muntleg klage på ikkje etterfølgt innspel.

- *Har søkt om fartshump(ar) på postvegen i Tjørvåg og fått avslag. Viser til arbeid gjennom fleire år for å få på plass fartsreduserande tiltak. Her var utbetring av vegen i 1999. Då vart svingen retta opp og farta på bilistane auka. No er det sett opp spegel i krysset lenger oppe som også resulterer i at bilistane slepp å redusere farta. Tidlegare oppsett skilt om barn i vegen vart fjerna av uvillige bilistar*. Nytt punkt prioritet 6 i handlingsplan 4.

12. Handlingsprogram

Generelt om tiltakstypar og prioritering av tiltak

Ein har delt handlingsplanane inn slik:

1) Større tiltak
2) Mindre tiltak
3) Små tiltak
4) Fartsreduserande tiltak, fartshumpar
5) Langsiktige tiltak
6) Åtferdsendrande tiltak
7) Planleggingstiltak
8) Andre mindre tiltak

Tiltak langs fylkesveg er markert med «*» sidan det er Møre og Romsdal fylkeskommune som har hovudansvaret for gjennomføring av tiltak på desse vegane.

Åtferdsendrande tiltak er tiltak der trafikantane gjennom opplæring/ informasjon og ulike former for kontroll/ overvaking vert påverka til betre og sikrare åtferd i trafikken. Slike tiltak treng ikkje alltid vere så kostnadskrevjande, men det føreset at det vert sett av tid både i skular, barnehagar, informasjon om trafikk og rusmiddel i skulane og eventuelt på foreldrekveldar. Det er vidare viktig at det vert lagt opp til eit konstruktivt samarbeid mellom køyreskular, politi, forsikringsselskap, Statens Vegvesen, trafikkorganisasjonar og media om opplæring i høve trafikktryggleik for born- og unge.

Handlingsplan 1: Større fysiske tiltak langs kommune- og fylkesvegar.

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
1	*Skarabakken, Fosnavåg sentrum FV 654	Utviding av fortau og køyrebane, ny støttemur og omlegging av privat veg	Utrygg skuleveg, stor trafikk.	STV Herøy kommune (AD og UTV)	Statens Vegvesen gjennomfører prosjektet. Herøy kommune bistår.

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
2	*Indre Herøy kyrkje – Stokksund FV 654	Ny gang og sykkelveg Omlegging av fylkesveg	Farleg skuleveg Dårleg kryss Stor trafikk og tungtransport Ikkje samsvar mellom krysstype og trafikkmønster / mengd.	MR fylke STV	Godkjend reguleringsplan. Planleggingsarbeid og prosjektering skjer no i regi av Statens vegvesen. Avsett midlar frå MR fylke. Prosjektet ligg på MR fylke sine prioriteringslister.

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
3	*Leine- Remøyholm FV18	Ny Fylkesveg 18 Gang- og sykkelveg og utbetring av kryss.	Ikkje tilfredstillande standard på FV. Utbetring til 2 køyrebaner. Behov for ny GSV grunna utrygg skuleveg. Kryssutbetring.	MR fylke STV	Reguleringsplan godkjent Prioritet 8 i fylkeskommunen sitt investeringsprogram. Dvs etter 2023.





Reguleringsplan for strekninga Leine / Remøyholm



Reguleringsplan for Leine og regulert kryssutforming.

Foto av kryss på Leinane.

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
4 (NY)	*Frøystad-Torvik FV 16	Ny fylkesveg 16 Gang- og sykkelveg	Behov for ny GSV grunna utrygg skuleveg	MR fylke STV	Reguleringsplan,varsla oppstart.

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
5 (NY)	*Nerlandsøy strekning bru, Teigane, skulen.	Ny Fylkesveg 18 Gang- og sykkelveg	Ikkje tilfredstillande standard på FV. Behov for ny GSV grunna utrygg skuleveg	MR fylke STV	

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
6	*Fylling, Myklebust (Bergsøya) FV 654.	Langs FV Skilje gang-, trafikk- og parkeringsareal. Skilje areal for gåande og køyrande på vestsida av FV654.	Kryssproblematikk og manglande gang-/sykkelveg	MR fylke STV	Kommunen må søkje MR fylke om etablering av fortau mellom kryss ved Spar og fram til kryssingspunktet ved YX (fotgjengarovergang) Anleggs- og driftsavdelinga utbetrar av krysset ved Cash & Carry.
Pri nr.	**Stad / vegnr**	**Type tiltak**	**Grunngjeving**	**Ansvar**	**Kommentar**
7	*Moltustranda, FV10	Omlegging av fylkesveg og ny gang- og sykkelveg. Siktutbetring og breiddeutviding av veg. Gjeld strekninga frå Gamlevegen til Nygjerdevegen.	Smal og uoversiktleg veg. Trafikkfarleg skuleveg.	MR fylke STV	Reguleringsplan godkjent. Må detaljprosjekterast. Tiltaket ligg ikkje på MR fylke sine prioriteringslister. Det må søkjast MR fylke om prioritering og gjennomføring av tiltaket.
	 **Reguleringsplan for FV10 på Moltustranda.**				

Handlingsplan 2: Mindre fysiske tiltak langs kommune- og fylkesvegar.

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
1 (NY)	Skuleområdet Bergsøy	Fotgjengarovergang ved Borga, Fortau frå parkeringsplassen ved YHU og ned til inngangen på nedsida. Bom ved Blåhaugen/ Grusholevegen. Belysing i samband med kryssing.	Gjere det tryggare for skulebarna å krysse her og gå til inngang YHU	HK	
Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
2	*Frøystadkrysset FV654	Oppsetting av stoppskilt, utviding av kryss i samsvar med reguleringsplan. Etablere dobbel sperrelinje i bakkane rundt krysset.	Farlege kryss. Problem med sporingskurve for vogntog.	MR fylke STV	Krysset er regulert, men ikkje utbygd fullt ut etter plan. Kommunen må søkje Statens Vegvesen om etablering av tiltaket.

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
3	*Forbikøyringslomme FV654 Myrvåg	Etablere forbikøyringsfelt ved FV654 i tilknyting til avkøyrsle mot Myrvåg alders- og sjukeheim	Betre flyt i trafikken. Unngå farlege trafikksituasjonar ved stopp for bilar som skal krysse vegen.	MR fylke og STV	Tiltaket må planleggast og det må søkjast fylkeskommunen om få etablert tiltaket på fylkesvegen.

Her ser vi avkøyrsle sørover mot Dragsundvatnet og nordover til sjukeheimen. Forbikøyringslomma skal hindre påkøyrsel bakfrå og kødannelse når bilar nordfrå skal krysse fylkesvegen over til sjukeheimsområdet.

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
4	*Nærøykrysset - FV18 (ENDRA)	Nytt T-kryss i samsvar med skisse for mellombels utbetring (Rambøll 27.10.14). Etablere kryssing for fotgjengarar og gang-/sykkelveg som knyt saman eksisterande nett.	Trafikkfarleg kryss. Registrert fleire alvorlege trafikkulukker. Farleg kryssingspunkt for skuleborn. I utgangspunktet regulert rundkøyring.	MR fylke STV	Reguleringsplan med rundkøyring godkjent. Dette er mellombels løysing som er krav for vidare utbygging i området. Det må søkjast MR fylke om prioritering og gjennomføring av tiltaket.



Reguleringsplan for Nærøykrysset

Foto over dagens kryssutforming på Nærøya

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
5	Ny gangveg langs «Osen» til Leikanger skule	Planlegging og bygging av ny gangveg langs «Osen» til/frå Leikanger skule	Farleg skuleveg. Alternativ trase for gåande og syklande.	Herøy kommune (UTV og AD) Grendalag FAU Grunneigarar	Samarbeidsprosjekt mellom kommunen, grunneigarar og frivillig sektor. Må utarbeidast reguleringsplan.
Pri nr.	**Stad / vegnr**	**Type tiltak**	**Grunngjeving**	**Ansvar**	**Kommentar**
6 (NY)	Fortau Bergslibakken ca 180 meter Innspel 46	Planlegging og bygging av fortau for å knyte saman eksisterande fortau med fortau som er regulert vidare 180 m lenger oppe.	Mykje brukt veg for mjuke trafikantar. I tillegg hovudbilveg i byggefelt. Skuleveg for mange, i tillegg veg mot mykje brukt turområde.	Herøy kommune.	Må regulerast via reguleringsendring i eksisterande plan.

Handlingsplan 3: Små fysiske tiltak langs kommune- og fylkesvegar.

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
1	*Fosnavåg sentrum, FV654	Oppmerking av overgangsfelt, nedsenking av kantstein. Utbetring og evt flytting av fortau	Dårleg oppmerka fortau, uoversiktlege kryssingspunkt,	Statens Vegvesen (STV) HK (AD)	Anleggs- og driftsavdelinga gjennomfører prosjektering og utføring av utbetringstiltak på kommunale vegar og fortau i sentrum.

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
2 (NY)	Gang-/sykkelveg undergang langs FV 654 Tjørvåg	Gjerde langs sving på gang- og sykkelveg mot skråning sjø	I svingen mot undergangen er det bratt utføre. Tryggingstiltak primært for syklistar når vegen er glatt/frossen/snødekt.	STV	Tiltak på gang- og sykkelveg langs fylkesveg. Evt også vurdere stengsel mot snarveg over FV.

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
3 (NY)	*Belysning busslomme Sævikane og busskur ved bedehuset.	Trafikktrygging for mjuke trafikantar/ bussreisande	Inga belysning når det er mørkt, kryssingspunkt, ventestad ved veg.	Statens Vegvesen (STV) HK (AD)	

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
4 (NY)	*Belysning busslomme Røyra	Trafikktrygging for mjuke trafikantar/ bussreisande	Inga belysning, kryssingspunkt og busslomme/ ventestad ved veg.	Statens Vegvesen (STV) HK (AD)	

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
5	*Busslomme Verket, FV654	Utbetring av busslomme for å betre TT.	Betre tilgjenge og bruk av kollektivtransport	MR fylke/ STV	Utbetring av busslomme til UU-standard. Ny tilkomst med gangveg på sørsida av FV654.

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
6	*Busslomme Myklebust, FV654, overgang ved YX	Nedsenk kantar og intensivbelysning fotgjengarovergang	Betre tilgjenge og bruk av kollektivtransport. Tryggare kryssing.	MR fylke/ STV	Utbetring av busslomme til UU-standard.
	Busslomme på Myklebust (FV654)				

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
7 (NY)	*Intensivbelysning fotgjengarovergang ved Coop Tjørvåg FV654	Belyse kryssingspunkt	Gjere det lettare å sjå kryssande fotgjengarar	MR fylke/ STV	

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
8 (NY)	*Belysning kryss Nerlandsøy, Kvalsvik/Koparstad/ Teigane	Belyse mørk plass nær kryssingspunkt	Gjere fotgjengarar meir synlege	MR fylke/ STV	Tiltaket vil bli utforma i samarbeid med St.v.v.
Pri nr.	**Stad / vegnr**	**Type tiltak**	**Grunngjeving**	**Ansvar**	**Kommentar**
9 (NY)	*Fotgjengarovergang FV654 sør for Spar	Intensivbelysning fotgjengarovergang	Lyse opp kryssingspunkt mjuke trafikantar	MR fylke/ STV	
					

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
10 (NY)	*Fotgjengarovergang FV654 ved MIX-kiosken	Intensivbelysning fotgjengarovergang	Lyse opp kryssingspunkt mjuke trafikantar	MR fylke/ STV	
Pri nr.	**Stad / vegnr**	**Type tiltak**	**Grunngjeving**	**Ansvar**	**Kommentar**
11 (NY)	Kulturhuset/ Sunnmørsbadet	Gang-/sykkelveg og kryssing, tilrettelegging for universell utforming	Ynskjer å gå direkte til kulturhuset/ Sunnmørsbadet, ikkje rundt parkering	Herøy kommune	Naudsynt med dialog med RFF i forkant av utføring.

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
12 (NY)	Ved lysløypa på Leikong	Skilttiltak ved parkeringsplassen; Parkeringsplass, lysløype og fareskilt for kryssande trafikk av gåande.	Stor aktivitet med mjuke trafikantar i samband med turløype. Stor fart.	Statens Vegvesen (STV) HK (AD)	

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
13 (NY)	Kryss FV654/Leikongvegen	Belysning. 4-5 store lyktestolpar i vegkant på begge sider av FV654.	Farleg kryss, vanskeleg å sjå i mørket.	Statens Vegvesen (STV) HK (AD)	

Handlingsplan 4: Fartsreduserande tiltak på kommuneveg, fartshumpar.

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
1 (NY)	Fylkesveg forbi Nerlandsøy skule mot Koparstad	2-3 fartshumpar	Farleg skuleveg. 30-sone ikkje tilstrekkeleg for å få bilførarane til å redusere farta forbi skulen. (St.v.v – fylkesveg)	HK/st.v.v	

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
2 (NY)	Hjelmesetvegen 38-42	1-2 fartshumpar	Rett strekning, kryss, høg fart. Her var fartshump(ar) tidlegare, men feilaktig tekne vekk i samband med gravearbeid på veg.	HK	

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
3 (NY)	Toftestøvegen 17- 27 (vegskilje Toftestøda/Vikane)	2-3 fartshumpar.	Høg fart, små barn.	HK	

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
4 (NY)	Stornesvegen, Tjørvåg	4-5 fartshumpar på strekning ca 250 meter innover frå kryss FV654	Rett strekning, fleire fellesavkøyrsler, høg fart. Små barn.	HK	

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
5 (NY)	Byggefelt Frøystad, Grønfjellsvegen	To fartshumpar	Rett strekning, samleveg utan fortau.	HK	

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
6 (NY)	Postvegen Tjørvåg	Ein til to fartshumpar	Uoversiktleg og smal veg. Stor fart i 30-sone	HK	

Handlingsplan 5: Langsiktige tiltak langs kommune- og fylkesvegar

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
1/ 2	*Myklebust – Fosnavåg sentrum FV 654 *Campus – Fosnavåg sentrum	Ny innfartsveg til Fosnavåg sentrum. Etablering av gangtunnel frå kulturhuset til Fosnavåg sentrum.	Ikkje tilfredstillande standard på dagens fylkesveg gjennom Skarabakken. Farleg skuleveg. Framtidig forbindelse for mjuke trafikantar.	MR fylke STV Herøy kommune (Utviklingsavdelinga og Anleggs- og driftsavdelinga)	Reguleringsplan godkjent i 2013. Arbeid med prosjektering og utarbeiding av byggjeplanar for ny veg har starta opp. Anleggs- og driftsavdelinga har ansvar for vidare oppfølging i høve utbygging. Ny gangforbindelse ligg i kommuneplan – må utarbeidast reguleringsplan for ny gangtunnel.

Innfartsveg til Fosnavåg



Ny gangtunnel mellom Fosnavåg sentrum og kulturhuset.

Handlingsplan 6: Åtferdsendrande tiltak

Pri. nr	Type tiltak	Mågruppe	Ansvar	Antatt kostnad	Kommentar
	*Overhalde trafikktryggingstiltak som er skildra i utarbeidd/vedteken rammeplan for skule/barnehage	Barn og foreldre til barn i skular og barnehagar	Skulesjef Leiar for barnehage	Små kostnadar innanfor skul-/barnehagebudsjett.	Viktig tiltak i høve kunnskap og opplæring om trafikktryggleik.
	Temadagar «Trafikktrygging» Foreldre/ungdom/lag og organisasjonar.	Foreldre, barn og ungdom, lag og organisasjonar.	Trygg trafikk, vegvesenet, kyrkja, kommunen, evt andre.	Mindre kostnader knytt til ressursbruk innanfor dei forskjellige etatane som er med.	Viktig haldninskaping blant ungdom
	Refleksutdeling	Alle fotgjengarar	Herøy kommune v/ Servicetorget Skuleavdelinga Barnehagar	Sponsor / kommunen (ca. 10.000,- kommunedel)	Auke bruk av refleks og visualisering i trafikkbilete.
	Temadagar Trafikktrygging» . Besøk av ulike org og etatar i barnehagar og på skular. Auke kompetanse og kunnskap om trafikktrygging.	Barn 0-6 år. Foreldre Tilsette i bhg Lærarar Barn i grunnskulen	Skular, barnehagar, Politi Statens Vegvesen Trygg Trafikk		Viktig haldningsskaping blant barna.

**For tiltaka i handlingsplan 6 er det føresett at dei vert innarbeidd i budsjett, økonomiplan og årsplan for dei ulike avdelingane. Ansvar for oppfølging av tiltak ligg til avdelingsleiarane.*

Trafikkopplæring for dei minste er eit viktig tiltak (Foto: Trygg trafikk – Fotograf: Anders Aavik Hagen)

Handlingsplan 7: Planleggingstiltak lang fylkesvegar og kommunevegar

Pri. Nr	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
	Nerlandsøybrua FV 20	Grunnlag for bygging av nye bru	Forfall / etterslep vedlikehald på eksisterande bru	MR fylke Statens Vegvesen Herøy kommune (Utviklingsavdelinga)	Statens Vegvesen gjennomfører planleggingsarbeid for ny bru. Herøy kommune gjennomfører planarbeid på tilgrensande areal for å oppnå samanheng i infrastruktur.
	Remøybrua FV18	Grunnlag for bygging av nye bru	Forfall / etterslep vedlikehald på eksisterande bru	MR fylke Statens Vegvesen Herøy kommune (Utviklingsavdelinga)	Statens Vegvesen gjennomfører planleggingsarbeid for ny bru. Herøy kommune gjennomfører planarbeid på tilgrensande areal for å oppnå samanheng i infrastruktur.
	Bergsøya - FV 654	Grunnlag for: Generelle trafikktryggingstiltak langs FV654 frå Flusund til Myklebust. Ny GV på sørsida.	Hovudinnfartsveg til Fosnavåg sentrum. Ikkje dekkjande gang- og sykkelveg. Kryssproblem Forbikøyringsfelt	MR fylke Statens Vegvesen Herøy kommune (Utviklingsavdelinga)	Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga gjennomfører planarbeid.
	Gangvegpakke 2013 Fylkesvegar	Grunnlag for realisering av nye gang og sykkelvegar i Herøy kommune. Strekningane gjeld langs fylkesvegar.	I tråd med satsingsområde. Behov for utvikling og samanheng i eksisterande nettverk. Skape tryggare skulevegar for born og unge. Stimulere til betre folkehelse.	MR fylke Statens Vegvesen Herøy kommune (Utviklingsavdelinga)	Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga gjennomfører planarbeid.
	Dragsundbrua FV 654	Grunnlag for: Realisering av ny Dragsundbru med 2 køyrefelt og fortau.	Smal og trafikkfarleg bru. Ikkje gangfelt. Ikkje tilfredstillande standard i høve trafikkgrunnlag.	MR fylke Statens Vegvesen Herøy kommune (Utviklingsavdelinga) Ulstein kommune (Teknisk etat)	Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga gjennomfører planarbeid. Samarbeidsprosjekt mellom Herøy og Ulstein kommune.
	Igesund – Fosnavåg sentrum FV 20	Grunnlag for: Omlegging av Fylkesveg 20 frå Kvalsundbrua til Huldalskrysset. Ny gang- og sykkelveg	Smal og uoversiktleg veg. Trafikkfarleg skuleveg.	MR fylke Statens Vegvesen Herøy kommune (Utviklingsavdelinga)	Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga gjennomfører planarbeid. Tiltaket skal sjåast i samanheng med reguleringsplan for ny bru til Nerlandsøy.
	Voldsundneset – Remøybrua FV18	Grunnlag for omlegging av veg. Gjennomføring av reguleringsendring	Smal og uoversiktleg veg.	MR fylke Statens Vegvesen Herøy kommune (Utviklingsavdelinga)	Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga gjennomfører planarbeid. Tiltaket skal sjåast i samanheng med ny bru til Remøya.
	Røyra (Herøybrua) – Mjølstadneset FV654	Grunnlag for ny hovudinnfartsåre til Bergsøya. Planarbeid i tråd med kommunestyrevedtak	Oppfølging av vedtak i K-styre og Kommuneplan	MR fylke Statens Vegvesen Herøy kommune (Utviklingsavdelinga)	Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga gjennomfører planarbeid. Samarbeid med Statens Vegvesen.

Handlingsplan 8: Andre mindre tiltak (generell art) :

Tiltak	Stad	Kommentar
Siktutbetring i vegkryss	Alle kommunale vegkryss	Fjerning av vegetasjon, omforming av terreng, fjerning av sikthindrande element i frisiktsoner.
Utbetring av vegdekke / re-asfaltering	Alle kommunale vegar	Reperasjon av øydelagt vegdekke. Legging av ny asfalt.
Oppsetting av «Barn leikar» skilt og opplysing om fartsgrense.	Alle kommunale vegar i tettbygde områder.	Opplysing om barns ferdsel i nærmiljøet til køyrande.
Feiing og kosting av fortau, gangareal og ferdselsårar,	Alle kommunale vegar + Fylkesveg 654	Viktig arbeid for å unngå ulukker for mjuke trafikantar.
Snøbrøyting og fjerning av is langs fortau, gangareal og ferdselsårar i sentrum	Alle kommunale vegar, fortau, ferdselsårar, sentrumspassasjer	Viktig arbeid for å unngå ulukker for mjuke trafikantar. Sikre framkomst for alle samfunnsgrupper.
Utskifting av eldre og dårlege gatelys / veglys. Meir lys i sentrum og langs hovudferdselsårar. Vurdere LED-belysning.	Alle kommunale vegar + Fylkesveg 654. Nye vegar, gangvegar og ferdselsareal. Opne plassar, samlingsstadar og byrom	Viktig arbeid for å sikre ferdsel. Stimulere til auka bruk av gang- og sykkelareal. Viktig i høve førebygging av kriminalitet. Viktig for energisparing.
Autovern	Alle kommunale vegar og strekningar der det er krav om sikring.	Det er viktig at desse vert sett opp for å hindra utforkøyringar på farlege stader (stup og bratte skråningar).

Dei tiltaka som er lista opp som «Andre mindre tiltak» er noko som ein føreset blir gjennomført kontinuerleg og som kan takast undervegs i planperioden.

13. Trafikktryggingstiltak for menneske med nedsett funksjonsevne

Herøy kommune har i fleire år, i samarbeid med handikaplaget, søkt om å få tilskot til trafikktryggingstiltak for menneske med nedsett funksjonsevne. Tilskotet kjem frå Statens Vegvesen og kan vere opptil 100 % av tiltaket sin kostnad. På fylkesbasis var potten på kr 250.000 i 2007 og det er høve til å søkje om tilskot til tiltak som gjer tilhøva i trafikken betre for funksjonshemma. Herøy kommune tek imot innspel om tiltak det bør søkjast om midlar til. I 2007 fekk kommunen eit tilskot på 100.000 kr for utbetring av fortau i Fosnavåg sentrum. Det har her vore gjennomført tiltak i Fosnavåg sentrum i høve utbetring av fortau. I denne kommunedelplanen vert det ikkje utarbeidd eige handlingsprogram for trafikktryggingstiltak for menneske med nedsett funksjonsevne. Herøy kommune tek kontakt med handikapforbund og andre organisasjonar, slik at det blir lagt til rette for at det kan fremjast søknader om tilskot dei åra ein har klare tiltak som bør gjennomførast. Herøy kommune har i 2014 søkt Statens Vegvesen om midlar til universell utforming av gangareal i Fosnavåg sentrum. Søknad har vore planlagt i samråd med Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2017/397
		Arkiv:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
32/17	Komite for næring, kultur og idrett	22.05.2017
86/17	Formannskapet	24.05.2017
74/17	Kommunestyret	21.06.2017

IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING AV FOTBALLHALL PÅ BERGSØY KUNSTGRASBANE SAMT STØTTE TIL TILTAKET

Møtebehandling:

Tilråding frå komite for næring,kultur og idrett vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 24.05.2017

1. Herøy kommunestyre godkjenner søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan for fotball/treningshall på Bergsøy kunstgrasbane, med vilkår nemnt i saksutgreiinga.

2. Herøy kommunestyre gir løyve til at Bergsøy Idrettslag får feste naudsynt areal til formål fotballhall som omsøkt. Kostnadar med etablering, tinglysing og overdraginga må idrettslaget dekkje. Ordførar får fullmakt til å signere skjøte for overdraginga.

3. Herøy kommunestyre godkjenner at det kan forskotterast spelemidlar og mva-kompensasjon til fotballhallen med inntil kr. 8.162.000,- og fram til spelemidlar og mva-kompensasjon vert utbetalt. Forskoteringa vert gitt under føresetnad av at søknaden om spelemidlar vert godkjend.

Møtebehandling:

Tilråding/Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 22.05.2017

Tilråding:

4. Herøy kommunestyre godkjenner søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan for fotball/treningshall på Bergsøy kunstgrasbane, med vilkår nemnt i saksutgreiinga.

5. Herøy kommunestyre gir løyve til at Bergsøy Idrettslag får feste naudsynt areal til formål fotballhall som omsøkt. Kostnadar med etablering, tinglysing og overdraginga må idrettslaget dekkje. Ordførar får fullmakt til å signere skjøte for overdraginga.

6. Herøy kommunestyre godkjenner at det kan forskotterast spelemidlar og mva-kompensasjon til fotballhallen med inntil kr. 7 440 000, og fram til spelemidlar og mva-kompensasjon vert utbetalt. Forskoteringa vert gitt under føresetnad av at søknaden om spelemidlar vert godkjend.

Særutskrift:
Bergsøy Idrettslag Fotball v/
Kommunalsjef Samfunnsutvikling
Økonomileiar
Kulturleiar
Byggesaksbehandlar Eivind Flåskjær

Vedlegg:
1 – Anlegget sin plass i kommunal plan
2 – Universell utforming
3 – Teikningsgrunnlag (a-d)
4 – Behovsoppgåve
5-6 – Kostnad, finansiering, drift
Søknad og kartvedlegg om bygsel av grunn

Samandrag av saka:
Bergsøy Idrettslag (BIL) søkjer med dette om idrettsfunksjonell førehands-godkjenning av fotballhall planlagt plassert på Bergsøy kunstgrasbane. Hallen er 75m x 42m og vil ha ei totalhøgde på 12 m til møne. «Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» ligg til grunn for vurderinga.

I tillegg vert det søkt om bygsel av grunn og støtte til tiltaket gjennom forskotering av spelemidlar og mva-kompensasjon.

Fylkeskommunen er forventa å gjere vedtak på om tiltaket skal tildelast spelemidlar i juni 2018. BIL planlegg å starte opp bygginga i august 2017 med forventa sluttføring 1.kv. 2018. Dette inneber at det ikkje er samsvar mellom framdrifta til bygging og vedtak i tildeling av spelemidlar. I delvedtak 3 vert det rådd til at «Forskoteringa vert gitt under føresetnad av at søknaden om spelemidlar vert godkjend.»

Saksopplysningar:

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning (delvedtak 1)
Oppgåva til den idrettsfunksjonelle førehandsgodkjenninga er å beskrive om anlegget er funksjonelt.

1. **Anlegget sin plass i kommunal plan**: *Vedl. 1*
   Anlegget er i handlingsprogram for ordinære anlegg plassert som prioritet nr. 9 «Fotballhall 100 x 60 m», med Herøy kommune og BIL som ansvarlege. Søknaden gjeld «Fotballhall 75m x 42m», med BIL som ansvarleg.
   Det er eit absolutt krav om at idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning må føreligge før tiltaket kan starte opp.

   <u>Vilkår for godkjenning:</u>
   BIL må søkje om revidering av tiltak og ansvarleg i handlingsprogram for ordinære anlegg. Frist for å søke kommunen er 5. juni dersom godkjenninga skal vere klar før planlagt start av tiltaket i august 2017.

2. **Universell utforming:** *Vedl. 2*
   «Universell utforming er en strategi for planlegging og utforming av produkt og omgjevnader for å oppnå eit inkluderande samfunn med full likestilling og

deltaking for alle.» (Universell utforming av idretts og nærmiljøanlegg V-0511).

Det er gitt orientering om; åtkomst utanfrå, parkeringssituasjonen, inngang og inngangssituasjonen for rørslehemma, og denne stetter krava til tilrettelegging for rørslehemma.
Det er òg gjort greie for innvendig tilrettelegging. Sistnemnde stetter krava med unntak av for 2. høgda i hallen der det er planlagt sosial/trening men utan planlagt åtkomst for rørslehemma.
Det er ikkje gjort greie for korleis ein skal utstyre til dømes garderobar/dusjar, skildring av løysingar for personar med nedsett høyrsle og synsevne.

Vilkår for godkjenning:
Det må utarbeidast plan med tilkomst for rørslehemma til sosial-/treningsareal i 2. av fotballhallen.
Det må gjerast greie for korleis ein skal utstyre til dømes garderobar/dusjar. Vidare skal ein skildre løysingar for personar med nedsett høyrsle og synsevne.
Sjå TEK 10, NS 1101:1:2009, plan- og bygningslova sine føresegner om universell utforming, standard for universell utforming av arbeids- og publikumsbygningar samt departementet sin rettleiar om universell utforming.

3. **Teikningsgrunnlag:** *Vedl. 3*
   Søknaden om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning skal innehalde fullstendig teikningsgrunnlag; situasjonsplan, planteikningar, fasadeteikningar og snitteikningar. Endring i prosjektet må ha oppdatert førehandsgodkjenning.

   Situasjonsplan**:** *Vedl. 3 a)*
   Det er lagt ved situasjonsplan som viser korleis anlegget er plassert på eigedomen og i forhold til andre bygg eller anlegg. Fotballhallen er ikkje planlagd i fleire byggetrinn. Parkeringsplassar er teikna inn.
   Tilkomstvegen frå parkeringsplassen ved badeland er uklar og bør teiknast inn før søknad om spelemidlar.

   Planteikningar**:** *Vedl. 3 b)*
   Det er lagt ved planteikning som viser alle etasjar, slagretning på dører og rominndeling. Det er ikkje gjort greie for innreiing i garderboar og WC.

   Vilkår for godkjenning:
   Det må utarbeidast planteikningar som viser plassering av dusjhovud, handtak og klappsete, benker og anna innreiing i garderobar. På WC skal ein vise plassering av toalett og vask, samt liknande utstyr.

   Fasadeteikningar**:** *Vedl. 3 c)*
   Det er lagt ved fasadeteikningar som viser anlegget si tilpassing til nabobygningar.

   Snitteikningar**:** *Vedl. 3 d)*
   Det er lagt ved snitteikningar som viser fri høgd. Tilkomst er omtalt i vedlegg 2. som trinnfrie og utan stigning.

4. **Behovsoppgåve:** *Vedl. 4*
   Vurderinga er at behovsoppgåva skildrar behovet for anlegget og moglegheitene for bruk på ein god måte.
   Frå BIL si kartlegging av behov og resultat av denne:

   BIL har dei siste åra opplevd ein stadig auke i tal aktive. Det er gjennomført ei måling av aktiviteten i BIL fotball gjennom ei tilfeldig veke i året, og denne viser at ca. 400 personar deltek i organisert trening mellom 2-5 gongar. Dette inneber 2 200 trening- og/eller kamptimar i løpet av ei veke.

   Fotball har utvikla seg til ein heilårsidrett, og det er behov for å legge til rette for aktivitetar gjennom vinteren. BIL ynskte i utgangspunktet å bygge ein noko større hall, men grunna at etableringa skal skje på deler av eksisterande kunstgrasbane har ein vedteke bygging av ein 7ar hall. Med ei slik løysing opprettheld ein størrelseskravet til 9ar bane på resterande areal. Løysinga legg òg til rette for ei evt. utviding frå 9ar til 11ar bane ved eit seinare høve.

   Den totale banekapasiteten vil med dette bli auka og ved å kunne tilby treningsfasilitetar under tak vil ein nå enno fleire unge spelarar enn i dag, og med det redusere fråfallet ein ser i ungdomsfotballen.
   Hallen er òg tenkt nytta til BIL si fotballfritidsordning. Dette vil gi tilbodet ytterligare kvalitet, meir allsidig idrett og fleire vil finne tilbodet attraktivt.

   Alternative plasseringar er utreia, men BIL har konkludert med at dette er den optimale plasseringa og som vil kunne gi synergiane dei ynskje ift. aktivitet/tilbod i nærleiken.

5. **Kostnadsoverslag:** *Vedl. 5*
   Kostnadsoverslaget skildrar kva det vil koste å bygge anlegget.

6. **Finansiering og drift:** *Vedl. 5*
   Finansieringsplanen skildrar korleis ein tenkjer finansiere bygginga av anlegget.

   Driftsbudsjettet skildrar korleis ein tenkjer finansiere drifta vidare.
   Det er ikkje gjort greie for korleis anlegget skal driftast og vedlikehaldas. Det må i tillegg til årlege kostnader gjerast greie for korleis kostnadane skal finansierast, kven som skal gjere det og med ei vurdering av om idrettslaget har økonomi til å bære desse over lengre tid.

   <u>Vilkår for godkjenning:</u>
   Det må i tillegg til driftsbudsjettet utarbeidast ei skildring/utgreiing av korleis anlegget skal driftast og vedlikehaldas.

Krav til idrettslege mål, sikkerheit og funksjon
Planlagt bygg er ein fotball/treningshall. I fylgje «Målbok for idrettsanlegg» er banemåla å forstå som anbefalte, og oppgitte banemål på 60m x 34m er å sjå som innanfor regelverket.
Det er ikkje lagt ved dokumentasjon på vald idrettsdekke og at dette tilfredsstiller funksjonskrava, samt utrekningar som gjeld lys og at desse tilfredsstiller krava.

<u>Vilkår for godkjenning:</u>

Det må utarbeidast dokumentasjon på idrettsdekke og belysning som tilfredsstiller krava.

Utgreiing vedr. arkitektur, estetikk og miljø
Det er ikkje lagt ved dokumentasjon som skildrar arkitektur, estetikk og miljø.

Vilkår for godkjenning:
Det må utarbeidast ei skildring/utgreiing om forhold som gjeld arkitektur, estetikk og mlijøforhold. Sjå vedlegg 9 og 10 i «Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» for meir informasjon.

Uttale frå ålanavdelinga - eigedomsrett eller feste-/leigerett til grunn (Delvedtak 2) Vedl. 6 a-b), vedl. 3 a)
Grunneigar er Herøy kommune og arealformålet er idrettsstadion.

Bergsøy IL v/Fotball har søkt om å få feste ei tomt til formål fotballhall på kommunal eigedom ved idrettsområdet på Myklebust. Tidlegare har idrettslaget fått feste tomt til klubbhus og ein ønskjer same mal i dette prosjektet då fotballgruppa sjølve skal stå som utbyggar.

Rådmannen rår kommunestyre til at idrettslaget får feste naudsynt areal til formål fotballhall som omsøkt og at ordførar får fullmakt til å gjennomføre overdraginga.

Uttale frå byggesak – fotballhall Bergsøy Idrettslag
Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning:

Saka vedr fotballhall må gjennom vanleg byggesaksbehandling etter reglane i plan og bygningslova.

Det er no sendt ut skisser som viser ein hall plassert på del av eksisterande kunstgrasbane. Hallen er 75m x 42m og vil ha ei totalhøgde på 12m til møne.

Plasserings messig ligg den planlagde hallen på areal avsett til dette føremålet. Det vert ingen endra bruk og såleis kan ikkje ein på noverande tidspunkt sjå at ein slik hall vil utløyse krav om meir p-plassar. Området ligg relativt lavt i terrenget og det er relativ god avstand til nabobygg.

Det er viktig at hallen ikkje kjem i konflikt med vernesone og buffersone mot det nærliggande våtmarksområdet på Mylkebust.
Plasseringa må også ta omsyn til kommunal tekninsk anlegg i grunnen og infrastruktur på området.

I den gjeldande plan for området er det ikkje gitt eigne reglar for byggehøgde. Ut ifrå dette gjeld dei generelle reglane om maks 8 meter til gesims og 9 m til møne. Her vert det søkt om 12 m møne.

Bygningsmynde ser på dette som eit behov for å gi hallen funksjonalitet inn mot fotballspel og finn at vilkår for å kunne gi dispensasjon bør vere tilstades etter pbl §19-2. Dette vert sjølvsagt ein del av byggesaksbehandlinga og det må grunngjevast det må også vere større fordelar enn ulemper og ein må vurdere evt

nabomerknader. Kommunen vil i utgangspunktet instille positivt til ein slik dispensajson.

Fotballhallar vert etter brannlova §13 definert som særskite brannobjekt. Dette medfører særleg fokus på branntryggleik.

Fotballhallen må også vere tilpassa universell utforming – viser til dept sin veiledar for iniversell utforming i idretts og nærmiljøanlegg, samt TEK10 og UU i arbeids og publikumsbygg.

Kommunal forskotering (Delvedtak 3)
Ifm. bygging av større idrettsanlegg tidligare år, har kommunen stått som utbyggjar og ansvarleg for drift og rehabilitering av anlegga i samarbeid med lokale lag og organisasjonar. Grunna innstramming i tolkinga av regleverket er det ikkje å anbefale at komande anlegg vert bygd og drifta etter ein slik modell.
Rådmannen anbefaler difor at kommunens bidrag i denne saka bør løysast gjennom forskotering av spelemidlar og mva-kompensasjon.

Spelemidlar:
Bygging av fotballhall er å rekne som eit ordinært anlegg i spelemiddelordninga. Pr. d.d. har Herøy kommune forskottert kr. 22,3 millionar til ulike anlegg i høve spelemiddelordninga. Den største andelen av forskoteringane gjeld Sunnmørsbadet på kr. 17,1 mill. I løpet juni månad vil kommunen få tilbakemelding på om fylket vedtek å starte utbetalinga til badet i 2017. Frå fyrste utbetaling skjer forventar ein at den samla summen vil verte utbetalt i løpet av ei tre-års periode.

MVA-kompensasjon:
Alle som søker om spelemidlar til anlegg, og fyller vilkåra for å ta i mot spelemidlar gjennom Kulturdepartementets tilskotsordningar for bygging og rehabilitering av idrettsanlegg, kan søke om å få kompensert meirverdiavgifta som er betalt i forbindelse med anleggsprosjektet. Anlegget må være ferdigstilt før det kan søkast om kompensasjon. Utbetaling av momskompensasjon plar skje før jul.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:
Bergsøy sitt hovudmål er å drive mest og best mogleg idrettsarbeid for born og unge, og med dette fremje folkehelse og trivsel, samt tilbod, til innbyggjarane i Herøy. Noko som vil bidra til å gjere Herøy ein enno betre stad å bu i.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:
Uttale frå økonomileiar:
Konsekvens for drifta er dårlegare likviditet og reduserte renteinntekter med omlag kr. 100.000 eller auka rentekostnadar med omlag kr 200.00 per år om vi må bruke av trekkretten vår.

Fosnavåg, 11.05.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef Samfunnsutvikling

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

7. Prioritert handlingsprogram 2015 - 2018 Revidert handlingsprogram

7.1. Ordinære anlegg/rehabilitering og anlegg for friluftsliv 2015 – 2018 K.sak 111/16

			Tot. invest		Finansiering			Anleggsstart				
	Anleggsoppgåver, tilrettelegging og tiltak	**Ansvarleg**	**kostnad i 1000 kr**	**Driftsutg pr. år**	**Komm .midlar**	**Spele midlar**	**Privatem idler**	**2012**	**2013**	**2014**	**2015**	**2016**
1	25 meters symjebasseng og stupeavdeling/ rehabilitering Fritidsbadet	Kommunen/ Fritidsbadet	*160.000			13.000			X			
2	Kunstgras Rehab grasbane på Bergsøy stadion	Kommunen/ BIL	10.900	50	2.200	2.500	6.300	X				
3	Kunstgras Gurskøy IL – 7-arbane	Kommunen/ GIL	3.200	35	650	950	1.900		X			
4	Klubblokale/ garderober/ tribune v/kunstgrasbana	Kommunen/ BIL Fotball	*13.000		2.500	1.600	9.900			X		
5	Klubbhus/ reiskapshus Tjørvåg IL	Tjørvåg IL	**								X*	
6	Idrettshall nye Leinøy skule / Einedalen skule	Kommunen / BIL Handball	*20.000			7.000					X*	
7	Kunstgras Moltu IL – rehabilitering av anlegg	Moldtustr IL/ Kommunen	**									X
8	Innreiing av GIL-kjellar ved Gurskøy stadion	Gurskøy IL	**									X
9	Fotballhall 100 x 60m	Kommunen/ BIL	**									
	Friluftslivsanlegg											
1	Tursti rundt Myklebustvatnet	Kommunen	**									X
2	Ny sløyfe rundt Grøneåsen / Leikong	Gurskøy IL	*1.200									X

X = oppstartår /byggestart

* Dette er førebels tal /kryss då anlegga framleis er under planlegging / bygging

**Særleg sikre tal er ikkje avklara

VEDL. 1.

VEDL. 2

PROSJEKTBYGG A.S
ING.- OG ENTREPRENØRTJENESTER
70 08 79 00 - www.pbygg.no

Sammendrag av vurdering av universell utforming/tilgjengelighet ved Bygging av hall for Bergsøy IL - Fotball

Gjeldande regelverk på byggemeldingstidspunkt: TEK 10

Adkomst utenfra:
Adkomst utanfrå vil være frå parkering i enden av eksisterende bane/ ved badeland. Det er her merka HC plassar. Om naudsynt vil det være mulig med transport heilt fram til hallen. Bredda på inngangsdør til hallen er dimensjonert for bevegelseshemma. Det vil og være mulig å opne port ved sida av inngangsdør for eventuelt tilkomst via den. Tilkomst er trinnfrie og utan stigning

Parkeringssituasjonen:
Parkering går fram av situasjonsplan, ellers er det som sagt muligheit til å kjøre heilt fram til bygget.

Inngang:
Godt med plass foran inngang. Dørbredde er tilpassa rullestolbrukere.

Inngangssituasjon:
Inngangsdører er lakkerte med kontrastfargar i forhold til bygget. Ytterdørene er tofløya aluminumsdører med HC tersklar.

Innvendig
Bevegelsehemmede vil få tilgang til aktivitetsflate og til toalett like innanfor hovedinngangsdørene. Det vil her bli tilrettelagt for oppstillingsplassar for rullestolar ved behov. Dørtekslar er levert som HC tersklar med maksimum 25mm høgde. Rømningsdører er dimensjonerte for rullestoler.

Venleg helsing
Prosjektbygg AS

Tonny Pettersen
90634446
tonny@pbygg.no

Fotballhall Bergsøy IL

1:1000

07.03.2017



Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.

VEDL. 3 a)



1 **1.Etg. - Ny hall**

1 : 500



2 **2.Etg. - Ny hall**

1 : 500

Rev	Beskrivelse	Dato

Bergsøy IL Fotball
Postboks 12
6099 Fosnavåg

BERGSØY IL

Planer

BERGSØY IL HALL

Prosjektnr.: 183 | Rev.dato:

Dato: 09.03.17 | 610 | Rev.:

Tegna av: RH | Målestokk:

Kontroll: .

VEDL. 3 b)



1 3D View 5

Rev	Beskrivelse	Dato

Bergsøy IL Fotball
Postboks 12
6099 Fosnavåg

BERGSØY IL	Perspektiv Nord-Vest
BERGSØY IL HALL	Prosjektnr.: 183 Rev.dato:
	Dato: 09.03.17 001 Rev.:
	Tegna av: RH
	Kontroll: . Målestokk:

VEDL. 3 c)



1 Section 1

1 : 200



2 Section 2

1 : 200

Rev	Beskrivelse	Dato

PROSJEKTBYGG A.S
ING.- OG ENTREPRENØRTJENESTER
70 08 79 00 - www.pbygg.no

SKISSEPROSJEKT

BERGSØY IL

BERGSØY IL HALL

Snitt

Prosjektnr.: 183 | Rev.dato:

Dato: 09.03.17 | 801 | Rev.

Tegna av: RH

Kontroll: — | Målestokk: 1:200

VEDL. 3 d)

VEDL. 4.

Bergsøy Idrettslag anlegg/ utvikling
Pb. 12
6099 Fosnavåg
Org.nr: 982 513 367 MVA
www.bergsoy.no

Herøy Kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Fosnavåg 19.12. 2016

BEHOVSANALYSE FOTBALLHALL BERGSØY IL-FOTBALL

Bergsøy Idrettslag- Fotball har tidligare beslutta å samle all aktivitet i området ved Herøy Kulturhus og ikringliggande område. I den forbindelse blei det gamle klubbhuset i Huldalen solgt til Huldal Barnehage, og området forøvrig er solgt til bustadutbyggar.

Bergsøy Fotball har dei siste åra opplevd ein stadig auke i antall aktive, og blei i 2013 utnevnt til årets breiddeklubb på Sunnmøre Fotballkrets sitt årsting. Dette er ein heidersutnevnelse som heng høgt, og blir gitt til dei klubbane som jobbar aktivt for å ivareta og betre tilbodet til unge aktive innanfor idretten. Bergsøy Fotball har som målseting å være ein arena for alle og vi har og ein visjon om at vi skal bidra med det vi kan for å gjere Herøy til ein betre stad å bu.

I den forbindelse har Bergsøy Fotball siste åra investert om lag 26 mill eks mva for nettopp å legge forholda til rette for ungdomen, og for på den måten gjere Herøy Kommune endå meir attraktiv og til ein betre stad å bu.

Vi kan i denne forbindelse nemne
- Kunstgrasbane 1. Ferdigstilt 2007
- Kunstgrasbane 2. Ferdigstilt 2012
- Klubbhus Ferdigstilt 2013
- Oppgradering av tribuner på Havila Stadion Fosnavåg 2015

Vi har foretatt ei måling av aktiviteten til Bergsøy Fotball gjennom 1 tilfeldig veke gjennom året.
Bergsøy Fotball har ca 400 aktive i sving og i løpet av ei uke er desse i organisert trening mellom 2 og 5 gangar. I løpet av ei uke gjennomførte desse ca 2200 trenings- og/eller kamptimer. Dette vil igjen seie at i løpet av ein måned aktiviserer Bergsøy Fotball ungdom i til saman ca 9000 treningstimar.

Fotball har utvikla seg til ein heilårsidrett. Vi ser rundt oss at stadar og klubbar vi likar å samanlikne oss med er komne lenger med tanke på å legge til rette for aktivitetar gjennom vinteren. Hødd har allereie hatt innandørshall nokre år, siste åra har også Ørsta og Volda fått opna nye og flotte hallar. I utgangspunktet ønskte vi å bygge ein noko større hall, men sidan vi tenker å etablere hall på delar av eldste kgb så har styret i Bergsøy Fotball beslutta at ein ønskjer å bygge ein 7erhall. Dette gjer vi for å oppretthalde størrelseskrav til 9er bane på resterende areal. Vi har med ei slik løysing og muligheit for å utvide resterende areal til 11er bane med minimumsmål ved seinare høve.

Den totale banekapasiteten vår vil med dette bli økt og ved å kunne tilby treningsfasiliterar under tak vil vi nå enda fleire unge spillere enn det vi gjør i dag, det vil være med på å begrense fråfallet ein ser i ungdomsfotballen.
Med fotballhall i området vil det være med på å gjere anlegget komplett og unikt. Vi har utreda alternative plasseringar, men vi har konkludert med at det er dette som vil vere den optimale plasseringa og som vil kunne gi dei synergiane vi ønskjer i forhold til aktivitetane/ tilboda i nærheita.

Bergsøy Idrettslag anlegg/ utvikling
Pb. 12
6099 Fosnavåg
Org.nr: 982 513 367 MVA
www.bergsoy.no

FFO

Bergsøy Fotball starta hausten 2009 opp med fotballfritidsordning for barn fra 4 til og med 6 klasse. Første tida holdt FFO til i ein midlertidig brakkerigg. Desse lokala var ikkje eigna, og tilbudet blei dessverre nedlagt frå hausten 2011. Når dei nye fasilitetane i klubbhuset stod klare til bruk til hausten 2013 blei FFO starta opp på nytt. Å drive aktivitetar utomhus gjennom heile vinteren er utfordrande og dersom vi kan tilby innandørsaktivitetar øker vi kvaliteten på tilbodet ytterligare og vi vil få enda større muligheiter til å drive allsidig idrett, og sist men ikkje minst så vil enda fleire finne tilbudet attraktivt.

Bergsøy Fotball sitt absolutte hovudmål er å drive mest mulig og best mulig idrettsarbeid for barn og unge. På det viset ønskjer vi å fremje folkehelsa og trivselen samt tilbodet til innbyggjarane i Herøy noko som igjen vil gjere Herøy til ein enda betre stad å bu.

Eln 7er hall vil ha ei maks høgde på om lag 13 meter og være godt innanfor krava i reguleringsføresegnene.

Vi ser fram til å høre frå Herøy Kommune i saka og håpar på eit snarlig og positivt svar vedr vår søknad

Tonny Pettersen
Bergsøy Fotball anlegg/utvikling

Tom Beddari
daglig leiar

VEDL. 5.

PROSJEKTBYGG AS
Postboks 183, 6099 Fosnavåg
Foretaksnummer: 966 768 673 MVA
Telefonr.: 700 87900 Faksnr.: 700 87901 Mobilnr.: 90 63 44 46
E-mail: tonny@pbygg.no

Budsjett Fotballhall Bergsøy Fotball

Byggherre: Bergsøy IL - Fotball

Budsjett for bygging av hall på delar av dagens kgb

Investeringsbehov:		
Grunnarbeider hall		1060000
Betongarbeider hall		1250000
Halleveranse		7900000
Servicebygg (lager, wc, sosialt rom, treningsrom), totalkostnad kr 2170000,- eks mva inkl dugnadsarbeid		
herav; sosiale rom	750000	
styrketreningsrom	750000	
omkledningsrom	500000	
lager	170000	
Materialkost og leigd hjelp		1040000
Belysning i hall		500000
Nytt kunstgrasdekke hall		1000000
Diverse kostnadar, fjerning av eks mur, sanitær mm		1000000
		13750000
25% mva		3437500
Totalinvestering hall		**17187500**

Finansieringsplan:	
MVA- kompensasjon	3437500
Spillemidler hall	4000000
Spillemidler servicebygg	725000
Egenkapital	2000000
RDA	1500000
Sponsor Sparebanken Møre	1000000
Låneopptak og andre sponsorar (hallnavn?)	4525000
Finansiering	**17187500**

Driftsbudsjett	
Utleige andre	50000
Tilskudd drift	50000
Sum inntekter	100000
Strømkostnadar	80000
Reinhald	20000
Finanskostnadar	120000
Forsikring	10000
Diverse	20000
Sum driftskostnadar	250000
Fra BIL Fotball	150000

VEDL. 6 a)

Bergsøy Idrettslag anlegg/ utvikling
Pb. 12
6099 Fosnavåg
Org.nr: 982 513 367 MVA

www.bergsoy.no

Herøy Kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dato: 06.03.2017

Att: Samfunnsutvikling v Torger Kvalsund

Søknad om bygsel av tomt for oppføring av fotballhall for Bergsøy Idrettslag, Fotball

Vi syner til møter vedr saka med Jarl Martin Møller, ordfører Arnulf Goksøyr m fleire.
Bergsøy Fotball søkjer med dette på vegne av Bergsøy Idrettslag- Fotball om rett til å få bygsle delar av gnr/ bnr 29/ 38,149, 215, 216 slik det fremgår av vedlagte kartutsnitt. Vedlagte situasjonsplan syner at tiltaket går litt utover arealet den første kunstgrasbana dekker. Sidan tiltaket er tippemiddelberettiga treng vi ein avtale om bruk av grunnen med varighet på minst 30 år etter same mal som tidligare (ref klubbhus bl.a).
Bergsøy IL – Fotball skal sjølve stå som utbyggar.

Vennlig hilsen

pår
Geir Johan Bakke
Styreleder Bergsøy IL-fotball

Tom Gedde
Daglig leder

BERGSØY IL FOTBALL
P.b. 12
6099 FOSNAVÅG

VEDL. 66)

Sunnmørskart

Grunnkart

Dato: 06.03.2017



Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.

© Norkart AS

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Rådmannen/Komiteen for næring, kultur og idrett

Frå: Kulturavdelinga

Saksnr	Arkivkode	Dato
2017/397	223	19.05.2017

IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING AV FOTBALLHALL PÅ BERGSØY KUNSTGRASBANE SAMT STØTTE TIL TILTAKET

I PS 32/17 er det oppgitt feil sum i tilråding til vedtak, pkt. 3.

Rett sum til forskotering skal vere 8 162 500.

- MVA-kompensasjon 3 437 500
- Spelemidlar hall 4 000 000
- Spelemidlar servicebygg 725 000

Ny tilråding pkt.3:

> Herøy kommunestyre godkjenner at det kan forskotterast spelemidlar og mva-kompensasjon til fotballhallen med inntil kr. 8 162 500, og fram til spelemidlar og mva-kompensasjon vert utbetalt. Forskoteringa vert gitt under føresetnad av at søknaden om spelemidlar vert godkjend.

Med helsing
Eileen Gjerde
Kulturleiar

ei båtlengd børe

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

KN - Sak 32/17

Nytt vedlegg.

Til: Herøy Kommune

tirsdag, 13.03.17

Att: Ordfører/ Rådmann

Søknad om forskottering av mva og tippemidlar til bygging av fotballhall

Bergsøy IL-Fotball har som visjon "Å bidra til å gjere Herøy Kommune til ein enda betre stad å bo" og har dei siste 10 åra føreteke fleire store økonomiske løft og har tilsaman investert for om lag 30 mill kr. Investeringene har vore heilt nødvendige då vi var på etterskudd i forhold til andre klubber med hensyn på fasilitetar. Det at vi flytta aktivitetane frå Huldal medførte og bygging av nytt klubbhus. Denne satsinga hadde ikkje klubben klart utan god støtte fra Herøy Kommune og det lokale næringslivet , klubben er pr d.d gjeldfri og alle garantier og tidligare forskutteringar som har vore gitt frå Herøy Kommune i denne samanheng er slettet.

Det eneste vi nå manglar er ein treningshall og det er heilt nødvendig spesielt med tanke på rekruttering og det å behalde ungdomen innanfor idretten så lenge som råd, dette vil etter vår mening definitivt bidra til at Herøy Kommune blir et enda bedre sted å bo.

Bergsøy IL – Fotball kjem til å tilby dei øvrige laga i Herøy og i tråd med vår visjon, gratis treningstid ein dag i uka gjennom heile året, f.eks en dag frå kl 18 og resten av kvelden. Med denne investeringa vil klubben være ferdig investert for dei neste 25 åra, med unntak av utskifting av kunstgras om lag kvart 10ende år.

Vi håper at kommunen er villig til å behandle denne søknaden positivt og i tråd med tidligare praksis, ref f.eks bygging av nytt klubbhus

Bergsøy IL søkjer med dette Herøy Kommune om forskottering av:

-	Forskottering av tippemidler til hall	kr:	4 000 000,-
-	Forskottering av tippemidlar til servicebygg	kr:	725 000,-
-	Forskottering av mva:	kr:	3 437 500,-

Formell utbyggar skal være hovedstyret i Bergsøy IL, sjølv om den som i praksis er ansvarlig og har påteke seg å finansiere byggingen er Bergsøy IL-Fotball. Dette er etter same modell som klubbhusutbygginga

Følgande håpar vi at kommunen vil bidra med

1. Avtale om bygsel av tomtegrunn i 40 år. Ev kjøp av tomt. Det er sendt eigen søknad om dette, sjå epost datert 09.03.17
2. Dekking av alle kommunale kostnadar i forbindelse med byggesaka
3. Forskuttering av tippemidler og mva til bygging av fotballhall, sjå budsjett og finansieringsplan

Budsjett byggekostnader/ tippemidler fotballhall

Grunnarbeider:	kr 1 060 000,-
Betongarbeider	kr 1 250 000,-
Halleveranse	kr 7 900 000,-
Servicebygg (materiell og leigd hjelp), forutsatt oppført på dugnad	kr 1 040 000,-
Belysning	kr 500 000,-
Nytt kunstgrasdekke	kr 1 000 000,-
Diverse arbeider, uforutsatt	kr 1 000 000,-
Totalkostnad fotballhall	kr 13 750 000,- eks mva
25% mva	kr 3 437 500,-
Totalinvestering inkl mva	**kr 17 187 500,- inkl mva**

Finansieringsplan

Mva- kompensasjon	kr 3 437 500,-
Spillemidlar hall	kr 4 000 000,-
Spillemidlar servicebygg	kr 725 000,-
Egenkapital	kr 2 000 000,-
RDA midlar	kr 1 500 000,-
Sponsor Sparebanken Møre	kr 1 000 000,-
Låneopptak og sponsorar (hallnavn)	kr 4 525 000,-
Totalinvestering	**kr 17 187 500,-**

Sjølv om det er det er Bergsøy IL som er utbyggar og ikkje Herøy Kommune kan det søkjast om momsrefusjon basert på årlige tildelingar. Siste åra har frivillige lag og organisasjonar som har stått som utbyggare sjølve fått full momskompensasjon. Det må føreligge avlutta prosjektrekneskap før det kan søkes refusjon.

Bergsøy Fotball søkjer på vegne av Hovedstyret med dette om at Herøy Kommune forskotterer det forventa tippemiddeltilskuddet på kr 4 725 000 i tillegg til berekna moms kr 3 437 500,-

Finansiering

Byggingen er planlagt finansiert gjennom eigenkapital/ låneopptak, dugnadsarbeider, spillemidler, salg av hallnavn, sponsorstøtte og lån. Dersom Herøy Kommune stiller seg positive til ovenfor beskrevet søknad om støtte er vi overbevist om at det vil bli snarlig oppstart.

BEHOVSANALYSE FOTBALLHALL BERGSØY IL-FOTBALL

Bergsøy Idrettslag- Fotball har tidligare beslutta å samle all aktivitet i området ved Herøy Kulturhus og ikringliggande område. I den forbindelse blei det gamle klubbhuset i Huldalen solgt til Huldal Barnehage, og området forøvrig er solgt til bustadutbyggjar.

Bergsøy Fotball har dei siste åra opplevd ein stadig auke i antall aktive, og blei i 2013 utnevnt til årets breiddeklubb på Sunnmøre Fotballkrets sitt årsting. Dette er ein heidersutnevnelse som heng høgt, og blir gitt til dei klubbane som jobbar aktivt for å ivareta og betre tilbodet til unge aktive innanfor idretten. Bergsøy Fotball har som målseting å være ein arena for alle og vi har og ein visjon om at vi skal bidra med det vi kan for å gjere Herøy til ein betre stad å bu.

I den forbindelse har Bergsøy Fotball siste åra investert om lag 26 mill eks mva for nettopp å legge forholda til rette for ungdomen, og for på den måten gjere Herøy Kommune endå meir attraktiv og til ein betre stad å bu.

Vi kan i denne forbindelse nemne

- Kunstgrasbane 1. Ferdigstilt 2007
- Kunstgrasbane 2. Ferdigstilt 2012
- Klubbhus Ferdigstilt 2013
- Oppgradering av tribuner på Havila Stadion Fosnavåg 2015

Vi har foretatt ei måling av aktiviteten til Bergsøy Fotball gjennom 1 tilfeldig veke gjennom året.
Bergsøy Fotball har ca 400 aktive i sving og i løpet av ei uke er desse i organisert trening mellom 2 og 5 gangar. I løpet av ei uke gjennomførte desse ca 2200 trenings- og/eller kamptimer. Dette vil igjen seie at i løpet av ein måned aktiviserer Bergsøy Fotball ungdom i til saman ca 9000 treningstimar.

Fotball har utvikla seg til ein heilårsidrett. Vi ser rundt oss at stadar og klubbar vi likar å samanlikne oss med er komne lenger med tanke på å legge til rette for aktivitetar gjennom vinteren. Hødd har allereie hatt innandørshall nokre år, siste åra har også Ørsta og Volda fått opna nye og flotte hallar. I utgangspunktet ønskte vi å bygge ein noko større hall, men sidan vi tenker å etablere hall på delar av eldste kgb så har styret i Bergsøy Fotball beslutta at ein ønskjer å bygge ein 7erhall. Dette gjer vi for å opprettihalde størrelseskrav til 9er bane på resterende areal. Vi har med ei slik løysing og muligheit for å utvide resterende areal til 11er bane med minimumsmål ved seinare høve.

Den totale banekapasiteten vår vil med dette bli økt og ved å kunne tilby treningsfasiliterar under tak vil vi nå enda fleire unge spillere enn det vi gjør i dag, det vil være med på å begrense fråfallet ein ser i ungdomsfotballen. Med fotballhall i området vil det være med på å gjere anlegget komplett og unikt. Vi har utreda alternative plasseringar, men vi har konkludert med at det er dette som vil vere den optimale plasseringa og som vil kunne gi dei synergiane vi ønskjer i forhold til aktivitetane/ tilboda i nærheita.

FFO/ AFO
Bergsøy Fotball starta hausten 2009 opp med fotballfritidsordning for barn fra 4 til og med 6 klasse. Første tida holdt FFO til i ein midlertidig brakkerigg. Desse lokala var ikkje eigna, og tilbudet blei dessverre nedlagt frå hausten 2011. Når dei nye fasilitetane i klubbhuset stod klare til bruk til hausten 2013 blei FFO starta opp på nytt. Å drive aktivitetar utomhus gjennom heile vinteren er utfordrande og dersom vi kan tilby innandørsaktivitetar øker vi kvaliteten på tilbodet ytterligare og vi vil få enda større muligheiter til å drive allsidig idrett, og sist men ikkje minst så vil enda fleire finne tilbudet attraktivt. Denne uka gikk Bergsøy Fotball ut og offentliggjorde ei vidareutvikling av FFO for å prøve å nå enda fleire. Tiltaket blir kalla AFO og er meint å være eit tilbod til alle, også for dei som kanskje har andre interesser enn fotball som sin hovedaktivitet.

Bergsøy Fotball sitt absolutte hovudmål er å drive mest mulig og best mulig idrettsarbeid for barn og unge. På det viset ønskjer vi å fremje folkehelsa og trivselen samt tilbodet til innbyggjarane i Herøy noko som igjen vil gjere Herøy til ein enda betre stad å bu.

Vi ser fram til å høre frå Herøy Kommune i saka og håpar på eit snarlig og positivt svar vedr vår søknad

Vennlig Hilsen

Geir Johan Bakke
Styreleder Bergsøy IL-Fotball

Kopi: Hovedstyret i Bergsøy IL

HERØY KOMMUNE

Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RRK	Arkivsaknr:	2017/481
		Arkiv:	H12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
75/17	Kommunestyret	21.06.2017

FORSKRIFT OM RETT TIL SJUKEHEIMSPLASS ELLER TILSVARANDE BUSTAD SÆRSKILT TILRETTELAGT FOR HEILDØGNSTENESTER, KRITERIE OG VENTELISTE

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek framlegg til forskrift om rett til sjukeheimsplass eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnstenester, kriterie og venteliste, slik den ligg føre som vedlegg til saka.

Godkjend forskrift tek til å gjelde frå 01.07.2017

Særutskrift:

Helse og omsorg

Vedlegg:

24.06.2016	Helse og omsorgsdep. – Lovendring om rett til opphold i sykehjem eller tilsvarende bolig særskilt tilrettelagt for heldøgns tjenester
01.07.2016	Lovendringar – pas § 2-1e og hol § 3-2a
15.04.2016	Helse og omsorgsdep. – Prop.99L (2015-2016)
18.11.2016	Samhandlingsgruppa i Sunnmøre Regionråd – Møtereferat sak 31/2016
18.11.2016	Ålesund kommune – Mandat for arbeidsgruppe
28.04.2017	Uttale møte i Helse og omsorgskomite
05.05.2017	Uttale møte i RFF
08.05.2017	Uttale i møte i Eldrerådet
13.06.2017	Forskrift om rett til sjukeheimsplass m.v

Uprenta vedlegg :

02/2016	Helsedir. – IS-2442 - Veileder for saksbehandling
10/2015	Helsedir. – IS-2391 - Forsøk statlig finansiering av omsorgstjenester, Kriterier for tildeling av omsorgstenester

Samandrag av saka:
Herøy kommune pliktar innan 30.06.17 å utarbeide lokal forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad med heildøgnstenester, og bruk av venteliste i påvente av slikt tilbod. Før vedtak skal framlegg ut på høyring. Framlegg til forskrift har no vore ute på høyring.

Saksopplysningar:
Sommaren 2016 vedtok Stortinget lovendringar i Pasient- og brukarrettslova og Helse- og omsorgstenestelova om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande budstad særskilt lagt til rette for heildøgnstenester. Grunnlaget for lovendringa finn ein i Prop. 99 L (2015-2016).

Delar av lovendringane tok til å gjelde 01.07.2016 for det som inneheld ei stadfesting av gjeldande lov om retten til sjukeheimsplass. Vedtak om kriterier for tildeling av slike kommunale tilbod og rett til å stå på venteliste er nytt og skal ha rettsverknad frå 01.07.2017. Kommunane må innan denne dato gjere vedtak i lokal forskrift om kriterier for retten til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad eller å kome på venteliste til slikt tilbod.

Regjeringa planlegg å innføre nasjonale kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad tilrettelagt for heildøgnstenester, etter at ein har hausta erfaring med kommunale kriterie for tildeling av slikt tilbod, og når ein har evaluert forsøk med statleg finansiering av omsorgstenestene.

Tidsplan og arbeidet med framlegg til lokal forskrift
Utarbeiding av kommunal forskrift med kriterier for tildeling av langtidsplass i sjukeheim m.v. er ei pliktig oppfølging for kommunane som fyl av endringane i Helse- og omsorgstenestelova som tok til å gjelde 01.07.2016. Kommunestyret har frist til 30.06.2017 med å gjere vedtak med eigne kriterier og det er framlegg til desse som no skal ut på høyring.

Arbeidet med forskrifta har hatt slik tidsplan:

Tiltak	Organ	Frist
Utarbeiding av felles framlegg til forskrift for kommunane på Sunnmøre	Arbeidsgruppe nedsett av Samarbeidsutvalet for SR	15.02.2017
Vedtak om å sende framlegg til forskrift ut på høyring	Formannskapet	25.04.2017
Utsending til høyringsinstansar	Rådmannen	27.04.2017
Handsaming i Råd og utval	Eldrerådet	08.05.2017
Handsaming i Råd og utval	Helse- og omsorgskomiteen	28.04.2017
Handsaming i Råd og utval	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	05.05.2017
Frist for merknad til høyringsframlegget	Høyringsinnstansane	12.06.2017
Vedtak ny forskrift	Kommunestyret	21.06.2017

Helse og omsorgskomiteen, Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har hatt saka til handsaming i sine møter. I tillegg har framlegget til forskrift blitt kunngjort offentleg, med høve for andre til å kome med merknader.

Forskrifta som vart sendt på høyring er eit framlegg som er utarbeidd felles for kommunane på Sunnmøre, etter initiativ frå samhandlingsgruppa i Sunnmøre regionråd.

Rådmannen i Herøy har hausten 2016 delegert til helse og omsorgsadministrasjonen å starte arbeidet med framlegg til forskrift. Saka vart drøfta i Sjustjerna Helse og omsorg, som sette ned arbeidsgruppe som kunne lage til felles framlegg for alle sju kommunane på søre Sunnmøre.

I møte i Samhandlingsgruppa i Sunnmøre Regionråd 18.11.2016 sak 31/2016, var tilsvarande sak drøfta med tanke på samordning for å unngå at alle kommunane skulle bruke store ressursar på dette arbeidet kvar for seg. Ved å peike ut nøkkelpersonell frå nokre kommunar kunne ein få til eit effektivt og kvalitativt godt arbeid som alle kommunane kunne gjere seg nytte av i si saksutgreiing. Ålesund kommune fekk i oppdrag å lage mandat til arbeidsgruppa og stille jurist til rådvelde for arbeidsgruppa.

Arbeidet i sjustjerna vart difor avslutta til fordel for arbeidsgruppa under Sunnmøre Regionråd. Denne arbeidsgruppa har vore samansett av: Lindi Hjelkrem (Sula), Bjørn Magne Nordal (Giske), Birte Vegsund (Ålesund) og Oddvar Marøy (Ørsta). Jurist Line Tomassen medverka på slutten med viktige korrigeringar og rydding i oppsettet til endeleg framlegg.

Arbeidsgrupppa har hatt 4 møter i tillegg til flittig korrespondanse på e-post mellom møta. Framlegg vart levert sekretariatet i Sunnmøre regionråd for vidare utsending til kommunane.

Grunnlag for framlegg til lokal forskrift.
Alle kommunar pliktar å utarbeide forskrift med kriterium for tideling av langtidsopphald i sjukeheim eller heildøgnsbemanna bustad og føring av ventelister. Dette følger av helse- og omsorgstenestelova § 3-2 a.

Retten til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgnstenester, er heimla i pasient- og brukarrettslova § 2-1 e.

I arbeidsgruppa sitt mandat er det peika på sentrale dokument for arbeidet. Prop 99 L gir ei grundig utgreiing om bakgrunn for lovendringa og ulike konsekvensar endringane vil gi. I tillegg har helsedirektoratet sin publikasjon «Forsøk med statleg finansiering av omsorgstenester – Kriterier for tildeling av omsorgstenester», vorte brukt for dei delane som gjeld tildeling av langtidsplass i sjukeheim.

Ved utarbeiding av forskrifter plikter ein å sikre medverknad frå dei partar som bestemmingane rettar seg mot. Høyringsframlegget har vore utarbeidd av fagadministrative leiarar og sakshandsamarar frå ulike kommunar på Sunnmøre. Kommunane som er representert i arbeidsgruppa kjem frå kommunar som har valt å løyse sine utfordringar med heildøgnstilbod på svært ulike måtar. Dette vurderer ein som ein styrke for det arbeidet som er gjort. For å ikkje unngå mistydingar og syte for eit ryddig regelverk, har arbeidsgruppa så langt som råd, unnlatt å ta med bestemmingar om tilhøve som allereie er regulert i anna lov eller forskrift. Det har vore eit mål at forslaget skal innehalde dei områda lovendringa krev bestemmingar om og eller å vere kortfatta og ha eit enkelt språk.

Nokre sentrale tilhøve som lovendringane og lokal forskrift skal regulere :
Retten til tenester i forskrifta gjeld kun for langtidsopphald .Tildeling gjeld for opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgnstenester.

Med omgrepet «tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgnstenester» legg ein til grunn bustadar som har fast tilknytt helse- og omsorgsfagleg personell på døgnbasis der det er lagt til rette for å kunne gi tenester som svarer til det pasientar kan få i sjukeheim.

Det er nytt at kommunen frå 01.07.2017 skal bruke kommunale kriterier for dei faglege vurderingane som forvaltninga i kommunen skal nytte, når ein skal gjere vedtak om langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad med heildøgnsteneste. Det vert og nytt at ein pliktar å føre venteliste over dei pasientane som fyller kriteria for langtidsopphald i sjukeheim eller heildøgnsbemanna bustad, men som må vente på å få slikt tilbod. Kommunen har eit godt hjelpemiddel til slik oversikt i fagprogrammet Gerica.

Endringane i lov og forskrift skal både sikre ein tydelegare rett for pasient eller brukar, samstundes som forvaltninga i kommunen innanfor sitt faglege skjøn, pliktar å ta omsyn til dei kriteria kommunen vedtek for tildeling av slike langtidplassar.

Ein rett til langtidsplass i sjukeheim eller tilsvarande bustad, ligg føre når det etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste tilbodet som kan sikre naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester. Dersom pasient eller brukar med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad, har ho/han rett til vedtak om dette. Kommunen skal føre venteliste over dei som får slikt vedtak.

Ei vurdering av kva tid ein tilstand er slik at sjukeheim er det einaste forsvarlege hjelpetiltaket, kan opplevast forskjellig. Pasient eller brukar, eller nære pårørande, vil ofte ha ei anna oppfatning enn fagpersonellet som skal gjere sine helse- og omsorgsfaglege vurderingar. I enkelte saker er ulike instansar i helsevesenet også usamde i sine vurderingar.

Kriteria som er nytta i framlegg til forskrift, har lagt vekt på dei kritiske spørsmåla som er vesentleg å få avklara når ein skal vurdere retten til langtidsopphald. Det er og teke med kva vurderingar som vert viktige for å kunne realisere målsettingane om å legge til rette for at pasientar eller brukarar, skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim. Som del av dette pliktar helse og omsorgstenesta å legge til rette for og prøve ut dei hjelpetiltak og hjelpemiddel som er tilgjengelege. Samspel med nære pårørande, kognitiv svikt og demens, er situasjonar som i mange saker set kommunen på prøve og som er krevjande for dei involverte. Ofte er det knytt mange såre følelsar til dei endringane som utspelar seg i desse livssituasjonane.

Ved utprøving av ulike tiltak pliktar kommunen også å ha eit vakent auge på tryggleiken til pasienten og vurdere konsekvensane eit avslag eller utsetting av opphald i sjukeheim kan gi.

Klageinstans og klagefrist
Tilbod om sjukeheimsplass og helse- og omsorgstenester i eigen heim, er tenester som er heimla i både Pasient og brukarrettslova og Helse- og omsorgstenestelova. Klageinstansen for desse tenestene er Fylkesmannen og klagefristen er 4 veker. Tildeling av kommunal bustad er ikkje ei lovpålagt teneste. Klageinstans på vedtak om kommunal bustad, er klageutvalet i den einskilde kommune. Reglane om klage er då regulert i Forvaltningslova og klagefristen er 3 veker.

Etter at framlegget til forskrift vart sendt på høyring, har det kome avklaringar frå helse og omsorgsdepartementet, som stadfestar arbeidsgruppa si forståing av korleis klagereglane skal handterast. I denne avklaringa stadfestar ein at tildeling av bustad og tenestene i bustaden skal sjåast i samanheng.

Som følgje av dette vert Fylkesmannen klageinstans for alle delar som forskrifta handlar om, og at tildeling av bustad her er å sjå på som ein integrert del av eit omsorgstilbod, jmf Pasient- og brukarrettslova §§ 2-1e (Rett til opphold i sykehjem eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heldøgnstenester) og 7-2 (Klage).

Høyringsuttalar
Framlegg til forskrift om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad med heildøngstenester, har vore handsama i Helse og omsorgskomiteen, Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

1. Helse og omsorgskomiteen handsama saka i møte den 28.04.2017

   Helse og omsorgskomiteen støtta framlegg til forskrift, utan merknad.

2. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne handsama saka i møte den 05.05.2017

   Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne støtta framlegget til forskrift,, utan merknad.

3. Eldrerådet handsama saka i møte den 08.05.2017

   Eldrerådet støttar framlegget til forskrift med slike merknader:
   Eldrerådet forutset at forskrifta dekker korleis kommunen skal følgje opp personar som står på ventelista jfr. Prop 99-L, nest siste avsnitt side 5.
   Eldrerådet forutset at opplysningar frå lege, pårørande, heimesjukepleiarar osv vert tatt med i den tverrfaglege vurderinga av rett til sjukeheimsplass, plass på venteliste m.m. jfr. Prop 99-L side 14, øvste avsnitt til høgre.

Kommentar: Rådmannen vurderer det slik at momenta som Eldrerådet peikar på, er dekt i lov og forskrift, og ikkje treng å gjentakast i den lokale forskrifta. Dette er gjort for at forskrifta ikkje skal bli for omfattande og uoversiktlig.

4. Andre merknader.

   Det har ikkje kome andre merknader til forskrifta frå andre instansar eller einskildpersonar.

Uttalane som Helse og omsorgskomiteen og råda har kome med, har vore utan konkrete framlegg til tillegg eller endring av eksisterande tekst. Med kommentaren som er gitt ovanfor vel Rådmannen å legge forskrifta fram for kommunestyret framlegget som er utarbeidd av arbeidsgruppa nedsett av samhandlingsgruppa i Sunnmøre regionråd.

Vurdering og konklusjon
Kommunane plikter innan 01.07.2016 å vedta forskrift med kriterer for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim og bustad særskilt lagt til rette for heildøgnstenester og føring av ventelister til slike tenester.

Framlegg til forskrift har vore ute på offentleg høyring og handsama i Helse og omsorgskomiteen og i råda i kommunen. Det har ikkje kome vesentlege merknader til høyringsframlegget.

Rådmannen rår til at forskrift som er utarbeidd av arbeidsgruppa nedsett av Samhandlingsgruppa i Sunnmøre Regionråd, vert vedteke.

Fosnavåg, 13.06.2017

Olaus-Jon Kopperstad	Renathe Rossi-Kaldhol
Rådmann	Kommunalsjef Helse og omsorg

Sakshandsamar: Renathe Rossi-Kaldhol

HERØY KOMMUNE

FORSKRIFT OM TILDELING AV LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM ELLER TILSVARANDE BUSTAD SÆRSKILT TILRETTELAGT FOR HEILDØGNSTENESTER KRITERIE OG VENTELISTE

Heimel: Fastsett av Herøy kommune i kommunestyre 22.06.2017, med heimel i lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. § 3-2 a andre ledd.

§ 1 Føremål

Forskrifta skal vise kva kriterie Herøy kommune legg til grunn for vedtak om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnstenester, og kva som skal ligge til grunn for å sette søkjar på venteliste for tildeling av slikt tilbod.

Forskrifta skal sikre medverknad og at pasient/brukar er informert om tildelingsprosessen og til åpenheit kring denne.

§ 2 Verkeområde

Herøy kommune disponerer til ei kvar tid eit visst tal definerte langtidsplassar i sjukeheim og tilsvarande bustader særskilt tilrettelagt for heildøgnstenester.

Rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustader særskilt tilrettelagt for heildøgnstenester eller rett til å stå på venteliste til eit slikt tilbod, er regulert i pasient- og brukerrettslova § 2-1 e.

§ 3 Definisjonar

- Med **«Sjukeheim»** er helseinstitusjon slik dette er definert i Helse- og omsorgstenstelova § 3-2 første ledd.
- Med **«langtidsopphald»** meinast opphald i sjukeheim på ubestemt tid.
- **«Tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnstenester»**, er bustad som har knytt til seg helse- og omsorgspersonell som fast er tilgjengeleg for pasienten/brukaren heile døgnet.
- **«Venteliste»** er ei oversikt over pasientar/brukarar som etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering vil vere best tent med langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnstenester, og det samstundes er vurdert at vedkomande med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphald.

§ 4 Rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnstenester

a) Pasient/brukar har rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnstenester, dersom dette etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste tilbodet som kan sikre pasienten/brukaren naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester.
b) Dersom pasient/brukar ut frå ei helse- og omsorgsfagleg vurdering vil vere best tent med eit langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad tilrettelagt for heildøgnstenester, men som med forsvarleg hjelp og tilpassing kan bu i eigen heim, får avslag på søknaden og settast

på venteliste for slikt tilbod. I ventetida skal kommunen gjere vedtak om og gje forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Når fleire pasientar/brukarar står på venteliste samstundes, skal kommunen til ei kvar tid vurdere kven som har det største behovet for å få tildelt langtidsplass eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnstenester. Ved førespurnad har pasient/brukar rett til å få informasjon om kommunen si vurdering av kor lenge det er sannsynleg at ein må stå på venteliste før tildeling av aktuelt bu- og omsorgstilbod.

§ 5 Kriterie for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgnstenester

Langtidsopphald i sjukeheim eller tenester i ein tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnstenester, skal vurderast ut frå ei helse- og omsorgsfagleg heilskapsvurdering.

I det faglege skjønet skal kommunen m.a vurdere hjelpebehov, meistringsnivå og tryggleik.
I vurderingane for tildeling av tenesta skal desse tilhøva leggjast vekt på:
- kva type helse- og omsorgsteneste det er behov for og kor omfattande og varig behovet vil vere
- om pasienten eller brukaren har høve eller evne til å tilkalle hjelp ved behov
- om ein med hjelpemiddel eller ulike tilretteleggingar kan gjere tilpassingar som fremjar eigenmeistring i eigen heim.
- om alternativ til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgnstenester er prøvd ut og vurdert å ikkje vere tenleg eller forsvarleg.
- om pasienten/brukaren er samtykkekompetent og har kognitive evner som ikkje medfører alvorleg risiko for liv og helse
- kva konsekvensar eit avslag på heildøgnstilbod i sjukeheim eller bustad kan gje.
- ved vurdering av hjelpebehov skal LEON-prinsippet (lavaste effektive omsorgsnivå) og omsorgstrappa aktivt verte nytta for å tilby rett omsorgsnivå.

§ 6 Sakshandsaming

Vedtak etter forskrifta her, skal handsamast etter § 2-7 i pasient og brukarrettslova, samt forvaltningslova sine reglar om enkeltvedtak med klagerett. Vedtak kan anten

a) gi avslag på plass
b) tildele plass
c) gi avslag på plass og sette på venteliste

For vedtak etter pkt c), skal det i vedtaket gjerast klart kva tilbod pasient/brukar vil få i ventetida som vert vurdert å stette lova sine krav til forsvarlege tenester.

§ 7 Klage

Det er klagerett på vedtak etter denne forskrifta. Klageinstans er Fylkesmannen. Klage sendast til den instans som har fatta vedtaket seinast innan 4 veker etter at ein er gjort kjend med vedtaket, jmf. Pasient og brukarrettslova Kap. 7 Klage.

Dersom klaga berre gjeld den delen av vedtaket som omhandlar tildeling av bustad og ikkje tenestetilbodet i denne, er kommunen klageinstans. Klagefristen etter forvaltningslova er då 3 veker.

§ 8 Iverksetting og revidering av forskrifta

Forskrifta tek til å gjelde den 1. juli 2017.

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Formannskapet

Frå: Dokumentsenter og politisk sekretariat

Saksnr	Arkivkode	Dato
2017/481	H12	08.05.2017

UTTALE FRÅ KOMITE FOR HELSE OG OMSORG 28.04.2017

Forskrift om rett til sjukeheimsplass.
Komite for helse og omsorg støttar framlegget om lokal forskrift, om rett til sjukeheimsplass eller tilsvarande bustad med heildøgnstenester.

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Formannskapet

Frå: Dokumentsenter og politisk sekretariat

Saksnr	Arkivkode	Dato
2017/481	H12	08.05.2017

UTTALE FRÅ RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE 05.05.2017

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne støttar framlegget til forskrift om rett til sjukeheimsplass eller tilsvarande bustader med heiledøgnstenester.

Med helsing

Dokumentsenter og politisk sekretariat

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Bu- og habiliteringsavdelinga

Frå: Dokumentsenter og politisk sekretariat

Saksnr	Arkivkode	Dato
2017/481	H12	12.05.2017

UTTALE FRÅ ELDRERÅDET 08.05.2017

Eldrerådet støttar framlegget til lokal forskrift om rett til sjukeheimsplass eller tilsvarande bustad med heildøgnstenester.
Solveig Aarø, Ålesund kommune

Andre:
Tone Kirkhorn, prosjektleiar ALV-Møre og Romsdal
Britt Valderhaug Tyrholm, samhandlingssjef i HMR HF
Frode Rønsberg, nasjonal koordinator Menn i helse

Forfall:
Berit Aasen, Hareid kommune
Renathe Rossi Kaldhol, Herøy kommune
Helge Svensvik, Norddal kommune
Marit Botnen, Ulstein kommune
Inger Lise Kaldhol, Ulstein kommune og Hareid kommune
Arnhild Nordaune, Vanylven kommune
Arne Gotteberg, Volda kommune og Ørsta kommune
Kjartan Lied, Stranda kommune

Møteleiar: Liv Stette

Referent: Vegard Sperre Austnes

Sak 29/2016: Godkjenning av møteinnkallinga. Godkjenning av referat frå forrige møte 16.09.2016. Saker til eventuelt. Ved møteleiar Liv Stette

Referatet frå forrige møte vart godkjent.

Sak 30/2016: «ALV-Møre og Romsdal – Kva vil kommunane?». Ved prosjektleiar Tone Kirkhorn og styreleiar Håvard Overå i ALV-Møre og Romsdal

Prosjektleiar Kirkhorn sin presentasjon følgjer vedlagt.

ALV-Møre og Romsdal informerte partnarskapskommunane om korleis ALV utviklar seg og kva ein arbeider med no. Samskaping mellom samfunnsaktørar er vesentleg. ALV Møre og Romsdal vil byggje og spreie kunnskap om velferdsteknologi og tenesteinnovasjon. Det er nyleg engasjert ingeniør i 50% stilling i prosjektet.

Vidare la ALV-Møre og Romsdal opp til drøfting om korleis ein kan få til eit godt samarbeid rundt utvikling av velferdsteknologi i kommunane: Kva ønskjer kommunane at ALV-Møre og Romsdal skal arbeide med vidare slik at ALV vert nyttig for den enkelte kommune?

Det kom innspel om at ALV-Møre og Romsdal utviklingsmessig må syte for få tilgang på mest mogleg (t.d. simulering) gjennom NTNU-systemet og samstundes konsentrere seg om det som er ugjort.

Vidare kom det innspel om at kommunane kan ha noko å hente på standardisering og hospitering. Gjennomføringskraft ute i tenestene kan vere ei utfordring. Det vert viktig å ha fokus på opplæring av tilsette og etterspørre resultat. Det vart stilt spørsmål om i kva grad kommunane nyttar ALV-Møre og Romsdal. Forankring av prosjektet er viktig.

Sak 31/2016 Korleis tenkjer kommunane å handtere utarbeiding av kommunale forskrifter (jf. lov av 17. juni 2016 nr. 45) om rett til sjukeheimsplass, kriterier og ventelister? Kan dette vere eit samarbeidsområde for samhandlingsgruppa? Innleiing ved Liv Stette

Stette orienterte om at kommunane har frist til 1. juli 2017 til å utarbeide kommunale forskrifter om rett til sjukeheimsplass, kriterier og ventelister.

Samhandlingsgruppa sin konklusjon var at ein vil samarbeide om å utarbeide slike forskrifter. Sula kommune (truleg ved Lindi Hjelkrem), Ørsta kommune (truleg ved Oddvar Marøy), Giske kommune (truleg ved Bjørn Magne Nordahl) og Ålesund kommune (truleg ved ein frå tildelingskontoret) utgjer ei arbeidsgruppe.

Ålesund kommune vil i tillegg skaffe ein jurist som kan støtte arbeidet med råd om form og saksgang. Liv Stette fekk fullmakt til å lage eit mandat for arbeidsgruppa.

Sak 32/2016: Organisering og finansiering av eit liknande interkommunalt samarbeid på nordre Sunnmøre som Sjustjerna er på søre Sunnmøre. Innleiing ved Ann Kristin Røyset

Røyset sin presentasjon følgjer vedlagt.

Røyset tok opp om nordre Sunnmøre skal kopiere samarbeidet i Sjustjerna, eller om ein skal tenke annleis til dømes ved å bruke sosiale medier og streaming i samband med kompetansehevingstiltak. Frå samhandlingsgruppa vart det kommentert at ein treng nokre fysiske møtearenar der praksiskonsulentane og andre representantar frå helseføretaket kan delta saman med kommunane.

Røyset kom også med forslag om å kople seg på simulatormiljøet ved NTNU Ålesund, og samarbeide med det nye utviklingssenteret for sjukeheim og heimeteneste i fylket. Samhandlingsgruppa støtta dette.

Andre moment som var framme i diskusjonen i samhandlinsgruppa var at ein må tenkje nytt om korleis ein nyttar dei møtearenaene som alt finst i dag og at ein ikkje veit korleis kommunekartet vil sjå ut i framtida. Spørsmålet i høvet til organisering vert kva som er framtidsretta. Samhandlingsgruppa drøfta å finansiere ein koordinator-ressurs, men konkluderte ikkje på dette.

Konklusjonen i møtet var at det skal veljast representantar til ei arbeidsgruppe som skal arbeide vidare med korleis eit interkommunalt samarbeid på nordre Sunnmøre skal organiserast og finansierast.

Sak 33/2016: Menn i helse på Sunnmøre frå 2017. Ved Frode Rønsberg, nasjonal koordinator Menn i helse

Rønsberg sin presentasjon følgjer vedlagt.

Lokal koordinator for prosjektet vert Olav Vågen (epost olav.vagen@nav.no, mobil 954 31 874) i NAV Giske.

Rønsberg innleia til dialog om kor mange praksis- og læreplasser som er mogleg å få til i kommunane. Behovet er 30 praksisplassar med oppstart april 2017 og 20 læreplasser med oppstart august 2018. Det er ønskjeleg å ha fleire helserekruttar ved same sjukeheim.

Rønsberg bad om at alle kommunane vert med og stiller med plassar. Ein må sjå an kva kommunar dei utvalde helserekruttane kjem ifrå før ein kan konkludere med kva kommunar som endeleg får tilbod om å ta imot helserekruttar.

Rønsberg ba også om deltakarar frå kommunane til styringsgruppe for prosjektet. Til styringsgruppa valte samhandlingsgruppa kommunalsjef i Giske kommune Lene Bjørlo Overå, kommunalsjef i Sykkylven kommune Eli Otterlei og pleie- og omsorgssjef i Volda kommune Jorunn Anne Tomasgard. Overå vart valt til leiar for styringsgruppa.

(Etter ønskje frå Rønsberg legg eg inn kontaktinformasjon til styringsgruppa i møtereferatet: Lene Bjørlo Overå: epost lbov@giske.kommune.no, tlf. 70 18 80 13. Eli Otterlei: epost eli.otterlei@sykkylven.kommune.no, tlf. 70246557, mob. 93201413 Jorunn Anne Tomasgard: jorunn.tomasgard@volda.kommune.no, tlf. 70 05 40 02, mob. 902 33 313.

Sak 34/2016: Oppsummering av gruppearbeidet frå dialogmøtet. Innhaldet i vidare samhandling.
Ved samhandlingssjef i HMR Britt Valderhaug Tyrholm

Tyrholm sin presentasjon følgjer vedlagt.

Dialogmøtet vart ifølgje Tyrholm sett på som ein nyttig og nødvendig arena for informasjonsutveksling. Samstundes er det behov for å utvikle møtet til å verte endå meir konkret med omsyn til drøfting rundt felles prinsipielle spørsmål, felles avtaleverk og korleis sikre den ønskja framdrifta i samhandlingsarbeidet.

Tyrholm viste til at utfordringsbiletet handlar om
- Felles forståing og oppslutning om felles mål
- Samhandlingsstrukturen må understøtte realisering av samhandlingsavtalane
- Utvikling innan IKT - kvalitet i informasjonsutveksling
- Involvering av fastlegane
- Samarbeid om rekruttering og kompetanse i helsetenesta

Samhandlingsstrategien med 17 innsatsområder har som målsetting å skape heilskaplege behandlingsforløp med klar ansvarsfordeling i og mellom helseføretak og kommune. Visjonen for samhandlinga er *Samhandling for å skape pasienten sitt helsevesen i Møre og Romsdal.*

I det vidare samhandlingsarbeidet peika Tyrholm på Helse Midt - Norge Strategi 2030, arbeidet med utviklingsplan 2018 -2021 og involvering av kommunane (dette er nytt), samt reforhandling av samhandlingsavtalen i 2017.

Frå samhandlingsgruppa vart det kommentert at det i høve til nokre delavtalar til samhandlingsavtalen (t.d. rus og psykiske helse) bør gjerast eit nytt grunnlagsarbeid.

Sak 35/2016: Uttale frå KS Møre og Romsdal om ØHD-plikta for psykisk helse og rus fra januar 2017. Ved Liv Stette

KS ber i uttalen om at ØHD-plikta vert utsett. Kommunane opplever at økonomiske og personalmessige ressursar til driftstiltak er problematisk. Ein må tilnærme seg dette ved revisjon av samhandlingsavtalen med helseføretaket i 2017.

Besøksadresse: Ålesund kunnskapspark, Larsgårdsvegen 2, 6009 Ålesund **Postadresse**: Postboks 1521, 6025 Ålesund
Tlf: 70 16 20 00, **Faks**: 70 16 20 01, **E-post:** post@sunnmoreregionrad.no, **Nettadresse:** www.sunnmoreregionrad.no

ÅLESUND KOMMUNE

Versjon 1.0
Godkjent av rådmannen:

Mandat for arbeidsgruppe som skal utarbeide forslag til kommunal forskrift om rett til opphold i sykehjem eller tilsvarende bolig tilrettelagt for heldøgns tjenester

Oppdrag:	Det opprettes ei arbeidsgruppe som får i oppdrag å lage utkast til kommunal forskrift i samsvar med endringene i helse- og omsorgstjenesteloven §3-2. Ny § 3-2 a andre ledd i HOL innebærer en plikt for den enkelte kommunene til å utarbeide kommunal forskrift med kriterier for tildeling av langtidsopphold i sykehjem eller tilsvarende bolig tilrettelagt for heldøgns tjenester.Ved fastsettelse av forskrift må kommunene følge forvaltningsloven kapittel VII, jf. helse- og omsorgstjenesteloven § 2-2. Pålegget til kommunene om å lage slik forskrift er formidlet i brev av 30.06.16, gjengitt her: https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/lovendring-om-rett-til-opphold-i-sykehjem-eller-tilsvarende-bolig-sarskilt-tilrettelagt-for-heldogns-tjenester---kriterier-og-ventelister/id2509895/ Veiledning om forskriftsarbeid er gjengitt her (s.191-208): https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/jd/bro/2000/0003/ddd/pdfv/108138-lovteknikkboka.pdf Kommunene på Sunnmøre er foreløpig av den oppfatning at det er gunstig å komme frem til like kriterier for inntak i sykehjem eller tilsvarende bolig tilrettelagt for heldøgns tjenester. Arbeidsgruppa bes ta utgangspunkt i kriterier utarbeidet i forbindelse med forsøket med statlig finansiering av omsorgstjenester, supplert med det som vurderes som nødvendig for å kunne avklare pasientens rettigheter. Kriteriene finnes i rapport IS-2391 fra Helsedirektoratet, kap.5, gjengitt her: https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/1020/IS-2391%20Kriterier%20for%20tildeling%20av%20omsorgstjenester.pdf Utgangspunktet for arbeidet med forskriften er kommunenes plikter etter Helse-og omsorgstjenesteloven. Se forarbeidet til lovendringene her: Prop. 99 L (2015-2016) med tilhørende lenke til Prop 99 L. Arbeidsgruppa må videre sikre at forskiften er i samsvar med anbefalt veileder for tildeling av tjenestene: https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/1149/Veileder-for-saksbehandling-IS-2442.pdf Arbeidsgruppa bør også tidlig i arbeidet orientere seg om kriterier /forskrifter i andre kommuner.
Mål og frister:	Utkastet leveres sekretariatet i Sunnmøre regionråd senest innen 15.02.2017 for utsending til alle kommunene.

Rapporteringslinjer:	Til sekretariatet i Sunnmøre regionråd for videresending til det enkelte kommunestyre som vedtar saken. Utkast til forskrifter behandles to ganger politisk av kommunestyret. Først i forbindese med utlegging til offentlig høring, deretter for vedtak etter høring. Forskriften skal være gjeldende fra 01.07.2017, og den må være kunngjort i Norsk Lovtidend før ikrafttredelse.
Medlemmer:	Fra Sula kommune : Lindi Hjelkrem Fra Ørsta kommune: Oddvar Marøy Fra Giske kommune: Bjørn Magne Norddal Fra Ålesund kommune: Birte Vegsund Arbeidsgruppa konstituerer seg selv og velger leder og sekretær/pennefører. **Sula kommune** kaller inn til første møte. Arbeidsgruppa vil kunne rådføre seg med kommuneadvokat Olav Aarø, Ålesund kommune, etter nærmere avtale. Aarø vil særlig kunne være behjelpelig når det gjelder struktur og språk i forskriften, og det kan være nyttig å invitere ham til et tidlig møte etter oppstartmøtet.

HERØY KOMMUNE

Barnehageavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	LKS	Arkivsaknr:	2014/1261
		Arkiv:	031

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
20/17	Komite for oppvekst	14.06.2017
76/17	Kommunestyret	21.06.2017

BRUKARUNDERSØKING I BARNEHAGANE VÅREN 2017

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 14.06.2017

Resultatet av brukarundersøkinga i kommunale og private barnehagar våren 2017 vert teken til vitande.

Tilråding:

Resultatet av brukarundersøkinga i kommunale og private barnehagar våren 2017 vert teken til vitande.

Særutskrift: Kommunale og private barnehagar

Vedlegg:
Brev til føresette om brukarundersøkinga

Samandrag av saka:
Det vart gjennomført brukarundersøking i barnehagane våren 2017. Resultatet vart endå betre resultat enn i 2010 og 2014.

Gjennomsnittsresultatet ved dei to forige målingane var 5,3. (1 er dårlegast, 6 er best) Gjennomsnittsresultatet i landet er i 2017 5,2. I Herøy er gjennomsnittsresultatet 5,4.

Dei undersøkte områda er:

1. Resultat for brukarane (læring m.m.)
2. Trivsel
3. Brukarmedverknad
4. Respektfull behandling
5. Tilgjengelegheit
6. Informasjon
7. Fysisk miljø
8. Heilheitsvurdering

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Kommunen har våren 2017 brukt Bedre kommune for å gjennomføre felles brukarundersøking for alle barnehagane, dvs Gnist barnehage Myklebust var ikkje med i år pga av dei skulle gjennomføre brukarundersøking i regi av sin barnehageeigar omtrent på same tid..
Barnehagane (både kommunale og private) i Herøy gjennomførte brukarundersøking etter same malen i 2005, 2007og 2010 og 2014.
Gjennomssnittsresultatet i 2005 var 5,2. I 2007, 2010 og 2014 var gjennomsnittsresultatet 5,3. (1 er dårlegast og 6 er best).
Målet for undersøkinga i år var å behalde det gode gjennomsnittlege resultatet samt skore høgare på områda godt samspel med vaksne, godt vennskap med andre barn og samarbeid med heimen. Desse områda var det sett høgare mål til fordi forsking viser at desse områda er blant dei viktigaste for barns trivsel og utvikling. Mål for resultatet på desse område sette vi til 5,4. Dette målet vart nådd, då resultatet viser eit gjennomsnitt på 5,4 (nokre barnehagar oppnådde 5,7 og 5,8 og). Til samanlikning er gjennomsnittskåren i landet 5,2.
Ei slik undersøking gjev kvar barnehage eit grunnlag for å samanlikne seg sjølv med tidlegare undersøkingar, med andre barnehagar og med landsgjennomsnittet. Undersøkinga opnar opp for at foreldra kan kome med eigenformulerte kommentarar

i tillegg til avkrysningsspørsmåla, og gjev såleis barnehagane viktig informasjon om kva foreldre er nøgde med og kva dei ynskjer må bli betre.

Mål for gjennomføring av brukarunderundersøking er:

- At den skal medverke til ei betre teneste ved at barnehagane får tilbakemedling om kva område dei leverer godt og kva område det trengst nye tiltak
- At den skal sette den enkelte barnehage i stand til å samanlikne seg med seg sjølv og andre over tid og samstundes vurdere om gjennomførte tiltak har gitt ønska resultat.

Spørjeundersøkinga

Målgruppe for spørjeundersøkinga er alle foreldra til alle barn i barnehagane i Herøy. Vi nytta det standardiserte skjemaet for brukarundersøking i barnehage som Bedre kommune har utarbeidd. Skjemaet har 31 spørsmål innanfor fylgjande hovudområde/kategori:

Resultat for brukarane (i kor stor grad er du nøgd med barnet si sosiale utvikling, aktivitetsinnhaldet i barnehagen, barnehagen si tilrettelegging for det einskilde barn si læring, barnehagen si tilrettelegging av skuleførebuande aktivitetar, barnehagen sitt bidrag til ditt barn si språkutvikling, dei tilsette sin kompetanse til å gjere ein god jobb med ditt barn, personalet si omsorg for barnet, barnehagen sitt mattilbod, barnehagen sitt arbeid som kulturformidlar)

- **Trivsel** (i kor stor grad synes du ditt barn opplever allsidig leik og aktivitet, godt samspel med dei voksne, godt venskap med andre born, at det er gøy i barnehagen)
- **Brukarmedverknad** (i kor stor grad er du nøgd med barnehagen si interesse for dine synspunkt, dine mulegheiter for medinnflytelse over tilbodet i barnehagen, barnet si mulegheit for å vere med på å ta avgjerd om innhaldet i barnehagen, barnehagen sitt samarbeid med heimen, samarbeidsutvalet sitt arbeid for å sikre foreldra sin medverknad)
- **Respekfull behandling** (i kor stor grad synes du personalet behandler barnet ditt med respekt, behandler deg med respekt, tek barnet på alvor, tek deg på alvor)
- **Tilgjengelegheit** (i kor stor grad er du nøgd med opningstidspunktet, lukketidspunktet, høve til variert opphaldstid)
- **Informasjon** (i kor stor grad er du nøgd med informasjon om korleis ditt barn har det, informasjon om det som skjer i barnehagen)
- **Fysisk miljø** (barnehagen sitt uteområde, barnehagen sitt inneområde, barnehagen sitt fysiske innemiljø)
- **Generellt** (Alt i alt i kor stor grad er du nøgd med barnehagen barnet ditt går i)

Foreldra skulle krysse av på ein skala frå 1 (svært lite nøgd) og til og med 6 (svært nøgd). Det var og ein rubrikk 7 veit ikkje. I tillegg var det eit eige felt der dei som ynskte det kunne kome med eigne kommentarar i høve barnehagetilbodet.

Om prosessen

Alle foreldre måtte svare på undersøkinga elektronisk, og fekk utdelt eit passord for å få tilgong til undersøkinga.

Undersøkinga var frivillig, men alle foreldra vart sterkt oppmoda om å svare slik at barnehagane i etterkant av undersøkinga kunne få eit best muleg grunnlag for å planlegge og utøve ein god teneste.

For å få til eit engasjement for høg svarprosent, vart det utlova ein premie på kr. 3 000,- til den barnehagen som fekk høgast svarprosent.
Gjennomsnittleg svarprosent for alle barnehagane vart i 2017 54% mot 49% i 2014.
Dei private barnehagane hadde lavast svarprosent med slik fordeling mellom barnehagane: 50%, 40%, 41% og 73% . Dette gir eit gjennomsnitt på 51%.
Dei kommunale barnehagane hadde litt høgare svarprosent med slik fordeling mellom barnehagane: 51%, 62%, 73% og 48%. Dette gir kommunale barnehagar eit gjennomsnitt på 58%.
Moltu barnehage vart «vinnarbarnehagen» i 2014 og same barnehage vart saman med Huldal barnehage vinnarar i 2017 der begge hadde ein svarprosent på 73%.

”Resultatsløyfa”. Skisse for gjennomføring/registrering

1. Gjennomføring / foreldra svarar på den elektroniske undersøkinga
2. Seksjonsleiar barnehage formidlar resultatet til kommunalsjef og har samtalar med styrarane om resultatet. Kvar enkelt styrar får utdelt resultatet frå sin barnehage. I felles styrarmøte får alle styrarane sjå ei oversikt over resultatet i alle barnehagane.
3. Styrarane har samtale med kollegiet i sin barnehage om resultatet
4. Styrarane gir foreldra tilbakemelding om resultatet
5. Styrarane sender seksjonsleiar barnehage ei oppsummering/analyse over resultatet og kva dei har gjort/vil gjere av tiltak
6. Offentleggjering
   a) rådmannen si leiargruppe
   b) politiske organ
   c) presse/internet
7. Konsekvensar av undersøkinga / oppfylgjing / læring

Presentasjon av resultata

Resultata er presentert i samsvar med punkta 2,3,4 og 5 og 6a. Denne saka er i samsvar med punkt 6b. Kvar barnehage har fått vite sitt resultat på detaljnivå samt ein oversikt av resultatet for alle dei andre barnehagane i Herøy. Gjennomsnittet i Herøy og på landsbasis kan og kvar barnehage samanlikne seg med. På denne måten kan den enkelte barnehage samanlikne sitt resultat med eige resultat frå 2005, 2007, 2010 og 2014, og med dei andre barnehagane i kommunen samt landsgjennomsnittet.

Oversikt over resultatet (gjennomsnittet) i Herøy og landet for øvrig

Resultat for brukarane	**Landsgjennomsnitt**	**Gjennomsnitt i Herøy**
Ditt barn si sosiale utvikling	07:5,2 10: 5,2 14: 5,4 **2017: 5,4**	07:5,5 10: 5,5 14: 5,6 **2017: 5,6**
Aktivitetsinnhald i barnehagen	07:4,9 10: 4,9 14: 5,1 **2017: 5,2**	07:5,3 10: 5,3 14: 5,4 **2017: 5,5**
Tilrettelegging for barnet si læring	07:4,7 10: 4,7 14: 4,9 **2017: 5,1**	07:5,2 10: 5,2 14: 5,2 **2017: 5,3**
Tilrettelegging for skuleførebuande aktivitetar	07:4,7 10: 4,8 14: 5 **2017: 5,1**	07:5,3 10: 5,3 14: 5,3 **2017: 5,5**
Barnehagen sitt bidrag til		

barnet si språkutvikling	07:4,8 10: 4,9 14:5,2 **2017: 5,2**	07:5,2 10: 5,2 14:5,1 **2017: 5,4**
Tilsette sin kompetanse	07:5 10: 5 14:5,1 **2017: 5,2**	07:5,3 10: 5,2 14:5,3 **2017: 5,5**
Personalet si omsorg for barnet	07:5,2 10: 5,2 14: 5,3 **2017: 5,4**	07:5,6 10: 5,5 14: 5,4 **2017:5,6**
Barnehagen sitt mattilbod	07:4,5 10: 4,5 14: 4,8 **2017: 4,8**	07:5,1 10: 5,3 14: 5 **2017: 5**
Barnehagen som kulturformidlar	07:4,6 10: 4,7 14: 4,9 **2017: 5**	07:5,2 10: 5,2 14: 5,2 **2017: 5,3**
Snitt	07: 4,8 10: 4,9 14:5,1 **2017: 5,2**	07:5,3 10: 5,3 14:5,3 **2017: 5,4**
Trivsel		
Allsidig leik og aktivitetar	07:4,9 10: 4,9 14: 5,3 **2017: 5,1**	07:5,4 10: 5,3 14: 5,5 **2017: 5,4**
Godt samspel m/voksne	07:5,1 10: 5,1 14; 5,2 **2017: 5,3**	07:5,4 10: 5,4 14: 5,3 **2017: 5,5**
Godt venskap med andre barn	07:5,1 10: 5,1 14: 5,3 **2017: 5,3**	07:5,4 10: 5,3 14: 5,2 **2017: 5,4**
At det er gøy i barnehagen	07:5,2 10: 5,2 14: 5,2 **2017: 5,4**	07:5,4 10: 5,4 14: 5,3 **2017: 5,6**
Snitt	07:5,1 10: 5,1 14: 5,2 **2017: 5,3**	07:5,4 10: 5,4 14:5,4 **2017: 5,5**
Brukarmedverknad		
Barnehagen sin interesse for dine synspunkt	07:4,8 10: 4,8 14: 4,9 **2017:5**	07:5,2 10: 5,2 14: 5,1 **2017: 5,2**
Di mulegheit for medinnflytelse over innhaldet i barnehagen	07:4,4 10: 4,5 14:4,6 **2017: 4,7**	07:5 10: 5 14: 4,9 **2017: 5,1**
Barnet si mulegheit til å ta avgjerdsler i høve innhaldet i barnehagen	07:4,4 10: 4,6 14:4,6 **2017: 4,8**	07:4,9 10: 4,8 14: 4,9 **2017: 5**
Bhg. sitt samarbeid med heimen	07:4,8 10: 4,9 14: 5 **2017: 5,1**	07:5,2 10: 5,2 14: 5,3 **2017: 5,4**
Samarbeidsutvalet sitt arbeid for å sikre foreldra sin medverknad	07:4,3 10: 4,4 14: 4,6 **2017: 4,8**	07:4,8 10: 5 14: 4,9 **2017: 4,9**
Snitt	07:4,5 10: 4,6 14: 4,8 **2017: 4,9**	07:5 10: 5 14: 5 **2017: 5,1**

Respektfull behandling		
Behandlar barnet ditt med respekt	07:5,3 10: 5,3 14: 5,4 **2017: 5,5**	07:5,5 10: 5,5 14: 5,5 **2017: 5,6**
Behandlar deg med respekt	07:5,2 10: 5,3 14:5,4 **2017:5,4**	07:5,5 10: 5,5 14: 5,5 **2017: 5,6**
Tek barnet på alvor	07:5,2 10: 5,2 14: 5,3 **2017: 5,4**	07:5,5 10: 5,4 14: 5,5 **2017: 5,5**
Tek deg på alvor	07:5,2 10: 5,2 14: 5,3 **2017: 5,4**	07:5,5 10: 5,4 14: 5,4 **2017: 5,5**

Snitt	07:5,2 10: 5,3 14: 5,4 **2017: 5,4**	07:5,5 10: 5,4 14: 5,5 **2017: 5,5**
Tilgjengelegheit		
Opningstidspunktet	07:5,2 10: 5,3 14: 5,4 **2017: 5,6**	07:5,5 10: 5,6 14: 5,7 **2017: 5,8**
Lukketidspunktet	07:5,2 10: 5,3 14: 5,4 **2017: 5,6**	07:5,3 10: 5,5 14: 5,7 **2017: 5,7**
Høve til variert opningstid	07:4,9 10: 5,2 14: 5,3 **2017: 5,5**	07:5,3 10: 5,4 14: 5,5 **2017: 5,6**
Snitt Tilgjengelegheit	07:5,1 10: 5,3 14: 5,4 **2017: 5,6**	07:5,4 10: 5,5 14: 5,7 **2017: 5,7**
Informasjon		
Informasjon om korleis barnet ditt har det	07:4,6 10: 4,6 14: 4,7 **2017: 4,8**	07:4,9 10: 5 14: 5 **2017: 5**
Informasjon om det som skjer i barnehagen	07:4,7 10: 4,8 14: 4,8 **2017: 4,9**	07:5 10: 5,1: 14: 5,2 **2017: 5,2**
Snitt	07: 4,6 10: 4,7 14: 4,8 **2017: 4,9**	07:5 10: 5,1 14: 5,1 **2017: 5,1**
Fysisk miljø		
Barnehagen sitt uteområde	07:4,5 10: 4,6 14: 4,8 **2017: 4,8**	07:5 10:5,2 14: 5,1 **2017: 5,1**
Barnehagen sitt inneområde	07:4,4 10: 4,5 14: 4,7 **2017: 4,8**	07:5 10: 5,1 14: 4,9 **2017: 5**
Barnehagen sitt fysiske innemiljø	07:4,3 10: 4,4 14: 4,9 **2017: 4,7**	07:5 10: 5 14: 4,6 **2017: 4,9**
Snitt	07:4,4 10: 4,5 14: 4,7 **2017: 4,8**	07:5 10: 5,1 14: 5 **2017: 5**
Generellt		
Alt i alt i kor stor grad er du nøgd med barnehagen barnet ditt går i?	07:5 10: 5 14: 5,2 **2017: 5,3**	07:5,4 10: 5,4 14: 5,5 **2017: 5,5**
Snitt	07:5 2010: 5 14: 5,2 **2017: 5,3**	07:5,4 10: 5,4 14: 5,5 **2017: 5,5**

Totalt (2017): landet: **5,2** Herøy**: 5,4**

Snitt totalt 07/10/14	07:4,9 10: 4,9 14: 5,1	07:5,3 10: 5,3 14: 5,3

Analyse og tolking av resultata

På nesten alle undersøkte område ligg gjennomsnittet i Herøy over landsgjennomsnittet. Det same gjorde Herøy ved målinga i 2005 , 2007 og 2010. Gjennomsnittet på landsbasis har fått høgare skår sett i forhold til tidlegare målingar. Resultatet i Herøy har tidlegare år heldt seg stabilt med same gjennomsnittsresultat i 2010 og 2014 på 5,3. I år har gjennomsnittsresultatet i Herøy stige med eitt prosentpoeng til 5,4. Det er nye foreldregrupper som har svara på undersøkinga no, og på nokre område viser resultatet litt nedgong, og på andre betre resultat. Desse svingningane handlar mykje om nokre få desimalpoeng, og kan vere tilfeldigheiter i høve skjøn meir enn reelle endringar. Det kan og sjølvsagt vise at tiltak barnehagane har sett inn har gitt resultat. Og motsett kan det vere ein tendens som den enkelte barnehage må vurdere tiltak i forhold til. Ein barnehage har gitt

tilbakemelding om at ein foreldre hadde misforstått spørsmåla og hadde svart motsett av det han meinte på eitt av spørsmåla. Dette påverkar sjølvsagt resultatet, men kunnskap om kva som har skjedd gjer at barnehagen forstår/tolkar resultatet betre.

Dei fleste av barnehagane har forholdsvis lav svarprosent (dei private barnehagane lavare enn dei kommunale), og i lav svarprosent kan det sjølvsagt ligge ei feilkilde. Resultatet viser likevel at foreldra er svært godt nøgde med barnehagane på alle område. Alle barnehagane har no i fleire år hatt auka opningsid og dei fleste skårer difor høgt på dette spørsmålet. Samanliknar ein dei private barnehagane som gruppe med dei kommunale, skårer dei private i gjennomsnitt litt høgare enn dei kommunale (private: 5,4 og kommunale: 5,3). Fysisk miljø trekk framleis ned resultatet for dei kommunale barnehagane, fyrst og fremst på grunn av fysisk miljø inne, men også uteområdet .
Dei aller fleste barnehagane har svært høg skåre på innhald i barnehagen, på respektfull behandling trivsel og brukarmedverknad. Dette viser at barnehagepersonalet har høg bevisstheit om kva som skal til for å møte barn og foreldre med respekt, og gi eit godt pedagogisk tilbod i samsvar med lovverket.
Brukarundersøkinga i 2005, 2007, 2010 og 2014 viste tydeleg at foreldra ynskjer endå meir informasjon både når det gjeld informasjon om korles barnet har det i barnehagen, og når det gjeld informasjon om aktivitetar i barnehagen. Barnehagane har hatt fokus på dette, og svara i år viser ein liten framgong frå 5 til 5,1 (gjennomsnitt for alle barnehagane). Dette er eit område barnehagepersonalet vil halde fram med å ha fokus på.
Område som fleire barnehagar vil ha fokus på etter undersøkinga er :
1.Synleggjere samarbeidsutvalet sitt arbeid slik at foreldre opplever det som eit organ som tek foreldra sine interesser i vare.
2. Synleggjere personalet sine tankar om mattilbodet barnehagen gir. Ein barnehage har allereie gjennomført foreldremøte der ernæringskonsulent vart leigd inn for å fortelje om kva kosthald barna treng. Fleire barnehagar er kjend med at mange foreldre frå andre land er van med varme måltid midt på dag , og ynskjer dette for sine barn i barnehagen kvar dag. Slike ynskjemål kan ikkje barnehagane imøtekome, då ein ikkje har nok personalressursar til å gjennomføre eit slikt tiltak. Dette må sjølvsagt forklarast på ein forståeleg og god måte til foreldra.
3. Innhaldet i og måten ein gir informasjon til foreldra om aktiviteten i barnehagen og om det enkelte barn si utvikling.

Kva kan vi lære av undersøkinga?

- Undersøkinga gir viktige signal om forbetringsområde
- Denne undersøkinga viser at :
  1. Barnehagane i Herøy har god kvalitet
  2. Barnehagane oppnådde betre resultat i 2017 enn i 2014
  3. Barnehagane i Herøy har eit resultat som er høgare enn gjennomsnittet for landet.
  4. Nokre område som er omtala over må barnehagane ha ekstra fokus på og planlegge tiltak for som blir synleggjort i komande barnehageår sin årsplan.

Brukarundersøking åleine er sjølvsagt ikkje nok for å utvikle barnehagen. Personalet må ha fleire forskjellige arenaer for dialog slik at ein sikrar seg eit godt samarbeid med brukarane. Slike arenaer kan vere; foreldremøter, foreldresamtalar, møter i samarbeidsutvalet og foreldrerådet, forslagskasser, dugnader, sosiale samankomster m.m.. Kompetanseutviklingstiltak for personalet er og svært viktig for

at kvaliteten i barnehagane skal vere god og i samsvar med gjeldande lovverk. Den viktigaste kvalitetsfaktoren er nok pedagogiske leiarar med godkjent utdanning. Eitt tiltak Herøy kommune satsar på for å sørge for fleire pedagogar med godkjent utdanning i barnehagane, er å tilby utdanningsstipend til tilsette som tek deltidsutdanning som barnehagelærar. Barnehageavdelinga har fokus på kompetanseutvikling, og samarbeider med kommunene i "barnehagenettverket i Sjustjerna " for at vi saman kan tilby barnehagane gode fagkurs .

Tiltak

Alle barnehagane skal gi tilbakemelding til sine foreldregrupper/vere i dialog om resultatet ved brev eller møte . Dei vil her peike på kva dei vil gjere som ei oppfylgjing av resultatet i den enkelte barnehage.. Dei vil og innarbeide eventuelle tiltak i komande årspan som vert utdelt til foreldra hausten 2017. Samstundes vil barnehagane vere tydeleg på kva dei ikkje kan gjere noko med.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse: Bra for folkehelsa med eit godt resultat av brukarundersøkinga. Forsking seier at god kvalitet i barnehagane er ein viktig faktor for god psykisk helse for barn.

Fosnavåg, 12.05.2017

Olaus-Jon Kopperstad	Laila Kvalsund Solhaug
Rådmann	Seksjonsleiar barnehage

Sakshandsamar: Laila Kvalsund Solhaug

HERØY KOMMUNE

ei båtlengd føre

Til foreldre/føresette

Brukarundersøking i barnehagen

Det er no tre år sidan vi sist hadde felles brukarundersøking i barnehagane i Herøy, og vi er klar for ei ny undersøking. Vi ynskjer å vere ei båtlengd føre ved at alle barnehagane gir det aller beste barnehagetilbodet. Det er difor svært viktig for oss å få vite om korleis du som føresett opplever tilbodet. Ved at du svarar på undersøkinga, får vi mulegheit til å vite på kva område vi kan bli betre.
Alle må svare på brukarundersøkinga elektronisk. I dette brevet finn du eit eingongs passord. Gå inn på internett på adressa www.bedrekommune.no, bruk passordet for å kome inn og svar så på spørjeskjemaet/brukarundersøkinga. Det skal vere eitt svar per barn i barnehagen. Dersom foreldre ikkje bur saman, svarar den som har dagleg omsorg eller ein blir samde om kven av foreldra som svarar. Husk at om du har to barn i barnehagen, må du fylle ut eit skjema for kvart barn.

Når du er ferdig med å fylle ut skjemaet, kan du gjere endringar om du ynskjer det, men etter at du har trykt på SEND knappen vil passordet vere oppbrukt.

Svara vert behandla anonymt.

Undersøkinga er open i tidsromet : 13.02. til 05.03.2017

Dersom du har spørsmål om undersøkinga, må du gjerne ringe til seksjonsleiar barnehage Laila K. Solhaug tlf. 70081322, eller 92629488.
Deltakinga i undersøkinga er frivillig, men vi håpar at du på denne måten kan hjelpe oss med å skape ein endå betre barnehage.
Treng du hjelp eller låne datamaskin, henvend deg til Servicetorget på Herøy rådhus eller til barnehagen.

Takk for hjelpa!!

NB!! Den barnehagen som får høgst svarprosent vil få ein premie til glede for barna (verdi kr. 3 000,-)!!!

Med vennleg helsing

Laila K. Solhaug
- seksjonsleiar barnehage -

Dear parents/guardians

User survey for preschools in Herøy

It has been three years since our last survey for the preschools in Herøy, and we feel it is time for a new one. We wish to be ahead of the curve by offering the best day care services

possible. It is therefore important for us to know how you as a parent evaluate the services we offer. By answering the survey you can help us locate the areas where we can improve.

This survey has to be answered electronically. In this letter you will find a onetime password. Access www.bedrekommune.no, and use the password to enter and answer the survey - answer once for every child you have attending preschool. If parents do not live together, the primary care taker should answer, or you you can agree among yourselves. Remember, if you have two children in the kindergarten, you have to answer the survey twice.

You can still change your answers after filling out the survey, but after you press SEND your password will expire.

All answers will be anonymous.

The survey is open between 13.02 and 05.03.2017.

If you have any questions about the survey, feel free to call section manager Laila K. Solhaug at 70081322 or 92629488.

Participation in the survey is voluntary, but we hope that you will help us create an even better preschool for your children. If you need any help, or need to borrow a computer, you can see «Servicetorget» at the town hall(Rådhus) in Herøy, or at your preschool.

Thanks in advance!

NB!! The preschool that gets the highest response rate will get a price for the enjoyment of the children (value 3000,-)!!

Best regards,

Laila K. Solhaug

HERØY KOMMUNE

Avdeling for Barn, Familie og Helse

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2017/765
		Arkiv:	031

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	09.06.2017
20/17	Eldrerådet	12.06.2017
25/17	Komite for helse og omsorg	15.06.2017
77/17	Kommunestyret	21.06.2017

BRUKARUNDERSØKING FYSIOTERAPITENESTA

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for helse og omsorg - 15.06.2017

Brukarundersøkinga i fysioterapitenesta våren 2017 vert teken til vitande.

Møtebehandling:
Rådmanne si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Eldrerådet - 12.06.2017

Brukarundersøkinga i fysioterapitenesta våren 2017 vert teken til vitande.

Møtebehandling:
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har slike merknader:

> «Stiller spørsmål om korleis befolkninga har fått informasjon om undersøkinga, f.eks dei på venteliste?»

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2017
Brukarundersøkinga i fysioterapitenesta våren 2017 vert teken til vitande.

Tilråding:

Brukarundersøkinga i fysioterapitenesta våren 2017 vert teken til vitande.

Særutskrift: Seksjon rehabilitering

Vedlegg:
Vedlegg
1 Brukarundersøking fysioterapitenesta

Samandrag av saka:
Brukarundersøking er gjennomført ved den private fysioterapitenesta våren 2017. Resultata er positive på dei fleste områda. Det er lavast score når det gjeld tilgjengeleigheit. Dette er forhold vi kjenner på førehand og såleis ikkje uventa. Seksjonen arbeidar vidare med å følgje opp resultata av brukarundersøkinga.

Saksopplysningar:

Herøy kommune har bestemt at det skal gjennomførast brukarundersøking i tenestene. Ein skal bruke malar frå "betre kommune" slik at brukarundersøkinga i Herøy vert samanliknbar med andre kommuner.

Avdeling barn, familie og helse gjorde vedtak om ein del brukarundersøkingar 2016 som skulle gjennomførast i 2017. Det vart med anna bestemt å gjennomføre brukarundersøking i privat fysioterapiteneste og med fastlegane. Det er ikkje laga malar i "betre kommune" for desse tenestane som er private med avtaler med kommunen. Det vart difor laga eit eige skjema som vart digitalisert ved hjelp av ein tilsett i Vanylven kommune og lagt ut på heimesida til Herøy kommune ved hjelp frå servicetorget i kommunen. Resultatet kan difor ikkje brukast til samanlikning med andre kommunar, men er nyttig til internt bruk.

Undersøkinga vart gjennomført over 3 veker. Det kom inn 81 svar.
Dei hovudpunkta som vart teke opp var: Behandling, tilgjengeleg, resultat og informasjon. Innafor kvart hovudområde var det frå to til fire påstandar som skulle svarast på. Svarkategoriane var heilt einig, litt eining, litt ueinig og heilt ueinig.
I hovudsak er pasientane godt fornøgd med fysioterapitenesta, men misfornøgd med tilgangen. Det vil seie ventetida.

Problemstilling	Litt einig/heilt einig		Litt ueinig/heilt ueinig	
	Tal	%	Tal	%
Behandling	77	95	4	5
Tilgjengeleg				
Time til rimeleg tid	52	65	28	35
Kome til avtalt tid	71	88	10	12
Resultat	71	89	9	11
Informasjon	72	91	7	8

Som vedlegg følgjer heile oversikta over funn.
Det var lagt inn eit avsnitt der ein kunne kome med eigne kommentarar og der ser ein det same. Fornøgd med tenesta, men misfornøgd med tilgangen.
Kommentarfeltet er tatt vekk då det var ein del personer som var namngitt.

Vurdering og konklusjon:
Det var 81 svar som er ein svarprosent på over 40%. Dette er eit bra resultat. Mange av pasientane er eldre og beherskar dårleg data.

Når det gjeld det som kom fram i undersøkinga, er dette forhold som ein kjenner seg att i. Det vil verte arbeida aktivt med å gjere tenestene meir tilgjengeleg. Dette vil krevje auka ressursar til tenestene.

Konsekvensar for folkehelse:

Ei auke av tilgjengeleg fysioterapi ved sentra vil vere positivt med omsyn til folkehelsearbeidet og kunne ha stor betyding for det einskilde menneske.

Konsekvensar for drift:

Ei oppfølging av dette gode resultatet for tenesta og vidare fortsatt arbeid for betre tilgjengelegheit vil vere svært positivt.

Fosnavåg, 29.05.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen

Behandling

Hjelpepersonellet er høflege og behandlar meg med respekt



Fysioterapeuten er høfleg og behandlar meg med respekt



Fysioterapeuten tek omsyn til kva eg meiner



Fysioterapeuten informerar godt om sjukdom og prognoser



Tilgjengeleg

Eg får time hjå fysioterapeuten innan rimeleg tid



Eg får kome til fysioterapeuten til avtalt tid



Resultat

Eg får omsorgsfull hjelp for helsetilstanden min



Eg har tillig til at fysioterapeuten gir meg forsvarleg behandling



Eg er fornøgd med resultatet av behandlinga



Informasjon

Eg får nødvendig og tilpassa informasjon om helsetilstanden min og innhaldet til behandlinga



Eventuelle kommentarar til tenesta

HERØY KOMMUNE

Avdeling for Barn, Familie og Helse

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2017/765
		Arkiv:	031

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
15/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	09.06.2017
21/17	Eldrerådet	12.06.2017
26/17	Komite for helse og omsorg	15.06.2017
78/17	Kommunestyret	21.06.2017

BRUKARUNDERSØKING LEGETENESTA

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for helse og omsorg - 15.06.2017

Brukarundersøkinga i legetenesta våren 2017 vert teken til vitande.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Eldrerådet - 12.06.2017

Brukarundersøkinga i legetenesta våren 2017 vert teken til vitande.

Møtebehandling:
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har slike merknader:

«Stiller spørsmål om korleis befolkninga har fått informasjon om undersøkinga?»

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2017
Brukarundersøkinga i legetenesta våren 2017 vert teken til vitande.

Tilråding:

Brukarundersøkinga i legetenesta våren 2017 vert teken til vitande.

Særutskrift: Seksjon legetenesta

Vedlegg: Undersøkinga

Samandrag av saka:
Brukarundersøking er gjennomført ved den private legetenesta våren 2017. Resultata er positive på dei fleste områda. Det er lavast score når det gjeld tilgjengelegheit og informasjon. Dette er forhold vi kjenner på førehand og såleis ikkje uventa. Seksjonen arbeidar vidare med å følgje opp resultata av brukarundersøkinga

Saksopplysningar:

Herøy kommune har bestemt at det skal gjennomførast brukarundersøking i tenestene. Ein skal bruke malar frå "betre kommune" slik at brukarundersøkinga i Herøy vert samanliknbar med andre kommunar.

Avdeling barn, familie og helse gjorde vedtak om ein del brukarundersøkingar 2016 som skulle gjennomførast i 2017. Det vart med anna bestemt å gjennomføre brukarundersøking i privat fysioterapiteneste og med fastlegane. Det er ikkje laga malar i "betre kommune" for desse tenestane som er private med avtaler med kommunen. Det vart difor laga eit eige skjema som vart digitalisert ved hjelp av ein tilsett i Vanylven kommune og lagt ut på heimesida til Herøy kommune ved hjelp frå servicetorget i kommunen. Resultatet kan difor ikkje brukast til samanlikning med andre kommunar, men er nyttig til internt bruk.

Undersøkinga vart gjennomført over 3 veker. Det kom inn vel 50 svar.
Dei hovudpunkta som vart teke opp var: Behandling, tilgjengeleg, resultat og informasjon. Innafor kvart hovudområde var det frå to til fire påstandar som skulle svaras på. Svarkategoriane var heilt einig, litt eining, litt ueinig og heilt ueinig.
I hovudsak er pasientane godt fornøgd med legetenesta, men noko misfornøgd med tilgangen og den informasjonen dei får om helsetilstanden sin og innhaldet i behandlinga. Svara fordeler seg slik:

Problemstilling	Litt einig/heilt einig		Litt ueinig/heilt ueinig	
	Tal	%	Tal	%
Behandling	41	82	9	18
Tilgjengeleg	34	68	16	32
Resultat	36	72	14	28
Informasjon	32	65	17	35

Som vedlegg følgjer heile oversikten over funn.
Det har i tillegg kome ein del kommentarar og dette er tilbakemeldingar som er vel så interessante. Ein treng meir tid på å gå igjennom dei, men det går ein del på måtar ein blir møtt på av helsepersonellet på legekontora og ivaretaking av teieplikta vi har som helsepersonell.
Kommentarfeltet er tatt vekk då det var ein del personer som var namngitt.

Vurdering og konklusjon:

Det var vel 50 som svarte og om utvalet er representativt kan diskuterast. Undersøkinga er uansett nyttig, og vil kunne nyttast i forbetringsarbeidet vidare.

Når det gjeld det som kom konkret fram i undersøkinga er dette forhold som ein kjenner seg att i. Det vil verte arbeida aktivt med å forbetre særleg informasjon og tilgjengelegheita. Ved at ein no står i ferd med å rekruttere i fastlegeheimlar er det og eit håp om at dette vil påverke særleg tilgjengelegheita positivt.

Konsekvensar for folkehelse:

Ei auke av tilgjengeleg legeteneste ved sentra vil vere positivt med omsyn til folkehelsearbeidet og kunne ha stor betyding for det einskilde menneske.

Konsekvensar for drift:

Ei oppfølging av dette gode resultatet for tenesta og vidare fortsatt arbeid for betre tilgjengelegheit vil vere svært positivt.

Fosnavåg, 29.05.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen

Behandling

Hjelpepersonellet er høflege og behandlar meg med respekt



Legen er høfleg og behandlar meg med respekt



Legen tek omsyn til kva eg meiner



Legen informerar godt om sjukdom og prognoser



Tilgjengeleg

Eg får time hjå lege innan rimeleg tid



Eg får kome til lege til avtalt tid



Resultat

Eg får omsorgsfull hjelp for helsetilstanden min



Eg har tillit til at legen gir meg forsvarleg behandling



Eg er fornøgd med resultatet av behandlinga



Informasjon

Eg får nødvendig og tilpassa informasjon om helsetilstanden min og innhaldet til behandlinga



Eventuelle kommentarar til tenesta

Delegerte saker frå avdelingane

DS 141/17 Mellombels bruksløyve - 30/84 og 83 - del av 2 mannsbustad - seksjon A 19.05.2017 00:00:00

DS 142/17 Søknad om ferdigattest 16.05.2017 00:00:00

DS 143/17 Sputnik as - 59/48 og 68 - Igangsettingsløyve 3 19.05.2017 00:00:00

DS 144/17 Sjøkanten as - 24/12,6 og 2 - Fylling i sjø 03.05.2017 00:00:00

DS 145/17 Arve Kvalsvik og Ane-Marthe Kjøde - 26/229 - Igangsettingsløyve 12.06.2017 00:00:00

DS 146/17 Ferdigattest - 34/123 - nedgravd avfallsløysing 19.05.2017 00:00:00

DS 147/17 Skjenkebevilling - Moltustranda mosjonsfestival - søknad om skjenking for eit bestemt arrangement 09.05.2017 00:00:00

DS 148/17 Ferdigattest - mur/terrasse 46/82 29.05.2017 00:00:00

DS 149/17 Trygve Bøe - 16/3 - Riving av lødebygg 12.06.2017 00:00:00

DS 150/17 Ferdigattest - 34/99 - heile bygget, sekjson nr 1 til 13 + u etg og uteareal 31.05.2017 00:00:00

DS 151/17 Ferdigattest garasjebygg - 45/171 29.05.2017 00:00:00

DS 152/17 Ferdigattest flytebrygge 60/29 07.06.2017 00:00:00

DS 153/17 Torvholmen, Flåvær - Kjartan Spidsberg - 64/4 - IG Raudebuda 22.05.2017 00:00:00

DS 154/17 Ferdigattest - Veg og P-anlegg leikanger skule 12.06.2017 00:00:00

DS 155/17 Ferdigattest einebustad 20/62 07.06.2017 00:00:00

DS 156/17 Mellombels bruksløyve - 40/1 - einebustad 19.05.2017 00:00:00

DS 157/17 Ferdigattest garasje - 20/32+ 97 22.05.2017 00:00:00

DS 158/17 Odd Gunnar Gjerde - 45/90 seksjon nr1 - Terrasse 10.05.2017 00:00:00

DS 159/17 Frådeling av tillegsareal frå gnr 8 bnr 8 til gnr 8 bnr 21 09.06.2017 00:00:00

DS 160/17 Ronny A. Moltumyr - 60/40 - tilbygg 28.04.2017 00:00:00

DS 161/17 Mellombels bruksløyve garasje 1 etg - 29/233 24.05.2017 00:00:00

Referatsaker

RS 18/17 Tilsynsrapport med varsel om tre vedtak.

STEMMEDAL VASSLAG SA
v/Arild Moldskred
6070 TJØRVÅG

Deres ref:
Vår ref: 2017/089434
Dato: 04.05.2017
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

TILSYNSRAPPORT MED VARSEL OM TRE VEDTAK

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Saksbeh.
2017/675
- 8 MAI 2017
Arkivkode P
Arkivkode S
Dok.nr.
Klassering

Mattilsynet gjennomførte 27.04.2017 inspeksjon hos Stemmedal Vasslag SA.

Til stede fra virksomheten var styreleder Arild Moldskred.
Fra Mattilsynet møtte førsteinspektør Kristin Aamodt Støylen.

Tilsynet omfattet

- Stemmedal Vasslag SA

Generelt

Etter det Mattilsynet får opplyst fungerer det nye vannbehandlingsanlegget utmerket og etter hensikten. Ansvarlig for vannveket har avdekket små lekkasjer ved filterne nede i maskinrommet, samt en feil ved ventilasjonsanlegget i rommet der dieselaggregatet er plassert. Ellers er det lite utfordringer knyttet til selve det tekniske anlegget og driften. Lokalene fremstår som rene og ryddige.

Representant(er) for vannverket har deltatt på ulike fagkurs for å tilegne seg mer kunnskap om drift av vannverk. Det er viktig med et fokus på kompetanseheving for å sikre forsvarlig drift, jf. drikkevannsforskriften §8.

Vannverket mistet sin godkjenning i 2009 som følge av dårlig vannkvalitet og mangelfull leveringssikkerhet over lengre tid. I 2016 ble vannbehandlings*anlegget* godkjent. Mattilsynet har tidligere uttrykt at regodkjenning av vannforsyningssystemet vil bli separat vurdert når virksomheten fremlegger dokumentasjon på at leveringssikkerheten *totalt sett er* tilfredsstillende (inkludert internkontroll). I den nye drikkevannsforskriften som trådte i kraft 1.1.2017 har imidlertid kravet om godkjenning av eksisterende vannverk falt bort. Bestemmelsene i drikkevannsforskriften vil selvsagt fortsatt gjelde, også kravene til beredskap og leveringssikkerhet.

Mattilsynet er kjent med at vannverket i nyere tid har gjennomført omfattende utbedringstiltak for nettopp å øke leveringssikkerheten. Blant annet er det etablert rentvannsmagasin ved behandlingsanlegget (400m3), høydebassenget på Leikong (150m3) er oppgradert, og en relativt stor del av vannledningsnettet er skiftet ut. ***Mattilsynet ønsker å få tilsendt en oversikt over hvilke ledningsstrekninger som er skiftet ut i løpet av de siste årene, av dokumentasjonsmessige årsaker.***

175#1317:0513f71b-b98c-44e9-bd1d-ba925a847bbc:3

Mattilsynet
Region Midt

Saksbehandler: Kristin Aamodt Støylen
Tlf: 22 40 00 00 / 22778529
E-post: postmottak@mattilsynet.no
(Husk mottakers navn)

www.mattilsynet.no

Postadresse:
Felles postmottak, Postboks 383
2381 Brumunddal
Telefaks: 23 21 68 01

Tiltak for å styrke leveringssikkerheten ytterligere er å kartlegge de deler av nettet som ennå er av ukjent materiale, alder og tilstand, og etablere gode rutiner for fremtidig utskifting av utsatte deler av ledningsnettet. Forholdet er omtalt nedenfor, under varsel om vedtak.

Ny drikkevannsforskrift som trådte i kraft 1.1.2017 ble delt ut på tilsynsbesøket. Det ble informert om de største endringene og hva dette innebærer for vannverket. Vannverkseier er ansvarlig for å oppdatere seg selv og annet driftspersonell om innholdet i gjeldende regleverk, og sikre at kravene følges i den daglige driften.

Årets innrapportering viser en differanse på 18 000m3 i oppgitt mengde levert og mottatt drikkevann mellom henholdsvis Herøy Vasslag og Stemmedal Vasslag. For å samordne opplysningene ved fremtidige innrapporteringer bør vannverkene kommunisere i forkant og enes om leveransemengden.

Det er på bakgrunn av de observasjoner som er gjort under tilsynsbesøket varslet om tre vedtak i denne rapporten. Før vedtak fattes, gis virksomheten mulighet til å komme med en uttale på de varslede vedtakene innen 23.5.2017.

Varsel om vedtak om pålegg
Vannverket må lage en beredskapsplan for håndtering av ulike uønskede hendelser som kan ramme drikkevannsforsyningen. Planen må baseres på en risiko- og sårbarhetsanalyse som omfatter hele vannforsyningssystemet.

Varselet er gitt med hjemmel i drikkevannsforskriften § 11 Beredskap

Vi har observert:
Vannverket mangler en beredskapsplan på drikkevannsområdet.

Mattilsynet vurderer dette slik:
Et vannverk må kunne være i stand til å vurdere og håndtere ulike uønskede situasjoner som kan oppstå, f.eks. ulykker, trusler og ekstreme værsituasjoner. En god og helhetlig beredskapsplanlegging er viktig for å sikre abonnentene tilgang på drikkevann til enhver tid - også i krisesituasjoner.

I følge drikkevannsforskriften § 11 skal vannverkseier sikre at det gjennomføres nødvendige beredskapsforberedelser og utarbeides beredskapsplaner i samsvar med helseberedskapsloven og forskrift om krav til beredskapsplanlegging. Formålet med en beredskapsplan er å sikre god organisering, samt etablere effektive og ryddige handlingsrutineroperasjoner dersom en uønsket hendelse plutselig skulle oppstå.

Stemmedal Vasslag har både utstyr og kompetanse til å kunne utføre tiltak dersom større eller mindre avvik oppstår. Beredskapsplanleggingen er imidlertid ikke systematisert og dokumentert. Beredskapsplanen skal bygge på en farekartlegging med tilførende risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) som omhandler alle uønskede situasjoner som kan oppstå i nedbørsfeltet, ved vannkilden, inntakspunktet, transortsystemet og behandlingsanlegget, jf. drikkevannsforskriften § 6.

Beredskapsplanen bør være mest mulig konkret og brukervennlig. Veilederen "Økt sikkerhet og beredskap i vannforsyningen" vil kunne være til god hjelp i arbeidet med å lage en slik beredskapsplan.

175#f1318.0513f71b-b68c-44e9-bd1d-ba925a847bbc:4

Drifta av SSL vert fullfinansiert ved at eigarkommunane betalar sin budsjetterte del av utgiftene til SSL, jmf. § 4b i vedtektene. Fordelinga mellom kommunane er slik: Herøy kommune: 43 %, Ulstein kommune: 29 %, Hareid kommune: 28 %. Andre inntekter går til fråtrekk på det eigarkommunane betalar inn. I 2015 var andre inntekter: utarbeiding og sal av gjødselplanar og sal av kommunal skogforvaltingsteneste til Sande kommune. Disposisjonsfondet skal vere ein buffer for uventa kostnadar i løpet av året. Vi kan ikkje sjå at det er fare for endra økonomisk situasjon for kontoret.

Rekneskapet

Pr 31.12.16 var disposisjonsfondet for SSL på kr. 350.001,41. I tillegg er det sett av kr. 50.000,- på eige disposisjonsfond for leige av datautstyr. SSL er ansvarleg for plasseringa av midlane til Søre Sunnmøre Hjorteviltutval (SSHU). Midlane er plasserte i bunde fond og utgjer pr. 31.12.16 kr. 153.344,61. I tillegg har vi det bunde fondet Fiskarbonden på kr. 5.000,-. Disposisjonsfondet vart justert ned til kr.400 000,- etter vedtak i styresak 19/2016. Midlane vart ført attende til eigarkommunane i samsvar med deira prosentvise del.

Rekneskapen for 2016 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 486.269,07. Overføring frå eigarkommunane og Sande kommune er i samsvar med budsjettet. Mindreforbruket skuldast i hovudsak langtidsjukemelding og vakanse i ei 50 %-stilling. Det vart budsjettert med denne stillinga for 2016 då styret avventa om stillinga skulle lysast ut på nytt.

Sum driftsinntekter	kr. 3 108 276,-
Sum driftsutgifter	kr. - 3 101 184,-
Brutto driftsresultat	kr. 7 092,-
Sum eksterne finansinntekter	kr. 7 541,-
Sum eksterne finansutgifter	kr. - 253,-
Resultat eksterne finanstransaksjonar	kr. 7 288,-
Netto driftsresultat	kr. 14 380,-
Sum bruk av avsettingar	kr. + 820 997,-
Sum avsettingar	kr. - 349 108,-
Driftsmessig meir/-mindreforbruk	kr. 486 269,-

Tilsette

Stilling	**Tilsett**
Landbrukssjef – 100 % stilling	Anne Kathrine Løberg
Landbruksrådgjevar – 100 % stilling	Oddvar Gjerde
Fagkonsulent – 100% stilling	Kristin Myrene
Konsulent – 50 % stilling	Marianne S. Nerland

Det er 4 tilsette ved kontoret i 3,5 stillingar. Kontoret har stabil bemanning og halvparten av dei tilsette har vore ved kontoret i godt over 30 år. Viss det blir tale om tilsetting av nye medarbeidarar vert det lagt vekt på balanse i kjønn og etnisk bakgrunn i tillegg til fagleg utdanning og erfaring.

Landbrukssjefen har ikkje gjennomført formelle medarbeidarsamtalar med dei tilsette. Likevel har det vore drøfta arbeidsoppgåver med kvar tilsett med omsyn til den vakante stillinga. Sjukefråværet gjennom året har vore på 8,4 % (9,4 % i 2015) og gjeld både kort- og langstidsfråver. Korttidsfråveret har vore på 5,6 % (6,3 % i 2015).

SSL er IA-bedrift og det er vedteke mål for verksemda sitt IA arbeid. Handlingsplanen og aktuelt frå NAV Arbeidslivssenter vart gått gjennom i møte i februar. Arbeidsmiljøet ved kontoret vert følgt opp gjennom samarbeidsplanen mellom SSL og bedriftshelsetenesta Medi3. Planen vart revidert og gjeld no for 2016-2017. Medi3 hadde synfaring i september med fokus på inneklima.

Fram til det er vedtatt eigen lønnspolitikk for SSL vert lokal lønnspolitikk for Herøy kommune nytta. Det er utarbeidd ei eiga personalhandbok for SSL med retningsliner for arbeidstid, velferdsordningar og reiseregulativ. For ordningar som ikkje er omtalt i personalhandboka vert retningsliner og ordningar som gjeld Herøy kommune nytta.

SSL sine oppgåver innafor landbruk og viltforvalting

Kontoret leverer lovpålagde kommunale tenester innafor landbruksforvalting og viltforvalting til dei tre eigarkommunane. I tillegg kjøper Sande kommune dei kommunale skogforvaltingstenestene. Ut over dei lovpålagde tenestene gir kontoret òg rettleiing til gardbrukarar innafor kontoret sine fagområde. I tillegg lagar vi gjødselplanar på bestilling frå gardbrukarane.

Produksjonstilskot og avløysartilskot

Fristen for å søkje om produksjonstilskot er 20. januar og 20. august. Fram mot fristane er det stor pågang med spørsmål frå gardbrukarane. Alle vert oppmoda om å søkje elektronisk og vi har ein PC tilgjengeleg for brukarane slik at dei kan kome til landbrukskontoret for å fylle ut søknaden. Talet på søkjarar var ganske likt året før. Søknadane vert sakshandsama etter oppsette fristar og 5 % av søknadane vert kontrollerte ved gardsbesøk.

Kommune	Produksjonstilskot utbetalt juni 2016		Produksjonstilskot utbetalt februar 2016		Avløysartilskot*	
	Tal på søkjarar	Utbetalt tilskot	Tal på søkjarar	Utbetalt tilskot	Tal på søkjarar	Utbetalt tilskot
Herøy	60	3 178 837	61	2 607 304	32	888 261
Ulstein	31	1 961 549	33	2 540 106	20	566 850
Hareid	15	1 108 938	19	1 576 915	13	413 803

* Avløysartilskotet er del av utbetalinga i juni 2016.

Regionalt miljøprogram - RMP

Ordninga har som føremål å fremje tiltak som tek i vare kulturlandskapet og som reduserer forureining. Kva tiltak som gir tilskot vert stadig endra og ordninga krev difor god rettleiing.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid
Tal på søkjarar i 2015	19	7	3
Utbetalt tilskot februar 2016	172 850	57 277	84 714

SMIL-midlar

Gjennom ordninga med Særskilde miljøtiltak i jordbruket (SMIL) vert det løyvd tilskot til tiltak i kulturlandskapet og til tiltak mot forureining.

Innanfor tiltak i kulturlandskapet kan nemnast gamal kulturmark/ tiltak mot attgroing av utmark, freda og verneverdige bygningar, tilgjenge/ oppleving, kulturminne/ kulturmiljø, biologisk mangfald og tiltak som fremjar organisert beitebruk.

Innanfor tiltak mot forureining kan nemnast grøfting i innmarksbeite, hydrotekniske anlegg (kanalar), høytørke til erstatning for gamle siloar og klimatiltak/ leplanting.

Dei som får løyvd SMIL-midlar har frist på 3 år for å gjennomføre tiltaket. Om nødvendig kan fristen forlengast med 2 år. Søkjarar som ikkje får løyvd midlar eine året vert vurdert for tildeling året etter.

Frå og med 2015 vart SMIL forskrifta endra. No er det i hovudsak berre gardbrukarar som fyller krava til å søkje om produksjonstilskot som kan søkje på ordninga. Endringa har ført til at fleire gode prosjekt ikkje lenger kan søkje på ordninga.

Lokal strategi for tildeling av midlar vert revidert kvart fjerde år. Gjeldande startegi er for perioden 2013 til 2016. Arbeidet med ny strategiplan vart starta opp 17.11. med møte med faglaga.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid
Inndregne midlar frå tidlegare år	71 420	25 600	45 060
Tildelte midlar	80 000	80 000	80 000
Sum midlar for tildeling i 2016 (1)	151 420	105 600	125 060
Tal på nye søkjarar i 2016	4	3	2
Tal på søknadar frå tidlegar år handsama i 2016	2	1	0

Etter søknad frå Søre Sunnmøre Landbruksontor den 17.10.2016 godkjende Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 24.10.2016 å overføre kr. 93 080 av utnytta SMIL-midlar i Hareid kommune til tiltak i Herøy kommune. Herøy kommune hadde såleis til saman 244 500 disponible SMIL-midlar å bruke til gode tiltak i kommunen i 2016.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid
Tal på søknader som fekk løyving	3	3	2
Tal på søknadar som fekk avslag	0	0	0
Tal søknader utsett til 2016	3	1	0
Tal på søknader for sluttutbetaling	7	3	1
Tal på søknader for delutbetaling	1	1	0
Sum SMIL-midlar til utbetaling i 2016	231 115	86 637	79 750

Tilskot til drenering

Tilskot til drenering av jordbruksjord vart innført i 2013. Føremålet med tilskotet er å auke kvaliteten på jordbruksareal som er grøfta tidlegare. Det er og eit mål å redusere faren for erosjon og overflate-avrenning.

Kommune	**Herøy**	**Ulstein**	**Hareid**
Tildeling for 2016 i kroner	20 000	20 000	30 000
Tal på søknader	0	4	1
Areal i dekar	0,0	20,5	18,0
Løyve tilskot i kroner	0	20 400	18 000
Sum tilskot utbetalt i 2016	0	0	0

Gjødselplanar

Det vart utarbeid 18 gjødselplanar i løpet av året. Vi er ein av fleire tilbydarar som lagar gjødselplanar. Gardbrukaren kan velje om han vil take jordprøvene sjølv eller om vi skal gjere arbeidet. Prøvene blir sendt inn for analyse og gjødselplanen vert så utarbeidd ved landbrukskontoret. Kostnaden med utarbeiding av gjødselplan vert fakturert gardbrukaren.

Avløysing under sjukdom

Kommune	**Herøy**	**Ulstein**	**Hareid**
Handsama saker	1	1	3
Utbetalt refusjon 2016	15 820	0	122 762

NMSK midlar

Næring- og miljøtilskot i skogbruket vert i all hovudsak nytta til skogplanting og stell av ungskog. Løyvinga vart auka litt i 2016 grunna forventa aktivitet med planting etter Dagmar-hogstar. Dette slo diverre ikkje til og fleire hogstfelt vart trekt ut i foryngingskontroll. Skogeigarane vart følgt opp med synfaring og/ eller personleg kontakt. Det er særs viktig at skogeigarane forstår kvifor det skal plantast til med ny skog. Planting på desse felt må prioriterast i 2017.

Lokal strategi for tildeling av midlar vert revidert kvart fjerde år. Gjeldande startegi er for perioden 2013 til 2016. Strategien for Sande kommune vart tilpassa denne strategien. Som del av strategien kan tilskotsmidlane flyttast mellom kommunane. Arbeidet med ny strategiplan vart starta opp med møte med skognæringa den 09.11.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid	Sande
Tildelte midlar i 2016	0	0	57 000	0
Løyvde midlar i 2016	0	0	13 728	0
Tal planter gran	0	0	3 650	0
Plante areal i dekar	0	0	17	0

Jord- og konsesjonslovsaker, planering og plansaker

Kontoret gir fagleg uttale i søknader som skal handsamast etter jordlova i Herøy og Ulstein kommune. I Herøy vert sakene handsama politisk i Maritim- og teknisk komitè. I Ulstein kommune vert sakene handsama i Teknisk utval. Enkle saker vert avgjort administrativt i begge kommunane etter uttale frå landbrukssjefen. Vi skriv saksutgreiing på søknader om konsesjon og legg dei fram for politisk handsaming i dei same utvala. I Hareid kommune skriv vi saksutgreiing til alle saker etter jord- og konsesjonslova. Sakene vert handsama i Næring- og miljøutvalet.

Vi har mange spørsmål knytt til frådeling av areal, overdraging eller sal av landbrukseigedomar. Her gir vi rettleiing om lovverk og hjelper til med utfylling av skjema for eigenfråsegn om konsesjonsfridom, søknad om konsesjon og skøyte.
Vi gir uttale til reguleringsplanar i alle kommunane og er del av kommunane sitt arbeid med kommuneplanane.

Saker som gjeld planering og massedeponi tek ofte lang tid då sakene vert handsama etter ulike lovverk. Det er naudsynt å avklare kven som skal handsame saka, vi eller kollegar på rådhusa. Det vart starta på to saker i løpet av året, ein i Herøy og ein i Ulstein.

Tal på uttale i saker	Herøy	Ulstein	Hareid
Omdisponering av dyrka mark	0	1	1
Deling etter jordlova	9	6	6
Konsesjonslova	7	2	3
Reguleringsplanar	6	4	1
Vegar, planering, naust, flytebrygger, bygg m.m.	7	2	0

Planlegging og rettleiing

Vi gir uttale til alle søknadar om investeringstilskot og lån som går til Innovasjon Norge. Det gjeld og søknad om pantefråfall og «viking av prioritet» i landbruket.

I 2016 gav vi uttale i to søknader til Innovasjon Norge om BU-midlar. Den eine søknaden gjaldt midlar til bygging av nytt sauefjøs i Hjørungavåg med plass til 130 vinterfôra sau, samt uteplass med tak over til 40 vinterfôra sau. Søknaden vart innvilga. Den andre søknaden gjaldt midlar innanfor ordninga tilleggsnæring i landbruket. Her vart det søkt om stønad for å kunne gjennomføre ein studietur. Hensikta med turen var å samle idear for å start opp med storfe. Avslaget på søknaden kom i 2017.

Vi gir landbruksfagleg uttale i trygdesaker m.m. der det trengs økonomiske vurderingar av landbruksfagleg art, samt saker om tidleg-pensjon i landbruket.

Vi har ansvar for registeret over personar med Autorisasjonsbevis (sprøytesertifikat). Gjennom året arrangerer vi eksamen for dei som skal ta bevis for fyrste gong eller som skal fornye beviset.

Vi sende ut informasjonsskriv i juli og desember til alle gardbrukarar som mottar produksjonstilskot. I tillegg vert det lagt inn aktuell informasjon på heimesida www.landbrukskontoret.no. Det vart ikkje invitert til «Hygge og nytte» møte i år. Årsaka var at siste møte vart halde i desember 2015 og så har vi venta på meir informasjon om endringane som gjeld produksjons- og avløysartilskot.

Tilskot til utsiktrydding

Tilskotsordninga var ny av året. Vi fekk inn ein søknad frå Brandal Vel og Fylkesmannen løyvde tilskot slik det var søkt om. Føremålet med tilskotet er å kombinere utsiktrydding i landbruket sitt kulturlandskap med auka verdiar knytt til kulturlandskapet. I tillegg vert det lagt vekt på å nytte rydningsvirke til bioenergiføremål.

Skogforvalting

Skogeigarar som ikkje held plikta om forynging (planting eller tilrettelegging for naturleg såing) vart kontakta, sjå NMSK midlar. Elles deltok vi på skogkveld i regi av Søre Sunnmøre Skogeigarlag i Dragsund den 16.11.

Viltforvalting

Kontoret er sekretær i Nemnd for vilt, fiske og friluft i Herøy kommune, og sekretær for Viltnemnda i Ulstein kommune. I Hareid kommune legg vi fram viltsaker for Næring- og miljøutvalet.

Det er ikkje halde særskilde informasjonsmøte dette året grunna vakanse i stillinga som rådgjevar naturforvalting.

	Herøy	Ulstein	Hareid
Tal på politisk handsama saker	11	28	7
Tal på delegerte saker	10	5	5

Oppsummering

Landbruket i Herøy, Ulstein og Hareid manglar ein langsiktig plan for satsing på næringa. Temaet må settast på sakskartet i kommunane gjennom arbeidet med å utarbeide ein Landbruksplan. Styret er oppteke av at arbeidet vert prioritert så snart som råd.

Det har ikkje vore store endringar på tal søkjarar siste året. Når gardbrukarane vert aktive tilskotssøkjarar vert det enklare å nå dei med rettleiing og oppfølging. Det er mange små gardsbruk i kommunane våre og vi ser at landbrukskontoret har ei viktig rolle som bindeledd mellom den praktiske utøvaren og alt regelverket gardbrukaren må sette seg inn i. Reglar og krav er heile tida i endring og det er krevjande for kvar enkelt gardbrukar å fylgje med på alt.

Momenta som vart peika på i Fylkesmannen si førebelse forvaltingsrapport har vore ei viktig sak for styret. Forhandlingsutvalet i styret fekk mynde til å sjå på ulike alternativ og å fylje opp rådmennene i forhold til framdrift. Styret ser det som særs viktig at landbrukssamarbeidet i eigarkommunane held fram ved endring av struktur.

Styret ynskjer å rette ein takk til dei tilsette ved landbrukskontoret.

Dragsund, den 04.04.2017

Annika Hove
leiar

Anders Riise
nestleiar

Marie Runde
styremedlem

Svein Ulrik H. Brubakk
styremedlem

Lisa-Mari Breivik Anderson
styremedlem

Trond Berg
styremedlem

Anne Kathrine Løberg
landbrukssjef

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Formannskapet
Kommunestyret

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr	Arkivkode	Dato
2016/94	L81	26.05.2017

MYRABAKKEN BUSTADFELT - STATUS PR. MAI 2017

Det blir innleiingsvis vist til referatsak RS 27/17 i Formannskapsmøte 28.03.2017 og RS 32/17 i Kommunestyremøte 06.04.2017. Der blei det orientert om at Mørenett har fjerna ordninga med botnfrådrag til elektrisk infrastruktur, noko som får økonomiske konsekvensar i påbyrja og framtidige utbyggingsprosjekt.

Status framdrift:
Prosjektet hadde byggjestart 2. januar 2017 og framdrifta er god.
På noverande stadie blir det ferdigstilling i september 2017.

Status økonomi:
Posten for utforutsette utgifter i prosjektet er ca 600.000 kr, medan kostnadane til elektrisk infrastruktur tek ca 400.000 kr av denne posten. Kostnadane til Mørenett tek såleis ein vesentleg del av midlane som var tiltenkt kommunen sitt eige anlegg.

Det har elles i prosjektet våre behov for nokre justeringar. Ein har møtt på ein del utfordringar knytt til overvatn (ukjende røyr, osv). Ein har også møtt på ei kommunal kombileidning som det var brot i. Det er gjort mindre justeringar på ein mur. Alt dette er teke hand om. Det er også behov for å få tilført litt friske masser i vegoppbygginga, dette grunna dårlege masser i delar av området som skapar masseubalanse.

På noverande stadie ligg prosjektet ca. 200.000 kr over budsjettløyvingane (7.125.000 kr ex mva).

Med helsing
Eldar Hansen

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Formannskapet
Kommunestyret

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr	Arkivkode	Dato
2014/604	K54	26.05.2017

MYRABEKKEN AVLASTNINGSKANAL - STATUS

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) var ferdige med prosjektet i byrjinga av mars, og 14.3.2017 blei det haldt sluttsynfaring med overtakingsforretning.

I 1.2.2017 vart kommunen orientert om at prosjektet sannsynlegvis ville bli noko dyrare enn budsjettert, grunna uforutsette forhold på staden. Ein måtte avvente prosjektslutt og sluttavrekning før ein hadde konkrete tal.

Sluttfakturaen viser at NVE sitt forbruk enda opp på 2.400.000 kr - mot budsjetterte 2.000.000. Kommunen skal betale 20 % distriktsdel, noko som betyr 480.000 kr. Dette er 100.000 kr meir enn budsjettert, viser til at det vart bevilga 380.000 kr eks. mva i K-sak 106/16.

Overforbruket skyldast følgjande (sitat frå NVE):

"Levering av lausmasser: ca 200.000,- i overforbruk.
Graving og masseflytting: ca 250.000,- i overforbruk.
Grunnen til dette er at vi ikkje fann eigna masser i grunnen til å legge i botnen på kanalen. Her var det berre leirmasser slik at vi måtte køyre til pukk i staden for å få bruke stadlege massar.
Masseflyttinga har samanheng med vasskummane som låg i den opprinnelege traseen. Det medførte at vi måtte gå rundt kummane, og fekk litt lite fall bortetter kanalen. Måtte derfor legge den litt djupt i terrenget."

Det einaste som no står att er at kommunen må asfaltere rundt ei ferist på toppen av Nygjerdevegen (avlastningskanalen kryssar vegen i røyr). Prosjektet blir difor ikkje økonomisk avslutta før dette er utført. Asfalteringsjobben blir teke når Myrabakken bustadfelt skal asfalterast seinare i år.

Oppsummering:
Prosjektet er ferdigstilt, og ein har enda opp med meirforbruk på 100.000 kr. Dette inkluderer ikkje kostnadar med å asfaltere rundt ei ferist. Når asfalteringa er utført, vil det kome opp sak om økonomisk avslutning.

Med helsing

Eldar Hansen

SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS (SSR)

Eigarmelding 2016

1. Bakgrunn og formål med eigarmeldinga

1.1 Styringsdokument.

Styret legg til grunn tre sentrale styrande dokument for arbeidet sitt:

- Selskapsavtale
- Eigarstrategi
- Selskapsstrategi

Eigarmeldinga skal behandlast av representantskapet og framleggast som orientering for eigarkommunane saman med årsrekneskapet.

Meldinga skal rapportere i forhold til gjeldande eigarstrategi og selskapsstrategi, og gi informasjon om planlagde endringar i tenestetilbodet, nasjonale føringar, samt vesentlege endringar i kostnadsnivået for selskapet.

2. Oppfølging av mål for 2016

2.1 Generelt om SSR sine mål

SSR sin visjon, slik den er vedtatt i strategisk plan for 2016 – 2019, er

«Framtidsretta og lokal miljøbedrift – nær brukarane».

Strategisk plan slår fast at SSR skal bidra til at husstandane i eigarkommunane blir mellom dei beste i landet på kjeldesortering og med det bidra til at dei fire eigarkommunane når miljø- og klimamåla sine.

SSR skal tilby renovasjonstenester som møter miljøkrav, er kostnadseffektive og brukarvennlege.

Selskapet sine strategiske mål er mellom anna knytta til økonomi, miljømål og kundetilfredsheit. I tillegg skal selskapet oppfylle eigarane sine forventingar til kostnadseffektiv drift.

God kundetilfredsheit og godt omdømme er viktig for SSR. Selskapet har lagt ned mykje arbeid i kontakt med abonnentar og grupper av abonnentar også i 2016. Arbeidet ser ut til bere frukter med ei kraftig auke i kundetilfredsheitsgrada i 2016.

Arbeidet vidare blir mellom anna å formidle kunnskap om selskapet sine målsettingar på miljøområdet, kva som skjer med avfallet som blir samla inn og samanhengen mellom servicenivå og prisnivå.

2.2 Resultatmål miljø

Basert på dette er det definert offensive resultatmål innanfor følgjande område:

- Energigjenvinningsgrad og materialgjenvinningsgrad.
- Deponeringsgrad og mengde farleg avfall pr. innbyggar.
- Avfallsreduksjon og kundetilfredsheit.

I tillegg skal selskapet:

- Ha ei synleg og aktiv rolle som samfunnsaktør.
- Bidra til at kommunane når klimamåla sine.
- Levere ei kostnadseffektiv teneste til konkurransedyktige prisar.
- Sørge for auka kundetilfredsheit gjennom målretta arbeid med konkrete tiltak.

2.3 Faktisk måloppnåing vedr. avfallsmengder (hushaldning):

Faktisk måloppnåing vedr. avfallsmengder (hushaldning):

Fraksjon / fokusområde:	2012	2013	2014	2015	Mål 2016	2016	Mål 2017	Mål 2018	Mål 2019
A* Total mengde hushaldningsavfall	12 023 tonn	10 560 tonn	10 581 tonn	10 494 tonn	10 600 tonn	10 105 tonn	10 400 tonn	10 700 tonn	10 900 tonn
B* Volum / vekt til energigjenvinning (grønedunken)	3600 tonn	3800 tonn	3800 tonn	4000 tonn	3815 tonn	3812 tonn	3745 tonn	3670 tonn	3160 tonn
C* Energi-gjenvinningsgrad	31,02 %	37,25 %	37,31 %	40,21 %	36 %	42,72 %	35 %	34 %	29 %
D* Material-gjenvinningsgrad	68,14 %	61,99 %	61,80 %	57,25 %	63 %	54,68 %	64 %	65 %	70 %
E* Ombruk i % / tonn	---	---	---	1,51 / 158	---	1,64 / 166	---	---	---
F* Til deponi	0,84 %	0,76 %	0,89 %	1,03 %	1 %	0,96 %	1 %	1 %	1 %
G* Farleg avfall / spesialavfall pr. innb.	3 kg	5 kg	5,1 kg	5,06 kg	6 kg	7,40 kg	8 kg	10 kg	12 kg
H* Grein- og hageavfall	5000 tonn	3200 tonn	2800 tonn	2300 tonn	3000 tonn	1970 tonn	2300 tonn	2300 tonn	2300 tonn
I* Avfall pr. innbyggar	494 kg	422 kg	423 kg	418 kg	420 kg	404 kg	420 kg	420 kg	420 kg

A*= Total mengde hushaldningsavfall for heile SSR-regionen. Målet er avfallsreduksjon, jfr. punkt I, men dette kan vere utfordrande med bakgrunn i høg levestandard og høgt forbruk - velstand.

B* = Levert hushaldningsavfall til Tafjord Kraftvarme AS (Grautneset).

C* = Energigjenvinningsgrad (av total mengde hushaldningsavfall). 20 % av det som går til Tafjord Kraftvarme AS går til materialgjenvinning.

D* = Materialgjenvinningsgrad (av total mengde hushaldningsavfall). 20 % av mengda frå energigjenvinninga går til materialgjenvinning. Eksempel på dette er metall.

E*= Ombruk (gjeld sko og klede).

F* = Til deponi (av total mengde hushaldningsavfall). Det langsiktige målet er å halde seg under 1 %, men prosentsatsen vil vere avhengig av total mengde hushaldningsavfall og velstand.

G* = Farleg avfall / spesialavfall pr. innbyggar har miljømålet å samle inn mest muleg. Går både til materialgjenvinning og til energigjenvinning.

H* = Grein- og hageavfall (som går til materialgjenvinning) er spesielt nemnt p.g.a. at denne fraksjonen påverkar materialgjenvinningsgrada ganske mykje.

I* = Avfall pr. innbyggar i kilo. Heng saman med avfallsreduksjon, jfr. avfallshierarkiet.

Måltal for kundetilfredsheit:

2012	2013	2014	2015	Mål 2016	2016	Mål 2017	Mål 2018	Mål 2019
62 %	67 %	66 %	70 %	71 %	73 %	75 %	77 %	80 %

Målet er at grada av kundetilfredsheit skal auke for kvart år framover.

2.4 Oppsummering måloppnåing

SSR er tilfredse med at vi i 2016 fekk ein avfallsreduksjon totalt på 389 tonn og at kilo avfall pr. innbyggar gjekk ned frå 418 til 404 kg. Det vil seie ein avfallsreduksjon på ca. 3,7 %. Avfallsreduksjon er det øverste, og viktigaste, steget i avfallshierarkiet. Men desse tala kjem diverre ikkje godt nok fram i tabellen i avsnitt 2.3.

SSR er også tilfredse med resultatet innanfor det som går på deponi. Men selskapet har enno mykje å hente på det som går på materialgjenvinning. Viktigaste tiltaket for å auke grada av dette er nok utsortering av matavfall (våtorganisk avfall).

Mengda greinavfall er også ganske høgt i vårt område og dette påverkar naturleg nok materialgjenvinningsgrada vår, men volumendringane gjer også at ein får store utslag på måleparametera kvart år. T.d. vart mengda greinavfall redusert med over 300 tonn i 2016 i forhold til 2015.

Grada av kundetilfredsheit ligg godt føre skjema og dette er positivt.

3. Spesielle forhold i 2016

3.1 Driftsåret 2016

Også 2016 har økonomisk og driftsmessig vore eit godt år for SSR. Selskapet har fått eit stort sjølvkostfond på hushaldning. Det gir selskapet meir handlefriheit. Eit solid fundament er viktig med tanke på framtida – med mellom anna investeringar i nye miljøstasjonar, lengre opningstider og endringar i henteordningar.

4. Planlagde endringar

4.1 Nytt hovudanlegg for selskapet og nye miljøstasjonar

Selskapet arbeider vidare med utbygginga av selskapet sine anlegg. Strukturelle endringar i avfallsbransjen, spesielt med tanke på innhentingsfraksjonar og nedstraumsløysingar, i tillegg til nasjonale og internasjonale krav, gjer at selskapet må halde fram med å fornye seg i åra som kjem. Anlegg og henteordningar må tilpassast den nye miljøkvardagen.

4.2 Kommunikasjon og utadretta arbeid

Kommunikasjonsarbeidet har særs høg prioritering og dette vil halde fram vidare. Stikkord er synlegheit, proaktivitet og vidareutvikling av elektronisk kommunikasjon.

4.3 Diverse forhold

Ryddeaksjonar, ruter for innhenting av grovavfall og samarbeid med grendalag, velforeiningar og eigarkommunane blir stadig vurdert. Dette må også sjåast i samanheng med det generelle servicenivået og selskapet sin visjon: «Framtidsretta og lokal miljøbedrift – nær brukarane». Elles er det viktig å streke under at service- og tenestenivået heng tett saman med prisnivået og desse må heile tida sjåast i samanheng.

I 2016 var det auka aktivitet rundt den nasjonale Strandryddedagen og eit høgare engasjement hos frivillige enn tidlegare. Dette gir grunnlag for å halde fram med vidare satsing på strandrydding, då mange fleire abonnentar enn før engasjerer seg i eit stadig meir synleg miljøproblem. SSR er ein viktig fasilitator for dette miljøarbeidet, der selskapet satsar hardt både på kommunikasjon og på gode praktiske løysingar for strandrydding og andre aktuelle ryddeaksjonar og kampanjar.

Eit anna viktig element er henteordningar kontra bringeordningar. Tendensar på landsbasis kan tyde på at det blir fleire fraksjonar med henting heime hos abonnentane. Selskapet følgjer også nøye med på utviklinga her. Det same gjeld område som biogass, noko som vil krevje større regionale løysingar. Elles er nedgravde løysingar ein stor suksess i området vårt.

Det blir også kontinuerlig jobba med å finne nedstraumsløysingar som gir dei beste løysingane med tanke på kostnadseffektivitet og miljø. Ein del av dette kan kanskje utviklast saman med andre selskap i same bransje.

5. Dialog med eigarane

5.1 Dialog med eigarane skjer i ulike formelle og uformelle fora og møter

Representantskapet

Det er halde 2 møter i representantskapet i 2016. Leiar i representantskapet i 2016 har vore Knut Erik Engh, ordførar i Ulstein

kommune. Styreleiar har løpande kontakt med leiar av representantskapet i viktige saker.

Andre møter

I samband med budsjettering og andre aktuelle saker som skal utførast i kommunane, vert det etter behov halde møter med aktuelle kommunar. Frå SSR møter normalt dagleg leiar, men ved spesielle saker kan andre representantar frå administrasjonen møte - så vel som frå styret.

Kommunene sine klimaplaner

I vurderingar av SSR sine prioriteringar og satsingsområde, er det naturleg å bruke eigarkommunene sine klimaplaner som ei rettesnor for vegen vidare. Ein har kome lengst i arbeidet med informasjonsdelen ut i frå kommunene sine tiltakslister. Andre område er under kontinuerlig vurdering i det daglege arbeidet. Eksempel på dette er arbeidet med avfallsreduksjon, materialgjenvinning av plast, returpunkt og nedgravde løysingar (som minkar transportbehovet).

6. Verksemda i åra som kjem

«Det grøne skiftet», saman med omgrepet «sirkulær økonomi», antyder ei retning for framtida.

Utfordinga med stadig aukande CO2-utslepp og mangel på viktige ressursar som fosfor er ikkje ny, men omgrepet «det grøne skiftet» har vore med på å ramme inn diskusjonen om klima- og energispørsmål og gitt ny giv i den miljøpolitiske debatten. «Det grøne skiftet» handlar både om reduksjon i klimautslepp og betre ressursutnytting. Omgrepet omfattar også ein verdiskapingsdimensjon med fokus på sysselsetting og velferd gjennom ny miljøvenleg teknologi. «Det grøne skiftet» er kort fortalt ein vedvarande endringsprosess mot eit meir berekraftig samfunn der vi nyttar avgrensa ressursar betre og smartare. Som eit stort miljøselskap i regionen, er dette høgaktuelt i forhold til selskapet sitt framtidige tenestetilbod og ikkje minst kva selskapet kommuniserer. SSR vil bidra til at omgrepet «det grøne skiftet» blir omsett i praksis gjennom små og store grep med fokus på avfallsreduksjon, gjenbruk, ombruk, redesign og auka materialgjenvinningsgrad.

I den sirkulære økonomien har EU – og dermed Norge – sett eit mål om å kome opp i 70 % materialgjenvinning / ombruk før år 2030. Dette gjeld kun hushaldningane

Dette vil krevje stor grad av omstillingsevne hos selskapet - og ikkje minst til brukarane si atferd og haldningar.

Politiske signal kan tyde på at næringsavfallet etter kvart også blir inkludert, då dette avfallet utgjer rundt 75 % av den totale næringsavfallet.

Matavfall / våtorganisk avfall som henteordning blir ein ny fraksjon heilt på slutten av 2018 eller tidleg i 2019.

Kommunikasjon vil fortsatt ha høgaste prioritet i åra som kjem. Eit trekk er at tradisjonelle kanalar ser ut til å bli mindre og mindre aktuelle som informasjonskanalar for abonnentane våre. Meir informasjon bør ut elektronisk (sms, renovasjonsapp) og / eller via selskapet sine nettsider – i tillegg til at tømekalendaren fortsatt er populær som informasjonskanal.

R – fsk/kra.

Vedtatt i K-sak 10/2001.

Lojalitet og ytringsfridom

Det finst i dag ikkje noko lovverk eller generelle reglar som eintydig trekkjer opp grensa mellom lojalitet og ytringsfridom. Utgangspunktet for kravet om lojalitet er at arbeidstakaren må underordne seg arbeidsgjevaren sin styringsrett. Når det gjeld ytringsfridomen, heiter det i § 100 i Grunnlova:

> *"Frimodige Ytringer, om Statsstyrelsen og hvilkensomhelst anden Gjenstand, ere enhver tiladte."*

Hovudregelen er at arbeidstakarar skal kunne uttale seg fritt om generelle samfunnsspørsmål og kommunalpolitiske spørsmål. Føresetnaden er at det ikkje gjeld prioriteringar gjort av overordna og at spørsmåla har direkte innverknad på eigen arbeidssituasjon.

Lojalitetsplikta handlar ikkje berre om det vi ikkje skal gjere. Lojalitet handlar også om plikta vår til å informere der dette er av interesse for dei vala og prioriteringane som skal gjerast. Arbeidstakarar som sit inne med faktakunnskap av allmen interesse, har ei moralsk plikt til å halde folket informert.

Det vanlegaste problemet oppstår når arbeidstakarar ynskjer å uttale seg til pressa om eige arbeidsfelt. Også her er utgangspunktet at arbeidstakarar kan delta i det offentlege ordskiftet. Tidlegare dommar slår fast at det skal mykje til for at grensene for ytringsfridomen er overskridne. Grunnlova sitt vern om ytringsfridomen er likevel ikkje til hinder for at arbeidsplassen set opp reglar om lojalitetsplikt som til ei viss grad avgrensar kva vi kan uttale oss om.

Køyrereglar

Køyrereglar for dei som vil uttale seg på eigne vegne:

1. Innhaldet må vere sant

Når ein arbeidstakar ytrar seg, må innhaldet vere sant. Grunnen er at folk må kunne ha tiltru til at arbeidstakarane veit kva dei uttalar seg om, og at informasjonen som vert gitt er korrekt. Faktiske opplysingar skal vere korrekte, og subjektive vurderingar skal ikkje gje eit skeivt inntrykk av den situasjonen dei omtalar.

2. Ytringa skal ha ei tilbørleg form

Det vil kunne vere kritikkverdig og illojalt å ytre seg på ein polemisk, sarkastisk, kategorisk eller på annan skarp måte sjølv om det faktiske innhaldet er korrekt. Ved ei vurdering av om ei ytring er er illojal på grunn av forma som er nytta, er det relevant å ta omsyn til om leiinga sjølv har kome med skarpe innlegg i forkant. Det er ikkje rimeleg at arbeidstakarar som sjølv har opplevd å verte rakka ned på, ikkje skal kunne ta til motmæle på same måte som motparten.

3. Innhaldet må vere balansert

Det er ikkje noko absolutt krav om at arbeidstakarar som ytrar seg også må presentere synet til sin overordna i den aktuelle saka. Det vil vere tidkrevjande å samle inn nok informasjon til å kunne stå fram med eit balansert innlegg. I dei tilfelle

dette likevel vert gjort, vil det vere eit moment som talar for at arbeidstakarar ikkje har vore illojal i det konkrete tilfellet.

4. Det bør presiserast at ein uttalar seg på eigne vegne
Uttalar ein seg på vegne av arbeidsgjevaren, er ein fullstendig underlagt arbeidsgjevaren sin styringsrett. Difor er det viktig at arbeidstakaren gjer det klart at han uttalar seg på eigne vegne. Svikt her vil kunne oppfattast som tenestefeil som kan gje grunnlag for rettslege sanksjonar frå arbeidsgjevaren si side.

5. Motivasjonen for å ytre seg er avgjerande
Dersom motivasjonen for å kritisere arbeidsgjevar er å betre tilhøva for dei tilsette eller tenestemottakarane, vil det bidra til å forsvare ytringa. Det motsette er tilfelle dersom arbeidstakaren berre er ute etter å forsvare sine eigne personlege interesser på kostnad av interessene til arbeidsgjevaren. Dersom det einaste motivet for ytringa er å krenkje eller hemme arbeidsgjevaren, vil ytringa lett framstå som illojal.

6. Større lojalitetskrav jo lengre opp i hierarkiet den tilsette er
Ein arbeidstakar i ytre etat står friare til å uttrykkje usemje med sentraladministrasjonen enn ein arbeidstakar som har eit nærare samarbeid med dei folkevalde. Grunngjevinga er at offentleg kritikk frå dette nivået kan vere øydeleggjande for dei folkevalde sin tillit til administrasjonen. Kritikk kan dessutan vere eit hinder for effektiv saksførebuing. Faren for at det skal oppstå samarbeidsvanskar og konfliktar er mindre dess større avstand det er mellom dei som kritiserer og det avgjerande nivået. Dess større avstand det er mellom partane, dess vanskelegare er det å vinne fram med synet sitt internt.

7. Tenesteveg bør ha vore prøvd først
Som hovudregel har alle offentlege arbeidstakarar plikt til å gjere leiinga merksam på vesentlege vanskar på arbeidsplassen. Dersom arbeidstakaren har bestemt seg for å gå ut offentleg med kritikk av arbeidsplassen utan først å ha prøvd tenesteveg, vil det noko på veg kunne oppvegast om arbeidstakaren på førehand varslar sin overordna om kva han har tenkt å gjere. Men varsling vil ikkje fullstendig oppvege kravet til lojalitet. Ei ytring kan godt vere illojal dersom det ikkje er gått tenesteveg, sjølv om det er varsla først.

"Den som jobber i en bedrift, skal være lojal overfor eierne. I offentlig forvaltning er det publikum som er eierne. Den som mener at publikum ikke skal få vite hva som skjer, vil i praksis arbeide i fred for sine eiere. Hvem vil forsvare det?"
Professor Jan Fridthjof Bernt

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 06.06.2017 11:08:20
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Utskrift frå møteprotokoll 22.05.2017 kontrollutvalet

---

Fra: Sigrid Torbjørnson [mailto:sigrid.torbjornson@vestkontroll.no]
Sendt: 31. mai 2017 11:25
Til: postmottak
Emne: HE - Utskrift frå møteprotokoll 22.05.2017 kontrollutvalet

Hei!

Lagt ved er utskrift av protokoll kontrollutvalsmøte 22.05.2017 HE 02-17 SAK 20/17 JENSHOLMEN NORD – RDA-MIDLAR – DRØFTING.
Tilbakemelding til kommunestyret.

Med helsing

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Sigrid Aashild Torbjørnson
Konsulent

Tlf. 70 03 04 46/936 56 704
sigrid@vestkontroll.no



VEST KONTROLL

SEKRETARIAT FÖR KONTROLLFRÅGOR

U T S K R I F T

frå

M Ø T E PROTOKOLL

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Herøy kommune	20/17	047	22.05.2017

SAK 20/17 JENSHOLMEN NORD – RDA-MIDLAR - DRØFTING

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet meiner rådmannen har gjort ei grundig saksbehandling og at det er opp til kommunestyret om å få momenta som er påpeika i denne, juridisk vurdert.

Vedlegg
KN-sak 5/17 JENSHOLMEN NORD – RDA-MIDLAR

Saksopplysning
Viser til vedlegg som grunnlag for drøfting av vidare handsaming i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet hadde gjennomgang og drøfting av oversendingssaka frå kommunestyret.

Rett utskrift
Åram 23. mai.2017
Sigtid Torbjørnson
Konsulent
VEST KONTROLL

Utskrift: Kommunestyret – tilbakemelding jf. vedtak
KN-sak 5/17 JENSHOLMEN NORD – RDA-MIDLAR

HERØY KOMMUNE
Utviklingsavdelinga

VEST KONTROLL

6149 ÅRAM

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2016/685	243		UTV / OMR	14.03.2017

KN-SAK 5/17. JENSHOLMEN NORD - RDA MIDLAR

Kommunestyret gjorde i møte 09.03.2017 slikt vedtak i saka:

Saka vert sendt over til kontrollutvalet.

Møtebehandling:
Dokument lagt fram i møte:
Notat frå rådmannen i KN-sak 5/17. Administrativ vurdering av vedtaket.

Karl Petter Sortehaug stilte habilitetsspørsmål. Han er medlem av styret i Herøy næringsforum. Han går frå under handsaming av habilitet.
Han vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL §6 1. ledd bokstav e.

Saka vart drøfta. Kommunestyret vedtok mot 9 røyster å sende saka over til kontrollutvalet.

Med helsing

Brit Berge
e.f.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Kommunestyret

Komite for næring, kultur og idrett

Frå: Rådmannen

Saksnr	Arkivkode	Dato
2016/685	243	09.02.2017

KN-SAK5/17 - ADMINISTRATIV VURDERING AV VEDTAKET

Rådmannen viser til Kommunelova § 23 nr. 2 som seier at *Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.*

Lovkommentaren til kommunelova utdjupar § 23 med at *ansvaret for å påse at en sak er tilstrekkelig utredet, omfatter også eventuelle rettslige tvilsspørsmål. Administrasjonssjefen vil derfor ha plikt til å gi uttrykk for det hvis han/hun mener at det er rettslige mangler ved et forslag til vedtak eller den saksforberedelse som har gått forut for dette. Mener administrasjonssjefen at et truffet vedtak er ulovlig, vil han/hun likeledes ha plikt til å gjøre vedkommende folkevalgte organ, og eventuelt kommunestyret eller fylkestinget, oppmerksom på dette.*

Bakgrunn for saka
Jensholmen Nord v/Kåre Jensholm søkte om støtte til etablering av molo tilbake i 2012. Søknaden gjaldt på det tidspunktet både ein flytande molo og ein steinmolo. Kåre Jensholm er registrert som styremedlem og kontaktperson for Jensholmen Nord på Brønnøysundregisteret. Rådmannen går ut frå at Kåre Jensholm har hatt naudsynte fullmakter til å søkje på vegne av Jensholmen Nord og har ikkje krevd dette dokumentert.

Søkjar har frå 2012 til vedtaket i 2016 kome med ny/endra informasjon/søknadar gjennom utsending av brev og e-postar til ulike partar. Søknaden frå 2012 har aldri blitt registrert på www.regionalforvaltning.no slik kommune krev og eventuelle endringane er då ikkje fanga opp av kommunen sitt arkivsystem.

Herøy næringsforum innstilte i møte 18.03.2016 fylgjande:

Styret oppfordrer Jensholmen Nord til å arbeide med alternativ finansiering til å sluttføre denne flotte båthavna. Det vert ikkje sett av midlar til dette prosjektet. Styret ser heller ikkje at dette er eit breidt nok /allmenyttig nok prosjekt å innstille RDA midlar til.

Komite for næring, kultur og idrett gjorde fylgjande vedtak 23.05.2016, sak 42/16:
Komite for næring, kultur og idrett ber om at styret i Herøy Næringsforum ser på søknaden på nytt særleg i forhold til at moloane skal vere opne for publikum og at det vert lagt til rette for funksjonshemma, for gjestebrygge, servicebygg og tanking.

Herøy næringsforum gjorde slik vurdering 30.09.2016:
Styret i Herøy Næringsforum opprettheld tidlegare innstilling på søknaden frå Jensholmen Nord.

Komite for næring, kultur og idrett gjorde fylgjande vedtak 21.11.2016, sak 70/16:
Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 2.000.000,- i 2017 og kr. 2.000.000,- i 2018 til molo på Jensholmen. Nord. Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål 2.a.. Løyvinga for 2018 vert gitt med forbehold om at RDA-ordninga vert vidareført.

Etter vedtaket i komite for næring, kultur og idrett 21.11.2016 vart det oppdaga av rådmannen at det låg føre ein revidert søknad om RDA-midlar datert 24.09.2016. Det var denne som låg føre når Herøy næringsforum gjorde si innstilling 30.09.2016. Denne søknaden hadde ikkje blitt sendt til kommunen for journalføring verken før møtet i Herøy næringsforum eller før møtet i komite for næring, kultur og idrett 21.11.2016. Rådmannen hadde såleis ikkje anna val enn å påpeike dette for leiar og nestleiar i komiteen og melde saka opp på nytt, jf. kommunelova § 23 nr. 2.

Komite for næring, kultur og idrett gjorde nytt vedtak 12.12.2016, sak 81/16:
Med bakgrunn i at komiteen for næring, kultur og idrett 21.11.16 gjorde vedtak på feil søknadsgrunnlag, vert saka teken opp til ny handsaming og komiteen gjer fylgjande vedtak:
Komiteen har ingen innvending til innstillinga i Herøy Næringsforum, då retningsliner og forvaltning av RDA-midlar er fulgt.

Vedtaket i KN-sak 81/16 vart klaga på av Jensholmen Nord v/Sindre Reite. Sindre Reite er registrert i Brønnøysundregisterert som styreleiar for Jensholmen Nord.

Komite for næring, kultur og idrett gjorde i møte 06.02.2017 slikt vedtak i klagesaka:
Komite for næring, kultur og idrett kjem klaga frå Jensholmen Nord delvis i møte.

Det vert løyvd 2 millionar av RDA midlane i 2017, til delfinansiering av flytande molo, samt asfaltering av eksisterande molo, samt til å anleggje gjestebrygge med god kapasitet.

Eit vilkår for løyvinga er at Jensholmen Nord held anlegget med molo/flytandemolo ope for almenheita, slik at alle som ynskjer det kan nytte anlegget til fisking/rekreasjon. Det er også ein føresetnad at eksisterande molo vert asfaltert og

utforma slik att alle kan nytte den. Vidare føreset ein at det vert gjestebrygge, med god kapasitet på anlegget og att den kan nyttast av alle, uavhengig av medlemskap i laget.

Grunngiving, komite for næring, kultur og idrett ser att anlegget ligg svært lagleg til i leia og ynskjer å stimulere til at fleire stoppar og kjem sjøvegen til Herøy. Ei gjeste brygge her vil være eit stort pluss for fleire og fleire som nyttar båt til rekreasjon. Vidare ser vi at mange fleire fiskar frå land, tilreisande og fastbuande. Det er viktig å stimulere til trivsel i kommunen og legge til rette stadar der ein trygt mellom anna kan fiske. Etter ei samla vurdering finn ein såleis at anlegget har så stor samfunnsnytte at det kan forsvarast opp mot vedtektene for tildeling av RDA midlar. Samt at det fell inn under Handlingsplan, samfunnsutvikling/infrastruktur mål 2.a.

Avklaring av mynde og innstillingsrett i RDA-saker:
Rådmannen viser til k-sak 121/10 at Herøy næringsforum har fått delegert mynde til å innstille saker om RDA-midlar(nr. 9), men mynde til å gjere endeleg vedtak skulle ligge til Formannskapet(nr. 10). I same sak står det også at vedtak som vert klaga på skal til den kommunale klagenemnda(nr. 11).

I k-sak 108/15 vert det vist til at i samband med ny politisk struktur(jf. reglement for formannskap og komitear) vart mynde til handsaming av søknadar overført frå formannskapet til komite for næring, kultur og idrett.

I reglement for formannskapet og komiteane(delegasjonsreglementet) står det fylgjande:
komite for næring, kultur og idrett får på vegne av kommunestyret følgjande ansvar og mynde:

- *Gjere vedtak om tilskot frå RDA-midlar*

Etter rådmannen si vurdering er mynde til å gjere endeleg vedtak om RDA-midlar lagt til komite for næring, kultur og idrett, men det skal leggast stor vekt på innstillinga frå Herøy næringsforum i handsaminga.

Vedtaket kan klagast på og saka skal då attende til komite for næring, kultur og idrett for å vurdere om det kan vere gjort eit feil vedtak. Dersom komiteen held fast på sitt vedtak, går saka til særskilt klagenemnd(klageutvalet).

Forvaltningslova og klager
For å vurdere dei juridiske forholda i vedtaket vert det vist til forvaltningslova sine reglar for handsaming av klager.

Fvl. § 28 (vedtak som kan påklages, klageinstans)
Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).

I dette tilfellet vil *klageinstansen* vere det kommunale klageutvalet og *underinstansen* er komite for næring, kultur og idrett.

§ 32 (klagens adressat, form og innhold)
Erklæring om klage skal:

a) *fremsettes for det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket; dersom muntlig klage er tillatt, skal erklæringen settes opp skriftlig av vedkommende forvaltningsorgan;*
b) *være undertegnet av klageren eller hans fullmektig eller være autentisert som fastsatt i forskrift, eller i medhold av forskrift, jf. § 15 a;*
c) *nevne det vedtak som det klages over, og om påkrevet gi opplysninger til bedømmelse av klagerett og av om klagefrist er overholdt;*
d) *nevne den endring som ønskes i det vedtak det klages over.*

Erklæringene bør også nevne de grunner klagen støtter seg til.

§ 33 (saksforberedelsen i klagesak)
Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.

Klagen framsett av Jensholmen Nord/v Sindre Reite som er styreleiar/formann i laget og klagen vart levert innan klagefristen.
Etter ein kontroll av nøkkelopplysningar i Brønnøysundregisteret står det at *Styret i fellesskap* skal signere på vegne av Jensholmen Nord. Det ligg heller ikkje føre skriftleg delegering av mynde frå Styret til Sindre Reite. Klagen er såleis ikkje signert av Jensholmen Nord som er parten med rettsleg klageinteresse. Dette burde vore fanga opp ved klagehandsaminga. Dette lagt til grunn er såleis ikkje vilkåra for å handsame klagen oppfylt, jf. fvl. § 32.Om dette vart fanga opp vil derfor ikkje vilkår for å behandle klagen vere oppfylt og komite for næring, kultur og idrett skal avvise saken. Dersom komite for næring, kultur og idrett meinar Sindre Reite i praksis har rettsleg klageinteresse på vegne av Jensholmen Nord kan komiteen oppheve eller endre vedtaket dersom klagen viser til forhold som ikkje var kjent på vedtakstidspunktet og kunne ført til eit anna vedtak dersom forholda var kjent.

I møtet vart det lagt fram nye tal på estimerte kostnadar knytt til prosjektet. Dersom komiteen vurderer dette som ny informasjon kan komiteen oppheve eller endre vedtaket.

Dersom det ikkje kjem fram ny informasjon verken i klagen eller i møte har ikkje komiteen høve til å endre på vedtaket.

Det var for rådmannen ingen ny informasjon i klagen som kunne ført til ei anna innstilling enn det som var tilrådd tidlegare. Rådmannen tilrådde derfor at komiteen skulle sende saka til det klageutvalet for endeleg avgjerd.

Vedtaket i forhold til handlingsplan for Herøy 2016:
Lokal handlingsplan for Herøy 2016;

1. *Å bidra til eit meir konkurransekraftig og robust næringsliv som motor for lokal og regional utvikling.*
    a. *Kompetanseutvikling og marknadsføring*

   b. *Prosjekt for å betre befolkningsutvikling / bulyst-tiltak. Auka attraktivitet.*
   c. *Betre tilbod av sosiale og kulturelle møteplassar.*
2. *Betre samfunnsutvikling, kompetanseutvikling og marknadsføring / profilering av Herøy.*
   a. *Opplevelsebasert næring / reiseliv vert prioritert å bygge opp i denne samanheng.*
   b. *Kompetanseutvikling og marknadsføring.*
   c. *Festivalar / spel og konferansar. Minst 5 større arrangement i 2016.*
3. *Styrke samferdsel / infrastruktur i Herøy.*
   a. *Idrett / kultur og badeland.*
   b. *Betre parkeringssituasjonen til bedriftene i Fosnavåg.*
   c. *Ny innfartsveg til Fosnavåg.*

Rådmannen meiner tiltaket fell inn under lokal handlingsplan punkt 2. a. slik det er gjort vedtak om og har derfor ingen merknadar til det.

Vedtaket i forhold til retningsline for bruk av RDA-midlar:
III MÅL FOR MIDLANE
1. Midlane skal gå til tiltak som gir varige positive effektar for regionane og næringslivet, og ta utgangspunkt i dei langsiktige utfordringane i dei aktuelle områda.

VI RETNINGSLINER FOR BRUK
1. Retningslinjene byggjer i hovudsak på prinsippet om negativ avgrensing. Det vil seie at det som ikkje er spesifisert som forbode, er tillate så lenge det ligg innan dei ønskja måla for midlane.

3. Midlane
kan brukast til ei rekke tiltak innan ulike sektorar for å gjere næringslivet meir konkurransedyktig og lønsamt,…

5. Midlane kan brukast til investeringar i fysisk tilrettelegging for næringsverksemd, stadutvikling og liknande.

VII DIREKTE BEDRIFTSRETTA TILTAK

Bedriftsretta tiltak er direkte finansiell støtte til ei eller fleire verksemder til målretta og avgrensa utviklingsprosjekt eller investeringstiltak

6. RDA-midlane kan finansiere inntil 50 % av total kostnadsramme for bedriftsretta tiltak

7. Bedriftsretta støtte skal ikkje vere av eit slikt omfang eller innretning at den kan oppfattast som urettmessig konkurransevridande

8. Reglane for bagatellmessig støtte seier at ei bedrift kan motta maksimalt 200 000 euro(1.785.800 NOK) *over ei tre-års periode.*

Rådmannen vurderer tiltaket som eit prosjekt som vil gje varige positive effektar for regionen og næringslivet og oppfyller såleis kravet i målsettinga med midlane.

I kap. VI står det at midlane kan nyttast til ei rekke tiltak så lenge det gjer næringslivet meir konkurransedyktig og lønsamt. Dette tiltaket oppfyller også dette kravet.

Midlane kan nyttast til investering i fysiske tiltak for næringslivet og prosjekt knytt til stadutvikling og attraktivitet.

Kap. VII tek opp dette med *direkte bedriftsretta tiltak* som er definert som *finansiell støtte til ei eller fleire veksemder til målretta og avgrensa utviklingsprosjekt eller investeringstiltak*. Tiltaket som det er gjeve støtte til i KN-sak 5/17 er etter rådmannen si vurdering eit slikt tiltak og bør definerast som *direkte bedriftsretta tiltak*.

Når tiltaket er definert som *direkte bedriftsretta tiltak* slår det inn nokre krav som ikkje gjer seg gjeldande i andre saker. RDA-midlane kan maksimalt finansiere inntil 50% av eit slikt tiltak. I denne saka er det innhenta eit pristilbod på 2.994.325,- som vart lagt fram i møte. Vedtak om støtte på 2 millionar utgjer då ca. 66% og er såleis ikkje i tråd til retningslina for RDA-midlar.

Bedriftsretta støtte kan heller ikkje vere av eit slikt omfang eller innretning at den kan oppfattast som urettmessig konkurransevridande. For at støtta skal vere konkurransevridande må det vere andre verksemder i område som tilbyr same produkt eller teneste (konkurrentar). I nærområde finn vi bla. Eggesbønes småbåtlag. Rådmannen meiner derfor at det i dette tilfellet kan vere konkurrentar i område og tilskotet kan vere urettmessig konkurransevridande.

Tilskotet som er gjeve er også over kr. 1.785.800,- som er det maksimale støttebeløpet som kan gjevast til *direkte bedriftsretta tiltak*.

Vedtekter for Jensholmen Nord, formål og vedtak:
Vedtektene for Jensholmen Nord signert 01. mai 2012 seier at *Foreningens formål er å drifte og vedlikeholde bryggeanlegg på Jensholmens nordside*.

Søknaden frå Jensholmen Nord gjeld utbygging av molo og etablering av båtplassar. Dette er ikkje i tråd med formålet til foreninga som berre skal «drifte og vedlikehalde bryggeanlegg». Spørsmålet blir derfor om Jensholmen Nord går ut over sine vedtekter og skal bygge ut og selje båtplassar der kommunen, ut frå vedtektene, ikkje veit korleis eit evt. overskot vil blir brukt. Dersom det er tilfelle at Jensholmen Nord skal bygge ut og selje båtplassar vil dei heilt klart kunne stillast spørsmål ved om dette er ei næringsdrivande verksemd og om dette vil vere eit bedriftsretta tiltak.

Vedtaket som er gjort legg strenge føringar for kva midlane kan nyttast til. Midlane skal nyttast til *delfinansiering av flytande molo, samt asfaltering av eksisterande molo, samt til å anleggje gjestebrygge med god kapasitet.*

Slik rådmannen ser det er dette delvis i tråd med søknaden. Det vert i søknaden datert 24.09.2016 søkt om 4,1 millionar til flytande molo der 3,6 mill. kr. går til Astorplast og 500.000,- til dykkerfirma for fortøyningar.

Avsluttande kommentar:
Rådmannen vil avslutningsvis oppsummere dei problemstillingane som er drege opp i saka ovanfor.

1. Har Sindre Reite rettsleg klageinteresse i vedtaket?
    a. Dersom Sindre Reite ikkje har rettsleg klageinteresse, burde då saka vore avvist av komite for næring kultur og idrett 06.02.2017 då vilkåra for å behandle klagen ikkje var oppfylt?
2. Låg det føre «ny informasjon» i klagebehandlinga?
    a. Er ein reforhandla pris på prosjektet å rekne som «ny informasjon»?
    b. Dersom det ikkje låg førre «ny informasjon», skal vedtaket i komite for næring, kultur og idrett då vere avhengig av kven som møter på det aktuelle møtet?
    c. Kan komite for næring, kultur og idrett gjere vedtak om at det skal gjerast tiltak som ikkje står i søknaden?
3. Er Jensholmen Nord å rekne som i «næringsdrivande verksemd» med tanke på at det her skal byggast ut molo og båtplassar skal seljast vidare?
    a. Dersom Jensholmen Nord er å rekne som ei næringsdrivande verksemd vil vedtaket som vart gjort 06.02.2017, KN-sak 5/17, vere eit ugyldig vedtak då det strir i mot retningslina for bruk av RDA-midlar kap. VII nr. 6, 7 og 8?

Eg rår til at saka vert lagt fram for kontrollutvalet for vurdering.

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Ole Magne Rotevatn
Sakshandsamar

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 29.05.2017 13:32:47
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Melding om vedtak frå kontrollutvalet - sak 19/17 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT ØKONOMISK RAPPORTERING

Fra: Sigrid Torbjørnson [mailto:sigrid.torbjornson@vestkontroll.no]
Sendt: 24. mai 2017 15:24
Til: postmottak
Kopi: Arnulf Goksøyr; Olaus-Jon Kopperstad
Emne: HE - Utskrift møteprotokoll kontrollutvalet - HE 02-17 sak 19-17 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT ØKONOMISK RAPPORTERING

Hei!

Lagt ved er utskrift av protokoll frå kontrollutvalsmøtet 22.05.2017:
HE 02-17 sak 19-17 Forvaltningsrevisjonsrapport Økonomisk rapportering Herøy kommune,
og sjølve rapporten **Forvaltningsprosjekt Økonomisk rapportering Herøy kommune** (som er vedlegg og skal følgje med protokollutskrifta)

Skal til **kommunestyret** for behandling.

Med helsing

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Sigrid Aashild Torbjørnson
Konsulent

Tlf. 70 03 04 46/936 56 704
sigrid@vestkontroll.no



VEST KONTROLL

SEKRETARIAT FÖR KONTROLLFRÅGOR

U T S K R I F T

frå

M Ø T E PROTOKOLL

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Herøy kommune	19/17	217	22.05.2017

SAK 19/17 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT - ØKONOMISK RAPPORTERING – HERØY KOMMUNE.

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – **Økonomisk rapportering** - Herøy kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 14.02.2017).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
   1. Kommunen må sette i verk tiltak for å følgje opp økonomireglementet mht. månadsrapportering til formannskapet.
   2. Kommunen må rapportere på rekneskapsskjema 1A i budsjettkontrollrapportane slik at ein kan samanlikne rapporteringa direkte med vedteke budsjett og rekneskap.
   Kommunen må oppdatere økonomireglementet i høve gjeldande organisering (kap 2.2.2).
   3. Kommunen må vurdere å utarbeide ein felles mal for korleis dei verbale beskrivingane i budsjettkontrollrapportane skal utarbeidast, kva dei skal innehalde, og sikre at alle einingar/avdelingar rapporterar.
   4. Kommunen må utarbeide tilfredstillande rutinar for at meirinntekter som overstig rapporteringsgrensene i økonomireglementet, evt. mindreforbruk vert rapportert inn så raskt som råd slik at dei kan handsamast politisk.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **01.11.2017**.

Vedlegg
Forvaltningsrevisjonsprosjekt **Økonomisk rapportering** - **Herøy kommune.**
Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 14.02.2017.

Saksopplysningar

Vedtak for prosjektet
Kontrollutvalet i Herøy kommune gjorde i sak 24/15 PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJON – ØKONOMISK RAPPORTERING HERØY KOMMUNE vedtak om å få utført eit forvaltningsprosjekt Økonomisk rapportering Herøy kommune i samsvar med utarbeida prosjektplan datert 08.06.2015. Prosjektet skulle ta for seg den økonomiske rapporteringa og kvaliteten på denne. Investeringsrekneskapen er halden utanfor.
Det er avgrensa til å gjelde rapportering til kommunestyret, og offisielle tertialrapportar og revidert rekneskap.

Formålet med prosjektet er å sette søkelys på situasjonen i dag og peike på mulig forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemda, samt avdekke eventuelle manglar.

- MÅLSETTING

Målsettinga med prosjektet er å undersøke om kommunen har dekkande økonomisk rapportering og om kvaliteten var tilfredstillande. Vidare undersøkte ein budsjettstyring/budsjettkontroll.
Prosjektet er avgrensa til å gjelde driftsrekneskapen for 2015 der investeringsrekneskapen er halden utanfor. Det er vidare avgrensa til å gjelde rapportering til kommunestyret, der revisjonen har forhalde seg til offisielle tertialrapportar og revidert rekneskap.

Ein viser til rapporten Forvaltningsrevisjonsprosjekt – **Økonomisk rapportering** - **Herøy kommune**, som ligg ved.
I høve rapporten er formålet med økonomisk rapportering å sikre at den økonomiske utviklinga vert rapportert og avvik kommentert slik at administrasjon og politikarar kan sette i verk tiltak om naudsynt. Revisor peikar på at god økonomistyring krev at rapporteringa er påliteleg, presentert slik den gir oversikt, og kunne samanliknast med budsjettet jamfør budsjettvedtaket. Den krev hensiktsmessige strukturar, gode system, rutinar og samhandlingskultur, og i dette ligg god budsjettering, avviksvurdering, rapportering og evt. iverksetting av tiltak.

Rapportering:
Revisjonen tok utgangspunkt i tertialrapportering til kommunestyret, og desse rapportane vart vurderte opp i mot budsjett og årsrekneskap.

Budsjettstyring/budsjettkontroll:
Vidare er det gjort ei vurdering av budsjettstyringa til administrasjonen, dvs om budsjettet vert nytta som styringsverktøy opp mot planlagt aktivitet. Kontrollen i dette prosjektet er avgrensa til å vurdere avvik mellom prognose i tertialrapporteringane og årsrekneskap, samt korrigert budsjett og årsrekneskapen.

- PROBLEMSTILLINGAR

1. **Rapporterer administrasjonen til kommunestyret i samsvar med kommunelova og evt. interne retningsliner/reglement?**
2. **Er kvaliteten på økonomirapporteringa tilfredstillande?**
3. **Er budsjettstyringa/budsjettkontrollen tilfredstillande?**

Desse problemstillingane har revisjonen belyst i rapporten, med følgjande vurderingar og konklusjonar:

Problemstilling 1:

- **Rapporterer administrasjonen til kommunestyret i samsvar med kommunelova og evt. interne retningsliner/reglement?**

Revisjonen **vurderer** og **konkluderer** med (rapporten del 3, s.17-19):

Rapporteringsrutiner:
Herøy kommune har rutiner for rapportering som i stor grad stettar lov, forskrift og økonomireglement.

- Kommunen har for rekneskapsåret 2015 rapportert til **kommunestyret** etter vedtekne rutiner og rekneskapen har vore handsama innanfor kommunen sin eigen frist og kommunelova med tilhøyrande føreskrifter (1 juli).
- Månadsrapporteringa til **formannskapet** har vore mangelfull i 2015. Revisor anbefalar difor kommunen å sette i verk tiltak slik ein følgjer kommunen sitt økonomireglement.

Er rapportane informative:
Revisor viser til lov, føreskrifter og rettleiarar der det heiter at rapporteringa skal gjennomførast på det nivå som budsjettet er vedteke og minimum bestå av budsjett og rekneskap hittil i år, budsjett førre år og vedteke årsrekneskap i budsjettskjema 1A, og 1 B.

Revisjonen har funne at budsjettkontrollrapportane i 2015 ikkje er oppbygd på same mal som årsbudsjettet og rekneskapen i høve rekneskapsskjema 1A, men inneheld ei samantrukke økonomisk oversikt over drifta. Dette gjer det vanskeleg for brukaren

av budsjettkontrollrapportane å samanlikne rapportane med budsjett og årsrekneskapen.
Revisjonen meiner derfor at kommunen bør rapportere på rekneskapsskjema 1A slik det går fram av føreskrifter og rettleiarar.

I høve rekneskapsskjema 1B såg ein lik oppbygging.

Elles peikar revisor på at kommunen i økonomireglement har ei oversikt over avdelingar/ansvarsområde som gjeld for kommunen. Denne oversikta er ikkje i samsvar med organiseringa kommunen har i dag, og ein bør endre oversikta/reglementet til gjeldande organisering.

Verbale kommentarar:
Økonomirapportane har ein verbal kommentar utarbeida av einingsleiar/avdelingsleiar for kvar enkelt eining/avdeling.

Revisor anbefalar kommunen å utarbeide ein felles mal for dei verbale beskrivingane av den økonomiske situasjonen og kva emne/område avdelingsleiarane skal ha fokus på, då det er registrert at ulik kvalitet på dei verbale kommentarane og mangelfulle i nokre avdelingar.

Revisor peikar på at klare felles retningsliner på korleis det skal rapporterast er med på å gjere leiarane bevisste på den økonomiske situasjonen slik dei kan vurdere neventuelle tiltak og løysingar. Dette gjeld også i høve rapportering knytt til vedtak, teneste og prosjekt som kommunen legg fram i eigne tertialrapportar.

Vesentlege avvik – krav til tiltak:
Budsjettkontrollrapportar 2015 viser at vesentlege avvik i stor grad vert særskilt kommentert. Ved vesentlege avvik skal rådmannen foreslå tiltak, og revisor vurderer dette som delvis gjennomført.

Resultatmål:
Revisjonen finn at det i eigne tertialrapportar (ikkje budsjettkontrollrapportane) vert presentert resultatmål for dei ulike avdelingane. Måla er i stor grad konkrete og målbare i etterkant, og vil kunne gi kommunestyret informasjon om kva avdelingane jobbar mot, og er eit godt supplement til den økonomiske rapporteringa.

Problemstilling 2:

- **Er kvaliteten på økonomirapporteringa tilfredstillande?**

Revisjonen **vurderer** og **konkluderer** med (rapporten del 4, s.20-26):

Revisor har vurdert dette med utgangspunkt i tertialrapporteringa til kommunestyret med tilhøyrande prognoser og årsrekneskapen. Desse blei vurdert opp i mot budsjett og sluttrekneskap pr. 31.12.

På bakgrunn av budsjettkontrollrapportane og endeleg resultat/rekneskap **konkluderer** revisor med at budsjettrapporteringa i 2015 ikkje har vore tilfredstillande,- både totalt sett og innanfor enkelte avdelingar. Fleire av avdelingane fekk vesentleg mindreforbruk som kunne vore omprioritert og rammene justert.

Revisor viser til kommunen sitt økonomireglement der det heiter at kommunestyret sjølv skal utføre endringar i driftsbudsjettet dersom det oppstår meirinntekter. Slike budsjettendringar har i svært liten grad vore gjennomført.

Rapporten viser at ein gjennomgang av forventa mindreforbruk i budsjettkontrollrapportane pr. 1. tertial og 2. tertial, viser at det er svært få avdelingar som har rapportert inn dette. Enkelte avdelingar er flinke til å rapportere om forventa meirforbruk i høve kostnadar, men i liten grad rapporterer om forventa meirinntekter eller mindreforbruk. Dette er ikkje i tråd med kommunen sitt økonomireglement og forskrift om årsbudsjett om rapportering av vesentlege avvik til kommunestyret.

Revisor **anbefalar** at kommunen utarbeider tilfredstillande rutinar for at meirinntekter som overstig rapporteringsgrensene i økonomireglementet, vert rapportert inn så raskt som råd slik at dei kan handsamast politisk.

Problemstilling 3:

- **<u>Er budsjettstyringa/budsjettkontrollen tilfredstillande?</u>**

Revisjonen **vurderer** og **konkluderer** med (rapporten del 5, s.27- 32):

I 2015 hadde avdelingane (inklusiv overføringar og eksklusiv skatt, og finans) eit mindreforbruk på ca. 16,5 mill kroner. Dette utgjer ca 3,6% i mindreforbruk i forhold til budsjettet. Ein registrerte store forskjellar mellom dei ulike avdelingane.

Dei ulike utgiftene til avdelingane vart vurderte for å undersøke om desse var innanfor budsjett, eller evt. om det var meirforbruk.

Dei utgiftene som vart undersøkte var:

- Løn og sosial utgifter
- Kjøp varer/tenester eigenproduksjon (som inngår i kommunale tenester)
- kjøp av varer /tenester framandproduksjon (som erstattar kommunale tenester)
- Overføringsutgifter

Rapporten viser at fleire avdelingar viste større budsjettavvik i forhold til vedtekne kostnadsrammer i 2015, og ein såg få tiltak og/eller budsjettkorrigeringar til meirforbruket. Kapittel 5 i rapporten har detaljerte oversikter/tabellar av dei ulike utgiftene.

Revisor peikar på at dersom budsjettet skal vere eit styringsverktøy, så skal ein gjere administrative budsjettendringar i dei tilfella der meirinntekter (som ein etter reglementet kan disponere administrativt) finansierer meirforbruk på kostnadssida. Revisor meiner at budsjettdisiplinen og rapporteringa hos enkelte avdelingsleiarar ikkje har vore god nok.

- RÅDMANNEN SI TILBAKEMELDING

I rapporten del 7, side 33 kjem rådmannen med si tilbakemelding på forvaltningsrevisjonsrapporten:

Eg har ikkje fleire merknader utover at eg har tatt sikte på å legge fram eit revidert økonomireglement 1. halvår 2017.

Rett utskrift
Åram 23.mai.2017

Sigrid Aa. Torbjørnson
Konsulent

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Utskrift til: **Kommunestyret** - for behandling
Ordførar og rådmann – til orientering

Hareid Herøy Sande Ulstein Vanylven Volda Ørsta

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Økonomisk rapportering



HERØY KOMMUNE

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet –

Forord

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet; ***"Økonomisk rapportering – Herøy kommune".*** Prosjektet er utført i henhold til standard for forvaltningsrevisjon -RSK001.

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

" (…)Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette eit kritisk søkelys på dagens situasjon og peike på muligheiter for forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemd, samt avdekke eventuelle manglar.

Rapporten er utarbeida av Alf Marius Grønnevik, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil takke administrasjonen i Herøy kommune for nødvendig bistand i arbeidet med prosjektet.

Ulsteinvik, 14.02.17

Alf Marius Grønnevik

Forvaltningsrevisor

Innhold

SAMANDRAG 4
1 INNLEIING 8
1.2 Målsetting og problemstilling 8
1.3 Revisjonskriterium 9
1.3.1 Kommunelova 9
1.3.2 Forskrift om årsbudsjett 10
1.3.2 Økonomireglement Herøy kommune: 11
1.3.3 God forvaltningskikk 12
2 Metode og gjennomføring 13
2.1 Dokument 13
2.2 Verifisering av data 13
2.3 Avgrensing 13
3 Problemstilling 1 14
3.1. Fakta 14
3.1.1 Rapporteringsrutinar 14
3.1.2 Er rapportane informative 14
3.1.3 Verbale beskrivingar: 15
3.1.4 Vesentlege avvik 16
3.1.5 Resultatmål 16
3.2. Vurdering og konklusjon 17
3.2.1 Rapporteringsrutinar 17
3.2.2 Er rapportane informative 17
3.2.3 Verbale beskrivingar 18
3.2.4 Vesentlege avvik 18
3.2.5 Resultatmål 19
4 Problemstilling 2 20
4. 1 Innleiing: 20
4.2 Fakta – driftsrekneskapen pr. avdeling 20
4.2.1 Fakta 1.tertial 20
4.2.2 Fakta 2.tertial 23
4.2.2 Fakta - Samanstilling prognoser – årsresultat 25
4.2.3 Vurdering og konklusjon 26
5 Problemstilling 3 27
5.1 Fakta 27
5.2 Vurdering og konklusjon 32
6 Anbefalingar 32
7 Rådmannen sin kommentar 33

SAMANDRAG

Innleiing:
Kontrollutvalet i Herøy kommune gjorde i sak 24/15 vedtak om å få utført eit forvaltningsprosjekt knytt til den økonomiske rapporteringa, og kvaliteten i høve denne. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen har dekkande økonomisk rapportering og om kvaliteten var tilfredstillande. Det skulle vidare undersøkast budsjettstyringa/budsjettkontrollen. Rapporten er utarbeida i henhold til vedteken prosjektplan datert 08.06.15. Kontrollåret var 2015, då rekneskapen 2016 ikkje var avslutta.

1. Rapporterer administrasjonen til kommunestyret i samsvar med kommunelova og evt. interne retningslinjer/reglement?

Rapporteringsrutinar:
Kommunestyre
Det går fram av eige budsjettreglement og kommunelova med tilhøyrande budsjettforskrifter § 10 at administrasjonen skal legge fram rapport for kommunestyret minst 2 gongar pr. år. I kommunen sitt økonomireglement går det fram at i løpet av året skal kommunestyret handsame tertialrapport pr. 30 april, tertialrapport pr. 31.august og årsrekneskapen innan 1. juli.

Gjennomgangen av dokumentasjonen for rapportering til kommunestyret viser at administrasjonen har rapportert to gongar i 2015 og rekneskapen blei behandla i kommunestyret 22.06.16. Kommunen har for rekneskapsåret 2015 rapportert etter dei vedtekne rutinane og rekneskapen har vore handsama innanfor kommunen sin eigen frist og kommunelova med tilhøyrande føreskrifter (1 juli).

Formannskap
Det gjekk fram av økonomireglementet til kommunen at i tillegg til dei to hovudrapporteringane til kommunestyret skal det leggjast fram månadlege budsjettkontrollrapportar 7-9 gongar pr år. Ein registrerte at det har vore presentert 4 budsjettkontrollrapportar i 2015 der to av desse var tertialrapportar. Månadsrapporteringa har derfor vore mangelfull i 2015. Kommunen bør derfor sette i verk tiltak for å få på plass fleire rapporteringar kring månadsrapportering slik at ein følgjer kommunen sitt økonomreglement.

Herøy kommune har rapporteringsrutinar som i stor grad stettar lov, forskrift og økonomireglement.

Er rapportane informative:
Budsjettkontrollrapportane i 2015 er likt oppbygd og inneheld først verbal tilbakemelding frå områda/avdelinga med ei tabellarisk framstilling av økonomisk oversikt drift på hovudpostnivå og rekneskapsskjema 1B som er ei økonomisk oversikt på

einings/avdelingsnivå. Deretter inneheld rapportane bl.a. ei verbal prognose ved årslutt der meir og mindreforbruk vert oppsummert, i tillegg til at konsekvensar for drift og økonomi vert belyst. På begge tertialrapportane er det lagt ved skjema frå budsjettmodul og verbal kommentar frå einingsleiarane/avdelingsleiar.

Rapporteringa skal gi relevant, påliteleg og forståelig informasjon og skal vise oppnåing og avvik sett i forhold til dei mål og premissar som er vedteke i årsbudsjettet. Ein registrerar at budsjettkontrollrapportane i 2015 ikkje er oppbygd på same mal som årsbudsjettet og rekneskapen i høve rekneskapsskjema 1A , men inneheld ei samantrekt økonomisk oversikt over drifta. Dette gjer det vanskeleg for brukaren av budsjettkontrollrapportane å samanlikne rapportane med budsjett og årsrekneskapen. I høve rekneskapsskjema 1B såg ein lik oppbygging.

I følgje lov, føreskrifter og rettleiarar skal rapporteringa gjennomførast på det nivå som budsjettet er vedteke og minimum bestå av budsjett og rekneskap hittil i år, budsjett førre år og vedteke årsrekneskap i budsjettskjema 1A, og 1 B. Revisjonen meiner derfor at kommunen bør rapportere på rekneskapsskjema 1A slik det går fram av føreskrifter og rettleiarar.

Kommunen har i sitt økonomireglement ei oversikt over avdelingar/ansvarsområder som gjeld for kommunen. Denne oversikta er ikkje i samsvar med organiseringa kommunen har i dag, og ein bør endre denne oversikta/reglementet til gjeldande organisering.

Verbale kommentarar:
Økonomirapportane har ein verbal kommentar utarbeida av einingsleiar/avdelingsleiar for kvar enkelt eining/avdeling. Ein registrerte forskjellig kvalitet på dei verbale kommentarane til kvar enkelt avdeling i budsjettkontrollrapportane, og enkelte avdelingar hadde ikkje rapportert i det heile. Kommunen bør derfor utarbeide ein felles mal for korleis den verbale beskrivingane av den økonomiske situasjonen skal utarbeidast og kva emne/område avdelingsleiarane skal ha fokus på. Klare felles retningslinjer på korleis det skal rapporterast er også med på å gjere leiarane beviste på den økonomiske situasjonen og å få dei til å vurdere tiltak og løysingar der dette er behov. Dette gjeld også i høve rapportering knytt til vedtak, teneste og prosjekt som kommunen legg fram i eigne tertialrapportar.

Vesentlege avvik – krav til tiltak:
Det går fram av kommunen sitt økonomireglement kapittel 6.1 at "*I tertialrapportane skal det gå fram om verksemda vert halden innanfor dei vedtekne budsjettrammene. Dersom det ikkje er tilfelle må det setjast i verk tiltak for å vinne attende budsjettbalansen*».

Budsjettkontrollrapportane2015 viser at vesentlege avvik blir i stor grad kommentert særskilt, då det er signalisert vesentleg avvik og meirforbruk i begge budsjettkontrollrapportane som gjekk til kommunestyret. I første tertialrapport blei det ikkje foreslått tiltak frå administrasjonen, og kommunestyret vedtok ikkje noko tiltak i høve meirforbruket. I andre tertialrapport blei det foreslått å stramme inn på tilsetting og

vikarbruk. Ved vesentlege avvik skal rådmannen foreslå tiltak, og vi vurderer dette som delvis gjennomført.

Resultatmål:
Det vert presentert resultatmål for dei ulike avdelingane i eigne tertialrapportar (ikkje budsjettkontrollrapportane). Måla er i stor grad konkrete og målbare i etterkant. Resultatmåla vil kunne gi kommunestyret informasjon om kva avdelingane jobbar mot, og er eit godt supplement til den økonomiske rapporteringa.

2. Korleis er kvaliteten på den økonomiske rapporteringa?

For å vurdere kvaliteten på den økonomiske rapporteringa tok ein utgangspunkt i tertialrapporteringa til kommunestyret med tilhøyrande prognoser og årsrekneskapen. Desse blei vurdert opp i mot budsjett og sluttrekneskap pr. 31.12. Tabellen nedanfor viser sum avdelingar eksklusiv skatt/ramme/finans (sjå side 26 for detaljert tabell). Negativt tal er overforbruk, medan positivt tal er mindreforbruk.

Avdelingar	Prognose 1 tertial	Prognose 2 tertial	Resultat rekneskap/budsjett 31.12	Avvik prognose 2 tertial/resultat
Sum	**-700 000**	**1 650 000**	**16 525 366**	**13 175 837**

I prognose 1.tertial meldte avdelingane totalt ca 700 000 kr i meirforbruk, pr. 2. tertial meldte dei ca. 1,65 mill kr i mindreforbruk, sak fram lagt (29.09.15 i formannskapet og 19.11.15 i kommunestyret. Endelig resultat viste eit mindreforbruk på ca heile 16,5 mill kr eksl. skatt /ramme/finans.

På bakgrunn av budsjettkontrollrapportane og endeleg resultat/rekneskap må ein konkludere med at budsjettrapporteringa i 2015 ikkje har vore tilfredstillande både totalt sett og innanfor enkelte avdelingar, då fleire av avdelingane fekk vesentleg mindreforbruk som kunne vore omprioritert og rammene justert. Det går fram av kommunen sitt økonomireglement at kommunestyret skal sjølv utføre endringar i driftsbudsjettet dersom det oppstår meirinntekter, slike budsjettendringar har i svært liten grad vore gjennomført.

Kommunen bør utarbeide tilfredstillande rutinar for at meirinntekter som overstig rapporteringsgrensene i økonomireglementet, vert rapportert inn så raskt som råd slik at dei kan handsamast politisk. Når ein går i gjennom budsjettkontrollrapportane er det svært få avdelingar som har rapportert inn forventa mindreforbruk både pr. 1. tertial og 2. tertial. Det går fram både i kommunen sitt økonomireglement og forskrift om årsbudsjett at ved vesentlege avvik skal administrasjonssjefen rapportere til kommunestyre og det skal settast i verk tiltak. Det kan virke som at enkelte avdelingar er flinke til å rapportere om forventa meirforbruk i høve kostnadar, medan i liten grad rapporterer om forventa meirinntekter eller mindreforbruk.

3. Er budsjettstyringa/budsjettkontrollen tilfredstillande?

I 2015 hadde avdelingane (inklusiv overføringar og eksklusiv skatt, og finans) eit mindreforbruk på ca. 16,5 mill kroner. Dette utgjer ca 3,6% i mindreforbruk i forhold til budsjettet. Ein registrerte store forskjellar mellom dei ulike avdelingane. 12 av avdelingane hadde mindre avvik (0-5%), 3 av avdelingane hadde større avvik (5-10%) og 4 av avdelingane hadde svært store avvik (over 10%) i rapportert mindreforbruk. Det er ikkje undersøkt om mindreforbruket er som ei følgje av meirinntekter som skulle vore til politisk handsaming, eller reelt mindreforbruk.

Det vart vurdert dei ulike utgiftene til avdelingane for å undersøke om desse var innanfor budsjettet eller evt. om det var meirforbruk. Dei utgiftene som vart undersøkte var:

- Løn og sosial utgifter
- Kjøp varer/tenester eigenproduksjon (som inngår i kommunale tenester)
- kjøp av varer /tenester framandproduksjon (som erstattar kommunale tenester)
- Overføringsutgifter

Fleire av kommunen sine avdelingar viste større budsjettavvik i forhold til vedtekne kostnadsrammer i 2015 og ein såg få tiltak, og/eller budsjettkorrigeringar i samband med meirforbruket (sjå kap 5 for detaljerte oversikter/tabellar av dei ulike utgiftene).

I dei tilfelle det er meirforbruk på kostnadssida som er finansiert med meirinntekter som etter reglementet kan disponerast administrativt, skal det gjennomførast administrative budsjettendringar. Dette er spesielt viktig dersom budsjettet skal vere eit styringsverktøy. Budsjettdisiplinen og rapporteringa hos enkelte avdelingsleiarar har derfor ikkje vore god nok.

Anbefalingar

1. Kommunen bør sette i verk tiltak for å følgje opp økonomireglementet mht. månadsrapportering til formannskapet.

2. Kommunen bør rapportere på rekneskapsskjema 1A i budsjettkontrollrapportane slik at ein kan samanlikne rapporteringa direkte med vedteke budsjett og rekneskap.

3. Kommunen bør oppdatere økonomireglementet i høve gjeldande organisering (kap 2.2.2).

4. Kommunen bør vurdere å utarbeide ein felles mal for korleis dei verbale beskrivingane i budsjettkontrollrapportane skal utarbeidast, kva dei skal innehalde, og sikre at alle einingar/avdelingar rapporterer.

5. Kommunen bør utarbeide tilfredstillande rutinar slik at meirinntekter som overstig rapporteringsgrensene i økonomireglementet, evt. mindreforbruk vert rapportert inn så raskt som råd slik at dei kan handsamast politisk.

1 INNLEIING

Kontrollutvalet i Herøy kommune gjorde i sak 24/15 vedtak om å få utført eit forvaltningsprosjekt vedkomande den økonomiske rapporteringa og kvaliteten i høve denne. Føremålet med økonomisk rapportering er å sikre at den økonomiske utviklinga vert rapportert og avvik kommentert slik at administrasjon og politikarane kan sette i verk tiltak om naudsynt. Rapporten er utarbeida i henhold til vedteken prosjektplan datert 08.06.15.

1.2 Målsetting og problemstilling

Målsettinga med prosjektet er å undersøke om kommunen har dekkande økonomisk rapportering og om kvaliteten er tilfredstillande. Det skal vidare undersøkast budsjettstyringa/budsjettkontrollen. Ein organisasjon har ulikt rapporteringsinnhald avhengig av rapporteringsnivået, og intern rapportering vil vere meir detaljert enn til politisk nivå. Men det er viktig at grunnlagsdata for rapporteringa er korrekte og ajourførte for å unngå å trekke feil slutningar.

Rapportering:
God økonomistyring krev at rapporteringa er påliteleg og den må vere presentert på ein oversikteleg måte, og samanliknbart med det vedtekne budsjettet jfr budsjettvedtaket. Det er tertialrapportering til kommunestyret som er utgangspunkt, og desse rapportane blei vurdert opp i mot budsjett og årsrekneskap.

Budsjettstyring/budsjettkontroll:

Vidare har ein vurdert budsjettstyringa til administrasjonen, dvs om budsjettet vert nytta som styringsverktøy opp mot planlagt aktivitet. God økonomistyring krev hensiktsmessige strukturar, gode system, rutinar og samhandlingskultur, og i dette ligg god budsjettering, avviksvurdering, rapportering og evt. iverksetting av tiltak.

Kontrollen i dette prosjektet er avgrensa til å vurdere avvik mellom prognose i tertialrapporteringane og årsrekneskap, samt korrigert budsjett og årsrekneskapen.

Følgjande problemstillingar blei utarbeida:

1. **Rapporterer administrasjonen til kommunestyret i samsvar med kommunelova og evt. interne retningslinjer/reglement?**
2. **Er kvaliteten på økonomirapporteringa tilfredstillande?**
3. **Er budsjettstyringa/budsjettkontrollen tilfredstillande?**

1.3 Revisjonskriterium

Informasjon som er innhenta vert vurdert opp mot ulike revisjonskriterium i form av lover, forskrifter, reglement og andre relevante kommunale vedtak og retningsliner. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

Sentrale retningslinjer/lovverk i samband med økonomistyring og budsjettoppfølging vil vere:

Kommunelova:

- *§ 23. Administrasjonssjefens oppgaver og myndighet..*
- *§ 46. Årsbudsjettets innhold.*
- *§ 47. Årsbudsjettets bindende virkning.*

Forskrift om årsbudsjett:

- *§ 6. Årsbudsjettets innhold og inndeling*
- *§ 10. Budsjettstyring*
- *§ 11. Endringer i årsbudsjettet*
- *§ 12. Økonomiske oversikter*

Forskrift om årsregnskap og årsberetning
Økonomireglement Herøy kommune
GKRS (god kommunal rekneskapskikk)

1.3.1 Kommunelova

Kommunelova

Formålet med lova er å legge forholda til rette for eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre, og for ein rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteresser innanfor ramma av det nasjonale fellesskap og med sikte på ei bærekraftig utvikling.

KL §23 omhandlar administrasjonssjefen sine oppgåver og myndigheit.
Administrasjonssjefen er den overordna leiaren for den kommunale administrasjonen. Administrasjonssjefen skal sjå etter at dei saker som blir lagt fram for dei folkevalte organ er forsvarleg utreda og at vedtak blir gjennomført.

KL §46 nr 4: Årsbudsjettet skal vere stilt opp på ein oversikteleg måte. Kommunestyre eller fylkestinget sine prioriteringar, samt dei målsettingar og premisser som årsbudsjettet bygg på, skal kome tydeleg fram.

KL §46 nr 8: Departementet har med dette punktet opna for å gi nærmare reglar om årsbudsjett og innstilling til årsbudsjettet. I desse reglane kan det bli stilt krav om oversikt over inntekter og utgifter for kommunen sin samla verksemd.

Kommunelova § 47 nr 1 og 2 :

«1. Kommunestyrets eller fylkestingets bevilgninger i årsbudsjettet er bindende for underordnede organer. Dette gjelder ikke for utbetalinger kommunen eller fylkeskommunen er rettslig forpliktet til å foreta, jf. § 46 nr. 1 tredje punktum.

2. Skjer det endringer i løpet av budsjettåret som kan få betydning for de inntekter og utgifter som årsbudsjettet bygger på, skal administrasjonssjefen, kommunerådets leder eller fylkesrådets leder gi melding til kommunestyret eller fylkestinget.

Kommunelova sett krav til administrasjonssjefen (rådmann) om å legge fram sak for kommunestyret ved vesentlig avvik mellom budsjett og rekneskap. Han skal gi tilbakemelding til kommunestyret ved endringar i budsjettet i løpet av året som kan få innverknad på dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet bygger på.

Lova stiller ikkje direkte krav til økonomisk rapportering til faste tider, men det går fram av kommentardelen til kommunelova, henvisning til Ot.prp nr 43 at det skal rapporterast kvartalsvis, tertial eller adhock. Det er opp til kommunestyret å bestemme kor ofte rapporteringa skal skje.

1.3.2 Forskrift om årsbudsjett

Forskrifta vart gjort gjeldande for kommunar og fylkeskommunar frå 1. januar 2001, med visse unntak for kommunale føretak.

BF § 6: Omhandlar innhald og inndeling av årsbudsjettet. Det er og stilt krav til opplysning om grunnleggande prinsipp for årsbudsjettet.

BF § 10: Omhandlar budsjettstyring. Her går det klart fram at det er administrasjonssjefen/rådmannen som gjennom budsjettåret skal legge fram rapportar til kommunestyret som viser utviklinga i inntekter og innbetalingar og utgifter og utbetalingar i samsvar til det vedtekne årsbudsjettet. Kommentardelen krev at det vert rapportert jamt og minst 2 gongar i året. Dersom administrasjonssjefen finn grunn til å tru at det kan oppstå nemneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportane til kommunestyret foreslåast nødvendige tiltak.

Forskrifta § 10 kan oppsummerast slik:

- Rådmannen skal gjennom budsjettåret rapportere utviklinga i inntekter og utgifter i forhold til budsjettet.
- Rådmannen skal rapportere nevneverdige avvik frå budsjettet.
- Rådmannen skal foreslå tiltak.
- Føreslegne tiltak skal tas inn i rapport til kommunestyret.

BF § 11: Krev at kommunestyret gjer endringar i årsbudsjettet når forholda tilseier det.

BF § 12: Økonomiske oversikter

Kommunen og fylkeskommunen skal utarbeide økonomiske oversikter over typer av inntekter, innbetalinger og bruk av avsetninger, samt utgifter, utbetalinger og avsetninger. De økonomiske oversiktene skal bygge på de samme føresetnadane som det vedtekne årsbudsjettet.

De økonomiske oversiktene skal stillast opp i henhold til vedlegg 3 og 4 til denne forskrifta.

1.3.2 Økonomireglement Herøy kommune:

I kapittel 2 i økonomireglementet går det fram korleis økonomiplanen skal setjast opp og utarbeidast. Det går bl.a. fram at:

Utarbeidast etter ein fastsatt mal som bygg på avdelingane sine rekneskap for det føregåande året. Kommunestyret skal vedta driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet på avdelingsområdet iht. obligatorisk oppstilling, jfr. budsjettforeskrifta vedlegg 1a, 2 og 4.

I kommunen sitt økonomireglement går det fram avdelingar og ansvarsområder som kommunen opererer under og som økonomiplan og årsbudsjettet skal utarbeidast etter.

I kapittel 6 i kommunen sitt økonomireglement går det fram informasjon om rapportering:

6.1 Periodisk rapportering

I løpet av året skal kommunestyret handsame følgjande rekneskapsrapportar:

1. *Tertialrapport pr. 30 april*
2. *Tertialrapport pr 31.august*
3. *Årsrekneskapen handsamast innan 1. juli.*
4. *Rapportering til formannskap og utval kvar månad*

I tertialrapportane skal det gå fram om verksemda vert halden innafor dei vedtekne budsjettrammene. Dersom det ikkje er tilfelle må det setjast i verk tiltak for å vinne attende budsjettballansen.

6.2 Årsrapport

Årsrapporten skal arbeidast ut i samsvar med kommunelova § 48 nr 5. Årsrapporten skal handsamast saman med årsrekneskapen og innan 1. juli året etter. Årsrapporten skal arbeidast ut av ansvarleg for kvart ansvarsområde. Hovudvekta skal leggjast på å samanlikne oppnådde resultat med måla i årsbudsjettet og økonomiplanen. I tillegg legg ein vekt på å vurdere utviklinga i kommunen over tid (tidsserieanalyser, bruk KOSTRA- nøkkeltal der dei er tilgjengelege).

Årsrapporten skal i tillegg innehalde:

- *Opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen*
- *Informasjon om kommunen si tenesteyting*
- *Tilhøve som er viktig for å bedømme kommunen si stilling og resultatet av verksemda*

- *Tilhøve som gjeld usikre tilhøve i rekneskapen*
- *Ekstraordinære tilhøve*
- *Viktige hendingar som har kome til etter at rekneskapsåret er slutt*
- *Andre tilhøve som er særs viktige*

2.3.1 Kommunestyret sin kompetanse Drift:
Kommunestyret sjølv skal utføre endringar i driftsbudsjettet dersom det oppstår meirinntekter på

- *5,0% eller meir på avdelingar /ansvarsområder som har eit brutto inntektsbudsjett som er lågare enn 15,0 mill kr.*
- *3,0% eller meir på avdelingar/ansvarsområder som har eit brutto inntektsbudsjett på meir enn 15,0 mill kr.*

Ein treng ikkje å leggje fram sak om budsjettendring for kommunestyret dersom meirinntektene er mindre enn 100 000 kr pr. ansvarsområde.

1.3.3 God forvaltningskikk

I tillegg til alle lover og forskrifter som omhandlar saksbehandling finst det uskrivne krav til god forvaltningskikk. Eit grunnkrav er at saksbehandlinga skal være forsvarlig.

Oppsummert:

- Rådmannen har ansvar for at saker som vert lagt fram for folkevalte organ er forsvarleg utgreia og at vedtak vert gjennomført
- Årsbudsjett og tertialrapportar skal vere stilt opp på ein oversiktelig måte og i Herøy kommune sitt økonomireglement går det fram at dei skal utarbeidast etter fastsatt mal som går fram av reglementet.
- Årsbudsjett skal innehalde oversikt over inntekter og utgifter for kommunen si samla verksemd
- Skjer det endringar i løpet av budsjettåret som har betyding for dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet bygg på skal det skal kommunestyret få beskjed om dette, og det skal gjennomførast nødvendige tiltak
- Det skal rapporterast om den økonomiske utviklinga minst to gonger pr. år. Økonomirapportar skal rapporterast kvartalsvis, tertial eller adhoc. (Herøy nyttar tertial rapportering til kommunestyret).
- Rapporteringa i høve føreskriftene skal innehalde drift- og investeringsrekneskap, budsjettskjema 1A,1B og 2A og 2B , og på same nivå som budsjettvedtaket, samt vurdering av mål og premisser knytt til midlane som kommunestyret sett til disposisjon.

2 Metode og gjennomføring

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane. Vi vil basere oss på analyse av relevante dokument, evt. korrespondanse med administrasjonen og samtaler/ intervju ved behov.

2.1 Dokument

Dei viktigaste dokumenta vi har undersøkt er:

- Tertialrapportar (sak til kommunestyret)
- Årsmeldingar
- Driftsrekneskap
- Økonomireglement Herøy kommune
- Kommunelova
- Forskrift om årsbudsjett
- Forskrift om årsregnskap og årsberetning
- Informasjon innhenta frå leiinga

2.2 Verifisering av data

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon, oversendt rådmannen for uttale 17.02.17, i dette ligg og stadfesting av faktabeskrivinga.

2.3 Avgrensing

Prosjektet er avgrensa til å gjelde driftsrekneskapen for 2015, då rekneskapen for 2016 ikkje er avslutta. Investeringsrekneskapen er halde utanfor. Det er vidare avgrensa til å gjelde rapportering til kommunestyret. Vi forheld oss til offisielle tertialrapportar og revidert rekneskap.

3 Problemstilling 1

Rapporterer administrasjonen til kommunestyret i samsvar med kommunelova og evt. interne retningslinjer/reglement?:

3.1. Fakta

3.1.1 Rapporteringsrutinar

I følgje økonomi reglementet skal administrasjonen legge fram for kommunestyret følgjande rekneskapsrapportar: Tertialrapport pr. 30. april og pr. 31.august, årsrekneskapen innan 1. juli. I tillegg til dei to hovudrapporteringane til kommunestyret skal det leggjast fram månadlege budsjettkontrollrapportar 7-9 gongar pr. år.

Tertialrapportane skal vise om verksemda/aktiviteten vert halden innafor dei vedtekne budsjettrammene. Dersom det ikkje er tilfelle, må det setjast i verk tiltak for å vinne attende budsjettbalansen.

Budsjett for 2015 vart vedteke i kommunestyret 17.12.2014, sak 166/14. Økonomiske tertialrapportane kalla budsjettkontrollrapportar, vart behandla i kommunestyret 25.06.2015 (sak 77/15) - 1. Budsjettkontroll pr. 30.04.2015. 2. Budsjettkontroll pr. 31.08.2015, vart behandla i kommunestyret 19.11.2015 (sak 125/15). Årsrekneskapen 2015 vart behandla 22.06.16 (sak 94/16).

Revisjonen har gjennomgått alle møteprotokollar i formannskapet i 2015 for å undersøkje om det vert presentert månadsrapportar til politisk behandling. Ein registrerte at det har vore presentert 4 budsjettkontrollrapportar i 2015 (pr 31.03, 30.04, 31.08 og 30.09).

3.1.2 Er rapportane informative

Føremålet med rapporteringa er å gi politikarane og andre brukarar eit reelt bilde av kommunen sin status både når det gjeld grad eventuelle økonomiske avvik, evt. tiltak og informasjon om måloppnåing i forhold til planlagt aktivitet. Sistnemnte går fram av eigne rapportar som blir kalla tertialrapportar i Herøy kommune.

Budsjettkontrollrapportane i 2015 er likt oppbygd og inneheld først verbal tilbakemelding frå områda/avdelingane med ei tabellarisk framstilling av økonomisk oversikt drift på hovudpostnivå og rekneskapsskjema 1B som er ei økonomisk oversikt på einings/avdelingsnivå. Deretter inneheld rapporten bl.a. ei verbal prognose ved årslutt der meir og mindreforbruk vert oppsummert, i tillegg til at konsekvensar for drift og økonomi vert belyst. På begge tertialrapportane er det lagt ved skjema frå budsjettmodul og verbal kommentar frå einingsleiarane/sektorleiarane.

I kommunen sitt økonomireglement kap. 2.2.2 går det fram ei oversikt over avdelingar /ansvarsområder innanfor kommunen. Det går vidare fram at økonomiplanen og årsbudsjettet skal utarbeidast etter fastsett mal. Denne malen som går fram i

økonomireglementet, skil seg på enkelte områder frå ansvara og områda som årsbudsjettet, budsjettkontrollrapportane og årsrekneskapen i 2015 er rapportert på.

Periodisering
I budsjettkontrollrapportane vert rekneskapen vurdert opp i mot periodisert budsjett, som er totalbudsjettet fordelt på bakgrunn av antal månadar. Alle ordinære driftskostnadar vert fordelt med lik prosentsats gjennom året dvs. 8,33%. Fastlønna er budsjettert med lik sats i alle månadane bortsett i frå juni der kostnaden er redusert (feriepengar vert utbetalt denne månaden).

Ved periodeslutt/stenging av registreringsperiode i høve tertialrapportering kan det ligge føre betydeleg med fakturaer «ute» i systemet som ikkje er oppdaterte/registrerte, og dette vil variere frå periode til periode. I samband med budsjettkontrollrapportane (rapportering pr. 30/4 og 31/8) har ein undersøkt om det låg fakturaer ute i systemet som ikkje var registrerte på rapporteringstidspunktet (sjå oversikta nedanfor). Ein kontrollerte kostnadskontoane (11000-14999) og heldt inntektskontoane utanfor, men det kan nemnast at i høve inntektskontoane var det store inntekter i form av husleige og refusjonar (spesielt knytt til sjukepengar).

Fakturaer på gjeldande periode som ikkje var registrert på rapporteringstidspunktet:

Bilag:	2015
30/04	Ca 500 000kr
31/08	Ca 110 000kr

Gjennomgangen viste at det låg berre ca. 500 000 kr i fakturaer som ikkje var teke med i perioden til første budsjettkontrollrapport. Det skal nemnast at ca. 320 000 kr av desse var knytt til ei teneste. Til siste budsjettkontrollrapport var det ca. 110 000 kr i ikkje registrerte fakturaer. Dette fordelte seg ganske jamt på dei ulike avdelingane og innanfor kvar enkelt avdeling/funksjon utgjorde ikkje dette noko beløp av betyding.

3.1.3 Verbale beskrivingar:

Økonomirapportane har ein verbal kommentar utarbeida av einingsleiar/avdelingsleiar for kvar enkelt eining/avdeling. Ein registrerar store forskjellar mellom einingane på korleis den verbale beskrivinga er bygd opp og kva dei har fokus på. Det er ikkje utarbeida retningslinjer som omhandlar kvar og korleis einingsleiarane skal rapportere (kva som bør ha fokus og vere med i dei verbale kommentarane). Dette gjer at kvaliteten på dei verbale beskrivingane varierer stort. Enkelte avdelingar har ein detaljert beskriving av kostnadsprognoser og avvik, medan andre avdelingar ikkje har kommentert noko i det heile. I første budsjettkontroll var det 2 avdelingar/einingar som ikkje hadde rapportert, medan i andre budsjettkontroll var det 1 avdeling som ikkje hadde rapportert.

3.1.4 Vesentlege avvik

Det går fram av kommunen sitt økonomireglement kapittel 6.1 at "*I tertialrapportane skal det gå fram om verksemda vert halden innanfor dei vedtekne budsjettrammene. Dersom det ikkje er tilfelle må det setjast i verk tiltak for å vinne attende budsjettbalansen*».

Undersøking av budsjettkontrollrapportane 2015 viser at vesentlege avvik blei i stor grad kommentert særskilt.

I rapporten pr. 30.04.15 blei det signalisert eit overforbruk på ca 9 mill kr, der 8,3 mill gjaldt skatt/ramme/finans, dvs 0,7 mill i meirforbruk på avdelingane samla, der ei avdeling signaliserte meirforbruk på ca 300`og ei anna på 400`. Det var ikkje gjort vurderingar eller forslag til innsparingar/tiltak i denne rapporten. I vedtaket til budsjettkontrollrapporten (PS 77/15) blei rapporten i punkt 1 teken til vitande og i punkt 2 gjekk det fram at «*Ein må jobbe kontinuerleg med kostnadskontrollen framover*». Det var derfor ikkje gjennomført konkrete vedtak knytt til tiltak i høve det signaliserte meirforbruket.

I rapporten pr. 31.08.15 blei det signalisert eit mindreforbruk på 1,65 mill kr på avdelingane, men det blei i tillegg signalisert negativ aksjeavkasting, men og skissert innsparingskrav på vakante stillingar på 8,75 mill kr. I tillegg var det antyda usikkerheit til rente og avdragskostnadane totalt kunne dette utgjere mellom 10 og 16 mill kr.

Kommunestyret vedtok å innskjerpe vikarbruken i vedtaket til budsjettkontrollrapporten pr. 31.08. der det blei stans av all vikarbruk der det ikkje blei vurdert som heilt uforsvarleg. Ein registrerte derimot at formannskapet har i første halvår behandla fleire saker kring vikarbruk og tilsetting og det kan derfor sjå ut som at kommunen har hatt fokus og følgt opp tiltaket kring tilsettingsstopp og vikarbruk i formannskapet.

3.1.5 Resultatmål

Herøy kommune har satsa på å rapportere hovudmål og resultatmål for dei ulike avdelingane. Dette går fram av årsbudsjett og økonomiplan og tertialrapportane (ikkje budsjettkontrollrapportane). Resultatmåla vert vidare presentert i tertialrapportane med kommentar om kva som vert gjort for å nå måla og om ein forventar å nå dei i løpet av året. Resultatmåla er i stor grad konkrete og praktiske. Dette gjer dei fleste målbare i etterkant.

Rapportering av resultatmål er etter vårt skjøn ein viktig informasjon og vil kunne vere forklarande til kva som skjer i avdelingane og som kan supplere det rekneskapstala ikkje kan fortelje kommunestyret. Samtidig vil resultatmåla fortelje i verbal form kva kommunen får ut av dei pengane dei puttar inn i budsjettet for kvar enkelt avdeling og om midlane er tilstrekkelig til dei oppgåver som er vedtekne.

3.2. Vurdering og konklusjon

3.2.1 Rapporteringsrutinar

Saker til kommunestyret viser at administrasjonen har rapportert to gongar i 2015 og rekneskapen blei behandla i kommunestyret 22.06.16.Kommunen sitt økonomireglement inneheld bestemmelsar for at det skal rapporterast tertialvis. Vidare går det fram at rapportane skal innehalde informasjon om verksemda vert halden innafor dei vedtekne budsjettrammene, og at i dei tilfelle dette ikkje er mogeleg skal det leggast fram tiltak. Utover dette inneheld ikkje reglementet meir informasjon om korleis den økonomiske rapporteringa skal gjennomførast

Det gjekk fram av økonomireglementet til kommunen at i tillegg til dei to hovudrapporteringane til kommunestyret skal det leggjast fram månadlege budsjettkontrollrapportar 7-9 gongar pr år. Ein registrerte at det har vore presentert 4 budsjettkontrollrapportar i 2015 der to av desse var tertialrapportar. Månadsrapporteringa har derfor vore mangelfull i 2015. Kommunen bør derfor sette i verk tiltak for å få på plass fleire rapporteringar kring månadsrapportering slik at ein følgjer kommunen sitt økonomreglement.

Utover dette vurderer ein at kommunen har for rekneskapsåret 2015 rapportert etter dei vedtekne rutinane og rekneskapen har vore handsama innanfor kommunen sin eigen frist og kommunelova med tilhøyrande føreskrifter (1 juli).

3.2.2 Er rapportane informative

Periodisk rapportering bør gjennomførast etter same mal som årsbudsjettet er vedteke på, i hht. årsbudsjettføreskrifta, og som årsrekneskapet skal leggast fram på. Rapporteringa bør i høve føreskriftene innehalde drift- og investeringsrekneskap, budsjettskjema 1A,1B, 2A og 2B , samt vurdering av mål og premisser knytt til midlane som kommunestyret har stilt til disposisjon. Det bør også lagast prognoser og avviksanalyser i rapportane. Fleire kommunar har utarbeida prosedyrebeskrivingar for korleis rapporteringa skal gjennomførast. Dette går fram i Herøy kommune sitt økonomireglement. Det går derimot ikkje fram av økonomireglementet kva økonomirapportane skal innehalde og at informasjonen skal uttrykkast på ein forståeleg måte, noko som er nødvendig for at mottakarane skal kunne gi ei samla vurderinga av det som blir presentert.

Kvalitetskravet om pålitelegheit er knytt til at rapporteringa skal vere i samsvar med faktiske forhold og gi eit heilskapleg og korrekt bilde. Feil i grunnlagsdata eller manglande oppdatering av desse (for eksempel manglande registrering av vedtekne budsjettreguleringar, vil undergrave rapportane sin pålitelegheit.

Revisor vurderer at kravet om at rapporteringa skal gi relevant, påliteleg og forståelig informasjon og skal vise oppnåing og avvik sett i forhold til dei mål og premissar som er vedteke i årsbudsjettet er oppfylt i nokon grad. Dette blir grunngjeve i at ein registrerar at

budsjettkontrollrapportane ikkje er oppbygd på same mal som årsbudsjettet og rekneskapen i høve rekneskapsskjema 1A (men inneheld ei samantrekt økonomisk oversikt over drifta). Dette gjer det vanskeleg mottakarane av budsjettkontrollrapportane å samanlikne rapportane med budsjett og årsrekneskapen.

På bakgrunn av lov, føreskrifter og rettleiarar skal rapporteringa gjennomførast på det nivå som budsjettet er vedteke og minimum bestå av budsjett og rekneskap hittil i år, budsjett førre år og vedteke årsrekneskap i budsjettskjema 1A, og 1 B. Revisjonen meiner derfor at kommunen bør rapportere på rekneskapsskjema 1A slik det går fram av føreskrifter og rettleiarar.

Kommunen har i sitt økonomireglement ført opp ei oversikt over avdelingar/ansvarsområder som kommunen opererer under. Denne oversikta er ikkje i samsvar med organiseringa kommunen har i dag, og ein bør vurdere å endre denne oversikta til gjeldande organisering.

3.2.3 Verbale beskrivingar

Ein registrerte forskjellig kvalitet på dei verbale kommentarane til kvar enkelt avdeling i budsjettkontrollrapportane, og enkelte avdelingar hadde ikkje rapportert i det heile. Kommunen bør derfor utarbeide ein felles mal for korleis dei verbale beskrivingane av den økonomiske situasjonen skal utarbeidast og kva emne/område avdelingsleiarane skal ha fokus på. Klare felles retningslinjer på korleis det skal rapporterast er også med på å gjere leiarane beviste på den økonomiske situasjonen og å få dei til å vurdere tiltak og løysingar. Dette gjeld også i høve rapportering knytt til vedtak, teneste og prosjekt som kommunen legg fram i eigne tertialrapportar.

3.2.4 Vesentlege avvik

Kommunen har signaliserte avvik og meir/mindreforbruk i begge budsjettkontrollrapportane som gjekk til kommunestyret. I 1. tertialrapport blei det ikkje foreslått tiltak frå administrasjonen, og kommunestyret vedtok ikkje noko tiltak i høve meirforbruket. I 2. tertialrapport blei det foreslått å stramme inn på tilsetting og vikarbruk. Om ein vurderer dette direkte opp i mot føreskrifta om årsbudsjett skal rådmannen gjennom budsjettåret rapportere utviklinga i inntekter og utgifter i forhold til budsjettet, i tillegg til at nemneverdige avvik skal rapporterast. Revisjonen vurderer det slik at administrasjonen har følgt rettleiar på desse områda.

Ved vesentlege avvik skal rådmannen også foreslå tiltak og tiltaka skal gå til kommunestyret. Revisjonen vurderer dette som delvis følgt opp, då ein ikkje registrerte forslag til tiltak pr. 1. tertial, men at dette blei gjort i 2. tertialrapport.

Kommunen har i 2015 hatt ei oppfølging over tilsetting og vikarbruk, spesielt ser ein fleire saker kring dette behandla formannskapet første halvår 2015. Det skal derimot nemnast at mykje av overforbruket skuldast diverse utfordringar i høve skatt og finans (negativ aksjeavkastning), og avdelingane har hatt relativt god kontroll på drifta si. Ein ser derfor at

det kan ha vore utfordrande for administrasjonen å finne konkrete tiltak som kunne påverke situasjonen i tilstrekkeleg grad.

3.2.5 Resultatmål

Det vert presentert resultatmål for dei ulike avdelingane i tertialrapportane. Måla er i stor grad konkrete og målbare i etterkant. Resultatmåla vil kunne gi kommunestyret informasjon om kva avdelingane jobbar mot, og er eit godt supplement til den økonomiske rapporteringa.

4 Problemstilling 2

Korleis er kvaliteten på den økonomiske rapporteringa?

4. 1 Innleiing:

Ein har gått igjennom budsjettkontrollrapportane for 2015 og undersøkt avdelingane sine rammer. Det er vurdert kor gode prognoser administrasjonen har utarbeida for dei ulike einingane og økonomiske rammer (kor flinke avdelingane er til å forutsjå om ein vil gå i balanse). Budsjettkontrollrapportane har vore behandla i kommunestyret. Dei forskjellige økonomiske rammene vert vurdert pr. eining/avdeling.

4.2 Fakta – driftsrekneskapen pr. avdeling

4.2.1 Fakta 1.tertial

Det er teke utgangspunkt i det vedtekne godkjente rekneskapet og tertialrapporteringa til kommunestyret med prognoser. Prognosane blei så vurdert opp mot avviket mellom budsjett og rekneskap pr 31.12.

I budsjettkontrollrapportane er budsjettala periodiserte og tilsvarer ca 4/12 (33%) av opprinnelig budsjett pr. 1.tertial og 8/12 (66%) pr. 2. tertial. Eit jamt forbruksmønster er ikkje nødvendigvis samsvarande med dei registrerte utgifter, og rekneskapstala treng difor ikkje å samsvare med periodiserte budsjettala.

1. budsjettkontrollrapport

Netto driftsutgifter pr. avdeling	R 30.04	Budsjett periodisert	Avvik i kr	Avvik i %	Verbal prognose
Polistisk leiing	1 238	1 343	-105	-8	Balanse
Adm.leiing	1 986	1 438	548	38	Balanse
Servicetorget	1 086	1 156	-70	-6	Balanse
Fellessekreteriatet	978	757	221	29	Balanse
Økonomiavdelinga	2 002	1 954	48	2	Balanse
Pers. og org.	4 750	2 755	1 995	72	-400 000
IKT-avdeling	1 631	1 761	-130	-7	Balanse
Overføringar	-3 711	2 991	-6 702	-224	Balanse
Barnehageavdelinga	27 115	21 638	5 477	25	Balanse
Skuleavdelinga	39 364	37 723	1 641	4	Balanse (usikker)
Avd. Familie og Helse	13 006	13 029	-23	0	Balanse (usikker)
Pleie og omsorgsavd	37 155	36 496	659	2	Balanse
Bu- og habiliteringsavd	12 857	13 122	-265	-2	Balanse
Sosial og flyktn (NAV)	3 611	3 268	343	10	-300 000
Kulturavdelinga	4 007	2 934	1 073	37	Balanse
Utvik. Avd	2 611	2 019	592	29	Balanse (usikker)
Anlegg og drift	5 018	5 536	-518	-9	Balanse
Eigedomsavd	7 337	5 855	1 482	25	Balanse
Samhandl.ref	-975	2	-977	-48850	Balanse
Skatt, ramme, finans etc	-156 163	-151 068	-5 095	3	8-10 mill kr

1.tertial signaliserte kommunen eit overforbruk på om lag 9 millionar i inkl. skatt/ramme /finans. Ved fleire av avdelingane registrerte ein større avvik mellom periodisert budsjett og rekneskapen. Fleire av avdelingane rapporterte at dette skuldast inntekter som ikkje er rekneskapsført og interne overføringar. Til saman meldte 17 av 20 avdelingane at dei mest truleg vil vere i balanse ved årets slutt. Ut i frå dei verbale kommentarane er det knytt spesielt usikkerheit til tre av avdelingane.

Nedanfor går det fram hovudelementa frå dei verbale kommentarane til dei ulike avdelingane:

Politisk leiing viser eit mindreforbruk på 105 000 kr i forhold til periodisert budsjett. Det er kommentert i rapporten at det ikkje er grunn til å tru at det blir vesentlege avvik på ansvaret i året.

Administrativ leiing viser eit meirforbruk pr 30.04 på 548 000kr i forhold til periodisert budsjett. Det går fram av budsjettkontrollrapporten at avviket skuldast ein er på etterskot med refusjonar og tilskot, og på bakgrunn av dette forventar ein at avdelinga vil vere i balanse ved årsskiftet.

Servicetorget har eit ubetydeleg mindreforbruk i forhold til periodisert budsjett (- 70 000 kr), det vert kommentert at avdelinga mest truleg vil halde ramma ein har fått tildelt.

Fellessekretariatet viser eit meirforbruk (221 000kr) og skuldast i all hovudsak lønsutgifter knytt til valet. Avdelinga si prognose ved årets slutt er at ein vil gå i balanse.

Økonomiavdelinga viser eit meirforbruk på 48 000 kr, avdelinga hevdar at dette skuldast at ein manglar litt inntekter i høve refusjon sjukeløn. Ein forventar at avdelinga skal gå i balanse ved årets slutt.

Personal- og organisasjonsavdelinga viser eit overforbruk på ca 2 mill kr. Overforbruket skuldast i stor grad høge lønskostnadar og at utgifter og inntekter ikkje er korrekt periodisert. Avdelinga forventa eit overforbruk i løpet av året på ca 400-500 000kr.

IKT viser eit mindre forbruk på ca 130 000kr pr 30.04. Avdelinga forventa balanse ved årets slutt.

Overføringar viser eit mindreforbruk på 6 mill kr. Mindreforbruket skuldast i stor grad at kommunen har fått utbetalt meir RDA midlar frå staten enn det ein har betalt ut.

Barnehagar hadde eit meirforbruk på nesten 5,5 mill kr. Avviket skuldast i stor grad feil periodisering av kommunale tilskot til private barnehagar . Det er utbetalt ca 1,5 mill kr mindre i tilskot til private barnehagar og kommunen sine private barnehagar har klaga på dette vedtaket. Det er derfor knytt usikkerheit til dette. Utover dette forventar ein i stor grad balanse ved årets slutt.

Skuleavdelinga hadde eit overforbruk på ca 1,65 mill kr. Avviket skuldast i hovudsak lønsutgifter som er høgare enn budsjettert. Avdelinga rapporterte at det ikkje låg ann til mindreforbruk ved slutten av året.

Barn, familie og helse avdelinga hadde mindreforbruk på ca 29 000 kr i høve budsjettet. Det vert rapportert om at barnevernet også ligg på eit akseptabelt nivå, men at det er knytt stor økonomisk usikkerheit til enkeltsaker som kan påvirke rekneskapen

Pleie og omsorgsavdelinga har eit meirforbruk på ca 660 000 kr pr 1 tertial. Avdelinga har ei målsetting om å halde budsjettramma.

Bu- og habiliteringsavdelinga hadde eit mindreforbruk på 265 000 kr i forhold til periodisert og at det vert rapportert om at ein har som mål å halde budsjettet.

Sosial og flyktning (NAV) Viser eit overforbruk på ca 343 000kr i forhold til periodisert budsjett samla sett. Sosialtenesta hadde eit overforbruk på 941 973 kr og største delen av dette var knytt til overforbruk på økonomisk sosialhjelp. Flyktningtenesta hadde eit mindreforbruk på 683 986 kr. Avdelinga rapporterte om forventa mindreforbruk på ca 300 000 kr ved årets slutt.

Kulturavdelinga viser eit meirforbruk pr 1. tertial på 1 073 000kr. Meirforbruket skuldast i stor grad manglande inntektsføring. Med omsyn til dette forventar avdelingaa å gå i balanse ved slutten av året.

Anleggs- og driftsavdelinga viser eit underforbruk på ca 600 000 kr. Dette skuldast i hovudsak inntekter som ikkje er rekneskapsførte (bla. eigedomsinntekter vert fakturert 2 gongar pr år og kan medføre tildes store avvik mellom inntekter og utgifter alt etter kor mykje av inntektene som er fakturert til ei kvar tid.

Eigedomsavdelinga hadde eit meirforbruk 146 341kr, men reknar med å vere i balanse ved årets slutt. Overforbruket skuldast låge salsinntekter og lisensar som vert belasta i starten av året og som gjer periodiseringa feil.

Samhandlingsreforma viser dei øyremerka tilskota for heile 2015, og desse er mykje høgare enn kostnadane ein har hatt på området hittil i år. Ansvarsområdet vil uansett ende i 0 ved årsslutt.

Skatt, ramme, finans, tilskot er det knytt stor usikkerheit til og pr 1 tertial viser rekneskapet ca 5 mill kr i lågare inntekter enn budsjettert. Skatteinntektene var om lag 7,7 mill kr lågare enn budsjettert pr 30.04. Ein estimerar mindre inntekter på området på om lag 8,5 mill kr.

4.2.2 Fakta 2.tertial

Pr. 31.08. signaliserte kommunen eit overforbruk på mellom 8,3 – 14,3millionar kr. Ved fleire av avdelingane registrerte ein større avvik mellom periodisert budsjett og rekneskapen. Fleire av avdelingane rapporterar at dette skuldast inntekter som ikkje er rekneskapsført og interne overføringar. Til saman rapporterte 12 av 20 avdelingane at dei mest truleg vil vere i balanse ved årets slutt. 5 avdelingar meldte om mindreforbruk og 3 meldte om overforbruk. Oversikta går fram nedanfor (negative tal i verbal prognose betyr overforbruk). Vidare går hovudbodskapen til kvar enkelt avdeling under tabellen.

Netto driftsutgifter pr. avdeling	R 31.08	Budsjett periodisert	Avvik i kr	Avvik i %	Verbal prognose
Polistisk leiing	2 689 000	2 686 000	3 000	0	Balanse
Adm.leiing	3 486 000	2 581 000	905 000	35	150 000
Servicetorget	1 866 000	2 094 000	-228 000	-11	125 000
Fellessekreteriatet	1 610 000	1 422 000	188 000	13	Balanse
Økonomiavdelinga	3 467 000	3 597 000	-130 000	-4	125 000
Pers. og org.	6 124 000	5 201 000	923 000	18	Balanse
IKT-avdeling	2 680 000	3 389 000	-709 000	-21	Balanse
Overføringar	884 000	6 148 000	-5 264 000	-86	Balanse
Barnehageavdelinga	43 657 000	42 217 000	1 440 000	3	-1 500 000
Skuleavdelinga	69 926 000	68 892 000	1 034 000	2	Balanse
Avd. Familie og Helse	24 636 000	24 707 000	-71 000	0	Balanse
Pleie og omsorgsavd	66 875 000	67 209 000	-334 000	0	Balanse
Bu- og habiliteringsavd	22 946 000	23 988 000	-1 042 000	-4	1 000 000
Sosial og flyktn (NAV)	6 964 000	6 214 000	750 000	12	Balanse
Kulturavdelinga	5 667 000	5 445 000	222 000	4	-250 000
Utvik. Avd	4 351 000	3 639 000	712 000	20	1 000 000
Anlegg og drift	12 706 000	10 099 000	2 607 000	26	1 000 000
Eigedomsavd	13 881 000	11 252 000	2 629 000	23	Balanse
Samhandl.ref	-905000	-6000	-899 000	14983	Balanse
Skatt, ramme, finans etc	-301 533 000	-302 421 000	888 000	0	-10-16 mill kr

Politisk leiing viser eit marginalt meirforbruk på 3 000 kr pr. 31.08. Ein forventar at avdelinga vil vere i balanse ved årets slutt.

Administrativ leiing viser eit meirforbruk pr. 31.08 på ca 900 000 kr. Det blei rapportert om at det låg an til eit mindreforbruk på 150 000kr innanfor ansvaret folkehelse. Dei andre ansvara forventa balanse og det låg derfor til eit mindreforbruk på 150 000kr totalt sett.

Servicetorget viser eit mindreforbruk på 228 000 kr pr. 31.08. Avdelinga forventa eit mindreforbruk på ca 100 000 kr ved slutten av året.

Fellessekreteriatet viser eit mindreforbruk på 188 000 kr pr. 2 tertial og avdelinga si prognose ved årets slutt er at ein skal gå i balanse.

Økonomiavdelinga hadde eit mindreforbruk på ca 130 000kr pr. 31.08. avdelinga har utfordringar med sjukmeldingar og manglande innleige av vikar som har resultert i høge flexi saldoar på enkelte tilsette. Kommunen forventar eit underforbruk på over 100 000 kr ved årets slutt.

Personal og organisasjonsavdelinga viser eit meirforbruk på 923 000 kr. Det store avviket skuldast i stor grad betaling av store fakturaer som gjeld for fleire terminar. Avdelinga reknar med å vere i balanse ved slutten av året.

IKT-avdelinga viser eit underforbruk på 709 000 kr. Ein forventa ikkje nokon store avvik i høve utgifter for året.

Overføringar hadde eit mindreforbruk på over 5 mill kr. Det store avviket skuldast utgiftsføring og aktivisering av RDA- midlar. Ein forventa at området går i balanse ved årets slutt.

Barnehageavdelinga viser pr. 2 tertial eit meirforbruk på ca 1,44 mill kr og skuldast feil periodisering i høve kommunale tilskot. Avdelinga reknar eit meirforbruk på ca 1,5 mill kr pga. etterrekning på tilskot og redusert betaling for barnehageplass.

Skuleavdelinga hadde eit overforbruk på ca 1 mill kr i høve periodisert budsjett pr 31.08. Eininga forventar og halde ramma og gå i balanse ved slutten av året.

Pleie og omsorgsavdelinga hadde eit underforbruk på 334 000kr pr. 31.08. Avdelinga rapporterte om at ein låg betre ann i høve lønsutgifter no samanlikna med året før og dette skuldast aktiv sparing av vikarar. Avdelinga jobbar mot å gå i balanse ved årets slutt.

Bu- og habiliteringsavdelinga hadde eit mindreforbruk på 1 042 000 pr. 31.08. Dette skuldast i all hovudsak feil periodisering av kvartalsvise innsparingar og innsparing på vakanse i heimetenesta. Avdelinga forventar eit «overskot» på ca 1 000 000 kr ved utgangen av året.

Sosial og flyktning (NAV) Ikkje rapportert.

Kulturavdelinga viser eit overforbruk pr. 2 tertial på 222 000 kr. Det vert rapportert om at meirforbruket i stor grad skuldast feil periodisering, og noko meirforbruk på lønskostnadar. Prognosane for kulturavdelinga tyder på eit meirforbruk på 250 000kr. Avviket skuldast dobbeltføring av sponsorinntekter i 2014 og meirforbruk knytt til drifta av konserthuset pga. lågare billettinntekter enn budsjettert.

Utviklingsavdelinga viser eit meirforbruk på ca 712 000 kr. Det blei rapportert om at totalsituasjonen til avdelinga er god og at ein forventar ca 1 mill kr i mindreforbruk ved årets slutt.

Anlegg- og driftsavdelinga viste pr 31.08 eit overforbruk på ca 2,6 mill kr**.** Eininga forventar på årsbasis ei innsparing på ca 600 000kr i på løn og ca 400 000kr på på drifta.

Eigedomsavdelinga hadde eit overforbruk på ca 2,6 mill kr pr 2 tertial og skuldast i stor grad feil periodisering av utgifter og inntekter. Totalt for avdelinga forventar ein å gå i balanse ve slutten av året, om det ikkje oppstår uforutsette kostnadar knytt til den kommunale bygningsmassen.

Brann og redning har eit meirforbruk pr. 1 tertial på ca 1,5 mill kr. Det vert rapportert om at på overordna nivå ligg avdelinga an til å halde ramma for 2015, men på dei ulike ansvarsområda vil ein måtte gå gjennom detaljbudsjetteringa for å få eit meir korrekt budsjett og rekneskap.

Samhandlingsreforma ikkje rapportert

Skatt, ramme, finans, tilskot er det knytt stor usikkerheit til og avdelinga forventa eit samla meirforbruk på mellom 10 og 16 mill kr. Dette overforbruket er knytt i stor grad til skatt/ramme, innsparingskrav i høve vakante stillingar, dårleg aksjeavkastning og rente og avdragskostnadar.

4.2.2 Fakta - Samanstilling prognoser – årsresultat

Tabellen nedanfor syner dei ulike avdelingane sine prognoser 1. og 2. tertial og avvik mellom prognose og årsresultatet. Skatt/ ramme/finans-området er halde utanfor i denne samanlikninga, då målet med kontrollen er å vurdere einingsleiarane sin kvalitet på rapporteringa. Negative tal betyr meirforbruk i tabellen.

Avdeling	Prognose 1 tertial	Prognose 2 tertial	Resultat rekneskap/budsjett 31.12	Avvik prognose 2 tertial/resultat
Polistisk leiing	Balanse	Balanse (0)	-114 589	-114 589
Adm.leiing	Balanse	150000	3 344	146 656
Servicetorget	Balanse	125000	597 743	472 743
Fellessekreteriatet	Balanse	Balanse (0)	544	-544
Økonomiavdelinga	Balanse	125000	629 619	504 619
Pers. og org.	-400 000	Balanse (0)	315 541	315 541
IKT-avdeling	Balanse	Balanse (0)	10 496	10 496
Overføringar	Balanse	Balanse (0)	844 516	844 516
Barnehageavdelinga	Balanse	-1500000	402 481	1 902 481
Skuleavdelinga	Balanse (usikker)	Balanse (0)	2 104 421	2 104 421
Avd. Familie og Helse	Balanse (usikker)	Balanse (0)	128 154	128 154
Pleie og omsorgsavd	Balanse	Balanse (0)	5 891 273	5 891 273
Bu- og habiliteringsavd	Balanse	1000000	2 911 200	1 911 200
Sosial og flyktn (NAV)	-300 000	Balanse (0)	1 762 071	1 762 071
Kulturavdelinga	Balanse	-250000	-205 364	-44 636
Utvik. Avd	Balanse (usikker)	1000000	2 021 799	1 021 799
Anlegg og drift	Balanse	1000000	-733 271	-1 733 271
Eigedomsavd	Balanse	Balanse (0)	-44 612	-44 612
Samhandl.ref	Balanse	Balanse (0)	0	0
Sum	**-700 000**	**1 650 000**	**16 525 366**	**13 175 837**

Når ein samanliknar prognose for 1. og 2. tertial mot endelig resultat på dei ulike avdelingane registrerar ein store forskjellar i kvaliteten på rapporteringa gjennom året. Dei aller fleste avdelingane fekk mindreforbruk i høve budsjettet, der enkelte avdelingar hadde

det ein vil karakterisere som vesentleg avvik i forhold til rapporterte prognoser i budsjettkontrollrapportane. Ser ein dette i samanheng med at fleire av desse avdelingane meldte om balanse pr. 31.08 kan ein stille spørsmål ved om enkelte av innsparingane/meirinntektene var kjent på rapporteringstidspunktet.

Som nemnt ovanfor var der fleire avdelingar som hadde dårlig kvalitet på rapporteringa, der ein såg større avvik mellom forventa og endelig resultat. Barnehageavdelinga meldte om forventa meirforbruk på 1,5 mill kr, men fekk eit mindreforbruk på 0,4 mill, eit avvik på ca 1,9 mill kr i forhold til prognosen. Skuleavdelinga rapporterte om å gå i balanse pr. 31.08, men fekk eit mindreforbruk på ca. 2,1 mill kr. Pleie og omsorgsavdelinga rapporterte om balanse, men gjekk eit mindreforbruk på ca. 5,9 mill kr i forhold til eiga prognose. Bu- og habiliteringsavdelinga rapporterte om eit forventa mindreforbruk på ca. 1 mill kr, medan det reelle mindreforbruket blei ca. 2,9 mill kr noko som er eit avvik på ca 1,9 mill kr i forhold til rapportert prognose. Sosial og flyktning (NAV) rapporterte om balanse, men fekk eit mindreforbruk på ca. 1,76 mil kr. Utviklingsavdelinga rapporterte om at ein forventa eit mindreforbruk på ca. 1 mill kr, medan avdelinga fekk eit mindreforbruk på ca. 2 mill kr (avvik på ca 1 mill kr). Anlegg og driftsavdelinga rapporterte om eit mindreforbruk på ca. 1 mill kr, men fekk eit meirforbruk på 0,7 mill kr.

4.2.3 Vurdering og konklusjon

Budsjettrapporteringa i 2015 har ikkje vore tilfredstillande, då fleire av avdelingane fekk betydeleg mindreforbruk som kunne vore omprioritert og rammene justerte. Budsjettkontrollrapportane viser at det er svært få avdelingar som har rapportert inn forventa mindreforbruk i høve tildelt ramme både pr. 1. tertial og 2. tertial.

Det går fram av kommunen sitt økonomireglement at kommunestyret skal sjølv utføre endringar i driftsbudsjettet dersom det oppstår meirinntekter, og slike budsjettendringar har i svært liten grad vore gjennomført. Kommunen bør utarbeide tilfredstillande rutinar for å sikre at meirinntekter som overstig rapporteringsgrensene i økonomireglementet, vert rapportert inn så raskt som råd slik at dei kan handsamast politisk.

Det går fram krav både i kommunen sitt økonomireglement og forskrift om årsbudsjett at ved vesentlege avvik skal administrasjonssjefen rapportere til kommunestyre og det skal evt. settast i verk tiltak. Det kan virke som at enkelte avdelingar er flinke til å rapportere om forventa meirforbruk i høve kostnadar, medan ein i liten grad rapporterer om forventa mindreforbruk. Det er derfor viktig at administrasjonen følgjer opp avdelingsleiarane i høve denne problemstillinga. Det er og viktig at rutinane vert skjerpa slik at alle einingar rapporterer.

5 Problemstilling 3

Er budsjettstyringa/budsjettkontrollen tilfredstillande ?

5.1 Fakta

I 2015 hadde avdelingane inklusiv overføringar og eksklusiv skatt/ramme og finans eit mindreforbruk på ca. på 16,5 mill kroner. Dette utgjer ca. 3,6 % i mindreforbruk i forhold til budsjettet. Som det går fram av tabellen nedanfor er det store forskjellar mellom dei ulike avdelingane. 12 av avdelingane hadde mindre avvik (0-5%), 3 av avdelingane hadde avvik (5-10%) og 4 av avdelingane hadde svært store avvik (over 10%). Budsjettstyringa/disiplinen hos enkelte avdelingsleiarar har derfor ikkje vore god nok. Tabellen nedanfor viser avvika mellom rekneskap og revidert budsjett både i kr og i %. Raude tal er meirforbruk, medan svarte tal er mindreforbruk i høve budsjett.

Avdeling	Rekneskap	Revidert budsjett	Avvik	Avvik i %
Polistisk leiing	4 145 679	4 031 090	114 589	2,8
Adm.leiing	4 114 707	4 118 051	3 344	0,1
Servicetorget	2 725 660	3 323 403	597 743	18,0
Fellessekreteriatet	2 209 721	2 210 265	544	0,0
Økonomiavdelinga	5 025 665	5 655 284	629 619	11,1
Pers. og org.	7 745 803	8 061 344	315 541	3,9
IKT-avdeling	5 185 582	5 196 078	10 496	0,2
Overføringar	8 382 020	9 226 536	844 516	9,2
Barnehageavdelinga	63 825 391	64 227 872	402 481	0,6
Skuleavdelinga	106 707 849	108 812 270	2 104 421	1,9
Avd. Familie og Helse	38 067 148	38 195 302	128 154	0,3
Pleie og omsorgsavd	99 756 715	105 647 988	5 891 273	5,6
Bu- og habiliteringsavd	34 955 364	37 866 564	2 911 200	7,7
Sosial og flyktn (NAV)	7 831 010	9 593 081	1 762 071	18,4
Kulturavdelinga	8 727 196	8 521 832	205 364	2,4
Utvik. Avd	3 770 482	5 792 281	2 021 799	34,9
Anlegg og drift	16 693 959	15 960 688	733 271	4,6
Eigedomsavd	17 320 234	17 275 622	44 612	0,3
Samhandl.ref	-902 775	-902 775	0	0,0
SUM	**436 287 410**	**452 812 776**	16 525 366	3,6

Ein har vidare sett på utgiftene til avdelingane for å undersøke kvar dei evt. har meirforbruket. Dei utgiftene ein har undersøkt er:

- Løn og sosial utgifter
- Kjøp varer/tenester eigenproduksjon (som inngår i kommunale tenester)
- kjøp av varer /tenester framandproduksjon (som erstattar kommunale tenester)
- Overføringsutgifter

Lønn og sosiale utgifter

Oversikta nedanfor viser løn og sosiale utgifter. Tabellen er utarbeida på bakgrunn av rekneskapstal henta i frå rekneskapssystemet Agresso. Fastløn er hovudsakeleg knytt til kontoane 10100-10199, medan variabel løn er hovudsakeleg knytt til kontoane 10200-10899. Sosiale utgifter er knytt til 10900-10999. På enkelte av avdelingane markert med stjerne har ein kommentert enkelte føringar (sjå under tabellen).

	Rekneskap					Revidert budsjett					Avvik budsjett									
	Fastløn	Variabel løn	Sosiale utg	Ref. sjukeløn	Netto lønskost	Fastløn	Variabel løn	Sosiale utg	Ref. sjukeløn	Netto lønskost	Fastløn	%	Variabel løn	%	Sosiale utg	%	Ref. sjukeløn	%	Netto lønskost	%
Folkevalde *	1 147 013	1 126 449	543 153		2 816 615	1 159 966	989 457	579 181	0	2 728 604	12 953	1	-136 992	-14	36 028	6	0	0	-88 011	0
Administrativ leiing	3 458 270	9 896	1 127 802	-516 087	5 112 055	3 509 639	385 400	1 262 925	-488 900	5 646 864	51 369	1	375 504	97	135 123	11	27 187	-6	534 809	9
Servicetorget	2 367 190	-3 773	828 790	-69 872	3 262 078	2 592 840	69 900	966 691	-69 900	3 699 331	225 650	9	73 673	105	137 901	14	-28	0	437 253	12
Fellessekretariatet	1 185 476	22 303	423 624		1 631 402	1 089 018	35 875	411 472	0	1 536 365	-96 458	-9	13 572	38	-12 152	-3	0	0	-95 037	-6
Økonomiavdeling	3 679 542	88 955	1 250 746	-306 439	5 325 683	3 708 081	371 625	1 396 932	-305 000	5 781 638	28 539	1	282 670	76	146 186	10	1 439	-0	455 955	8
Personal- og org. Avdelinga*	5 112 458	18 581	1 519 575	-218 566	6 869 181	5 128 252	192 325	1 319 107	-187 200	6 826 884	15 794	0	173 744	90	-200 468	-15	31 366	-17	-42 297	-1
Informasjonsteknologi	1 807 908	116 620	606 945	-347 261	2 878 734	1 727 609	115 000	717 223	-345 000	2 904 832	-80 299	-5	-1 620	-1	110 278	15	2 261	-1	26 098	1
Overføringar	0	13 320	1 878		15 198	0	23 575	3 921	0	27 496	0	0	10 255	43	2 043	52	0	0	12 298	45
Barnehagar	11 880 748	1 848 272	4 600 365	-1 322 229	19 651 614	12 776 531	1 763 901	5 144 770	-1 317 000	21 002 202	895 783	7	-84 371	-5	544 405	11	5 229	-0	1 350 588	6
Grunnskular,PPT,Kulturskulen.	**80 381 623**	**4 274 884**	**23 535 297**	**-4 542 175**	**112 733 979**	**78 378 098**	**3 880 375**	**25 185 791**	**-4 565 000**	**112 009 264**	**-2 003 525**	**-3**	**-394 509**	**-10**	**1 650 494**	**7**	**-22 825**	**0**	**-724 715**	**-1**
Barn, familie og helse*	15 735 195	3 758 031	6 002 581	-722 938	26 218 745	16 093 682	5 155 777	6 933 506	-700 000	28 882 965	358 487	2	1 397 746	27	930 925	13	22 938	-3	2 664 220	9
Pleie og omsorgsavdelinga	**63 308 116**	**20 907 604**	**27 031 655**	**-6 016 801**	**117 264 175**	**68 846 022**	**17 846 789**	**30 869 873**	**-5 957 600**	**123 520 284**	**5 537 906**	**8**	**-3 060 815**	**-17**	**3 838 218**	**12**	**59 201**	**-1**	**6 256 109**	**5**
Bu- og habiliteringsavdelinga*	**24 757 261**	**9 685 220**	**10 717 873**	**-3 077 819**	**48 238 173**	**27 230 486**	**8 850 343**	**12 570 475**	**-3 034 800**	**51 686 104**	**2 473 225**	**9**	**-834 877**	**-9**	**1 852 602**	**15**	**43 019**	**-1**	**3 447 931**	**7**
Sosial og flyktning	**4 273 853**	**2 328 447**	**1 515 914**	**-593 960**	**8 712 174**	**3 856 011**	**3 985 958**	**1 767 014**	**-588 500**	**10 197 483**	**-417 842**	**-11**	**1 657 511**	**42**	**251 100**	**14**	**5 460**	**-1**	**1 485 309**	**15**
Kulturavdelinga	4 663 402	1 217 809	1 843 105	-75 436	7 799 751	5 044 591	1 059 815	2 159 554	-30 100	8 294 060	381 189	8	-157 994	-15	316 449	15	45 336	-151	494 309	6
Utviklingsavdelinga	4 598 674	7 768	1 566 252	-584 148	6 756 842	4 760 302	608 250	1 794 957	-552 900	7 716 409	161 628	3	600 482	99	228 705	13	31 248	-6	959 567	12
Anleggs- og driftsavdelinga	**10 567 677**	**844 230**	**3 762 982**	**-246 479**	**15 421 368**	**11 577 137**	**1 141 592**	**4 498 975**	**-244 000**	**17 461 704**	**1 009 460**	**9**	**297 362**	**26**	**735 993**	**16**	**2 479**	**-1**	**2 040 336**	**12**
Eigedomsavdelinga*	**11 478 565**	**2 026 392**	**4 142 606**	**-1 325 199**	**18 972 762**	**13 111 328**	**1 721 984**	**5 213 811**	**-1 278 500**	**21 325 623**	**1 632 763**	**12**	**-304 408**	**-18**	**1 071 205**	**21**	**46 699**	**-4**	**2 352 861**	**11**
Ø-hjelp, mottak	131 337	5 272	47 236	-8 194	192 039	127 832	61 500	66 850	0	256 182	-3 505	-3	56 228	91	19 614	29	8 194	**0**	64 143	**25**
Skatt, ramme, finans, tilskot	0	0	-9 130 059		-9 130 059	1 399 125	0	-10 192 600	0	-8 793 475	1 399 125	100	0	0	-1 062 541	10	0	**0**	336 584	-4
SUM	250 534 306	48 296 279	81 938 320	-19 973 603	400 742 508	262 116 550	48 259 441	92 670 428	-19 664 400	422 710 819	11 582 244	4	-36 838	-0	10 732 108	12	309 203	-2	21 968 311	**5**

*Innanfor folkevalde er løn til ordførar og varaordførar lagt under fastløn, medan møtegodtgjersle og tapt arbeidsgodtgjersle går fram under variabel løn.

* Innanfor personal og org. Avdelinga utgjer lønn lærlingar nesten 1,2 mill kr og er ført mot fastløn

*Innanfor barn,familie og helse inngår arbeidsgodtgjersle for støttekontakt, avlastning og fosterheim

*Innanfor bu og habilitering ligg arbeidsgodtgjersle for avlastning og støttekontakt under variabel løn

* Innanfor eigedomsavdelinga inngår lønskostnadar knytt til reinhaldarar under fastløn

Avdelinga for grunnskule, PPT og kulturskulen hadde over 2 mill kr i meirforbruk i høve fastløn, medan ein hadde ca. 1,6 mill kr i mindreforbruk i høve sosiale utgifter. Pleie og omsorgsavdelinga hadde eit mindreforbruk på ca. 5,5 mill kr i høve fastløn og ca. 3,8 mill kr i mindreforbruk i høve sosiale utgifter, medan dei hadde ca. 3 mill kr i meirforbruk i høve variabel løn. Bu- og habiliteringavdelinga hadde 2,4 mill kr i mindreforbruk i fastløn og ca. 1,85 mill mindreforbruk i høve sosial utgifter. Avdelinga hadde ca. 0,83 mill kr meirforbruk i høve variabel løn. Anleggs- og driftsavdelinga hadde ca. 1 mill kr i mindreforbruk i fastløn og

ca 0,7 mill kr i sosiale utgifter. Eigedomsavdelinga hadde ca. 1,6 mill kr i mindreforbruk på fastløn og ca 1 mill kr i sosiale utgifter.

Som det går fram i tabellen ovanfor såg ein stort sett mindreforbruk på dei aller fleste avdelingane når det gjaldt fastløn og sosiale utgifter. Samla sett hadde avdelingane eit mindreforbruk på ca 11,5 mill kr i fastløn sett opp i mot revidert budsjett. I høve sosial utgifter hadde kommunen ca 10,7mill kr i mindreforbruk. Desse utgiftene består hovudsakeleg av pensjonskostnad og det kan derfor sjå ut som at dei budsjetterte pensjonskostnadane har vore høgare enn dei reelle kostnadane.

Kjøp av varer/ tenester, eigenproduksjon

Omfattar som hovudregel utgifter som er knytt til kjøp av varer og tenester som inngår i kommunen sin eigen produksjon.

Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon

Konto 11000-12999

	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Avvik %
Avdelingar	**Kjøp av varer/tenester, eigenproduksjon**	**Kjøp av varer/tenester, eigenproduksjon**	**Kjøp av varer/tenester, eigenproduksjon**	
Folkevalde	1 146 479	800 786	-345 693	-43
Administrativ leiing	1 346 538	1 104 927	-241 611	-22
Servicetorget	461 196	486 132	24 936	5
Fellessekretariatet	708 804	698 700	-10 104	-1
Økonomiavdeling	421 677	499 086	77 409	16
Personal- og organisasjonsavdelinga	3 162 858	3 455 250	292 392	8
Informasjonsteknologi	1 494 515	1 415 242	-79 273	-6
Overføringar	25 659	37 740	12 081	32
Barnehagar	1 112 532	1 333 548	221 016	17
Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.	**12 070 333**	**13 702 806**	**1 632 473**	**12**
Barn, familie og helse	**7 996 968**	**5 975 370**	**-2 021 598**	**-34**
Pleie og omsorgsavdelinga	12 307 349	11 649 830	-657 519	-6
Bu- og habiliteringsavdelinga	1 872 366	1 848 276	-24 090	-1
Sosial og flyktning	610 175	562 938	-47 237	-8
Kulturavdelinga	**9 468 536**	**7 256 972**	**-2 211 564**	**-30**
Utviklingsavdelinga	**3 107 310**	**1 775 922**	**-1 331 388**	**-75**
Anleggs- og driftsavdelinga	**13 781 667**	**11 297 260**	**-2 484 407**	**-22**
Eigedomsavdelinga	**20 032 859**	**11 381 499**	**-8 651 360**	**-76**
Ø-hjelp, mottak	0	30 600	30 600	100
Skatt, ramme, finans, tilskot	567 612	494 700	-72 912	-15
Sum avdelingar	**91 695 431**	**75 807 584**	**-15 887 847**	**-21**

Seks avdelingar hadde avvik større enn 1 mill kr i høve kjøp av varer og tenester (eigenproduksjon). Grunnskule m.m hadde eit mindreforbruk i høve revidert budsjett på ca 1,6 mill kr. Barn, familie og helse avdelinga hadde eit meirforbruk på ca 2 mill kr. Kulturavdelinga hadde eit meirforbruk på ca 2,2 mill kr medan utviklingsavdelinga hadde ca

1, 3 mill kr i meirforbruk. Innanfor teknisk og eigedom hadde anleggs- og driftsavdelinga eit meirforbruk på nesten 2,5 mill kr, medan eigedomsavdelinga hadde eit meirforbruk på ca 8,6 mill kr.

Totalt sett hadde avdelingane eit meirforbruk på ca 15,8 mill kr knytt til kjøp av varer og tenesteproduksjon for avdelingane sett opp i mot revidert budsjett. Det er ikkje vurdert omfang av meirinntekter, då desse skulle og vore budsjetterte evt. rapporterte for politisk budsjettendring

Kjøp av varer/tenester, framandproduksjon

Omfattar som hovudregel utgifter som er knytt til kjøp av varer og tenester som erstattar i kommunen sin eigen produksjon.

Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal tenesteproduksjon

Konto 13000-13999

	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Avvik %
Avdelingar	Kjøp av varer/tenester, framandproduksjon	Kjøp av varer/tenester, framandproduksjon	Kjøp av varer/tenester, framandproduksjon	
Folkevalde	314 393	297 300	-17 093	-6
Administrativ leiing	469 787	384 000	-85 787	-22
Servicetorget	1 698	30 000	28 302	94
Fellessekretariatet			0	0
Økonomiavdeling	306 831	335 000	28 169	8
Personal- og organisasjonsavdelinga	2 543	20 000	17 457	87
Informasjonsteknologi	1 606 950	1 747 240	140 290	8
Overføringar	1 986 183	1 993 700	7 517	0
Barnehagar	**49 154 736**	**46 355 300**	**-2 799 436**	**-6**
Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.	4 582 688	5 023 100	440 412	9
Barn, familie og helse	**12 316 977**	**10 785 200**	**-1 531 777**	**-14**
Pleie og omsorgsavdelinga	490 656	284 534	-206 122	-72
Bu- og habiliteringsavdelinga	3 556 226	3 476 784	-79 442	-2
Sosial og flyktning	**4 609 254**	**1 370 000**	**-3 239 254**	**-236**
Kulturavdelinga	**1 987 773**	**13 000**	**-1 974 773**	**-15 191**
Utviklingsavdelinga	90 230	5 000	-85 230	-1 705
Anleggs- og driftsavdelinga	2 520 849	3 191 800	670 951	21
Eigedomsavdelinga	787 030	330 000	-457 030	-138
Ø-hjelp, mottak	43 925	0	-43 925	0
Skatt, ramme, finans, tilskot	9 821	0	-9 821	0
Sum avdelingar	**84 838 549**	**75 641 958**	**-9 196 591**	**-12**

I samband med kjøp av varer og tenester framandproduksjon er det fleire avdelingar som viser større budsjettavvik. Fire avdelingar hadde meirforbruk på over 1 mill kr. Barnehageavdelinga viser ca. 2,8 mill kr i meirforbruk. Barn, familie og helse viser ca. 1,5 mill kr i meirforbruk. Sosial og flyktning hadde det største avviket med eit meirforbruk på ca. 3,2 mill kr, medan kulturavdelinga hadde nesten 2 mill kr i meirforbruk. Det er enkelte avdelingar som også hadde meirforbruk i kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal

tenesteproduksjon. Totalt hadde avdelingane eit meirforbruk på ca 9,1 mill kr knytt til kjøp av varer og tenester framandproduksjon.

Overføringsutgifter

Konto 14000-14999

	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Avvik %
Avdelingar	**Overføringsutgifter**	**Overføringsutgifter**	**Overføringsutgifter**	
Folkevalde	260 894	272 058	11 164	4
Administrativ leiing	308 476	71 451	-237 025	-332
Servicetorget	63 589	62 832	-757	-1
Fellessekretariatet	96 502	161 527	65 025	40
Økonomiavdeling	47 994	72 583	24 589	34
Personal- og organisasjonsavdelinga	78 822	125 374	46 552	37
Informasjonsteknologi	437 983	290 672	-147 311	-51
Overføringar	**51 648 723**	**46 054 335**	**-5 594 388**	**-12**
Barnehagar	**633 730**	**2 231 094**	**1 597 364**	**72**
Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.	1 760 374	2 595 672	835 298	32
Barn, familie og helse	**4 574 329**	**2 340 881**	**-2 233 448**	**-95**
Pleie og omsorgsavdelinga	2 266 339	1 674 623	-591 716	-35
Bu- og habiliteringsavdelinga	221 653	-77 176	-298 829	387
Sosial og flyktning	**5 157 867**	**3 649 568**	**-1 508 299**	**-41**
Kulturavdelinga	1 591 485	2 331 484	739 999	32
Utviklingsavdelinga	516 354	221 326	-295 028	-133
Anleggs- og driftsavdelinga	1 565 874	927 477	-638 397	-69
Eigedomsavdelinga	2 618 379	2 363 040	-255 339	-11
Ø-hjelp, mottak	-74 036	7 650	81 686	1 068
Skatt, ramme, finans, tilskot	**220 336**	**-8 669 675**	**-8 890 011**	**103**
Sum avdelingar	**73 995 668**	**56 706 796**	**-17 288 872**	**-30**

Dei største avvika er knytt til avdelingane overføringar og skatt/ramme, finans, tilskot. Overføringsområdet hadde eit overforbruk på ca. 5,6 mill kr og skatt/ramme, finans, tilskot hadde eit meirforbruk i høve budsjett på ca. 8,9 mill kr.

Barnehageavdelinga hadde eit mindreforbruk på ca. 1,5 mill kr, medan avdelingane barn/familie/helse og sosial/flyktning hadde overforbruk på ca. 2,25 mill kr og 1,5 mill kr. Totalt sett såg ein eit meirforbruk i høve budsjett på ca 17 mill kr i høve overføringsutgifter.

Finansutgifter

Konto 15000-15999

	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Avvik %
Avdelingar	**Finans**	**Finans**	**Finans**	**Finans**
Skatt, ramme, finans, tilskot	**77 198 173**	**53 003 224**	**-24 194 949**	**-46**
Sum alle avdelingar	**86 274 795**	**61 454 909**	**-24 819 886**	**-40**

Avviket innan skatt/ramme/finans viser ca. 24,2 mill kr. Det var budsjettert med ei utgift på ca 53 mill kr, medan rekneskapen viste ei utgift på ca 77,2 mill kr. Totalt hadde alle avdelingane finansutgifter på 86,3 mill kr medan revidert budsjett var på 62,5 mill kr. Av dette utgjorde avvik i avskrivingar 12,5 mill kr.

5.2 Vurdering og konklusjon

Kommunen har vedteke bruttobudsjettering, dvs at budsjettet er vedteke med brutto inntekter og brutto utgifter. Fleire av kommunen sine avdelingar viste større budsjettavvik i forhold til vedtekne inntekts- og kostnadsrammer . Det er gjennomført få tiltak, og/eller budsjettkorrigeringar i samband med budsjettavvika.

Som ein registrerar har dei fleste avdelingane hatt meirforbruk knytt til kostnad/utgiftssidene som ein har kontrollert og spesielt då kjøp av varer og tenester (eigen - og framandproduksjon, overføringsutgifter og finansutgifter. Når dei fleste avdelingane samla sett fekk mindreforbruk kan det tyde på at meirforbruket har vore finansiert med meirinntekter som ikkje har vore teke inn i budsjettet.

Viss det er meirforbruk på kostnadssida som er finansiert med meirinntekter som etter reglementet kan disponerast administrativt, skal det og gjennomførast administrative budsjettendringar. Dette er spesielt viktig dersom budsjettet skal vere eit styringsverktøy.

6 Anbefalingar

1. Kommunen bør sette i verk tiltak for å følgje opp økonomireglementet mht. månadsrapportering til formannskapet.

2. Kommunen bør rapportere på rekneskapsskjema 1A i budsjettkontrollrapportane slik at ein kan samanlikne rapporteringa direkte med vedteke budsjett og rekneskap.

3. Kommunen bør oppdatere økonomireglementet i høve gjeldande organisering (kap 2.2.2).

4. Kommunen bør vurdere å utarbeide ein felles mal for korleis dei verbale beskrivingane i budsjettkontrollrapportane skal utarbeidast, kva dei skal innehalde, og sikre at alle einingar/avdelingar rapporterar.

5. Kommunen bør utarbeide tilfredstillande rutinar for at meirinntekter som overstig rapporteringsgrensene i økonomireglementet, evt. mindreforbruk vert rapportert inn så raskt som råd slik at dei kan handsamast politisk.

7 Rådmannen sin kommentar

Hei,

Eg har ikkje fleire merknader utover at eg har tatt sikte på å legge fram eit revidert økonomireglement 1. halvår 2017.

Helsing

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann
Administrativ leiing